



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2025

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2025

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

Innhald

Del I	Innleiande del	9	Kap. 410 Domstolene	76
1	Hovudinnleiing	11	Kap. 3410 Domstolene	83
1.1	Ansvarsområde og organisering ..	11	Kap. 411 Domstoladministrasjonen	83
1.2	Mål for justis- og beredskaps- sektoren	12	Kap. 3411 Domstoladministrasjonen	84
1.3	Hovudsatsingar i 2025	12	Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter ..	84
1.4	Rettstryggleik	16	<i>Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd</i>	86
1.4.1	Innleiing	16	Kap. 430 Kriminalomsorgen	87
1.4.2	Tilstandsvurdering	16	Kap. 3430 Kriminalomsorgen	94
1.4.3	Tiltak	19	Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet	95
1.5	Tryggleik i samfunnet	19	Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	95
1.5.1	Innleiing	19	Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	96
1.5.2	Tilstandsvurdering	19	Kap. 433 Konfliktrådet	97
1.5.3	Tiltak	21	Kap. 3433 Konfliktrådet	99
1.6	Låg kriminalitet	22	<i>Programkategori 06.40 Politi og påtale</i>	100
1.6.1	Innleiing	22	Kap. 440 Politiet	102
1.6.2	Tilstandsvurdering	23	Kap. 3440 Politiet	113
1.6.3	Tiltak	25	Kap. 441 Politidirektoratet	114
1.7	Kontrollert og berekraftig innvandring	26	Kap. 442 Politihøgskolen	115
1.7.1	Innleiing	26	Kap. 3442 Politihøgskolen	115
1.7.2	Tilstandsvurdering	26	Kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet	116
1.7.3	Tiltak	30	Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	116
1.8	Godt forvalta polarområde	31	Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	119
1.8.1	Innleiing	31	Kap. 445 Den høgere påtalemyndighet	119
1.8.2	Tilstandsvurdering og tiltak	31	Kap. 446 Den militære påtalemyndighet	120
1.9	Godt og tilgjengeleg lovverk	32	Kap. 448 Grensekommisæreren	121
1.9.1	Innleiing	32	<i>Programkategori 06.50 Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap</i>	122
1.9.2	Tilstandsvurdering og tiltak	33	Kap. 451 Direktoratet for samfunns- sikkerhet og beredskap	125
1.10	Oppfølging av oppmodings- vedtak	34	Kap. 3451 Direktoratet for samfunns- sikkerhet og beredskap	129
1.10.1	Stortingssesjon 2023–2024	39	Kap. 452 Sentral krisehåndtering	131
1.10.2	Stortingssesjon 2022–2023	47	Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet	131
1.10.3	Stortingssesjon 2021–2022	50	Kap. 3453 Sivil klareringsmyndighet	132
1.10.4	Stortingssesjon 2020–2021	52	Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten	132
1.10.5	Stortingssesjon 2019–2020	59	Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten	133
1.10.6	Stortingssesjon 2017–2018	59	Kap. 455 Redningstjenesten	134
1.10.7	Stortingssesjon 2016–2017	59	Kap. 3455 Redningstjenesten	136
Del II	Nærmare om budsjettforslaget..	65	Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet	136
2	Nærmare om budsjettforslaget..	67	Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet	138
	<i>Programkategori 06.10 Administrasjon</i>	67	<i>Programkategori 06.60 Andre virksomheter ..</i>	139
Kap. 400	Justis- og beredskaps- departementet	68	Kap. 460 Spesialenheten for politisaker	140
Kap. 3400	Justis- og beredskaps- departementet	72	Kap. 461 Advokattilsynet	142
	<i>Programkategori 06.20 Rettsvesen</i>	73		
Kap. 61	Høyesterett	75		

Kap. 3461 Advokattilsynet	143	4.2	Domstoladministrasjonen	193
Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m. ..	144	4.3	Kriminalomsorga	194
Kap. 467 Norsk Lovtidend	145	4.4	Konfliktrådet	194
Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	146	4.5	Politiet	195
		4.6	Den høgare påtalemakta	196
		4.7	Direktoratet for samfunns- tryggleik og beredskap (DSB)	197
<i>Programkategori 06.70 Statens sivilretts- forvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.</i>	147	4.8	Sivil klareringsmyndigheit (SKM)	197
Kap. 470 Fri rettshjelp	148	4.9	Hovudredningssentralen (HRS) ..	198
Kap. 3470 Fri rettshjelp	150	4.10	Nasjonalt tryggingorgan (NSM)	199
Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlags- ordning	150	4.11	Spesialeininga for politisaker	200
		4.12	Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker	200
Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning	152	4.13	Statens sivilrettsforvaltning	201
Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning	156	4.14	Kontoret for valdsoffererstatning..	201
Kap. 475 Bobehandling	156	4.15	Utlendingsdirektoratet (UDI)	202
		4.16	Utlendingsnemnda (UNE)	202
<i>Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.</i>	158	5	Omtale av klima- og miljø- relevante saker	204
Kap. 480 Svalbardbudsjettet	159	5.1	Politiet	204
Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen	161	5.2	Svalbard – Sysselmeisteren og Longyearbyen lokalstyre	204
Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen	162			
<i>Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring</i>	164	6	Einskildståande tilskot	205
Kap. 490 Utlendingsdirektoratet	165			
Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet	181	7	Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord «kan overførast»	206
Kap. 491 Utlendingsnemnda	182			
Del III Særlege tema	185	Forslag		209
3 FNs berekraftsmål – rapportering	187			
4 Likestilling og ikkje- diskriminering	191			
4.1 Justis- og beredskaps- departementet	191			

Tabelloversikt

<p>Tabell 1.1 Oversikt over dei nye satsingane til regjeringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område samanlikna med saldert budsjett 2024 15</p> <p>Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer 35</p> <p>Tabell 2.1 Enkeltstående tilskot 70</p> <p>Tabell 2.2 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane 77</p> <p>Tabell 2.3 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrettssaker (i månader) 78</p> <p>Tabell 2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker (i månader) 79</p> <p>Tabell 2.5 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane (i månader) 79</p> <p>Tabell 2.6 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane 80</p>	<p>Tabell 2.7 Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2018–2023 96</p> <p>Tabell 2.8 Tilskot som blir lyste ut 111</p> <p>Tabell 2.9 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar 112</p> <p>Tabell 2.10 Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar 160</p> <p>Tabell 2.11 Returar og rekneskapstal per ordning, 2023 179</p> <p>Tabell 2.12 Organisasjonar UDI har inngått fleirårige avtalar med og gitt tilskot til i 2023 179</p> <p>Tabell 4.1 Oversiktstabell for departementet 191</p> <p>Tabell 4.2 Fordeling av stillingar 2023 og 2024 191</p> <p>Tabell 4.3 Lønn (i 1 000 kroner) 192</p> <p>Tabell 6.1 Samla oversikt over einskildståande tilskot under Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 205</p>
---	--

Figuroversikt

Figur 1.1	Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemdar under Justis- og beredskapsdepartementet	11	Figur 2.3	Utvikling i tal på innsette med mindre enn to og åtte timar fellesskap	91
Figur 1.2	Overordna mål for Justis- og beredskapsdepartementet	12	Figur 2.4	Talet på saker til konfliktråda 2018–2023	97
Figur 1.3	Talet på etterforska lovbrøt og oppklaringsprosent: vald, mishandling og seksuallovbrøt	17	Figur 2.5	Registrerte og behandla meldingar og saksbehandlingstid i Spesialeininga for politisaker (2018–2023)	141
Figur 1.4	Talet på etterforska lovbrøt og oppklaringsprosent: utvalde vinningslovbrøt	17	Figur 2.6	Innkomne og behandla saker og restansar i DRK	145
Figur 1.5	Del av befolkninga (16–84 år) som meiner å ha vore utsett for ulike lovbrøtstypar i løpet av det siste året (2020, 2022 og 2023)	23	Figur 2.7	Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2018–2023)	149
Figur 1.6	Delen verksemdar utsette for økonomisk kriminalitet i løpet av det siste året, 2023	24	Figur 2.8	Saksbehandling hos KfV (2018–2023)	153
Figur 1.7	Innvandring til Noreg etter innvandringsgrunn og år	27	Figur 2.9	Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2018–2023)	154
Figur 1.8	Talet på personar som søker om vern (ordinære asylsøkarar og personar som søker om kollektiv beskyttelse) og innkomstar av overføringsflyktingar m.m., 2015–juni 2024	28	Figur 2.10	Utvikling i restansar i UDI 2017–juni 2024	167
Figur 1.9	Utvikling i innkomne saker til utlendingsforvaltninga om opphald (både førstegongssaker, fornyingar og saker om varig opphald) og flukt.	29	Figur 2.11	Tal på saker om vern 2015–juni 2024	168
Figur 1.10	Talet på assisterte returar og tvangsreturar 2016–juni 2024	30	Figur 2.12	Tal på saker om opphald og statsborgarskap til UDI 2018–juni 2024	169
Figur 2.1	Saksavvikling i forlikråda 2018–2023	85	Figur 2.13	Tal på innkomne og behandla saker om utvising og tilbakekall 2018–juni 2024	170
Figur 2.2	Utvikling i kapasitet i kriminalomsorga	88	Figur 2.14	Bebuarar i mottak per utgangen av året, 2015–30. juni 2024	171
			Figur 2.15	Talet på asylmottak per utgangen av året, 2014–30. juni 2024	172
			Figur 2.16	Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsaker 2017–juni 2024	183
			Figur 2.17	Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker om opphald 2017–juni 2024	184



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Prop. 1 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

FOR BUDSJETTÅRET 2025

Utgiftskapittel: 61, 400–491

Inntektskapittel: 3400–3490

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 20. september 2024,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*


Del I
Innleiande del

1 Hovudinnleiing

1.1 Ansvarsområde og organisering

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politiet og påtalemakta, redningstenesta og utlendingsmyndigheitene og har samordningsansvar for samfunnstryggleik og rikstryggleiken på sivil side. Ansvaret for samordning av norsk politikk i polar-

områda og svalbardbudsjettet ligg òg til departementet. Departementet har ansvar for om lag 150 lover og har i tillegg som oppgåve å bidra til å sikre kvalitet i lovarbeidet i andre departement. Totalt har Justis- og beredskapsdepartementet 19 underliggjande og tilknytte verksemder som saman bidrar til å oppfylle samfunnsoppdraget til sektoren.




Figur 1.1 Oversikt over underliggjande og tilknytte verksemder under Justis- og beredskapsdepartementet

1.2 Mål for justis- og beredskapssektoren

Regjeringa arbeider for sterke og trygge lokalsamfunn med gode tenester til innbyggjarane.

Tenestene i justis- og beredskapssektoren skal ha ein desentralisert struktur som gir arbeidsplassar og beredskap i heile landet. For 2025 gjeld desse overordna måla for justissektoren:



Figur 1.2 Overordna mål for Justis- og beredskapsdepartementet

1.3 Hovudsatsingar i 2025

Ei av hovudprioriteringane for Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 er å halde fram med arbeidet mot alvorleg kriminalitet. Det er særleg viktig å setje i verk tiltak mot kriminelle nettverk og førebyggje at ungdom fell inn i kriminalitet. På grunn av den internasjonale tryggingpolitiske situasjonen er Forsvaret blitt vesentleg styrkt. Regjeringa er oppteken av at den sivile beredskapen også må styrkast. Robuste kritiske samfunnsfunksjonar er ein viktig bestanddel i eit motstandsdyktig sivilsamfunn, som er avgjerande for totalforsvaret. I revidert nasjonalbudsjett for 2024 vart det gitt løyving til eit løft for rettstryggleiken, som regjeringa foreslår å føre vidare i 2025.

Gjengpakke 2: Kriminelle nettverk, kriminelle gjengar, organisert kriminalitet og førebygging av barne- og ungdomskriminalitet

Regjeringa fremma ei historisk løyvingssauke til politiet i revidert nasjonalbudsjett 2024. 300 mill. kroner skulle styrke arbeidet til politiet mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet. For å sikre full effekt av arbeidet mot kriminelle nettverk vart politiets grunnløyving

styrkt med 1 335 mill. kroner. Dette var ein del av gjengpakke 1. Regjeringa følger nå opp med gjengpakke 2.

I budsjettet for 2025 foreslår regjeringa å auke løyvinga til politiet og påtalemakta i politiet med totalt 2 462 mill. kroner. Samanlikna med saldert budsjett 2024 er dette ein auke i politiets budsjett på over 10 pst. 1 800 mill. kroner av dette er ein vidareføring av løyvinga frå revidert nasjonalbudsjett 2024. 600 mill. kroner, ei dobling av løyvingssauka frå revidert nasjonalbudsjett, av dette blir foreslått brukt til å vidareføre styrkinga mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet. Dette vil bidra til at politiet kan vere til stades i heile landet i aukande grad, førebyggje kriminalitet i prioriterte område og bidra til å kjempe mot organisert kriminalitet.

I tillegg til styrkinga av politiet sitt arbeid mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet, er det nødvendig med ei målretta styrking mot kvitvaskings- og korrupsjonskriminalitet i breitt. Regjeringa foreslår derfor at 90 mill. kroner av den auka løyvinga til politiet går til å styrke arbeidet til politiet mot kvitvaskings- og korrupsjonskriminalitet. Økonomisk kriminalitet utførast ofte av kriminelle nettverk, og forslaget vil derfor støtte opp om innsatsen mot organisert kriminalitet.

For å sikre at politiet kan nytte midlane fullt ut i arbeidet mot kriminelle nettverk, foreslår regjeringa at dei resterande midlane på 1 772 mill. kroner skal gå til å vidareføre styrkinga av grunnfinansieringa av politiet og påtalemakta i politiet. 232 mill. kroner av midlane skal fordelast til politidistrikta og leggje til rette for auka politibemanning, hovudsakeleg i dei geografiske driftseininngane. 20 mill. kroner foreslås å gå til Magnormoen politistasjon og Innlandet politidistrikt for å kjempe mot grensekryssande kriminalitet og leggje til rette for eit godt samarbeid med svensk politi. Det foreslås òg 15 mill. kroner til auka operativ evne i rytterkorpset og hundetenesta ved Oslo politidistrikt og 46 mill. kroner til auka bruk av omvend valdsalarm (besøksforbod med elektronisk kontroll), der 13 mill. kroner er ein vidareføring frå revidert nasjonalbudsjett. I tillegg har politiet eit stort digitalt etterslep, og det er behov for eit digitalt løft og omstilling over tid for å minske risikoen for at systema bryt saman. Midlane skal derfor også gå til å sikre sikker og stabil drift av politiet sine IT-system. Påtalemakta er eit viktig ledd i etterforskinga av kriminalitet, og regjeringa foreslår at 40 mill. kroner av grunnfinansieringa går til auka løyving til påtalemakta. Vidare foreslår regjeringa 75 mill. kroner til handteringa av innkomstar frå Ukraina.

Eit viktig ledd i arbeidet mot kriminelle nettverk og kriminelle gjengar er å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet. Dei fleste barn og unge er lovlydige. Kriminalitetsbiletet er samstundes i endring, og nokre få ungdommar gjer meir alvorleg kriminalitet enn tidlegare og er oftare involverte i gjenteken kriminalitet. I tillegg til forslaget omtalt ovanfor om å gi politiet ei løyving på 600 mill. kroner til å styrke arbeidet mot organisert kriminalitet, kriminelle nettverk og gjengkriminalitet, foreslår regjeringa totalt 405 mill. kroner til å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet. Tiltaka skal målrettast mot område og miljø i Noreg med kriminalitetsutfordringar over tid, og skal bl.a. bidra til å gjennomføre lovendringar og forbetre ungdomsreaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, etablere eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år, utvida kapasitet for plassar for mindreårige i kriminalomsorga og gjennomføring av varetekt med elektronisk kontroll. Eit anna tiltak er arbeid med regelverksutvikling for å motverke gjengkriminalitet og for å få betre verktøy i kampen mot økonomisk kriminalitet. Sjå nærmare omtale under kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet, kap. 410 Domstolene, kap. 430 Kriminalomsorgen, kap. 433 Konflikttrå-

det, kap. 440 Politiet og kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter. Sjå òg omtale under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Øvrige satsingar i justissektoren

Regjeringa fortsett å prioritere arbeidet mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar og foreslår midlar til førebyggingstiltak som ein del av grunnfinansieringa til politiet. Det er viktig at barn har trygge og gode tilbod nær seg. Nokre barn har lang reiseveg til barnehus og regjeringa foreslår å opprette underavdelingar av eksisterande barnehus. Regjeringa foreslår derfor å varig auke løyvinga til statens barnehus med 20 mill. kroner som ein del av grunnfinansieringa til politiet. Oslo politidistrikt har brukt ein metodikk kalla RISK for å førebyggje og oppklare vald i nære relasjonar. Det foreslås 20 mill. kroner til å fortsette å rulle ut metodikken til fleire politidistrik.

Det er i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 gitt auka løyving til eit løft for rettstryggleiken, bl.a. for å sikre nærleik til domstolane og god rettstryggleik i heile Noreg. Satsinga inneber auka løyving til domstolane og andre aktørar og instansar, inkludert Kontoret for valdsoffererstatning, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker og Spesialeininga for politisaker, i tillegg til ein auke i rettshjelpssatsen. Tiltaka blir foreslått vidareførte i 2025. Den samla heilårseffekten av tiltaka er berekna til 250,8 mill. kroner i 2025. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.20, 06.60 og 06.70.

Kriminalomsorga har hatt ein krevjande økonomisk situasjon dei siste åra, noko som har ført til ein vesentleg reduksjon i bemanninga. Regjeringa foreslår 55 mill. kroner til å oppretthalde aktivitetsnivået i kriminalomsorga og til utgreiingar av behov for nye fengsel. Regjeringa vil gå i gang med utgreiingar av nye fengsel i Ålesund- og Mosjøen-området, samt utgreiing av ei mogleg utviding av Vadsø fengsel. Regjeringa foreslår òg at 11 mill. kroner av løyvinga skal gå til forprosjektering av nytt kvinnefengsel i 2025. Sjå nærmare informasjon under kap. 430 Kriminalomsorgen, 431 Kriminalomsorgsdirektoratet og 432 Kriminalomsorgens høyskole og utdanningscenter KRUS.

Den tryggingpolitiske situasjonen er varig endra etter Russlands angrepskrig mot Ukraina, samstundes som trusselbiletet er skjerpa. Dette påverkar alle PSTs ansvarsområda og regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til PST med totalt 255 mill. kroner.

I langtidsplanen for Forsvaret blir det foreslått ei rekkje tiltak som skal auke Forsvaret sin kampkraft og tilgjengelegheit. Vi må også styrke sivilsamfunnet og førebu det på situasjonar med samansett verkemiddelbruk og situasjonar øvst i krisespekteret i heile landet. Digitale angrep vil vere ein sentral del av alle framtidige væpna konflikter, og konsekvensane av digitale hendingar er ofte store. Regjeringa foreslår å løyve 88 mill. kroner til eit løft i arbeidet med totalberedskap og digital tryggleik. Tiltaka skal bl.a. gi styrka evne til å handtere alvorlege cyberhendingar og styrke samfunnstryggleiksarbeidet på regionalt og kommunalt nivå. Forslaget inneber å auke løyvinga til statsforvaltarane og Nasjonalt tryggingorgan (NSM) og vidareføre løyvinga til DSB for å handtere ei auke i arbeidsmengde som nasjonalt kontaktpunkt for EU si ordning for sivil beredskap, bl.a. som følgje av krigen i Ukraina. Det blir også foreslått tiltak for å styrke forvaltninga av nasjonale digitale fellesløysingar. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Auka natur- og ekstremturisme parallelt med hyppigare og meir intensivt ekstremvær gir fleire og meir komplekse redningsaksjonar. Regjeringa foreslår å auke tilskotet til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta med 6 mill. kroner.

Dagens driftsavtale for Nødnett går ut i 2026. Regjeringa foreslår derfor å forlengje kontrakten. Dagens Nødnett fungerer godt, men det er basert på utgåande teknologi og må på sikt bli erstatta av ei ny løysing for nød- og beredskapskommunikasjon for å halde ved lag og vidareutvikle beredskapen og handteringsevna til nød- og beredskapsstatane. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) arbeider med forprosjektet for nytt Nødnett. Forprosjektet skal vere ferdig innan utgangen av 2024 med sikte på kvalitetssikring i første halvår 2025. For å sikre tilstrekkeleg kvalitet i Nødnett fram til ny løysing er på plass, må det gjennomførast investeringar. Regjeringa foreslår å løyve 40 mill. kroner til å gjennomføre nødvendige sikringstiltak og utskiftingar i infrastrukturen i dagens Nødnett.

Det er inngått kontrakt for levering av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King-maskiner. Regjeringa foreslår å løyve om lag 950 mill. kroner til dette arbeidet i 2025. Dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift på seks basar i Noreg i løpet av 2024. Per september er SAR Queen sett i drift på fem basar. I tillegg er utgiftene til drifta av dei nye redningshelikoptera høgare enn utgiftene til dei gamle. Regjeringa foreslår som følgje av dette å auke løyvinga til

drifta av redningshelikoptertenesta med 272 mill. kroner. Det er viktig for det nasjonale førebyggjande tryggingarbeidet at NSM evner å vareta samfunnsoppdraget sitt. Det er i Prop. 19 S (2023–2024) og Prop. 104 S (2023–2024) (revidert nasjonalbudsjett) gjort greie for NSM sin manglande balanse mellom vedteke løyving og dei bindingane til lønn og husleige som verksemda har utløyst gjennom 2022 og 2023. NSM gjennomfører kostnadsreducerande tiltak, men det vil ta tid før forbruket kjem i samsvar med løyvingsnivået for saldert budsjett 2024. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til NSM med 25 mill. kroner i 2025.

Kostnadane til energiproduksjon i Longyearbyen har auka monnaleg som følgje av overgangen frå kol til diesel som energiberar. Det vart i samband med nysalderinga av 2023-budsjettet og revidert nasjonalbudsjett for 2024 gitt auka løyving til Longyearbyen lokalstyre for å bidra til reduserte energiprisar. Regjeringa foreslår å løyve 100 mill. kroner i 2025 til same formål, noko som òg vil gi auka føreseielegheit for befolkninga i Longyearbyen.

For å handtere innkomstar av asylsøkarar (i hovudsak fordrevne frå Ukraina) i samsvar med prognosane som ligg til grunn for budsjettet foreslår regjeringa å vidareføre ei mellombels løyving til administrativ kapasitet i UDI, på 155 mill. kroner i 2025. Vidare foreslår regjeringa å auke løyvinga knytt til innkvartering i asylmottak frå 3,4 mrd. kroner til 3,8 mrd. kroner. Talet er medrekna utgifter til mottaka, tilskot til vertskommunar og stønader til bebuarar. Det er uvisse om utviklinga framover, og behovet kan endre seg.

Ei stor utfordring for utlendingsforvaltninga er at IT-systema er utdaterte, noko som gjer at dei både er til hinder for effektiv behandling av saker, det er aukande kostnader med å halde dei i drift, og det er og risiko for nedetid, informasjonssikkerheit og personvern. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til UDI med 84,5 mill. kroner for å starte eit fleirårig investeringsprogram for å modernisere IT-løysingane. Regjeringa foreslår og ei kostnadsramme og investeringsfullmakt til programmet, jf. forslag til vedtak XI. Prosjektet vil etter kvart bidra til betre og meir effektiv saksavvikling som vil gi større gevinstar både for søkarar, for forvaltninga og for samfunnssikkerheita. I dagens ustabile globale situasjon, med økt migrasjonspress og grenseoverskridande kriminalitet er samfunnet avhengig av at utlendingsforvaltninga fangar opp og kontrollerer opplysningar om identitet tidleg. Prosjektet vil gjere systemportefølja i betre stand til å levere identitets- og opphaldsstatus.

Tabell 1.1 Oversikt over dei nye satsingane til regjeringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område samanlikna med saldert budsjett 2024

	Mill. kroner
Gjengpakke 2: Kriminelle nettverk, kriminelle gjengar, organisert kriminalitet og førebygging av barne- og ungdomskriminalitet¹	871,6
Politiets innsats mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	600,0
Styrke politiet sitt arbeid mot kvitvasking og korrupsjon	90,0
Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging – lovendringar og etablering av hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år	34,0
Regelverksutvikling for å motverke gjengkriminalitet	10,0
Betra kapasitet for plassar for mindreårige i kriminalomsorga	127,6
Tilskotsordning for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)	10,0
Politiet	1 772,0
Styrke grunnfinansieringa av politiet og påtalemakta i politiet	1 772,0
Rettstryggleik	250,8
Høgsterett – fleire utreiingar – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	2,2
Endringar i domstolstrukturen – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	50,3
To embetsdommarar ved kvar rettsstad – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	10,8
Trygg og stabil drift av IT-systema i domstolane – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	50,0
Lyd- og biletopptak i domstolane – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	6,5
Trygge rettslokale – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	19,5
Spesialeininga for politisaker – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	4,0
Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	6,0
Kontoret for valdsoffererstatning – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	4,0
Auke av salærsatsen til advokatar m.m. – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024 og ein auke i satsen på 50 kroner i 2025	97,5
Kriminalomsorga	55,0
Oppretthalde aktivitetsnivået i kriminalomsorga	55,0
Tryggleik i samfunnet	746,0
PST – vidareføring av auken i revidert nasjonalbudsjett 2024	255,0
Auke driftsbudsjettet for redningshelikoptertenesta	272,0
Investeringar for å oppretthalde dagens Nødnett	40,0
NSM – vidareføring av ekstraløyving i revidert nasjonalbudsjett 2024	25,0
NSM sitt arbeid med førebygging og handtering av alvorlege cyberhendingar	42,0
Justis- og beredskapsdepartementet sitt arbeid med regelverk innan beredskap og nasjonal tryggleik	6,0
Auka tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta	6,0

Tabell 1.1 Oversikt over dei nye satsingane til regjeringa på Justis- og beredskapsdepartementet sitt område samanlikna med saldert budsjett 2024

	Mill. kroner
Støtte til lågare straumprisar i Longyearbyen	100,0
Utlendingsforvaltninga	239,5
Modernisering av IT-systema i utlendingsforvaltninga	84,5
Mellombels løyving til UDI til handtering av høge tal på fordrivne frå Ukraina	155
Sum	3 934,9

¹ Regjeringa foreslår samla 405 mill. kroner til å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet, fordelt med 201,6 mill. kroner under Justis- og beredskapsdepartementet (inkludert 20 mill. kroner til RISK og 5 mill. kroner til politiets arbeid med etablering av hurtigspor som er ein del av forslaget om auka grunnfinansiering til politiet), 20 mill. kroner under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 68,8 mill. kroner under Barne- og familiedepartementet, 6,9 mill. kroner under Helse- og omsorgsdepartementet og 107,7 mill. kroner under Kunnskapsdepartementet.

1.4 Rettstryggleik

Rettstryggleik inneber at befolkninga i Noreg er trygg på at alle rettsforholda mellom offentlege myndigheiter og den enkelte er føreseielege og forholdsmessige. Avgjerder og inngrep overfor den enkelte er baserte på lover og reglar, og det er openheit rundt avgjerder slik at dei kan kontrollast. Myndigheitene opptre upartisk, og reglane for saksbehandling blir følgde. Alle har reelt høve til å forsvare interessene sine overfor myndigheitene og kvarandre.

1.4.1 Innleiing

Verksemder som er særleg viktige for rettstryggleiken, er politiet, Den høgare påtalemakta, Spesialeininga for politisaker, forlikråda, domstolane, kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, Statens sivilrettsforvaltning, kriminalomsorga, konfliktrådet, Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda.

Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar òg ei rekkje ordningar som varetek rettstryggleiken til individa i samfunnet. Døme på slike ordningar er fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak, erstatning til valdsoffer, erstatning i samband med straffeforfølgjing og verjemålsordninga.

I samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 la regjeringa fram forslag om eit varig løft for rettstryggleiken, bl.a. for å sikre nærleik til domstolane og god rettstryggleik i heile Noreg. Det blir foreslått å føre vidare tiltaka i 2025.

1.4.2 Tilstandsvurdering


Garantiar for rettstryggleiken kjem til uttrykk i Grunnlova og i dei internasjonale forpliktingane

Noreg har, t.d. retten til ein rettviss rettargang, legalitetsprinsippet, forbod mot å gi lover tilbakeverkande kraft og forbod mot diskriminering. Krav til rettstryggleik inngår òg i ulike menneskerettsforpliktingar, som gjennomgåande stiller krav om at inngrep i menneskerettar må ha eit rettsleg grunnlag, forfølge eit legitimt formål og vere forholdsmessige. Både norske domstolar og Den europeiske menneskerettsdomstolen bidrar til å sikre at Noreg oppfyller sentrale krav til rettstryggleik.

Noreg er eit land med svært høg tillit, samanlikna med andre land. Denne tilliten blir spegla i resultatane i undersøkingar om tillit til både politiet og rettsvesenet. Likevel står justissektoren føre fleire utfordringar knytte til rettstryggleik på både kort og lang sikt.

Politiet og påtalemakta

Det er avgjerande for rettstryggleiken til den enkelte, både for offer og mistenkte, at lovbrøt blir oppklarte innan rimeleg tid. Høg oppklaringsprosent for lovbrøt er også avgjerande for den generelle rettsoppfatninga i samfunnet. Spesielt for lovbrøt med høg strafferamme er det sentralt at dei blir oppklarte på ein rettstrygg måte. For vald, mishandling og seksuallovbrøt med høg strafferamme har det over lang tid vore ein fallande oppklaringsprosent. Samstundes har det totale talet på etterforska saker auka, og dei siste åra har talet på barn under 18 år som blir sikta for vald, mishandling og seksuallovbrøt, auka kraftig. I sum fører dette til eit stort behov for meir kapasitet og kompetanse i straffesakskjeda. Ein auke i omfanget av saker hos politiet og påtalemakta medfører også ein auke i det siste leddet i straffesakskjeda, kriminalomsorga og konfliktrådet.




Figur 1.3 Talet på etterforska lovbrøt og oppklaringsprosent: vald, mishandling og seksuallovbrøt

Kjelde: SSB 2024, tabell 09405

For vinningslovbrøt har talet på etterforska lovbrøt falle kraftig over ein lengre periode, noko som isolert sett frigjer ressursar i straffesaksbehandlinga. Dei siste par åra har trenden derimot snudd, og det har vore ein auke i tjuveri og vinningslovbrøt. Dette heng bl.a. saman med auken i registrert kriminalitet blant unge. Vidare har det

også vore ein auke over lengre tid for bedrageri, og her er oppklaringsprosenten låg. Denne endringa i kriminalitetsbiletet gjer det nødvendig å utvide kapasiteten og byggje kompetanse til å straffeforfølgje bedrageri, som ofte blir utført digitalt.



Figur 1.4 Talet på etterforska lovbrøt og oppklaringsprosent: utvalde vinningslovbrøt

Kjelde: SSB 2024, tabell 09405

Lovbrot utan tydelege personoffer blir i hovudsak melde av politiet og administrative kontrollatar, og det er i stor grad kontrollverksemda deira som avdekkjer slike lovbrøt. Døme på slike lovbrøt er rusmiddellovbrøt, trafikklovbrøt og fleire typar ordens- og integritetskrenkingar. For rettstryggleiken til etterforska personar og den generelle rettsoppfatninga i samfunnet er det avgjerande at slike saker blir straffefølgde på ein rettferdig og legitim måte. Dei siste åra har det vore ein auke i slike etterforska saker som blir lagde bort av politiet og påtalemakta. I 2023 vart 45 pst. av alle etterforska næringslivs- og økonomilovbrøt lagde bort, og 13 pst. av alle saker vart lagde bort på grunn av manglande saksbehandlingsskapasitet. 30 pst. av alle etterforska rusmiddellovbrøt vart lagde bort.

Domstolsbehandling

Tilgjengelege og effektive domstolar som tek avgjerder med høg kvalitet, er avgjerande for rettstryggleiken til den enkelte. Saksbehandlingstida i domstolane er sentral for rettstryggleiken til både offera og dei tiltalte. I 2023 var saksbehandlingstida i meddomsrettssaker i tingrettane 2,7 md. Dette er same nivå som i 2022 og oppfyller målsetjinga for saksbehandlingstid. I lagmannsrettane har saksbehandlingstida i 2023 blitt redusert for alle sakstypar. Samla for alle lagmannsrettane var saksbehandlingstida i 2023 under målet på 6 md. i sivile anker, og for første gong på fleire år klarte alle seks lagmannsrettane målet som er sett av Stortinget for desse sakene. I bevisankar med strafferamme under 6 år er no saksbehandlingstida 5,5 md., samanlikna med 5,8 md. i 2022 og 6,4 md. i 2021.

Den reelle tilgjengelegheita til domstolane er bl.a. knytt til kva det kostar å ta ei sak for domstolane. Sakskostnader i tvistesaker for domstolane har auka dei seinare åra, og det kan vere eit problem med tanke på befolkninga sin tilgang til domstolane. I straffesaker får tiltalte dekt utgifta til forsvarar, og i ei rekkje tilfelle har offer rett på bistandsadvokat. Når det gjeld sivile saker, kan ein få dekt utgifta til advokatbistand i bestemte sakstypar. Når det gjeld støtte til rettshjelp i sakstypar som er behovsprøvde, har det bl.a. vore ei utfordring at få har komme inn under ordninga.

Utfallet av domstolsbehandling i straffesaker er eit uttrykk for i kva grad domstolane er materielt samde i straffesaksbehandlinga i politiet og påtalemakta, og behandlinga er viktig for å vareta rettsvernet til tiltalte personar i straffesaker. I gjennomsnitt for alle lovbrøt har delen tiltalar som

endar med straffereaksjon i domstol, over lang tid lege på i overkant av 90 pst. Delen for seksuallovbrøt og vald og mishandling har gjennomgåande lege noko lågare.

Anke er eit ordinært rettsmiddel som blir brukt for å få ei sak bringa inn for ein høgare rett etter at ho er avgjort i ein lågare rett. Både den domfelte og påtalemakta kan anke. I 2023 fekk lagmannsrettane inn omtrent 2 600 straffeankar til ankeprøving. Delen saker som blir vist til behandling, var på om lag 38 pst. Tilsvarande del i 2022 var 40 pst.

Straff i fengsel

Ei fengselsstraff skal vere tap eller innskrenking av fridom, ikkje tap av andre grunnleggjande menneskerettar. Straffegjennomføringslova set klare rammer for maktutøvinga til kriminalomsorga. Bortsett frå fridomsrøvinga har innsette dei same rettane som andre norske borgarar. Det at livet skal være så normalt som mogleg er derfor ein viktig del av verdigrunnlaget for kriminalomsorga, der skulen, helsetenesta og andre etatar kjem inn i fengsla og leverer dei tenestene som innsette har krav på.

Innsettepopulasjonen har blitt meir krevjande, bl.a. fordi fleire innsette er dømde for alvorlege lovbrøt som vald, mishandling og seksuallovbrøt, og fordi ein betydeleg del har samansette utfordringar og treng psykiatrisk hjelp. Det har vore ein auke i delen innsette med psykiske lidingar. Arbeidet med å førebyggje sjølv-mord, sjølv-mordsforsøk og alvorleg sjølvskading fell inn under folkerettslege forpliktingar. Auken i sjølv-mordsforsøk og sjølvskading dei siste to åra gjeld kvinnelege innsette. Det vart i 2023 registrert 125 sjølv-mordsforsøk, og av desse var 93 utførte av 10 kvinner.

Auken i talet på barn under 18 år som blir sikta for vald, mishandling og seksuallovbrøt har ført til ein kraftig auke i etterspurnaden etter plassar for mindreårige i kriminalomsorga. Dei siste to åra har det i gjennomsnitt vore ei tredobling av innsetjingar ved ungdomseiningane. Auken inneber ein risiko for at det i periodar kan vere fleire mindreårige innsette enn det er plass til i ungdomseiningane. Det er også ein risiko for at kriminalomsorga ikkje klarer å stille tilstrekkeleg varetekts-plassar til disposisjon for politiet. Det er derfor behov for å auke kapasiteten på plassar for barn i ungdomseiningane.

Samstundes som at gruppa av innsette har blitt endra, så har det vore ein betydeleg reduksjon i talet på tilsette. I perioden 2021 til 2024 har det

blitt nesten 300 færre årsverk i førstelinja. Det er no ein høg og aukande turnover blant dei unge tilsette, noko som bidrar til høg snittalder og auka arbeidsvolum og belastning for dei tilsette fengselsbetjentane.

1.4.3 Tiltak

Det har vore ein krevjande økonomisk situasjon i kriminalomsorga dei siste åra. Regjeringa foreslår 55 mill. kroner til å oppretthalde aktivitetsnivået i kriminalomsorga og til utgreiing av behov for nye fengsel.

For å sikre betre kapasitet i ungdomseininngane foreslår regjeringa 145 mill. kroner til dette formålet. Det omfattar bl.a. ei utbygging av plassar for mindreårige i kriminalomsorga og gjennomføring av varetekt med elektronisk kontroll. Midlane er ein del av regjeringa si satsing mot barne- og ungdomskriminalitet.

Stortinget har vedteke startløyving i 2024 til rehabilitering av Bergen tinghus. Arbeidet med rehabiliteringa førast vidare i 2025.

Det er i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 gitt løyving til eit løft for rettstryggleiken, bl.a. for å sikre nærleik til domstolane og god rettstryggleik i heile Noreg. Satsinga inneber auka løyving til domstolane og andre aktørar og instansar, inkludert Kontoret for valdsoffererstatning, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker og Spesialeininga for politisaker, i tillegg til ein auke i rettshjelpssatsen. Tiltaka blir foreslått vidareførte i 2025. Den samla heilårseffekten av tiltaka er berekna til 250,8 mill. kroner i 2025. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.20, 06.60 og 06.70.

Stortinget vedtok 15. desember 2023 forslag til endringar i rettshjelplova, jf. Prop. 124 L (2022–2024), som inneber ein ny modell for behovsprøvd rettshjelp. Endringane vil sikre at fleire personar kjem inn under ordninga, og grensa for å kunne få fri rettshjelp vil bli justert årleg. Departementet tek sikte på at den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp vil tre i kraft i løpet av 2025. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70.

1.5 Tryggleik i samfunnet

Tryggleik i samfunnet inneber at samfunnet skal vere verna mot hendingar som set liv og helse i fare, og som truar grunnleggjande verdiar og viktige samfunnsfunksjonar. Det skal vere trygt å bu og ferdast i heile Noreg.

1.5.1 Innleiing

Politiet, Politiets tryggingsteneste (PST), kriminalomsorga, Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Nasjonalt tryggingssorgan (NSM), Sivil klareringsmyndigheit (SKM) og Hovudredningssentralen (HRS) gjer alle eit viktig arbeid for å trygge samfunnet. Norsk redningsteneste er organisert som eit samvirke mellom ei rekkje offentlege, frivillige og private aktørar og bidrar ved hendingar der livet eller helsa til menneske er i fare.

Dei samla beredskapsressursane inkluderer eigenberedskapen vår og næringslivet og dei frivillige organisasjonane sin kapasitet til krisehandtering. Den frivillige innsatsen er t.d. eit sentralt element i den norske redningstenesta.

1.5.2 Tilstandsvurdering

Sivil motstandskraft

Motstandskraft er eit uttrykk for evna eit samfunn har til å halde ut og handtere store hendingar, vinne att viktige funksjonar etter at noko har hendt, og om det er nødvendig, tilpasse seg endra føresetnader. Motstandskrafta vår er utfordra av samtidige kriser og eit meir samansett trusselbilette enn før. Eit land med stor motstandskraft vil vere mindre sårbart for samansette truslar, men òg for naturhendingar og ulukker.

Noreg er eit land som har stor evne til å handtere større hendingar og kriser. Eit viktig grunnlag for denne motstandskrafta er den store tilliten til myndigheitene. Innbyggjarundersøkinga til Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) frå 2024 viser at folk framleis har høg tillit til Stortinget, regjeringa og offentleg forvaltning, bl.a. domstolane og politiet, sjølv om tilliten er litt lågare enn ved den førre undersøkinga. Det gjeld òg OECD sin rapport frå 2024, som viser at om lag fem av ti nordmenn har tillit til myndigheitene, medan gjennomsnittet i OECD-land er om lag fire av ti.

Offentlege verksemdar arbeider med å utvikle og halde ved like evna til å handtere hendingar som set liv og helse i fare, på tvers av sektorar og nivå. For å byggje eit trygt samfunn krevst det samarbeid mellom offentlege ressursar, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, lokalsamfunn og kvar og ein av oss.

Vi er ein ressurssterk nasjon med grunnleggjande demokratiske verdiar, og vi har sterke alliansar i NATO, der vi sjølv leverer vesentlege bidrag. Noreg deltek òg i EU si ordning for sivil

beredskap. Såleis har vi eit godt utgangspunkt for å møte det krevjande trussel- og risikobiletet.

Dei tryggingfaglege råda til NSM vektlegg at tryggingutfordringane dei neste åra vil drivast av ei rekkje fleire faktorar enn før. Det skaper eit stadig meir komplekst bilete som vil krevje meir av oss dei neste åra. Gapet mellom aktiviteten til trusselaktørane og tryggingarbeidet aukar.

Politiet og Forsvaret er dei sentrale aktørane i utøvinga av maktmonopolet til staten. Forsvaret skal bidra til samfunnstryggleik gjennom samarbeid med og bistand til politiet og sivile beredskapsmyndigheiter. Den gjensidige avhengnaden aukar mellom militære og sivile aktørar og mellom offentleg og privat sektor.

Kommunane har ansvar for samfunnstryggleiken i spennet frå cyberhendingar til flaum og skred, og dei må ha kunnskap og evne til å kunne handtere ei rekkje truslar. I kommuneundersøkinga til DSB for 2024 rapporterer 97 pst. av kommunane at dei har utarbeidd ein overordna beredskapsplan, og 31 pst. rapporterer òg at dei har ein plan som er for gammal, dvs. meir enn fire år. I befolkningsundersøkinga svarer nesten fire av fem (eller 78 pst.) at dei er samde i at hushaldningane må vere budde på å klare seg utan samfunnet si hjelp i ei veke. Av hendingar som kan inntruffe, har befolkningsvare vore mest bekymra for cyberangrep på styringssystemer¹.

Tryggingpolitisk utvikling

Vi står overfor eit krevjande trussel- og risikobiletet som har endra seg dramatisk dei seinare åra. Vi blir utfordra av statar med tryggingpolitiske ambisjonar som ikkje samsvarer med dei nasjonale tryggingssinteressene våre. Større konfrontasjonsvilje hos ikkje-vestlege statar og russisk bruk av militærmakt og energi som våpen er døme på dette. Invasjonen av Ukraina har skapt varige endringar i forholdet mellom Russland og vestlege land.

Stormaktsrivalisering, rask teknologiutvikling og stadige endringar i den tryggingpolitiske situasjonen påverkar i stor grad det nasjonale trusselbiletet og utfordrar tryggleiken vår. Russlands angrepskrig mot Ukraina bidrar framleis til å skjerpe etterretningstrusselen nasjonalt. Rolla vår som energileverandør og det at nordområda er strategisk viktige, gjer at Noreg er særleg utsett for etterretnings- og sabotasjeverksemd og anna uønskt aktivitet. Det kjem fram i trussel- og

risikovurderingane frå Etterretningstenesta, PST og NSM og i DSB sine krisescenario.

Terrortrusselnivået i Noreg har dei siste åra vore på moderat nivå, men utfordringsbiletet er i stadig endring, og terrortrusselen mot Noreg er reell. I 2024 vurderer PST trusselen frå ekstreme islamistar som noko meir alvorleg enn trusselen frå høgreekstremistar.² Likeins er PST bekymra for negativ merksemd mot norske politikarar og tillitsvalde. Den samla belastninga kan føre til at enkelte trekkjer seg frå det politiske ordskiftet, ikkje tek attval eller avstår frå å stille til val. Dette svekker det demokratiske systemet.

Klima

Det blir meir ekstremt vær, og klimapanelet i FN er tydeleg på at auken i ekstremvær kjem av klimaendringane. Ekstreme hendingar som storm, mykje nedbør, flaum og tørke vil bli kraftigare og ikkje så lette å planleggje for, og dermed true liv og helse, materielle verdiar og nødvendig infrastruktur i større grad enn før. 62 pst. av kommunane rapporterer om handtering av alvorleg naturhendring dei siste to åra (Kommuneundersøkinga til DSB, 2024). Sterk vind, skred og vatn på avvegar er det ein ser mest av. Noreg har gode ordningar for dei som er råka av hendingar.

På lokalplanet må kommunane førebyggje dei mest alvorlege utfalla av klimaendringane, bl.a. gjennom god arealplanlegging. Lokale myndigheiter må òg kunne handtere alvorlege klimarelaterte hendingar.

Grenseoverskridande konsekvensar av klimaendringar kan påverke samfunnstryggleiken i Noreg. Tørke, ekstrem nedbør og flaum kan føre til matmangel, menneskeleg lidning og økonomisk samanbrot i andre land, og dette kan føre til migrasjon og spreiding av sjukdommar.

Digital tryggleik

Stadig fleire verdiar som er viktige for nasjonal tryggleik, er digitaliserte og blir forvalta og behandla ved bruk av datasystem og internett. Digitalisering og teknologiutvikling fører til meir effektivisering og fornying, men det introduserer samstundes nye sårbarheiter og avhengnader. Den raske utviklingstakta og endringane i den tryggingpolitiske situasjonen gjer det stadig meir krevjande for både offentlege og private verksemdar å halde oppe eit forsvarleg tryggingnivå gjennom heile krisespennet, dvs. i fred, krise og krig.

¹ Befolkningsundersøkinga til DSB for 2024.

² Nasjonal trusselvurdering 2024

Auka digitalisering gjer oss meir sårbare for digitale angrep og både tilsikta og utilsikta hendingar. Samfunnet vårt er heilt avhengig av at nødvendige samfunnsfunksjonar fungerer. Digitale system og måten vi bruker dei på, blir stadig meir komplekse, og teknologiske endringar skjer raskt. Med eit meir krevjande trusselbilette og fleire alvorlege digitale hendingar er det desto viktigare med førebyggjande tryggingssarbeid.

Cyberoperasjonar som metode for bl.a. etterretning og påverknad er forsterka av den nye tryggingsspolitiske situasjonen som Russland sitt angrep på Ukraina har skapt. Slike operasjonar vil kunne gi høg effekt utan stor risiko for den som står bak. Statlege aktørar har vist evne til å bruke heile verkemiddelapparatet sitt for å oppnå politiske mål, gjennom såkalla samansett verkemiddelbruk.

I Meld. St. 9 (2022–2023) om nasjonal kontroll og digital motstandskraft, jf. Innst. 247 S (2022–2023), ligg det politiske grunnlaget for den strategiske retninga, prioriteringane og tiltaka for digital tryggleik. Meldinga byggjer på ein strategisk kurs utvikla over mange år, bl.a. i nasjonale strategiar, stortingsmeldingar og utgreiingar. I meldinga blir den strategiske retninga tydeleggjort og forsterka. Sentralt i meldinga er bruk av regulatoriske verkemiddel for å ansvarleggjere verksemder. Samstundes må myndigheitene bidra til at arbeidet med førebyggjande tryggleik blir samordna, styrka og forenkla. I tillegg til at førebyggjing blir prioritert, må Noreg sørge for å ha tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å handtere digitale angrep, som stadig aukar i tal.

Politiets tryggingsteneste (PST) peikar også på ein ny trend blant framande etterretningstenester, med eit skifte frå rekruttering av kjelder via fysiske møte til rekruttering via digitale verkemiddel, t.d. gjennom chatteapplikasjonar.

Trygge lokalsamfunn

Regjeringa er oppteken av samfunnstryggleik der folk bur. Ekstremvêr, flaum, store ulukker, brann, epidemiar og bortfall av nødvendige samfunnsfunksjonar, bl.a. straum, elektronisk kommunikasjon (ekom) og vegsamband, er døme på bredda i uønskte hendingar som kan ramme kommunar og fylke. På regionalt og kommunalt nivå har fylka og kommunane eit grunnleggjande ansvar for å vareta tryggleiken til befolkninga. God beredskap krev klare ansvarslinjer og lokal forankring og at ressursane som skal handtere hendingar, er tilgjengelege over heile landet. I Noreg er dei frivillige organisasjonane i redningstenesta ein viktig del av samvir-

ket mellom dei offentlege og private ressursane. Utviklinga i utfordringsbiletet, med bl.a. fleire påkjenningar frå naturhendingar, stiller skjerpa krav til samfunnstryggingssarbeidet på regionalt og lokalt nivå. Sivilforsvaret er staten sin forsterkningsressurs og gir støtte til nød- og beredskapsstatane i heile krisespekteret. Brann- og redningsvesenet er den viktigaste tekniske ressursen til kommunane og gir rask bistand der folk bur.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til politiet er å handheve lov og orden, slik at samfunnet og innbyggjarane er trygge. Saman med andre aktørar skal politiet førebyggje kriminalitet og ulukker og agere raskt, kompetent og samordna når slike hendingar og naturhendingar likevel skjer. Resultata frå den årlege innbyggjarundersøkinga til politiet for 2023 viser at dei aller fleste innbyggjarar kjenner seg trygge i eige nærmiljø, men at innbyggjarane i dei mest sentrale kommunane kjenner seg mindre trygge enn innbyggjarane i dei minst sentrale kommunane.

Rask respons kan berge liv, redusere skadeomfang eller medverke til å klare opp kriminalitet. Det er stilt krav til responstida til politiet for ekstraordinære hendingar og hendingar der liv er direkte trua, eller der det av andre grunnar er nødvendig med umiddelbar respons frå politiet. Politiet nådde dei nasjonale krava for responstid frå 2020 til 2022, og var svært nære å nå krava i 2023.

1.5.3 Tiltak

Noreg står i ein krevjande og komplekse tryggleikssituasjon og regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til PST med totalt 255 mill. kroner i 2025. 150 mill. kroner av auken i løyvinga til PST er ei vidareføring frå revidert nasjonalbudsjett i 2024.

I tillegg til å foreslå ei auka løyving til PST, har regjeringa i 2024 fått gjennom ei lovending om kriminalisering av ulovleg påverknad av avgjerder eller av den allmenne meiningsdanninga gjennom samarbeid med framand etterretningsteneste. Lovendinga gjer det mogleg for PST å avdekke og straffeforfølgje verksemd som er eigna til å påverke politiske avgjerder og den allmenne meiningsdanninga.

Justis- og beredskapsdepartementet vil bidra inn i ei stortingsmelding om ekstremisme, som følgjer opp aktuelle forhold frå utgreiinga til ekstremismekommisjonen, og som skal leggjast fram våren 2025. Justis- og beredskapsdepartementet vil også, i samarbeid med dei departementa det vedkjem, gjennomgå den nasjonale kontraterrorstrategien for å sikre at prioriteringane på feltet er riktige, bl.a. sett opp mot utfor-

drings- og trusselbiletet og oppfølginga av evalueringsutvalet etter skytinga 25. juni 2022.

Regjeringa legg opp til å fremme ei stortingsmelding om totalberedskap i 2024. Meldinga skal skrivast ut frå den krevjande tryggingpolitiske situasjonen og spissast mot temaet «motstandskraft», med hovudvekt på ytterlegare utvikling av totalforsvaret. Nasjonal kontroll, forsynings-tryggleik, digital tryggleik, samarbeid med næringslivet og koordinering av beredskapsarbeidet på sentralt, regionalt og lokalt nivå blir viktige tema i meldinga. Saman med Prop. 87 S 2023–2024 *Forsvarsløftet – for Norges trygghet* beskriv meldinga regjeringa si samla politikk for å trygge Noreg. Den er viktig for oppfølginga av totalberedskapskommisjonen sin rapport, og i arbeidet med å førebu Noreg på krevjande situasjonar vi må være førebudde på å kunne handsame.

Langtidsplanen for Forsvaret slår fast at det vil bli meir krevjande å vareta norsk sikkerheit framover. Samstundes med at vi skal styrke Forsvaret, må vi òg styrke sivilsamfunnets motstandskraft i kriser, naturhendingar og konflikhtar. Statlege aktørar utøver aktivitetar i det digitale rom som fremmar eigne strategiske mål. Regjeringa foreslår å løyve 88 mill. kroner til eit løft i arbeidet med totalberedskap og digital tryggleik. Tiltaka skal bl.a. gi auka evne til å handtere alvorlege cyberhendingar og styrke samfunnstryggleiksarbeidet på regionalt og kommunalt nivå. Forslaget inneber å auke løyvinga til statsforvaltarane og NSM og vidareføre løyvinga til DSB for å handtere ei auke i arbeidsmengde som nasjonalt kontaktpunkt for EUs ordning for sivil beredskap, bl.a. som følgje av krigen i Ukraina. Det blir også foreslått tiltak for å styrke forvaltninga av nasjonale digitale fellesløysingar. Sjå nærmare omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Regjeringa foreslår å auke tilskotet til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta med 6 mill. kroner.

Det er viktig for det nasjonale førebyggjande tryggingarbeidet at NSM evnar å vareta samfunnsoppdraget sitt. Det er i Prop. 19 S (2023–2024) og Prop. 104 S (2023–2024) (revidert nasjonalbudsjett) gjort greie for NSM sin manglande balanse mellom vedteke løyving og dei bindingane til lønn og husleige som verksemda har utløyst gjennom 2022 og 2023. NSM gjennomfører kostnadsreducerande tiltak, men det vil ta tid å få forbruket i samsvar med løyvingnivået i saldert budsjett 2024. Regjeringa foreslår derfor å auke løyvinga til NSM med 25 mill. kroner i 2025.

Det er inngått kontrakt for levering av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King-maskiner. Regjeringa foreslår å løyve om lag 950 mill. kroner til dette arbeidet i 2025. Dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift på seks basar i Noreg i løpet av 2024. Per september er SAR Queen sett i drift på fem basar. I tillegg er utgiftene til drifta av dei nye redningshelikoptera høgare enn utgiftene til dei gamle. Regjeringa foreslår som følgje av dette å auke løyvinga til drifta av redningshelikoptertenesta med 272 mill. kroner.

Dagens driftsavtale for Nødnett går ut i 2026. Regjeringa foreslår derfor å forlengje kontrakten. Dagens Nødnett fungerer godt, men det er basert på utgåande teknologi og må på sikt bli erstatta av ei ny løysing for nød- og beredskapskommunikasjon for å halde ved lag og vidareutvikle beredskapen og handteringsevna til nød- og beredskapetane. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) arbeider med forprosjektet for nytt Nødnett. Forprosjektet skal vere ferdig innan utgangen av 2024 med sikte på kvalitetssikring i første halvår 2025. For å sikre tilstrekkeleg kvalitet i Nødnett fram til ny løysing er på plass, må det gjennomførast investeringar. Regjeringa foreslår å løyve 40 mill. kroner til å gjennomføre nødvendige sikringstiltak og utskiftingar i infrastrukturen i dagens Nødnett.

1.6 Låg kriminalitet

Låg kriminalitet betyr at det i Noreg i liten grad skjer kriminelle handlingar, og at det er få alvorlege lovbrøt.

1.6.1 Innleiing

Verksemder som er viktige for å ha låg kriminalitet, er politiet, domstolane, Den høgare påtalemakta, Spesialeininga for politisaker, kriminalomsorga og konfliktrådet. Låg kriminalitet krev samstundes innsats frå fleire aktørar i samfunnet. Det inneber verksemder som arbeider med eller har ansvar for tidleg førebygging av kriminalitet, som utdanningssektoren, barnevernet, helsesektoren, frivillige organisasjonar m.m.

Det er klare samanhengar mellom kriminalitet og alder, kjønn og ulike sosioøkonomiske faktorar. Spesielt unge menn utanfor arbeid og utdanning har klart større risiko for å utføre lovbrøt enn resten av befolkninga. Det er òg ein samheng mellom kriminalitet og geografi: Det er meir kriminalitet i byar. Skilnadene mellom byar og mindre stader har likevel blitt mindre over tid. Ulike

økonomiske drivkrefter påverkar omfanget av kriminalitet, slik som arbeidsløyse og inflasjon.


Kriminaliteten i Noreg er i internasjonal samanheng låg, og det har vore ein trend mot mindre kriminalitet i Noreg dei siste tiåra. Det er derimot indikasjonar på eit trendebrot no, sidan både opplevd og meld kriminalitet har auka.

1.6.2 Tilstandsvurdering

Omfanget av kriminalitet

Kunnskap om mørketal, eller kriminalitet som ikkje blir meld til politiet, er viktig for å ha over-

sikt over det reelle omfanget av kriminalitet. Nasjonal trygggleiksundersøking kartlegg omfanget av lovbrott retta mot den vaksne befolkninga i løpet av eit år. Undersøkinga vart første gong gjennomført for 2020 og er gjenteken for 2022 og 2023. Det er 38 pst. av respondentane som svarer at dei vart utsette for minst eitt lovbrott eller éi lovbrotsliknande handling i 2023, noko som er langt høgare enn mengda kriminalitet som blir meld til politiet.



Figur 1.5 Del av befolkninga (16–84 år) som meiner å ha vore utsette for ulike lovbrottstypar i løpet av det siste året (2020, 2022 og 2023)

¹ Spørsmåla om seksuell vald vart betydeleg endra frå 2020 til 2022, og tala for 2022 og 2023 er ikkje direkte samanliknbare med tala for 2020.

Kjelde: Nasjonal trygggleiksundersøking

Delen som oppgir at dei har vore utsette for lovbrott, auka frå 2022 til 2023. Hovudgrunnen til auken er at fleire er utsette for svindel og bedrageri, t.d. ved kjøp av varer eller tenester eller gjennom misbruk av kortopplysningar. Det er ein klar samanheng mellom storleiken på det økonomiske tapet og om lovbrottet vart meldt eller ikkje.

Yngre aldersgrupper oppgir i langt større grad å ha vore utsette for ei rekkje former for kriminalitet enn eldre aldersgrupper. Yngre personar er oftare utsette for seksuell vald enn eldre personar, og kvinner er langt oftare utsette for seksuell vald enn menn. I ein studie av omfanget av vald og overgrep i befolkninga, som er gjennomført av Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk

stress (NKVTS), rapporterte éi av fem kvinner at dei hadde opplevd valdtekt ved makt og tvang eller sovevaldtekt minst éin gong i løpet av livet.

Hatkriminalitet er lovbrott som er motiverte av negative haldningar til religion, etnisitet, seksualitet, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk eller funksjonsevne. Omtrent 2 pst. melder å ha blitt utsette for hatkriminalitet i 2023, som er på same nivå som i 2022, men noko lågare enn i 2020, då det var 4 pst.

Etter ein lang periode med reduksjon har talet på barn og unge som blir sikta for kriminalitet, auka sidan 2016. Auken er størst blant barn under 15 år, og endringa er mest tydeleg for valdskriminalitet. Nivået av registrert kriminalitet er framleis


lågare enn på starten av 2000-talet, men politiet rapporterer om ein fortsetjande auke i 2024. Det er ei lita gruppe av unge som står for ein betydeleg del av den registrerte kriminaliteten.

Omfanget av økonomisk kriminalitet mot verksemdar

Ein fellesnemnar for saker om økonomisk kriminalitet er at dei ofte manglar ytre kjenneteikn som klart viser at det er tale om lovbrøt. Økonomisk kriminalitet rammar både private og offentlege interesser. Offeret for økonomisk kriminalitet er gjerne offentlege myndigheiter, ei heil næring eller ein marknad, og i verste fall samfunnet generelt.

I ei nasjonal undersøking av omfanget av økonomisk kriminalitet melde 12 pst. av verksemdene

at dei hadde blitt utsette for ei eller fleire former for økonomisk kriminalitet, og 26 pst. svarte at dei hadde blitt utsette for forsøk på økonomisk kriminalitet. Større verksemdar er meir utsette for økonomisk kriminalitet enn dei minste verksemdene. Av verksemdene med fem eller fleire tilsette melde 17 pst. at dei hadde blitt påførte eit økonomisk tap som følgje av ei eller fleire former for økonomisk kriminalitet, medan 11 pst. av verksemdene med færre enn fem tilsette svarte det same. Det heng truleg saman med at større verksemdar er meir økonomisk attraktive som offer. Det er større verdier i omløp, og dei gjennomfører langt fleire transaksjonar enn mindre verksemdar. Verksemdar innanfor finansierings- og forsikringsbransjen er klart mest utsette for økonomisk kriminalitet.



Figur 1.6 Delen verksemdar utsette for økonomisk kriminalitet i løpet av det siste året, 2023

Kjelde: Nasjonal omfangsundersøking av økonomisk kriminalitet, Samfunnsøkonomisk analyse AS.

Bedrageri er det verksemdene i størst grad er utsette for, både blant større og mindre verksemdar. Verksemdar med frå null til fire tilsette melde at forsøk på fakturabedrageri er den mest brukte metoden. Verksemdar med fem eller fleire tilsette svarte at forsøk på direktørbedrageri er det vanlegaste, etterfølgt av forsøk på fakturabedrageri.

Årets omfangsundersøking inkluderer ikkje spørsmål om kvitvasking, fordi det finst annan statistikk som kan fange opp det. I 2023 fekk Økokrim 23 704 MT-rapportar (rapportar om mistenkelege transaksjonar) frå rapporteringspliktige, ein auke frå 16 513 MT-rapportar i 2021. Dei fleste rapportane/meldingane kom frå bankar, etterfølgt

av meklarar og verksemdar for betalingsformidling.

Kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet

Trusselvurderinga til politiet (PTV) beskriv utvalde kriminalitetstruslar og gir ei framtidretta vurdering av desse. Formålet er å bidra til ei felles situasjonsforståing av dei kriminalitetsutfordringane samfunnet står overfor, og gi eit godt grunnlag for samhandling med andre aktørar for å forebygge og nedkjempe kriminalitet. Vurderingane skal også gi politiske myndigheiter og politiet

avgjerdsstøtte til å gjere prioriteringar og setje inn effektive tiltak for heile oppgaveporteføljen til politiet.

Kriminelle nettverk er eit samleomgrep for miljø, gjengar, grupperingar eller individ som er knytte saman gjennom kriminalitet. Nettverka kan vere av både kortvarig og langvarig karakter og ha større eller mindre grad av struktur og organisering. Dei kriminelle nettverka involverer seg i ulike typar kriminalitet, i både den fysiske og den digitale sfæren. Grov narkotikakriminalitet merker seg ut, men nettverka er også involverte i valdskriminalitet, menneskehandel, arbeidslivskriminalitet, bedrageri, kvitvasking og smugling av lovlege og ulovlege varer.

Dei kriminelle nettverka opererer på tvers av landegrensene, og ifølgje Europol har trusselen frå organisert kriminalitet aldri vore høgare i Europa. Den organiserte kriminaliteten er av Europakommisjonen vurdert som ein av dei dei største trusslane mot samfunnstryggleiken. Også i Noreg er trusselen frå organiserte kriminelle stor. Fleire profittmotiverte kriminelle nettverk opererer i Noreg, og mange av desse er ifølgje Kripos involverte i sal, distribusjon og innførsel av narkotika.

Vurderinga til politiet er at trusselen frå organiserte kriminelle nettverk er stor og aukande, bl.a. pga. auka profesjonalisering, grensekryssande samarbeid og stadig nye måtar å gjennomføre kriminalitet på. I samheng med denne utviklinga er politiet særleg bekymra for eit auka konfliktnivå der trusselen frå svenske aktørar peikar seg ut.

Dei siste åra har Sverige i aukande grad opplevd alvorlege og dødelege valdshendingar som følgje av rivaliseringa mellom kriminelle nettverk innan narkotikakriminalitet. I 2023 har alle politidistrikta i Noreg registrert aktivitet knytt til svenske kriminelle aktørar. Aktiviteten handlar i all hovudsak om narkotikaverksemnd og innpass på den norske narkotikamarknaden. Det har vore fleire tilfelle der svenske kriminelle aktørar har utøvd vald i Noreg, både på bestilling frå norske kriminelle og som ledd i eiga verksemnd.

Kripos reknar med at aktiviteten frå svenske kriminelle aktørar i Noreg vil auke i det kommande året, primært innan narkotikaverksemnd. Noreg står fram som ein attraktiv marknad pga. allereie etablerte relasjonar og moglegheiter for større profitt som følgje av høgare gatesalspris.

Politiet og riksadvokatembetet meiner at kriminelle nettverk og gjengar representerer ei stor utfordring, bl.a. gjennom rekruttering av unge personar til kriminelle miljø, ofte prega av valde-

lege interne konflikhtar. Gjennom valdslovbrot eller truslar og andre lovbrott skaper slike miljø utryggleik i befolkninga og lokalsamfunnet.

1.6.3 Tiltak

Regjeringa fortset å prioritere politiet og kjempe mot alvorleg kriminalitet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til politiet med totalt 2 462 mill. kroner. Av dette blir 600 mill. kroner foreslått brukt til å styrke arbeidet mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet. Midlane skal sikre at politiet kan vere til stades i heile landet, førebyggje kriminalitet i prioriterte område og kjempe mot organisert kriminalitet.

Politiet treng òg auka kompetanse og kapasitet til å etterforske og straffefølgje økonomisk kriminalitet, og det er nødvendig å arbeide målretta mot kvitvaskingskriminalitet og korrupsjonskriminalitet i breitt. Regjeringa foreslår derfor 90 mill. kroner til å styrke arbeidet mot kvitvaskings- og korrupsjonskriminalitet. Slik kriminalitet heng også tett saman med annan alvorleg organisert kriminalitet.

For å kjempe mot kriminalitet, og sikre at midlane til arbeidet mot kriminelle nettverk kan nyttast fullt ut, må også grunnløyvinga til politiet aukast. Regjeringa foreslår derfor å auke grunnløyvinga til politiet med 1 772 mill. kroner. Dette inkluderer bl.a. midlar til bemanning. I tillegg er det nødvendig å prioritere digitaliseringa i politiet. Midlane skal derfor også bidra til å sikre sikker og stabil drift av IT-systema i politiet. I tillegg foreslås det 40 mill. kroner i auka løyving til påtalemakta i politiet.

Det foreslås òg at delar av grunnløyvinga til politiet brukast mot førebyggjingsiltak mot vald og overgrep og vald i nære relasjonar. Det foreslås at 46 mill. kroner nyttast til å dekke utgiftene politiet og kriminalomsorga får til auka bruk av omvend valdsalarm (besøksforbod med elektronisk kontroll). Nokre barn har lang reiseveg til barnehus. Det er viktig at barn har trygge og gode tilbud nær seg. Regjeringa foreslår derfor 20 mill. kroner i 2025 til å styrke barnehusa og etablere underavdelingar av barnehus. Oslo politidistrikt har brukt ein metodikk kalla RISK for å førebyggje og oppklare vald i nære relasjonar. Det foreslås 20 mill. kroner til å fortsette utrullinga av metodikken til fleire politidistrikt.

Vi treng meir effektive verkemiddel for å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet. I tillegg til forslaget omtalt ovanfor om å gi politiet ei løyving på 600 mill. kroner til å styrke arbeidet mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert

kriminalitet, foreslår regjeringa totalt 405 mill. kroner til arbeidet med å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet. Sjå nærmare omtale under kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet, kap. 410 Domstolene, kap. 430 Kriminalomsorgen, kap. 433 Konfliktrådet, kap. 440 Politiet og kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter. Sjå òg omtale under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet og Kunnskapsdepartementet.

1.7 Kontrollert og berekraftig innvandring

Målet inneber at innvandringa til Noreg blir regulert i samsvar med utviklinga i verda kring oss og samfunnsbehovet. Det blir lagt til rette for lovleg bevegelse over landegrensene. Noreg varetek rettstryggleiken til utlendingar og den enkelte sitt behov for vern, samstundes som tryggleiken i landet blir bevart.

1.7.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har det overordna ansvaret for å forme ut og samordne innvandringspolitikken, med eit særskilt ansvar for bl.a. vern (asyl), familieinnvandring, visum, bortvising, utvising og kontroll. Det sentrale juridiske rammeverket som regulerer innvandringa til Noreg, er utlendingslova, den europeiske menneskerettskonvensjonen, flyktningkonvensjonen og ei rekkje internasjonale forpliktingar i samband med EØS-avtalen, Schengen- og Dublin-samarbeidet og FN.

Dei operative oppgåvene som saksbehandling og kontroll blir utførte i Utlendingsdirektoratet (UDI), i Utlendingsnemnda (UNE), i Utlendingsforvaltningas fageining for landinformasjon (Landinfo), i Politidirektoratet (POD) og dei underliggjande einingane deira, i Politiets tryggingstene (PST) og på utanriksstasjonane.

Andre departement med særleg ansvar innan utlendingsforvaltninga er Arbeids- og inkluderingsdepartementet (arbeidsinnvandring, innvandring frå EØS-land, busetjing, statsborgarskap og samordning av integreringspolitikken), Barne- og familiedepartementet (omsorgssenter for einslege mindreårige asylsøkarar under 15 år) og Utanriksdepartementet (samarbeid med opphavsland og utanriksstasjonar som førstelinje for søknader om visum og opphald).

1.7.2 Tilstandsvurdering

Fordrivne i verda


Ifølgje tal frå FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR) var det 118 millionar tvangsfordrivne i verda ved utgangen av 2023. Dette er 9 pst. fleire enn ved utgangen av 2022 og det 7. året på rad det er ein auke i talet på menneske på flukt. Over halvparten av dei fordrivne er menneske på flukt i eige land. Dei fleste tvangsfordrivne i 2023 er frå Syria, Sudan og Ukraina. Hovudårsaka til auken i tvangsfordrivne frå 2022 til 2023 er konflikten i Sudan. Sidan 2022 er det i Europa ein relativt stabil utvikling i tal personar som oppheld seg med mellombels kollektivt vern. Tal personar som søker asyl i Europa frå andre land enn Ukraina har derimot auka. I 2023 var det over ein million som søkte asyl i Europa som ikkje var frå Ukraina, noko som er det høgaste nivået sidan 2015. Auken er i stor grad frå land i Europas nærrområde som Tyrkia, Marokko og Egypt og frå søramerikanske land som Colombia, Venezuela og Peru.

Samstundes går det føre seg ei positiv utvikling i internasjonalt samarbeid om flyktningar, blant anna ved at EUs pakt for migrasjon og asyl («pakta») har blitt vedteke sommaren 2024, etter å ha vore under arbeid sidan flyktningkrisa i 2015. Pakta består av ti rettsakter for å forbetre og harmonisere samarbeid og prosedyrar på migrasjons- og asylfeltet i Europa. Noreg er heilt eller dels bunde av fem av rettsakta som følgje av Schengen- og Dublin- avtalane. Dei nye reglane skal takast i bruk innan to år etter dei er vedtekne, frå sommaren 2026. Noreg ventar samfunnsgevinstar av eit tettare europeisk samarbeid på feltet, blant anna for å betre grensekontrollen for å stanse irregulær migrasjon og hindre sekundærmigrasjon innan Europa.

Innvandringa til Noreg aukar som følgje av at det kjem mange fordrivne frå Ukraina

Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på personar som har innvandra til Noreg dei siste åra (dvs. har blitt bustadsregistrerte og fått fødselsnummer), fordelt etter innvandringsgrunn. Innvandringa til Noreg har auka betrakteleg dei siste to åra som følgje av at det kjem fleire flyktningar, primært fordrivne frå Ukraina (sjå nærmare omtale under). Det var nesten 72 000 personar som blei registrert innvandra til Noreg i 2023³. Den nest største gruppa innvandrarar etter flukt var personar som søker om familieinnvandring (20 pst.), og dernerst arbeidsinnvandrarar (19 pst.).

³ Det er her snakk om førstegongsinnvandrarar med ikkje-nordisk statsborgarskap.



Figur 1.7 Innvandring til Noreg etter innvandringsgrunn og år

Kjelde: SSB

Talet på familieinnvandrarak heng som regel saman med talet på flyktningar og arbeidsinnvandrarak. Dei største gruppene som har fått innvilga søknad om familieinnvandring til Noreg dei seinaste åra, er personar frå India og Syria, mens for innvilga søknad om arbeid er indarar den klart største gruppa, dernest personar frå Storbritannia.


Sidan 2018 og fram til krigen i Ukraina brot ut, utgjorde arbeidsinnvandrarak den største gruppa innvandrarak. Talet på arbeidsinnvandrarak vart redusert i 2022, men auka igjen i 2023. I revidert nasjonalbudsjett 2023 styrkte regjeringa saksbehandlinga for arbeidssaker mellombels, slik at ventetida for søkarar vart betydeleg redusert i 2023. Sjå meir om arbeidsinnvandringspolitikken til regjeringa i Prop. 1 S (2024–2025) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Nærmare om flukt

Det er tredje året på rad at det kjem rekordmange personar på flukt til Noreg, hovudsakeleg frå Ukraina. Dette krev mykje ressursar i utlendingsforvaltninga og i det offentlege tenestetilbodet elles.

Vidare samarbeider Noreg med UNHCR og andre organisasjonar om å overføre flyktningar til Noreg frå aktuelle vertsland, som det blir fastsett ein årleg kvote for. Storleiken på kvoten blir sett i samanheng med talet på asylsøkarar som kjem. Fordi det kjem så mange frå Ukraina, vart kvoten i 2024 redusert frå 2 000 til 1 000 plassar.

Figur 1.8 viser utviklinga i talet på inkomstar av søkarar om vern, og myndigheitsstyrt overføring av flyktningar/asylsøkarar/fordrivne til Noreg sidan 2015.



Figur 1.8 Talet på personar som søker om vern (ordinære asylsøkarar og personar som søker om kollektiv beskyttelse) og innkomstar av overføringsflyktningar m.m., 2015–juni 2024

Kjelde: UDI

I ein masseflyktsituasjon opnar utlendingslova for ei ordning med mellombels kollektivt vern. Regjeringa sette i verk denne ordninga for fordrivne frå Ukraina i mars 2022 og har opna for forlengingar, sjå nærmare omtale under programkategori 06.90.

Dei fleste ukrainarar som har flykta til Europa kom i 2022, men talet på fordrivne ukrainarar som har kome til Noreg, var på rundt 36 000 både i 2023 og i 2022. I løpet av 2023 kom det langt fleire ukrainarar til Noreg enn til dei andre nordiske landa, og om lag 33 400 personar fekk innvilga løyve om mellombels kollektivt vern i 2023. Regjeringa har frå slutten av 2023 innført fleire innstrammingstiltak for at Noreg ikkje skulle fortsetje å få vesentleg fleire på flukt frå Ukraina enn dei andre nordiske landa. Det er bl.a. innført nye vilkår i behandling av sakane om mellombels kollektivt vern. Samstundes har UDI vurdert at sikkerheitssituasjonen i nokre områder vest i Ukraina ikkje er så alvorleg at den aleine gir grunn til vern – dette får betydning for dei som får saka si vurdert etter det ordinære regelverket om vern. Regjeringa har nyleg innsnevra ordninga med midlertidig kollektivt vern på same måte, sjå nærmare omtale under programkategori 06.90. Som følgje av tiltaka venter regjeringa at det vil kome færre ukrainarar til Noreg.

Per 30. juni har Noreg teke imot om lag 8 600 søknader om vern frå ukrainarar i 2024, og ca. 9 800 personar har fått innvilga løyve om mellombels kollektivt vern. Hittil i 2024 har det komme færre ukrainarar enn i same periode dei siste to

åra, og talet innkomstar har nærma seg dei andre nordiske landa. Dette kjem truleg dels av dei innstrammande tiltaka, men må og sjåast i samanheng med lågare tal på fordrivne frå Ukraina til Europa og strengare reglar for utreise frå Ukraina. Det er samstundes fleire ukrainarar som ikkje oppfyller vilkåra for mellombels kollektivt vern, og som må få saka si vurdert individuelt.

Handteringa av innkomstar frå Ukraina krev stor innsats frå alle delar av utlendingsforvaltninga. I planlegginga av statsbudsjettet for 2025 legg regjeringa til grunn innkomst av kring 16 000 fordrivne frå Ukraina til Noreg i 2025, og at dei aller fleste som har fått mellombels kollektivt vern i Noreg, vil bli verande i landet i 2025. Sjø òg omtale av handteringa av fordrivne frå Ukraina i Prop. 1 S (2024–2025) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet. Regjeringa legg vidare til grunn innkomst av 6 000 ordinære asylsøkarar.

Det har vore ein auke i talet på asylsøkarar frå andre land òg. I 2023 vart det registrert 4 257 asylsøknader frå ikkje-ukrainske statsborgarar, som er det høgaste talet som er registrert etter 2015. Talet er likevel lågare enn det var i åra før 2015. Per 30. juni er det registrert 1 900 asylsøknader frå ikkje-ukrainske statsborgarar i 2024. Dei største ikkje-ukrainske søkargrubbene i Noreg dei seinaste åra er personar frå Syria, Afghanistan, Eritrea og Tyrkia. I perioden 2018–2021 fekk rundt 77 pst. av dei som fekk saka si vurdert, vern. I 2023 fekk 80 pst. av dei ordinære asylsøkarane vern. Det tilsvarande talet for EU var rundt


53 pst. Dette tyder på at Noreg får relativt få grunnlause asylsøknader.

Samstundes som Noreg skal leggje til rette for å ta imot dei som har behov for vern, er det viktig å ta omsyn til berekraft og internasjonale behov òg. Noreg har ei ordning med å gi økonomisk støtte til personar som har opphald med fluktbakgrunn og som ønskjer å vende tilbake til heimlandet. Regjeringa styrkte ordninga i 2023 ved å leggje til rette for at ho også gjeld for personar med kollektivt vern. Talet på personar som har reist til-

bake med tilbakevendingsstønad auka frå nokre få i 2019 til 475 i 2023 og 600 første halvår 2024.

Auke i saksinngangen og oppgåvemengda elles gjer at saksbehandlingstida er lang i mange saker

Utlendingsforvaltninga har over tid hatt ein auke i saksinngangen og oppgåvemengda elles, også på andre område enn flukt. Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på søknader til utlendingsforvaltninga sidan 2017 (eksklusive visum).



Figur 1.9 Utvikling i innkomne saker til utlendingsforvaltninga om opphald (både førstegongssaker, fornyingar og saker om varig opphald) og flukt.

Kjelde: utanrikstenesta, politiet og UDI

Det er særleg ein auke i saker knytte til statsborgarskap og Brexit som gjer at talet på opphaldssaker auka mykje i 2021 og 2022. I tillegg har utlendingsforvaltninga dei siste åra brukt mykje ressursar på å handtere pandemien, evakuering frå Afghanistan m.m. Den aldrende IT-systemportefølja krev stadig meir vedlikehald for å fungere, og er til hinder for effektiv behandling av saker. Verksemdene har dessutan fått store nye oppgåver med å implementere felleseuropeiske IT-system knytte til Schengen- og Dublin-avtalane. Implementering av reglane i migrasjonspakta krev og ressursar i utlendingsforvaltninga.

Auken i saker og oppgåvemengde samstundes med at handtering av innkvartering og saksbehandling for ukrainarar har vore ein nødvendig førsteprioritet, har gjort at talet på ubehandla saker har auka dei siste åra. Saksbehandlingstida er lengre enn det som er ønskjeleg for fleire sakstypar, og forvaltninga er i ein krevjande driftssituasjon.


Vidare er det stor uvisse knytt til ukrainarane sitt framtidige opphald i Noreg. Dei fleste ukrainarane får mellombels kollektivt vern for eitt år av gongen og skal i utgangspunktet vende tilbake til Ukraina når det blir mogleg. Sidan krigen held fram, er det sannsynleg at fleire etter kvart vil ønskje å bli verande i Noreg på lengre sikt. Gitt regelverket slik det er i dag, vil dei måtte søke om vern eller andre langvarige løyve. Eit stort tal saker som må behandlast individuelt, vil bli svært ressurskrevjande for utlendingsforvaltninga.

Kontrolloppgåver held fram med å vere viktige

Å kjenne identiteten til personar som oppheld seg i Europa og Noreg er viktig for at utlendingsmyndigheitene skal gjere riktige vedtak i utlendingssaker, og er ein føresetnad for å nå målet om kontrollert innvandring og for å ivareta rettstryggleiken til søkerane. Eit viktig grep er utviklinga av

felleseuropeiske IT-system for styrkt grensekontroll, betre deling av informasjon og større tryggleik. Regjeringa har sidan 2022 løyvd prosjektmidlar til UDI og politiet til implementering av desse IT-systema. Oppdateringa av informasjonsdatabasen Schengen Information System (SIS) trådte i kraft i 2023, og skal bidra til å førebyggje irregulær migrasjon og hindre at personar som på ulike måtar kan utgjere ein trussel, reiser inn i Schengen. Med iverksetjinga av «Entry Exit System» (EES) hausten 2024 vil utlendingsforvaltninga i større grad kunne avdekke når personar ikkje har reist ut innan utløpet av opphaldet deira, og opprette saker om bort- og utvisning. Fleire av dei europeiske IT-systema skal etter planen tre i kraft i løpet av dei neste åra.

Dei som ikkje har gyldig opphaldsgrunnlag, skal returnere til heimlandet eller eit anna land der dei har lovleg opphaldsgrunnlag. Regjeringa er oppteken av å oppretthalde tilliten til asylordninga gjennom eit effektivt returarbeid, med nødvendig kapasitet i politiet til arbeidet med tvangsreturar og økonomiske insentivordningar for assisterte returar. Talet på returar har blitt gradvis redusert frå 2016, då det blei gjennomført eit stort tal returar etter flyktningkrisa i 2015, og det har komme færre ordinære asylsøkarar i åra etter (ikkje medrekna dei fordrevne frå Ukraina, der det hittil ikkje har vore aktuelt med returar). Returar til ei rekkje land vart mellombels stansa i 2020 og 2021 pga. covid-19-pandemien, men har teke seg noko opp i 2022 og 2023. Det har særleg vore ein auke i tvangsreturar knytte til Dublin-avtalen.



Figur 1.10 Talet på assisterte returar og tvangsreturar 2016–juni 2024

Tala for åra 2020–2022 er eksklusiv bortvisingar etter mellombels lov om innreiserestriksjonar for utlendingar av omsyn til folkehelse.

Kjelder: Politiets utlendingseining (PU) og UDI

Ein stor del av dei utreisepliktige har opphalde seg i landet over lang tid, har familie med opphald i Noreg eller har særskilde behov som gjer returarbeidet vanskelegare. Fleire har òg uavklart identitet, og nokre land er meir krevjande å returnere personar til enn andre. Det er stor uvisse om korleis krigen i Ukraina og det høge talet på asylsøkarar vil påverke returarbeidet i åra framover.

1.7.3 Tiltak

Det er svært uvisst korleis situasjonen i Ukraina vil utvikle seg framover. Regjeringa vil med løy-

vingsforslaget sitt leggje til rette for å handtere innkomstane frå Ukraina, både dei som har komme til no, og dei som ut frå prognosen er venta å komme i 2025. Regjeringa foreslår å vidareføre ei mellombels løyving til administrativ kapasitet i UDI på 155 mill. kroner, for å bidra til å handtere auka oppgåvemengd som følgje av innkomstane. Politiet vil òg handtere innkomstar frå Ukraina innanfor foreslått løyving. I tillegg foreslår regjeringa å vidareføre ramma for overskriddingsfullmakt til innkvartering av asylsøkarar på 3 mrd. kroner, jf. forslag til vedtak.

Krigen i Ukraina har medført at mange fordrivne har komme til Noreg, og det er press på tenestetilbodet i kommunane der personane blir busette. Derfor foreslår regjeringa å redusere kvoten for overføringsflyktningar m.m. frå 1 000 plassar i 2024 til 200 plassar i 2025. Plassane i kvoten kan nyttast til å ta imot overføringsflyktningar eller personar på flukt som kjem gjennom andre typar myndigheitsstyrt overføring. Regjeringa meiner at den årlege kvoten må sjåast i samanheng over år, i den forstand at det er rom for noko fleksibilitet frå eitt år til eit anna, t.d. ved uventa hendingar og særskilde praktiske utfordringar. Ubrukte plassar blir overførte frå eitt år til det neste, og om det blir nytta fleire plassar enn kvoten, skal kvoten for året etter reduserast tilsvarende.

Regjeringa held fram innsatsen for å betre forholda for menneske på flukt ved å vidareføre eit kapittel i utviklingsbudsjettet. Med denne innsatsen ønskjer regjeringa å utvikle samspelet mellom humanitær støtte, utviklingsbistand og fredsinnsats på flukt- og migrasjonsfeltet. Sjå omtale av solidaritetspotten i Prop. 1 S (2024–2025) for Utanriksdepartementet.

Regjeringa vil og fortsetje å støtte europeiske land som er utsette for eit særleg migrasjonspress, bl.a. ved å sende ut ekspertar i støtteoperasjonar gjennom asylbyrået EUAA og grense- og kystvaktbyrået Frontex. Vidare har Noreg bidratt gjennom EØS-midlane til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. Regjeringa vurderer no ei mogleg framtidig satsing på dette området. Sjå òg omtalen av EØS-midlane i Prop. 1 S (2024–2025) for Utanriksdepartementet.

Ei stor utfordring for utlendingsforvaltninga er at IT-systema er utdaterte, noko som gjer at dei både er til hinder for effektiv behandling av saker, det er aukande kostnader med å halde dei i drift, og det er og risiko for nedetid, informasjonssikkerheit og personvern. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til UDI med 84,5 mill. kroner for å starte eit fleirårig investeringsprogram for å modernisere IT-løysingane. Regjeringa foreslår og ei kostnadsramme og investeringsfullmakt til prosjektet, jf. forslag til vedtak XI. Prosjektet vil etter kvart bidra til betre og meir effektiv saksavvikling som vil gi større gevinstar både for søkarar, for forvaltninga og for samfunnssikkerheita. I dagens ustabile globale situasjon, med økt migrasjonspress og grenseoverskridande kriminalitet er samfunnet avhengig av at utlendingsforvaltninga fangar opp og kontrollerer opplysningar om identitet tidleg.

1.8 Godt forvalta polarområde

Godt forvalta polarområde inneber at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk. Desse måla omhandlar bl.a. å bevare ro og stabilitet, å bevare natur og å halde oppe eksisterande norske samfunn i desse områda.

1.8.1 Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet er det overordna departementet for Sysselmeisteren på Svalbard. Sysselmeisteren på Svalbard er den øvste representanten for regjeringa på øygruppa og varetek dei statlege interessene der. Sysselmeisteren er politimeister og har same mynde som ein statsforvaltar.

Longyearbyen lokalstyre har som formål å utøve eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre i Longyearbyen. Longyearbyen lokalstyre får tildelt løyving over svalbardbudsjettet. Oppgåvene til Longyearbyen lokalstyre er av same type som kommunane på fastlandet, men ansvarsområdet til Longyearbyen lokalstyre er snevrare, og dei yter færre velferdstenester.

På svalbardbudsjettet blir det løyvd midlar til fleire statlege aktørar, som er fagleg styrte av dei respektive fagdepartementa. I tillegg har ei rekkje andre statlege aktørar verksemd på Svalbard som blir finansiert utanfor svalbardbudsjettet.

Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer drifta av og har budsjettansvaret for Samfunnet Jan Mayen. Samfunnet Jan Mayen blir drifta av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. I tillegg har fleire statlege verksemdar ansvar for eller verksemd på Jan Mayen.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for koordineringa av norsk politikk for Jan Mayen, Bouvetøya og dei norske bilanda Dronning Maud Land og Peter I øy i Antarktis.

1.8.2 Tilstandsvurdering og tiltak

Regjeringa la 31. mai 2024 fram ei melding til Stortinget om Svalbard, Meld. St. 26 (2023–2024). Heilskaplege meldingar til Stortinget om Svalbard (svalbardmeldingar) legg grunnlaget for ei stabil og føreseieleg forvaltning av og føringar for aktiviteten på Svalbard i tida framover.

Som med dei tidlegare svalbardmeldingane beskriv òg Meld. St. 26 (2023–2024) mål, utfordringar og moglege tiltak for Svalbard. Sidan førre melding frå 2016 har Longyearbyen endra seg

endå meir frå eit samfunn basert på kolverksemd til eit meir moderne familiesamfunn med eit differensiert næringsliv. Samstundes har befolkninga auka, og befolkningssamansetjinga endra seg. Det er om lag 36 pst. utanlandske borgarar i Longyearbyen. Blant anna som følgje av befolkningsveksten er det press på infrastrukturen i Longyearbyen.

Svalbard er prega av auka aktivitet, ikkje minst i form av turisme med skip rundt øygruppa. Interessen for bruk av Svalbard i samband med forskning aukar, òg frå det internasjonale forskingsamfunnet. Klimaendringane er ein viktig del av utviklinga på og rundt Svalbard. Med eit varmare klima er kystområda på Svalbard lettare tilgjengelege for ulike typar fartøy. Veksten i næringslivsverksemd, særleg innanfor reiselivsnæringa, fører òg til press på naturmiljøet, infrastrukturen, redningsressursar og helseberedskapen.

Svalbard er ein viktig del av Noreg, og det har alltid vore knytt sterke nasjonale interesser til forvaltninga av Svalbard. Svalbardmeldinga reflekterer dette. I meldinga foreslår regjeringa ulike tiltak som vil styrke nasjonal kontroll og byggje opp under norske samfunn på øygruppa. Nasjonal kontroll bidrar bl.a. til å nå dei stortingsforankra måla for svalbardpolitikken. Regjeringa foreslår i Meld. St. 26 (2023–2024) bl.a. å gjennomgå ansvaret for kritisk infrastruktur, som t.d. energiforsyninga, i Longyearbyen.

Kostnadene til energiproduksjon i Longyearbyen har auka monnaleg som følgje av overgangen frå kol til diesel som energiberar. Det vart i samband med nysalderinga av 2023-budsjettet og revidert nasjonalbudsjett for 2024 gitt auka løyving til Longyearbyen lokalstyre for å bidra til reduserte energiprisar. Regjeringa foreslår å løyve 100 mill. kroner i 2025 til same formål.

I 2025 og framover vil regjeringa prioritere å følgje opp tiltak omtalte i meldinga til Stortinget om Svalbard.

Forsvarsbygg har starta arbeidet med å oppføre eit nytt hovudbygg på Jan Mayen saman med to nye garasjar og eit naust. Prosjektet skal gjennomførast i åra 2024–2028, til ein samla estimert kostnad på 1 641 mill. kroner. Prisnivået er oppgitt i 2024-kroner.

Norsk Polarinstittutt, underlagt Klima- og miljødepartementet, driv forskning i Antarktis. Instituttet har heilårsdrift på forskingsstasjonen Troll i Dronning Mauds land og driv tokt i Sørishavet. Stasjonen nærmar seg slutten av levetida si. Regjeringa har valgt konsept for det vidare arbeidet med oppgradering av stasjonen. Prosjektet er i forprosjektfasen. Regjeringa har avsett 47 mill. kroner til forprosjektet i 2025.

Regjeringa har starta arbeidet med å revidere bilandsregelverket.

1.9 Godt og tilgjengeleg lovverk

Eit godt og tilgjengeleg lovverk er eit lovverk som både varetek viktige prinsipp i ein rettsstat – som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar – og bidrar til å fremme måla bak dei enkelte delane av lovverket. Eit godt og tilgjengeleg lovverk skal gi uttrykk for rettar og plikter på ein klar måte og fremme føreseielege løysingar, og det skal vere enkelt å finne fram til dei relevante lovene. Det skal bidra til vekst og verdiskaping for befolkninga og næringslivet og til at offentlege organ effektivt kan utøve mynde og yte tenester på ein god og framtidsretta måte.

1.9.1 Innleiing

Gode og fornuftige lover og reglar påverkar åtferd og medverkar til å hindre og løyse konflikhtar. Rettsreglane skal vareta viktige prinsipp i ein rettsstat, som rettstryggleik og respekt for grunnleggjande rettar. Dette er spesielt viktig når det gjeld reglar som opnar for inngrep overfor den enkelte, som straffelovgivinga, men slike grunnleggjande prinsipp må varetakast i andre regelverk òg.

Det er Stortinget som vedtek, endrar og opphevar lovene i Noreg, men regjeringa spelar ei nøkkelrolle i lovprosessen. Det er som oftast regjeringa som fremmar lovforslag for Stortinget, og lovforslaga er då utarbeidde av det departementet som har ansvaret for det aktuelle området. Alle lovforslaga skal formast ut i tråd med utgreiingsinstruksen og med utgangspunkt i rettleiinga Lovteknikk og lovforberedelse frå Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet. Dette er sentrale utgangspunkt for å sikre god kvalitet på lovene og at relevante omsyn og konsekvensar blir vurderte og varetekne.

Lovgivinga må vere av god kvalitet dersom ein skal oppnå dei formåla lovene er meinte å vareta. Meninga bak lovføresegnene bør komme tydeleg fram, og lovteksten bør vere tilgjengeleg for flest mogleg. Dette oppnår ein typisk ved å byggje opp lovene og dei enkelte paragrafane på ein logisk og oversiktleg måte, tilpasse dei godt til andre regelverk og bruke eit tydeleg og forståeleg språk. Lovverket bør formast ut teknologinøytralt der det er mogleg og naturleg.

Eit godt lovverk bør ikkje vere for omfattande, og det bør ikkje innehalde reglar som det ikkje

lenger er behov for, eller for mange detaljreglar. Eit sentralt spørsmål er kva som skal regulerast i lov, og kva som heller bør følgje av forskrift. Tidlegare hadde mange lover vide og generelle forskriftsheimlar, og dette finn ein framleis i enkelte lover, men ei slik fullmaktslovgiving høyrer i mindre grad heime i eit godt og tilgjengeleg lovverk i dag.

1.9.2 Tilstandsvurdering og tiltak

Eit klart og forståeleg regelverk

Lovverket i Noreg er langt meir tilgjengeleg og forståeleg enn i mange andre land når det gjeld både språk og struktur. Lovtekstane er gjennomgåande relativt kortfatta, og detaljane finn ein i all hovudsak i forskriftene. Mange land har langt meir detaljerte og omfattande lover, noko som gjer det vanskelegare å finne fram til reglane og setje seg inn i dei. Enkelte land baserer seg dessutan i større grad på sedvanerett, noko som gjerne er vanskelegare tilgjengeleg enn skriftlege lover. Store delar av det norske lovverket har i seinare tid blitt bytt ut med nye lover, og ein har dermed fått eit meir moderne og oppdatert lovspråk. Alle lover og forskrifter er gratis tilgjengelege elektronisk på lovdata.no.

Det vil likevel alltid vere høve til forbetringar sjølv for eit slikt gjennomgåande godt lovverk som det norske må seiast å vere, og regjeringa vil arbeide for at regelverket skal bli endå betre og meir tilgjengeleg. Reglar som er retta mot næringslivet, skal t.d. formast ut enklast mogleg.

Eit klart og forståeleg regelverk er ein føresetnad for rettstryggleik for den enkelte. Klare og forståelege reglar er t.d. eit nødvendig grunnlag for å sikre at forvaltninga sine avgjerder og inngrep overfor den enkelte baserer seg på eit riktig rettsleg grunnlag, for at den enkelte kan føresjå kva tiltak forvaltninga kan setje i verk, og for ein effektiv kontroll frå domstolane. Menneskerettane stiller òg krav til klare reglar når reglane skal gi grunnlag for inngrep i rettane til den enkelte.

Det er avgjerande for å kunne sikre eit klart og forståeleg regelverk at ein har gode grunnlagsdokument som legg rammer for regelverksarbeidet til forvaltninga, som rettleiinga Lovteknikk og lovforberedelse. Denne rettleiinga er no under revisjon og vil etter kvart komme i ny utgåve.

God gjennomføring av internasjonale plikter

Lovverket blir stadig meir omfattande. Dette kjem i stor grad av gjennomføring av EØS-regelverk, og

det gjeld både formelle lover og forskrifter. Ein viktig del av eit godt og tilgjengeleg lovverk er at internasjonale plikter er gjennomførte på ein klar og forståeleg måte. Det kan vere særleg utfordrande å sørge for at internasjonale plikter går klart og forståeleg fram, bl.a. fordi det er ulike tradisjonar for regelutforming i Noreg og utlandet. Når EØS-rettsakter skal gjennomførast, kan t.d. omsynet til å forme ut reglar på ein måte som er tilpassa norske forhold, og som harmonerer med norsk lovgiving elles, stå i motstrid til omsynet til nøyaktig og fullstendig gjennomføring og ein einsarta rettstilstand. Dersom vage eller fleirtydige reglar skal gjennomførast, må omsynet til korrekt gjennomføring vegast opp mot omsynet til klare reglar. Regjeringa vil arbeide for at lovverket balanserer desse omsyna på ein god måte. I tilfelle der regelverk må gjennomførast i norsk rett utan omarbeiding (inkorporasjon), slik som t.d. EØS-forordningar, kan ikkje reglane tilpassast på same måte. Det blir arbeidd med å finne løysingar for å gjere regelverket meir tilgjengeleg i slike tilfelle òg.

Justis- og beredskapsdepartementet arbeider generelt for å medverke til at internasjonale plikter blir gjennomførte på ein god måte, både på eigne ansvarsområde og gjennom hjelp med lovarbeid i andre departement. I tillegg er departementet med i internasjonale forum der sentralt regelverk blir forma ut, og søker såleis å medverke til utforminga av internasjonalt regelverk.

Forholdet til EØS-retten skal, der det er aktuelt, vurderast grundig i samband med førebuinga av nye lover og anna regelverk. Handlingsrommet i EØS-avtalen skal utnyttast. Forholdet til Grunnlova og menneskerettane skal òg vurderast grundig ved førebuing av nytt regelverk. Den eksisterande lovgivinga må dessutan kontinuerleg vurderast for å sikre at ho framleis er i samsvar med menneskerettskonvensjonane og EØS-retten, særleg i samband med at det kjem nye dommar frå Den europeiske menneskerettsdomstolen, EFTA-domstolen og EU-domstolen.

Eit framtidsretta lovverk

Eit godt lovverk må vere framtidsretta og i takt med utviklinga og nye behov. Regjeringa vil medverke til at lovverket blir utforma teknologinøytralt og legg til rette for digitalisering, innovasjon og bruk av ny teknologi, t.d. kunstig intelligens på område der det er aktuelt. Samstundes må ein vareta rettstryggleiken, personvernet og andre grunnleggjande rettar. Der utviklinga gir høve til å vareta dei aktuelle omsyna på ein mindre inngri-

pande eller meir effektiv måte, bør eksisterande reglar endrast og gjerast enklare.

Justis- og beredskapsdepartementet har dei siste åra teke aktivt del i forhandlingar i Europarådet om ein konvensjon om kunstig intelligens. Denne konvensjonen er den første internasjonalt bindande konvensjonen om kunstig intelligens. Noreg var eit av landa som signerte konvensjonen då det vart opna for signering 5. september 2024. Departementet har òg leia ei interdepartemental arbeidsgruppe som har vurdert spørsmål rundt gjennomføringa av EU si KI-forordning i norsk rett.

Regjeringa vil leggje fram eit forslag til ny forvaltningslov i løpet av første del av 2025. Lova skal leggje til rette for god, tillitsskapande og effektiv saksbehandling i forvaltninga og verne omsynet til den einskilde og til samfunnet. Det blir lagt stor vekt på at lova skal vere brukarvennleg og utforma språkleg klart. Lova skal vere oppdatert og godt tilpassa oppgåvene og organiseringa i den moderne forvaltninga. Eit døme er regulering av digital teknologi og automatisert saksbehandling, noko som har stått sentralt i lovarbeidet.

Eit anna døme på eit nyare lovarbeid frå departementet som medverka til å tilpasse lovverket til ein ny digital kvardag, er den nye finansavtalelova, som tok til å gjelde 1. januar 2023. Lova legg i langt større grad enn den tidlegare finansavtalelova til rette for digitale løysingar slik at tenesteytaren kan kommunisere digitalt med kundane, og for elektronisk signering og elektronisk tinglysing. Lova vernar òg i større grad enn før kundar mot ansvar ved misbruk av elektronisk signatur. Stortinget vedtok i juni 2024 endringar i finansavtalelova som styrker forbrukarane sin rett til å betale med kontantar. Endringane gjeld frå 1. oktober 2024. Kontantar er viktige av omsyn til beredskapen, samstundes som det gir ein tryggleik for mange som finn det krevjande å nytte digitale betalingsløysingar.

1. januar 2023 tok også ei ny lov om levering av digitale ytingar til forbrukarar til å gjelde. Lova gjeld avtalar om levering av digitale ytingar i forbrukarforhold og regulerer ein praktisk viktig og svært utbreidd kontraktstype. Som døme kan nemnast applikasjonar som blir lasta ned til mobiltelefonar og nettbrett, og strøymetenester for avspeling av musikk, filmar og TV-seriar.

Ytterlegare eit døme på tilpassing av lovverket grunna teknologiske moglegheter er reglane om at påtalemakta skal kunne påleggje elektronisk kontroll, såkalla omvend valdsalarm, ved besøksforbod. Reglar om dette vart vedtekne av Stortinget i desember 2023 og tok til å gjelde i april 2024.

Eit framtidsretta lovverk må ha eit innhald som er tilpassa endringar i samfunnet. Lovverket er eit verkemiddel for å oppnå og reflektere ønskete samfunnsendringar, og det blir og har blitt arbeidd med ei rekkje lovsaker som illustrerer dette. Dette gjeld t.d. arbeidet med endringar i reglane om seksuallovbrot. Straffelovrådet har gått gjennom reglane i straffelova om seksuelle krenkingar samla, bl.a. straffebodet om valdtekt, og rådet leverte 19. desember 2022 utgreinga NOU 2022: 21. Departementet arbeider med oppfølginga av utgreinga.

Truslane mot nasjonal tryggleik har endra seg og blitt meir alvorlege dei seinare åra. Eit forslag om å styrke det strafferettslege vernet mot skadeleg påverknadsverksemd frå framand etterretning i Noreg vart lagt fram i Prop. 42 L (2023–2024). Forslaget gjer det straffbart å bidra på vegner av eller etter avtale med ein framand etterretningsaktør i verksemd som har til formål å påverke avgjerder eller den allmenne meiningsdanninga, når verksemda kan skade betydelege samfunnsinteresser.

Det er viktig at lover blir forma ut slik at dei også kan nyttast i unormale tider og møte nye former for kriser. Men både koronapandemien og situasjonen med mange fordrivne frå Ukraina har vist at det også kan vere behov for å utarbeide nye lover og forskrifter og å tilpasse eksisterande regelverk til den aktuelle situasjonen. Eit forslag om lovregulering av sivil arbeidskraftberedskap var på høyring frå januar til april 2024 og blir no følgd opp av departementet. Forslaget stiller opp klarare rammer for regulering av det sivile arbeidslivet under krig eller tryggleikspolitiske kriser. Dette legg til rette for betre beredskapsplanlegging og øvingar, og det gjer situasjonen meir føreseieleg for befolkninga.

Regelverk må utviklast i tråd med at kriminaliteten endrar seg. Regjeringa ønsker meir effektive verkemiddel mot gjengkriminalitet og foreslår mellom anna å auke løyvinga på kap. 400, post 01 med 10 mill. kroner for å forsterke arbeidet med regelverksutvikling for å motverke særleg den mest samfunnsskadelege, organiserte og profittmotiverte gjengkriminaliteten.

1.10 Oppfølging av oppmodingsvedtak

Nedanfor gir departementet ei oversikt over oppfølginga av oppmodingsvedtak under Justis- og beredskapsdepartementet. Oversikta inkluderer alle vedtak frå stortingssesjonen 2023–2024, i tillegg til dei vedtaka frå tidlegare stortingssesjonar

som kontroll- og konstitusjonskomiteen i Innst. 239 S (2023–2024) meinte ikkje var følgde opp. I enkelte tilfelle kan oppfølginga av vedtaka vere meir omfattande forklart under det aktuelle programområdet i proposisjonen. I desse tilfella vil det vere ein referanse til kvar denne teksten finst.

I den fjerde kolonna i tabellen nedanfor går det fram om departementet planlegg at rapporteringa på oppmodingsvedtaket no blir avslutta, eller om departementet vil rapportere konkret på vedtaket også i budsjettproposisjonen til neste år.

Sjølv om det i tabellen blir opplyst om at rapporteringa blir avslutta, vil det i ein del tilfelle kunne vere slik at oppfølginga av alle sider av vedtaket ikkje er endeleg avslutta. Dette kan t.d. gjelde vedtak med oppmoding til regjeringa om å vareta særlege omsyn i politikkkutforminga på eit område, der oppfølginga vil kunne gå over mange år. Stortinget vil i desse tilfella bli orientert om den vidare oppfølginga på ordinær måte, gjennom omtale av det relevante politikkområdet i budsjettproposisjonar og andre dokument.

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodingsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2023–2024	70	Fritt rettsråd ved utvising av utlending	Nei
2023–2024	71	Alternativ til utvising av utlending med barn	Nei
2023–2024	83	Advokatordning for innsette i fengsel	Nei
2023–2024	109	Forbod mot marknadsføring av kreditt	Nei
2023–2024	136	Omvend valdsalarm skal vurderast før hemmeleg adresse for barn	Nei
2023–2024	137	Omsynet til barnet skal følgje direkte av lova ved elektronisk kontroll av besøksforbod	Nei
2023–2024	138	Sikre støtte til forskning på alle former for ekstremisme	Ja
2023–2024	140	Betre reintegrering av ekstremistar	Nei
2023–2024	141	Oppfølging etter straffesoning	Nei
2023–2024	143	Erfaringar frå ordninga med radikaliseringskontaktar i politiet	Ja
2023–2024	157	Vurdere om domstolen bør ha ei meir aktiv rolle i straffegjennomføringa for barn og unge	Ja
2023–2024	158	Rett til offentleg oppnemnd forsvarar i ungdomsplanmøte	Ja
2023–2024	159	Etablering av hurtigspor	Ja
2023–2024	160	Juridisk gjennomgang av relevant lovverk	Nei
2023–2024	161	Fremme forslag om nye lovendingar – ungdomsstraff og ungdomsoppfølging	Ja
2023–2024	457	Styrke den kommunale beredskaperen for ekstremvêr og følgjehendingar	Nei
2023–2024	507	Habilitet	Nei
2023–2024	508	Habilitet	Nei
2023–2024	509	Habilitet	Nei
2023–2024	510	Habilitet	Nei
2023–2024	511	Habilitet	Nei

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2023–2024	525	Transnasjonal undertrykking – oppfølging av rapportar	Ja
2023–2024	561	Forsyningstryggleik – oppfølging av Totalberedskapskommisjonen	Nei
2023–2024	562	Forsyningstryggleik – sikre mest mogleg normal handel og produksjon av mat i kriser	Nei
2023–2024	613	Utgreiing av forslag til lovfesting av kommunale handlingsplanar	Nei
2023–2024	616	Utvide målgruppa for barnehusa	Nei
2023–2024	617	Forslag om å utvide målgruppa for barnehusa til barn mellom 16 og 18 år	Nei
2023–2024	618	Gjennomgang av reglane for dødsstadsundersøkingar	Nei
2023–2024	634	Endringar i politilova og vaktverksemdlova	Nei
2023–2024	645	Oppfølgingsforsking etter angrepet 25. juni	Ja
2023–2024	658	Tiltak mot æreskriminalitet, lik rett til skilsmisse	Nei
2023–2024	719	Organisering av advokatverksemd	Nei
2023–2024	723	Evaluering av valdserstatningslova	Nei
2023–2024	727	Fri rettshjelp til offer for lønnsjuveri	Nei
2023–2024	754	Opprette nytt politirolleutval	Nei
2023–2024	755	Fleirårige planar for politiet	Nei
2023–2024	758	Eigarskapskontroll – greie ut plikt til å søke løyve til kjøp av visse eigedommar	Nei
2023–2024	762	Nasjonal tryggleiksstrategi	Nei
2023–2024	766	Forelding av krav som er under klagebehandling	Nei
2023–2024	767	Bevisførsel om opplysning underlagd teieplikt hos Sivilombodet	Nei
2023–2024	771	Utanlandske kvinner utsette for vald, vidare opphald	Nei
2023–2024	916	Lov om forbrukarleige av ting	Nei
2022–2023	131	Oppretting av permanent partnardrapskommisjon	Ja
2022–2023	132	Nasjonalt førebyggingsprogram mot partnarvald og partnardrap	Nei
2022–2023	133	Kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar	Nei
2022–2023	134	Oppdatert kunnskapsgrunnlag om vald i nære relasjonar	Ja
2022–2023	135	Bruk av åleinesamtalar i hjelpeapparatet	Ja

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2022–2023	136	Betre dokumentering og informasjonsutveksling i hjelpeapparatet	Nei
2022–2023	139	Elektronisk kontroll ved fotlenke med GPS-sendar for forvaringsdømde	Nei
2022–2023	445	Greie ut forlikrårdsordninga	Nei
2022–2023	615	Endringar i reglane om avhøyr av vitne som bur på sperra adresse	Ja
2022–2023	616	Endringar i tvistelova – innstilling av saker i forliksrådet som følgje av lang behandlingstid	Nei
2022–2023	617	Endringar i reglane om gjenopning av sivile saker som er dømde som del av ein straffesak	Ja
2022–2023	618	Sakskostnader i sivile saker	Nei
2022–2023	644	Enklare og meir forbrukarvennleg regelverk for gåvekort	Nei
2022–2023	653	Stortingsmelding om kriminalomsorga	Nei
2022–2023	729	A-krimssenter	Nei
2022–2023	843	Yrkesskadeerstatningsordning for tilsette i kriminalomsorga	Ja
2021–2022	35.49	Ny rettshjelpsordning	Nei
2021–2022	372	Utgreiing av fråvikelege lovreglar om sambuarskap	Nei
2021–2022	420	Straffeføresegn om seksuell utnytting av barn	Nei
2021–2022	504	Organisering av advokatverksemd	Nei
2021–2022	505	Overgangsreglar i advokatlova	Ja
2021–2022	506	Organisering av advokatverksemd	Nei
2021–2022	579	Vurdering av naturskadeforsikringsordninga	Nei
2021–2022	581	Utgreiing av meldeplikt for norske tenesteleverandørar	Nei
2021–2022	582	Regelverk om varsling frå kriminalomsorga	Nei
2021–2022	589	Forseinkingsrente på regresskravet frå staten mot skadevaldar i valdserstatningssaker	Ja
2021–2022	654	Tryggleik for personar med funksjonshindring	Nei
2021–2022	795	Forbod mot sal av forfalne fordringar	Nei
2021–2022	831	Offentleg helsetilbod ved Politiets utlendingsinternat	Ja
2020–2021	47	Utviding av avverjingsplikta	Nei
2020–2021	50	Forelding av lovbrott mot mindreårige	Nei
2020–2021	64	Tilgjengelege dopingopplysningar	Nei

Tabell 1.2 Oversikt over oppmodningsvedtak, ordna etter sesjon og nummer

Sesjon	Vedtak nr.	Stikkord	Rapporteringa blir avslutta (ja/nei)
2020–2021	65	Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping	Nei
2020–2021	206	Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern	Nei
2020–2021	208	Klarlegging av identitet	Nei
2020–2021	443	Høgare straff for barn som er involverte i gjenteken kriminalitet	Nei
2020–2021	446	Tiltak for å auke talet på inndragingar	Nei
2020–2021	627	Fornyingsordning for barneomsorgsattest	Nei
2020–2021	628	Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga	Nei
2020–2021	681	Oppretting av eit nasjonalt våpenregister	Nei
2020–2021	682	Identitetsskjerming for polititilsette	Nei
2020–2021	712	Straff for å tvinge barn til utlandet	Nei
2020–2021	729	Nasjonal langtidsplan for beredskap	Nei
2020–2021	730	Totalberedskapsutval	Nei
2020–2021	739	Nordisk samarbeid innan samfunnstryggleik	Nei
2020–2021	742	Brann til sjøs	Nei
2020–2021	743	Tilfluktsrom	Nei
2020–2021	799	ADR-kontroll	Nei
2020–2021	814	Nasjonal eigarskap og kontroll	Nei
2020–2021	848	Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga	Nei
2020–2021	983	Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Syssemeisteren	Nei
2020–2021	1116	Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret	Nei
2020–2021	1117	Gjennomgang av praksis for tilbakekall av førarrett	Ja
2020–2021	1159	Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn	Nei
2020–2021	1161	Internasjonale kriminelle organisasjonar	Nei
2020–2021	1162	Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel	Nei
2020–2021	1343	Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta	Nei
2019–2020	436	Elektroniske fraktbrev	Nei
2019–2020	515	Reklamasjonsfrist på bustader	Nei
2017–2018	788	Utanlandsopphald	Nei
2017–2018	795	Eige lovverk for Statens barnehus	Nei
2016–2017	523	Korrupsjonsføresegnene i straffelova	Nei

1.10.1 Stortingssesjon 2023–2024

Fritt rettsråd ved utvisning av utlending

Vedtak nr. 70, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen innen 1. juli 2024 fremme et forslag om innføring av fritt rettsråd for flyktninger med barn i Norge, som er foreslått utvist på grunn av brudd på straffeloven.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2023–2024) frå finanskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa fremma 14. juni 2024 Prop. 112 L (2023–2024) *Endringer i utlendingsloven mv. (utvidet hjemmel for forskrifter om fritt rettsråd)*. Vidare sende Justis- og beredskapsdepartementet ut ei høyring om endringar i reglane om fritt rettsråd i utlendingsforskrifta 25. juni 2024. Høyringsfristen var 27. september 2024.

Alternativ til utvisning av utlending med barn

Vedtak nr. 71, 4. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen i løpet av 2024 følgje opp Baumann-rapportens forslag, som en samlet arbeidsgruppe stod bak, om at det for enkelte typer utvisnings saker som omfatter utlendinger med barn i Norge som hovedregel skal ilegges krav til tilleggstid for permanent oppholdstillatelse, istedenfor utvisning.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2023–2024) frå finanskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet ga 8. mai 2024 ein instruks til Utlendingsdirektoratet, GI-03/2024 *Om utvisning av forelder med barn i Norge for brudd på utlendingsloven, når familielivet ikke kan videreføres i forelderens hjemland, og om betydningen av integrering*, og ein instruks til Utlendingsdirektoratet og Utlendingsnemnda, GI-04/2024 *Utsatt iverksetting av utvisningsvedtak i saker om brudd på utlendingsloven som omhandlet i GI-03/2024*. Vidare sende departementet 28. mai i år ut på høyring eit forslag til endringar i utlendingsforskrifta om utvisning av forelder med mindreårig barn i Noreg. Høyringsfristen var 1. september 2024.

Advokatordning for innsette i fengsel

Vedtak nr. 83, 21. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen opprette en advokatordning for innsatte i norske fengsler innen 1.1.2025, og komme tilbake til hvordan en slik ordning kan innrettes i løpet av 2024.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 2 S (2023–2024) frå finanskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet gav Kriminalomsorgsdirektoratet eit oppdrag i februar 2024 om å greie ut korleis det vil vere formålstenleg å innrette ei advokatordning for innsette i norske fengsel. Utgreiinga vart levert i mai 2024 og er under behandling.

Forbod mot marknadsføring av kreditt

Vedtak nr. 109, 7. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innføre forbud mot markedsføring av kreditt (usikret lån) og forbrukslån.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:5 S (2023–2024) og Innst. 81 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. EU har vedteke nytt direktiv om forbrukarkredittavtalar (EU) 2023/2225, som mellom anna inneheld reglar om marknadsføring av kredittavtalar.

Omvend valdsalarm skal vurderast før hemmeleg adresse for barn

Vedtak nr. 136, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede bruk av omvendt valdsalarm før beslutning om at barn må flytte og bo på hemmelig adresse/kode 6.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 128 L (2022–2023) og Innst. 89 L (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Omsynet til barnet skal følgje direkte av lova ved elektronisk kontroll av besøksforbod

Vedtak nr. 137, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et forslag om at det skal fremgå direkte av loven at hensynet til barn skal ha sær-

lig vekt i vurderingen av om elektronisk kontroll ved besøksforbud er nødvendig og forholdsmessig.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 128 L (2022–2023) og Innst. 89 L (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Sikre støtte til forskning på alle former for ekstremisme

Vedtak nr. 138, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen sikre at det gis støtte til forskning på alle former for ekstremisme for å kunne forebygge på en bedre måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Vedtaket er følgt opp. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for den nasjonale koordineringa av forskning på ekstremisme, men kvar enkelt sektor har ansvar for at det blir gjennomført relevant forskning på deira område. I den reviderte nasjonale kontraterrorstrategien (2022) er *kunnskap og kompetanse* peika ut som eitt av fem innsatsområde. Eitt tiltak er at bestilling av ny forskning på kontraterrorfeltet skal understøtte det eksisterande behovet for oppdatert kunnskap om forhold ved utfordrings- og trusselbiletet og om effektive forebyggjande tiltak.

Framtidige kunnskapsbehov på feltet og eventuelle endringar i ordningar for finansiering blir jamleg diskutert i det tverrsektorielle samarbeidet om forebygging av radikaliserings- og valdeleg ekstremisme.

Betre reintegrering av ekstremistar

Vedtak nr. 140, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen sikre bedre reintegrering av ekstreme gjennom forbedrede exit-program, blant annet gjennom å oppdatere veilederen for exit-arbeid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. I Noreg har vi ikkje eit eige nasjonalt exit-program for enkeltpersonar som søker bistand for å trekkje seg ut av

ekstreme miljø. Dette arbeidet blir handtert i dei etablerte strukturane som har ansvar for og kompetanse til å forebyggje radikaliserings- og ekstremisme. Exit-arbeidet blir skreddarsydd til den enkelte som ønskjer seg ut av eit ekstremistisk miljø eller tankesett, og blir gjennomført på tvers av etatar og fagmiljø. Den eksisterande rettleieren for dette arbeidet skal oppdaterast i samband med arbeidet med den kommande stortingsmeldinga om forebygging av ekstremisme.

Oppfølging etter straffesoning

Vedtak nr. 141, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen følge opp evalueringsrapporten om reintegreringstiltak etter endt straffesoning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet legg til grunn at evalueringsrapporten som regjeringa blir beden om å følgje opp, er rapporten *Evaluering av forebyggingstiltak mot radikaliserings- og straffegjennomføringen*, som vart utarbeidd av Rambøll på oppdrag frå kriminalomsorga og offentleggjort i april 2023.

Erfaringar frå ordninga med radikaliseringskontaktar i politiet

Vedtak nr. 143, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen innhente erfaringer fra ordningen med radikaliseringskontakter i politiet og sikre god erfaringsutveksling.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:246 S (2022–2023) og Innst. 93 S (2023–2024).

Vedtaket er følgt opp. Politidirektoratet fekk i oppdrag å lyse ut og følgje opp ei evaluering av ordninga med radikaliseringskontaktar i politiet. Formålet var å identifisere effektar av ordninga og å vurdere behov for endringar. Evalueringa vart gjennomført av Politihøgskolen. Rapporten vart offentleggjort i oktober 2023 og blir følgd opp i regi av Politidirektoratet. Evaluering og vidareutvikling av radikaliseringskontaktordninga er og ein del av politiet si oppfølging av 25. juni-utvalets rapport.

Vurdere om domstolen bør ha ei meir aktiv rolle i straffegjennomføringa for barn og unge

Vedtak nr. 157, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere om domstolen bør ha en mer aktiv rolle i straffegjennomføringa både med hensyn til fastsetting av vilkår i straffen og for å kunne følge opp gjennomføringa av denne, etter mønster fra narkotikaprogram med domstolskontroll.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 139 L (2022–2023), Innst. 86 L (2023–2024) frå justiskomiteen og Lovvedtak 23 (2023–2024).

Vedtaket er følgt opp. Lov 20. desember 2023 nr. 110 inneheld ei rekkje endringar som skal gi domstolane fleire handlingsalternativ og større rom for individuelle vurderingar, og endringar som skal leggje til rette for betre samarbeid på tvers av sektorar. I juni 2024 fremma regjeringa Prop. 114 (2023–2024) om ytterlegare endringar i dei strafferettslege reaksjonane for ungdom: ungdomsstraff og ungdomsoppfølging. Justis- og beredskapsdepartementet vurderer det ikkje som formålstenleg å gi domstolane ei meir aktiv rolle i straffegjennomføringa utover dei vedtekne endringane og forslaga til nye endringar.

Retttil offentleg oppnemnd forsvarar i ungdomsplanmøte

Vedtak nr. 158, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere endringer i angjeldende lovverk vedrørende rett til oppnevnt forsvarer i ungdomsplanmøte både ved ungdomsoppfølging og ved ungdomsstraff.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 139 L (2022–2023), Innst. 86 L (2023–2024) frå justiskomiteen og Lovvedtak 23 (2023–2024).

Vedtaket er følgt opp. Ved lov 20. desember 2023 nr. 110 er retten til offentleg oppnemnd forsvarar utvida til å gjelde alle saker der ungdom blir idømde ungdomsstraff. Vidare blir det innført ein rett til fritt rettsråd utan behovsprøving i ein klageprosess, både ved ungdomsstraff og ungdomsoppfølging. I Prop. 114 (2023–2024), som vart fremma i juni 2024, er det foreslått ei ytterlegare utviding av retten til offentleg oppnemnd forsvarar til også å gjelde under ungdomsplanmøtet ved ungdomsoppfølging.

Etablering av hurtigspor

Vedtak nr. 159, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen fremme de nødvendige lovendringsforslag for å sikre etableringen av et hurtigspor for rask pådømmelse av lovbrudd begått av gjerningspersoner som var under 18 år på handlingsstidspunktet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 139 L (2022–2023), Innst. 86 L (2023–2024) frå justiskomiteen og Lovvedtak 23 (2023–2024).

Vedtaket er følgt opp. I Prop. 114 (2023–2024), som vart fremma i juni 2024, er det bl.a. foreslått å leggje til rette for at det lokalt kan etablerast hurtigspor for rask dømning av lovbrutt som gjerningspersonar under 18 år har gjort seg skuldige i.

Juridisk gjennomgang av relevant lovverk

Vedtak nr. 160, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen foreta en juridisk gjennomgang av relevant lovverk knyttet til taushetsplikt og informasjonsplikt for alle relevante instanser som jobber med barn og unge som har høy risiko for å begå alvorlige lovbrudd, med spesielt henblikk på mulighetsrommet for informasjonsflyt.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 139 L (2022–2023), Innst. 86 L (2023–2024) frå justiskomiteen og Lovvedtak 23 (2023–2024).

Vedtaket er under behandling, og vil sjåast i samanheng med arbeidet med regelverksutvikling for å motverke gjengriminalitet.

Fremme forslag om nye lovendringar – ungdomsstraff og ungdomsoppfølging

Vedtak nr. 161, 12. desember 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag som ivaretar intensjonen i lovendringene som er skissert i brev fra justiskomiteen av 28. november 2023 til Justis- og beredskapsdepartementet, og fremme lovendringsforslag i løpet av våren 2024.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 139 L (2022–2023), Innst. 86 L (2023–2024) frå justiskomiteen og Lovvedtak 23 (2023–2024).

Vedtaket er fulgt opp. Regjeringa fremma i juni 2024 Prop. 114 (2023–2024). Forslaga i proposisjonen gjeld dei strafferettslege reaksjonane for ungdom, ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, og følgjer direkte opp Stortingets vedtak nr. 158, 159 og 161 av 12. desember 2023.

Styrke den kommunale beredskapen for ekstremvær og følgjehendingar

Vedtak nr. 457, 16. januar 2024

«Stortinget ber regjeringen vurdere tiltak for å styrke den kommunale beredskapen for ekstremvær og følgjehendingar, herunder støtte oppunder økt øvingsfrekvens, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 26 (2022–2023) *Klima i endring – sammen for et klimarobust samfunn* og Innst. 161 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Konkrete tiltak for å styrke den kommunale beredskapen er beskrevet i Meld. St. 27 (2023–2024) *Tryggare framtid – førebudd på flaum og skred*. Oppfølgings tiltaka som vurderast er mellom anna å styrke krava til kunnskapsgrunnlaget som skal leggjast til grunn ved utarbeiding av heilskapleg ROS og å bedra oppfølginga av funn i heilskapleg ROS. Et anna tiltak er å klargjere og styrke samanhengen mellom arbeidet med samfunnstryggleik etter sivilbeskyttelsesloven (heilskapleg ROS) og etter plan- og bygningsloven. Regjeringa foreslår òg å styrke statsforvalterne med 34 mill. kroner, mellom anna for å intensivere deira arbeid med å understøtte kommunanes beredskapsarbeid. Dette vil departementet konkretisere i samband med utarbeidinga av tildelingsbrev for 2025 til både Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap og statsforvaltaren.

Habilitet

Vedtak nr. 507, 5. mars 2024.

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre en tværgående analyse av hvordan departementene driver opplæring i habilitetsregelverket, hvordan det praktiseres, og hvordan embetsverket bistår politisk ledelse. Basert på dette ber Stortinget regjeringen om å vurdere å utforme en felles mønsterpraksis som legges til grunn som et minimum i alle departementene.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Vedtaket har ei side til spørsmål som blir vurderte i samband med arbeidet med ein proposisjon om ny forvaltningslov, som regjeringa tek sikte på å fremme våren 2025. Ved sida av arbeidet med ny forvaltningslov blir det arbeida med interne prosessar for å følgje opp vedtaket, mellom anna knytt til opplæring, bistand til politisk leing og rutinar for handtering av habilitetsspørsmål i departementsfellesskapet. Det overordna målet er å styrke kvaliteten på opplæringa og å sikre betre handtering av habilitetsregelverket i alle departementa. I samband med Kontroll- og konstitusjonskomiteens sak om regjeringsapparatets handtering av habilitetsregelverk mv. vart det mellom anna gjennomført ei kartlegging av rutinane for handtering av habilitetsregelverket i alle departementa og ved Statsministerens kontor. Kartlegginga viste at alle departementa hadde ein praksis for opplæring og innleiande samtalar mellom embetsverk og politisk leing. For å sørge for at det i større grad blir gitt ei einskapleg opplæring, og ei opplæring av høgare kvalitet, fastsette Statsministerens kontor i oktober 2023 nye felles retningslinjer for den opplæringa av politisk leing som skal skje i alle departement. Retningslinjene avklarar mellom anna ansvars- og oppgåvefordelinga mellom Statsministerens kontor og departementa, gir generelle retningslinjer for innhaldet i opplæringa, og spesielle retningslinjer for opplæringa i habilitetsreglane. Det er gjennomført eigne presentasjonar av habilitetsreglane for alle i politisk leing, og det er etablert ein rutine for jamlege skriftlege påminningar om regelverket og orientering om eventuelle endringar til politiske leing i alle departement. Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet har vidare halde kurs i habilitetsregelverket som har vært opne for alle tilsette i departementsfellesskapet, som vil bli gjentatt seinare i 2024.

Habilitet

Vedtak nr. 508, 5. mars 2024

«Stortinget ber regjeringen fremme en proposisjon med forslag til fornyelse av habilitetsreguleringen i forvaltningsloven basert på NOU 2019: 5. Proposisjonen må fremmes i tide for at den kan behandles av Stortinget i inneværende stortingsperiode.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Habilitetsreglane i forvaltningslova blir vurderte i samband med arbeidet med ein proposisjon om ny forvaltningslov basert på NOU 2019: 5 *Ny forvaltningslov*, som regjeringa tek sikte på å fremme våren 2025.

Habilitet

Vedtak nr. 509, 5. mars 2024

«Stortinget ber regjeringen på egnet måte gjøre en gjennomgang av gjeldende rutiner og regelverk, der man både er tydeligere på hvilke føringer som er regulert på hvilket nivå, og samtidig vurderer hva som bør reguleres på hvilket nivå.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Vedtaket har ei side til spørsmål som blir vurderte i samband med arbeidet med ein proposisjon om ny forvaltningslov, som regjeringa tek sikte på å fremme våren 2025. Oppfølginga blir sett i samband med prosessar knytte til oppfølginga av vedtak nr. 507.

Habilitet

Vedtak 510, 5. mars 2024

«Stortinget ber regjeringen vurdere å innføre en rutine om å skriftliggjøre habilitetsvurderinger gjort av statsråder, statssekretærer og politiske rådgivere.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Vedtaket blir vurdert i samband med arbeidet med ein proposisjon om ny forvaltningslov, som regjeringa tek sikte på å fremme våren 2025. Oppfølginga blir sett i samband med prosessar knytte til oppfølginga av vedtak nr. 507.

Habilitet

Vedtak 511, 5. mars 2024

«Stortinget ber regjeringen vurdere en større grad av åpenhet om habilitetsvurderinger som

foretas i departementene av politisk ledelse i departementene.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 215 S (2023–2024)

Vedtaket er under behandling. Oppfølginga blir sett i samband med prosessar knytte til oppfølginga av vedtak nr. 507.

Transnasjonal undertrykking – oppfølging av rapportar

Vedtak nr. 525, 19. mars 2024

«Stortinget ber regjeringen følge opp Proba-rapport 2020-3 «Press og kontroll – en studie av økonomisk, ideologisk eller religiøst press med utspring i opprinnelsesland, rettet mot personer med innvandrerbakgrunn i Norge» og Proba-rapport 2023-10 «Transnasjonal undertrykking – begrepsavklaring og sektoransvar» og iverksette tiltak for å forhindre transnasjonal undertrykkelse av personer i Norge, for eksempel gjennom en handlingsplan mot transnasjonal undertrykkelse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:30 S (2023–2024) og Innst. 226 S (2023–2024) frå kommunal- og forvaltningskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Nokre former for transnasjonal undertrykking er ulovleg. Andre former er uønskte, men ikkje kriminaliserte. Politiets tryggingsteneste (PST) har ansvar for å førebyggje og etterforske flyktningspionasje, medan politiet elles førebyggjer og etterforskar lovbrøt som har samband med press og kontroll som enkeltpersonar eller diasporamiljø kan vere utsette for. Desse sakene er ofte krevjande å førebyggje og etterforske, då dei som utfører handlingane, som oftast oppheld seg utanfor Noregs grenser. Det blir derfor jobba breitt for å byggje tillit mellom norske myndigheiter og diasporamiljø for å unngå, og sikre varsling om, transnasjonal undertrykking i Noreg. Fleire sektorar har medansvar knytt til problemstillinga, og det blir stadig vurdert om det er andre formålstenlege tiltak som kan bidra til å redusere transnasjonal undertrykking i Noreg. For å følgje opp vedtaket, har Justis- og beredskapsdepartementet innleia ein ny dialog med relevante departement for å sjå om ytterlegare tiltak kan identifiserast.

Forsyningstryggleik – oppfølging av Totalberedskapskommisjonen

Vedtak nr. 561, 18. april 2024

«Stortinget ber regjeringen vektlegge Norges beredskapspotensial i den videre oppfølgingen av Totalberedskapskommisjonens rapport NOU 2023: 17.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket* og Innst. 258 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vil vurdere vedtaket i samband med arbeidet med ei stortingsmelding om totalberedskap, som etter planen skal leggjast fram for Stortinget hausten 2024.

Forsyningstryggleik – sikre mest mogleg normal handel og produksjon av mat i kriser

Vedtak nr. 562, 18. april 2024

«Stortinget ber regjeringen sikre at kritiske samfunnsfunksjoner gis fortrinn ved kriser slik at blant annet handel og produksjon av matvarer går mest mulig normalt under en krise.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Meld. St. 11 (2023–2024) *Strategi for auka sjølvforsyning av jordbruksvarer og plan for opptrapping av inntektsmoglegheitene i jordbruket* og Innst. 258 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vil vurdere vedtaket i samband med arbeidet med ei stortingsmelding om totalberedskap, som etter planen skal leggjast fram for Stortinget hausten 2024.

Utgreiing av forslag til lovfesting av kommunale handlingsplanar

Vedtak nr. 613, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede forslag til lovfesting av kommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjonar og sende lovforslag på høring innan våren 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:96 S (2023–2024) og Innst. 320 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Utvide målgruppa for barnehusa

Vedtak nr. 616, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen i løpet av planperioden (2024–2028) utvide målgruppen for barnehusene til å gjelde mistenkte barn, innanfor de lovbruddstyper som gjelder for utsatte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:96 S (2023–2024) og Innst. 320 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Frå 2024 er målgruppa for barnehusa utvida til å omfatte mistenkte under 16 år i saker som gjeld seksuelle overgrep. Med utgangspunkt erfaringane som vert innhenta vil regjeringa planlegge for ei utviding av målgruppa til å gjelde alle mindreårige mistenkte innanfor dei typene av lovbrøt som i dag gjeld for mindreårige fornærma.

Forslag om å utvide målgruppa for barnehusa til barn mellom 16 og 18 år

Vedtak nr. 617, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen i løpet av første halvdel av planperioden (2024–2028) utrede og komme tilbake til Stortinget med et forslag om å utvide målgruppen for barnehusene, slik at også barn mellom 16 og 18 år kan få tilrettelagte avhør på lik linje med andre barn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:96 S (2023–2024) og Innst. 320 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Gjennomgang av reglane for dødsstadsundersøkingar

Vedtak nr. 618, 7. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen gjennomgå reglene om dødsstadsundersøkelse når barn dør plutselig og uventet, og vurdere behovet for lovendringer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:96 S (2023–2024) og Innst. 320 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Endringer i politilova og vaktverksemdlova

Vedtak nr. 634, 14. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med nytt forslag til endringer i vaktvirksomhetsloven § 2. I arbeidet med et nytt forslag må berørte parter involveres, med hensikt å unngå negative følger for yrkesgrupper som jobber på lufthavner.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 45 L (2023–2024) og Innst. 275 L (2023–2024) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Oppfølgingsforskning etter angrepet 25. juni

Vedtak nr. 645, 16. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen sørge for at det settes i gang relevant oppfølgingsforskning på de berørte av angrepet 25. juni.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 280 S (2023–2024) frå kontroll- og konstitusjonskomiteen.

Vedtaket er følgt opp ved at Justis- og beredskapsdepartementet har gitt Nasjonalt kunnskaps-senter om vald og traumatisk stress (NKVTS) midlar til ein forskingsstudie om dei ramma etter terrorangrepet 25. juni 2022.

Tiltak mot æreskriminalitet, lik rett til skilsmisse

Vedtak nr. 658, 23. mai 2024

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med forslag om at det ved familiegjenforening stilles krav om erklæring om at ekteskapet er inngått av egen fri vilje og at man anerkjenner hverandres like rett til skilsmisse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8: 96 S (2023–2024) og Innst. 320 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Organisering av advokatverksemd

Vedtak nr. 719, 6. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen forskriftsfeste at forsikringsadvokater kan utøve advokatvirksomhet som en del av rettshjelpforsikringen i tråd med

forslag til ny forskrift § 9 som tidligere foreslått i høring.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 61 L (2023–2024) *Lov om endringer i advokatloven mv. (overgangsregler mv.)*, Innst. 392 L (2023–2024) og Lovvedtak 84 (2023–2024).

Vedtaket er under behandling. Ny advokatlov og overgangsreglar er vedtekne av Stortinget, og departementet arbeider med ny advokatforskrift og ikraftsetjinga av det nye advokatregelverket. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.60.

Evaluering av valdserstatningslova

Vedtak nr. 723, 6. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen evaluere ny voldserstatningslov to år etter ikrafttredelse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:123 S (2023–2024) og Innst. 415 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Fri rettshjelp til offer for lønnstjuveri

Vedtak nr. 727, 6. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan den juridiske hjelpen til ofre for lønnstjuveri kan styrkes, herunder om den bør innlemmes i ordningene med fri rettshjelp eller rettsråd, og komme tilbake til Stortinget innen statsbudsjettet for 2025.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:142 S (2023–2024) og Innst. 376 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. I NOU 2020: 5 foreslo rettshjelpsutvalet at fri rettshjelp i arbeidsrettssaker òg skal omfatte saker om inndrivning av lønn og feriepengar. Departementet jobbar no vidare med andre deloppfølging av NOU 2020: 5. Dette forslaget blir vurdert i samband med dette.

Opprette nytt politirolleutval

Vedtak nr. 754, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen opprette et nytt politirolleutvalg hvor målet er en bred politisk forankring av hva politiets rolle er og skal være

fremover, og hvilke oppgaver politiet skal utføre og eventuelt fritas for.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 15 (2023–2024) og Innst. 412 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Oppnemninga av eit politirolleutval blir vurdert i samanheng med regjeringa sitt arbeid med å leggje til rette for ei meir langsiktig og heilskapleg styring av politiet, der det også blir lagt vekt på politiske prioriteringar ut frå samfunnet sine behov og forventningar til politiet.

Fleirårige planar for politiet

Vedtak nr. 755, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for flerårige planar for politiet og komme tilbake i statsbudsjettet for 2025 med forslag om hvordan dette skal gjennomføres.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 15 (2023–2024) og Innst. 412 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa varsla i Prop. 104 S (2023–2024) at ho ville komme tilbake med ein omtale av den langsiktige og heilskaplege styringa av politiet i samband med statsbudsjettet for 2025. Justis- og beredskapsdepartementet vil leggje til rette for ei meir langsiktig og heilskapleg styring av politiet. Ein langsiktig plan for styringa av politiet må innrettast slik at den har ein fleksibilitet for å møte framtida og eit trussel- og tryggleiksbilete i stadig endring. Planen må heile tida kunne tilpassa seg endringar i kriminalitets- og trusselbilete og andre utviklingstrekk i samfunnet, som til dømes den teknologiske utviklinga. Sjå elles omtale under kategori 06.40.

Eigarskapskontroll – greie ut plikt til å søke løyve til kjøp av visse eigedommar

Vedtak nr. 758, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede en plikt til å søke tillatelse til kjøp av visse eiendommer, herunder om det bør være begrensninger i hvem som kan kjøpe eiendom nær viktige militære installasjoner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 15 (2023–2024) og Innst. 412 S (2023–2024) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet ser på korleis det kan etablerast godkjenningsordningar for enkelte typar erverv, i tillegg til endringar i sikkerhetsloven som vart satt i kraft 1. juli 2023.

Nasjonal tryggleiksstrategi

Vedtak nr. 762, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utarbeide en nasjonal sikkerhetsstrategi.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:124 S (2023–2024) og Innst. 414 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling, og vil bli vurdert bl.a. i samband med oppfølginga av Totalberedskapskommisjonens rapport.

Forelding av krav som er under klagebehandling

Vedtak nr. 766, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede og foreslå lovendringer for å sikre at foreldelsesfristen ikke begynner å løpe så lenge et krav er gjenstand for klagebehandling i forvaltningen eller gjenstand for klagebehandling hos privat motpart.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:75 S (2023–2024) og Innst. 418 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

Bevisførsel om opplysning underlagd teieplikt hos Sivilombudet

Vedtak nr. 767, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen følge opp brev til Stortingets presidentskap fra Sivilombudet av 20. april 2023 om – Oppfølging av Dokument 21 (2020–2021) – bevisførsel om opplysning underlagt taushetsplikt hos Sivilombudet – og komme tilbake til Stortinget med et lovforslag som ivaretar intensjonen i brevet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket er Dokument 21 (2020–2021) og Innst. 352 L (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

Utanlandske kvinner utsette for vald, vidare opphald
Vedtak nr. 771, 12. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med nødvendige endringsforslag vedrørende oppfølgingen av kvinner som utsettes for vold, men som ikke tør å be om hjelp av bekymring for å bli sendt til hjemlandet. Saken må inkludere en vurdering av utlendingsloven § 53 b, som i dag regulerer fortsatt opphold etter samlivsbrudd på bakgrunn av vold.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 99 L (2023–2024) *Endringer i ekteskapsloven (forbud mot ekteskap mellom nære slektninger)* og Innst. 427 L (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

Lov om forbrukarleige av ting

Vedtak nr. 916, 21. juni 2024

«Stortinget ber regjeringen utrede og komme tilbake til Stortinget i løpet av vårsesjonen 2026 med forslag om en forbrukerlovgivning for leie av ting, for å sikre et heldekkende forbrukervern for leie, leasing og delingstjenester.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Vedtaket er under behandling.

1.10.2 Stortingssesjon 2022–2023

Oppretting av permanent partnardrapskommisjon

Vedtak nr. 131, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen snarest mulig opprette en permanent partnardrapskommisjon.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa etablerte 6. september 2024 ein partnardrapskommisjon som er lagd til Statens sivilrettsforvaltning.

Nasjonalt førebyggingsprogram mot partnarvald og partnardrap

Vedtak nr. 132, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen utarbeide et nasjonalt forebyggingsprogram for en samordnet innsats mot partnervold og partnerdrap.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Som eit tiltak i Prop. 36 S (2023–2024) *Opptrappingsplanen mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar (2024–2028)* skal det gjennomførast eit nasjonalt førebyggingsprogram for ein samordna innsats mot partnardrap og partnarvald. Programmet skal rettast mot fleire målgrupper, oppdaterast jamleg og sjåast i samanheng med opprettinga av partnardrapskommisjonen.

Kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar

Vedtak nr. 133, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen påse at kommunene, enten i egen regi eller i interkommunalt samarbeid, har vedtatt en handlingsplan mot vold i nære relasjonar.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling og må sjåast i samanheng med vedtak nr. 613 av 7. mai 2024.

Oppdatert kunnskapsgrunnlag om vald i nære relasjonar

Vedtak nr. 134, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sørge for et godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag om vold i nære relasjonar.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Det tiårige forskingsprogrammet om vald i nære relasjonar gjennomført av NOVA og Nasjonalt kunnskapscenter om vald og traumatisk stress blir avslutta i 2024. Kunnskapsgrunnlaget på feltet er godt, men det er

framleis eit behov for oppdatert kunnskap. Som eit ledd i oppfølginga av *Opptrappingsplanen mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar (2024–2028)* skal forskinga om vald i nære relasjonar derfor vidareførast innanfor ramma av programverksemda til Forskingsrådet.

Bruk av åleinesamtalar i hjelpeapparatet

Vedtak nr. 135, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for at politi og annet hjelpeapparat rutinemessig tilbyr brukere åleinesamtaler, og at slike samtaler er obligatoriske i deler av hjelpeapparatet, i tråd med partnerdrapsutvalgets anbefaling.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er følgt opp. Åleinesamtalar, eller individuelle samtalar, inngår som ein sentral del av tilbodet til valds- og overgrepssutsette ved krisesentera og senter for personar som er utsette for seksuelle overgrep. Tilsvarande gjeld for familievernet. For politiet i førstelinja blir behovet for åleinesamtalar vurdert gjennom tiltakskort for patruljen på staden. Departementet vurderer at dagens praksis er i tråd med intensjonen i oppmøningsvedtaket, og vedtaket er såleis følgt opp.

Betre dokumentering og informasjonsutveksling i hjelpeapparatet

Vedtak nr. 136, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen legge til rette for bedre dokumentasjonsrutiner og styrke kompetansen på reglane om informasjonsutveksling mellom politi og annet hjelpeapparat, i tråd med partnerdrapsutvalgets anbefaling.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:218 S (2021–2022) og Innst. 64 S (2022–2023) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Elektronisk kontroll ved fotlenke med GPS-sendar for forvaringsdømde

Vedtak nr. 139, 6. desember 2022

«Stortinget ber regjeringen sikre adgang til å sette vilkår om elektronisk kontroll ved fotlenke med GPS-sendar for forvaringsdømte under per-

misjon fra soning, og om nødvendig fremme forslag om nødvendige lovendringer for å oppnå formålet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:261 S (2021–2022) og Innst. 93 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling. Eit forslag som følgjer opp oppmøningsvedtaket blei sendt på høyring 8. mai 2024, sjå høyring av *forslag til endring av straffegjennomføringsloven og forskrift om straffegjennomføring mv. (bruk av elektronisk kontroll og digitale kontrolltiltak i kriminalomsorgen)* punkt 7.7 Nærmere om forslaget om å åpne for bruk av digitale kontrolltiltak ved utganger og prøveløslatelse fra forvaring. Høyringsfristen var 2. september 2024. Departementet følgjer no opp høyringa.

Greie ut forlikrårdsordninga

Vedtak nr. 445, 5. januar 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede forlikrårdsordningen med sikte på å styrke og forbedre den.»

Dokumenta som ligg til grunn for saka, er Dokument 8:6 S (2022–2023) og Innst. 123 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling. Departementet ga i 2023 Politidirektoratet eit forskings- og utgreiingsoppdrag for å betre kunnskapsgrunnlaget om forlikrårda, som skal leverast i løpet av oktober 2024. Statens sivilrettsforvaltning har òg fått i oppdrag å opprette eit nytt system for opplæring av forlikrårdsmedlemmer. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.20.

Endringar i reglane om avhøyr av vitne som bur på sperra adresse

Vedtak nr. 615, 25. april 2023

«Stortinget ber regjeringen innen 1. juli 2023 sende på høring forslag til ytterligere endringer i tvisteloven for å ivareta at skjulte eller sperrede adresser ikke blir avslørt som følge av vitners plikt til å oppgi navn og personalia, og så snart som mulig komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Vedtaket vart fatta på bakgrunn av eit «laust forslag» til saka. Dokumenta som ligg til grunn for saka, er Prop. 34 L (2022–2023) og Innst. 273 L (2022–2023).

Vedtaket er fulgt opp med lovforslag i Prop. 110 L (2023–2024).

Endringer i tvistelova – innstilling av saker i forliksrådet som følge av lang behandlingstid

Vedtak nr. 616, 25. april 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere endringer i tvisteloven kapittel 6 for saker som kreves innstilt som følge av at behandlingen ikke er avsluttet innen fristen i § 6-11 fjerde ledd.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 273 L (2022–2023).

Vedtaket er under behandling.

Endringer i reglane om gjenopning av sivile saker som det er sagt dom i som del av ei straffesak

Vedtak nr. 617, 25. april 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere endringer i / unntak fra den absolutte fristen etter tvisteloven § 31-6 på ti år for gjenåpning av sivile saker som er pådømt som del av en straffesak.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 273 L (2022–2023).

Vedtaket er fulgt opp med lovforslag i Prop. 110 L (2023–2024). Det er i proposisjonen fremma forslag om eit unntak frå den absolutte fristen på ti år for å krevje gjenopning av sivile krav som er sette fram i samband med ei straffesak.

Sakskostnader i sivile saker

Vedtak nr. 618, 25. april 2023

«Stortinget ber regjeringen utrede hvordan partenes sakskostnader i sivile saker kan bli lavere, og komme tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 34 L (2022–2023) og Innst. 273 L (2022–2023).

Vedtaket er under behandling.

Enklare og meir forbrukarvenleg regelverk for gavekort

Vedtak nr. 644, 9. mai 2023

«Stortinget ber regjeringen vurdere en styrking av forbrukernes rettigheter ved erverv og bruk av

gavekort. Videre bes regjeringen vurdere innføring av et forbud mot at gavekortutsteder kan trekke gebyr fra kortet etter at det er solgt og overlevert til kunden, samt å innføre plikt til at de avtalerettslige prinsippene som gjelder for gavekortet, synliggjøres på selve kortet. Det bes om at regjeringen kommer tilbake til Stortinget på egnet måte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:122 S (2022–2023) og Innst. 299 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling.

Stortingsmelding om kriminalomsorga

Vedtak nr. 653, 11. mai 2023

«Stortinget ber regjeringen, som en del av en helhetlig stortingsmelding om kriminalomsorgen, utrede de samlede behovene og vurdere nødvendige tiltak for å sikre likeverdige soningsforhold for kvinnelige og mannlige innsatte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:152 S (2022–2023) og Innst. 318 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling.

A-krimsententer

Vedtak nr. 729, 1. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen sikre at politiet har tydelige hjemler for deltakelse i kontrollgruppen og kunnskapsbyggingen ved a-krimsentrene, og om nødvendig komme tilbake til Stortinget med forslag til oppdaterte lovhjemler.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:198 S (2022–2023) og Innst. 388 S (2022–2023).

Vedtaket er under behandling i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Finansdepartementet. Eit lovforslag frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet vart sendt på høyring i starten av juli 2024 med høyringsfrist 15. oktober 2024.

Yrkesskadeerstatningsordning for tilsette i kriminalomsorga

Vedtak nr. 843, 14. juni 2023

«Stortinget ber regjeringen innføre en reell yrkesskadeerstatningsordning for ansatte i kriminalomsorgen, tilsvarende den som har blitt innført for ansatte i politiet.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:200 S (2022–2023) og Innst. 468 S (2022–2023).

Vedtaket er følgt opp. Prop. 54 L (2023–2024) *Endringer i straffegjennomføringsloven (erstatning for skader under pålagt organisert trening mv.)* vart fremma for Stortinget 15. mars 2024. Lovforslaget vart einstemmig vedteke av Stortinget, jf. Innst. 380 L (2023–2024) og Lovvedtak 83 (2023–2024), og tredde i kraft 21. juni 2024. Lovendringa omfattar alle tilsette i kriminalomsorga, inkludert aspirantar og tilsette ved Høgskolen og utdanningssenteret til kriminalomsorga KRUS.

1.10.3 Stortingssesjon 2021–2022

Ny rettshjelpsordning

Vedtak nr. 35.49, 2. desember 2021

«Stortinget ber regjeringen om å legge frem forslag til ny lov om støtte til rettshjelp i løpet av våren 2023, og vurdere ulike tiltak som kan forsterke rettshjelpsordningen for befolkningen, herunder forslagene i NOU 2020: 5»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 1 (2021–2022), Prop. 1 S (2021–2022), Prop. 1 S Tillegg 1 (2021–2022) og Innst. 2 S (2021–2022).

Vedtaket er delvis følgt opp, jf. *lov 20. desember 2023 nr. 109 om endringer i rettshjelploven (ny modell for økonomisk behovsprøving)*. Endringslova vart vedteken av Stortinget i desember 2023. Endringane inneber at fleire kan få rettshjelp dekt av staten. Forslaget vil fjerne skilnadene mellom partar med relativt lik økonomi og sikre at ordninga ikkje blir svekt over tid. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70.

Departementet jobbar no vidare med andre deloppfølging av NOU 2020: 5.

Utgreiing av fråvikelege lovreglar om sambuarskap

Vedtak nr. 372, 3. februar 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede en fravikelig samboerlov.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:5 S (2021–2022) og Innst. 121 S (2021–2022) frå familie- og kulturkomiteen.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa oppnemnde i mars 2023 eit offentleg utval som skal vurdere ei mogleg ny regulering. Utvalet skal levere utgreiinga si innan 1. mai 2025.

Straffeføresegn om seksuell utnytting av barn

Vedtak nr. 420, 8. mars 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere om ordet 'livssituasjon' i straffeloven § 295 første ledd bokstav c bør endres til 'situasjon', slik at bestemmelsen rammer det 'å utnytte en person under 18 år i en særlig sårbar situasjon'.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:26 S (2021–2022) og Innst. 177 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Straffelovrådet la i desember 2022 fram ei utgreiing om straffereettsleg vern av den seksuelle sjølvrådetten, NOU 2022: 21. I utgreiinga tilrår rådet ei ny føresegn som rammar «den som skaffer seg seksuell omgang med noen under 18 år ved å utnytte at vedkommende befinner seg i en særlig sårbar situasjon og derved har vesentlig nedsatte forutsetninger for å motsette seg handlingen». Rådet tilrår at føresegna òg rammar dei som ved forholda som er nemnde ovanfor, «får noen under 18 år til å ha seksuell omgang med en annen eller til å utføre handlinger som svarer til seksuell omgang med seg selv». Oppfølging av NOU-en er ei prioritert oppgåve for departementet.

Organisering av advokatverksemd

Vedtak nr. 504, 28. april 2022

«Stortinget ber regjeringen utarbeide forskrift etter § 19 andre ledd, hvor forsikringsselskap kan tilby advokatbistand gjennom rettshjelpforsikring.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og*

andre som yter rettslig bistand (advokatloven), Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Ny advokatlov og overgangsreglar er vedtekne av Stortinget, og departementet arbeider med ny advokatforskrift og ikraftsetjinga av det nye advokatregelverket. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.60.

Overgangsreglar i advokatlova

Vedtak nr. 505, 28. april 2022

«Stortinget ber regjeringen sikre klare overgangsordninger for foretak som blir berørt av endringer i ny advokatlov, som må gi slike god nok tid til å omorganisere seg, slik det åpnes for i Prop. 214 L (2020–2021) kapittel 22.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatloven)*, Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp i Prop. 61 L (2023–2024) og *lov 11. juni 2024 nr. 84 om endringer i advokatloven mv. (overgangsregler mv.)*.

Organisering av advokatverksemd

Vedtak nr. 506, 28. april 2022

«Stortinget ber regjeringen iverksette forskrift for berørte forsikringsselskap i god tid før overgangsreglene som vil bli fremmet i forbindelse med ikraftsettingen av advokatloven, utløper i tid.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 214 L (2020–2021) *Lov om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatloven)*, Innst. 234 L (2021–2022) og Lovvedtak 61 (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Ny advokatlov og overgangsreglar er vedtekne av Stortinget, og departementet arbeider med ny advokatforskrift og ikraftsetjinga av det nye advokatregelverket. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.60.

Vurdering av naturskadeforsikringsordninga

Vedtak nr. 579, 24. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen vurdere mulighetene for å innrette naturskadeforsikringsordningen slik at den bedre ivaretar hensynet til forebygging, men likevel slik at dette ikke går på bekostning av prinsippet om en solidarisk og lik premiefastsettelse for forsikringskunder i hele landet.»

Dokumenta som ligg til grunn for forslaget, er Prop. 62 L (2021–2022) og Innst. 308 L (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Departementet sende på høyring eit notat om ny naturskadeforsikringslov 24. juni 2024.

Utgreiing av meldeplikt for norske tenesteleverandørar

Vedtak nr. 581, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede innføring av en plikt for norske tjenesteleverandører til å melde fra dersom de oppdager at deres tjenester brukes til straffbar oppbevaring eller distribusjon av overgrepsmateriale.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:126 S (2021–2022) og Innst. 309 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet ser denne saka i samanheng med forslaget til EU om å innføre ei tilsvarande plikt, men EUs arbeid er forseinka då det ikkje er semje om heile forordninga. Ei mellombels forordning er vedteken, som gir tenestetilbydarane ein heimel til å melde frå om mogleg overgrepsmateriale, og forordninga vil bli teken inn i norsk rett ved ikraftsetjinga av den nye ekomlova. I samband med arbeidet er det etablert ei interdepartemental arbeidsgruppe som skal greie ut saka, og gruppa har hatt fleire møte gjennom 2023 og 2024, også med Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom), Kripos og Data-tilsynet.

Regelverk om varsling frå kriminalomsorga

Vedtak nr. 582, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen gjennomføre et regelverksarbeid om varsling fra kriminalomsorgen,

der hensynet til fornærmede og etterlatte vektlegges sterkere enn det som ligger i dagens regler.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:133 S (2021–2022) og Innst. 311 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet arbeider med eit høyringsnotat for å følgje opp vedtaket.

Forseinkingsrente på regresskravet frå staten mot skadevaldar i valdserstatningssaker

Vedtaket nr. 589, 30. mai 2022

«Stortinget ber regjeringen fastsette i forskrift at det ikke skal løpe forsinkelsesrenter på statens regresskrav mot skadevolderen i valdserstatningssaker mens skadevolderen soner alminnelig fengselsstraff.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 238 L (2020–2021), Innst. 310 L (2021–2022) frå justiskomiteen og Lovvedtak 70 (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Ny valdserstatningsforskrift som fastslår at det ikkje skal løpe forseinkingsrenter på statens regresskrav mot skadevaldaren i valdserstatningssaker medan skadevaldaren sonar alminnelig fengselsstraff, tredde i kraft 1. januar 2024.

Tryggleik for personar med funksjonshindring

Vedtaket nr. 654, 3. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen se på hvordan myndighetene kan treffe nødvendige tiltak for å sikre funksjonshindrede beskyttelse og sikkerhet i risikosituasjoner i hele krisespekteret, og sikre at funksjonshindredes organisasjoner høres i forbindelse med dette.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:213 S (2021–2022) og Innst. 367 S (2021–2022) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet har i samband med arbeidet med eit forprosjekt om sivile vernetiltak bede Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) om å vurdere behova til funksjonshindra særskilt i utforminga av framtidige tilrådingar om sivile vernetiltak.

Forbod mot sal av forfalne fordringar

Vedtaket nr. 795, 15. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å forby salg av forfalte fordringer hvor forbruker er debitor.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:200 S (2021–2022) og Innst. 373 S (2021–2022).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil handsame vedtaket i samband med arbeid med ny inkassolov og sjå vedtaket i samanheng med reglar i direktiv (EU) 2021/2167 om kredittjernetefirma og kredittkjøparar og direktiv (EU) 2023/2225 om forbrukarkredittavtalar.

Offentleg helsetilbod ved Politiets utlendingsinternat

Vedtaket nr. 831, 17. juni 2022

«Stortinget ber regjeringen sikre at helsetjenesten på Politiets utlendingsinternat, Trandum, legges under den offentlige helsetjenesten og at beslutningen om dette tas i løpet av 2022 slik at overføringen kan gjennomføres senest 1. juli 2023.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 2 (2021–2022) og Innst. 450 S (2021–2022).

Vedtaket er følgt opp. Regjeringa la i desember 2023 fram eit lovforslag om å gi kommunar der det ligg utlendingsinternat, ansvar for helsetilbodet til internerte, jf. Prop. 40 L (2023–2024) og Innst. 235 L (2023–2024). Stortinget har vedteke lovforslaget. Det har teke noko lengre tid enn føresett å få på plass det kommunale tilbodet, men lovforslaget vil tre i kraft 1. januar 2025.

1.10.4 Stortingssesjon 2020–2021

Utviding av avverjingsplikta

Vedtaket nr. 47, 3. november 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om avverjingsplikten i straffeloven § 196 bør utvides til også å omfatte flere straffbare handlinger, særlig straffeloven §§ 257, 260, 261, 272 b, 292, 293, 294, 300, 301, 302, 304 og 305.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Forelding av lovbrutt mot mindreårige

Vedtaket nr. 50, 3. november 2020

«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av foreldelsesreglene for seksuallovbrudd og voldsforbrytelser mot mindreårige, og komme tilbake til Stortinget med forslag til lovendringer som hever det generelle nivået på foreldelsesfrister for denne typen lovbrudd.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 66 L (2019–2020) og Innst. 41 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 1159 av 7. juni 2021.

Tilgjengelege dopingopplysningar

Vedtaket nr. 64, 10. november 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere hvordan opplysninger om idrettsutøvere og støtteapparat som straffes for dopingkriminalitet, også kan gjøres tilgjengelig for antidopingorganisasjonene, herunder eventuelle behov for endring av lovgivning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet vurderer behovet for regelendringar og eventuelle andre tiltak.

Straff for den som tener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping

Vedtaket nr. 65, 10. november 2020

«Stortinget ber regjeringen vurdere muligheter for nye bestemmelser i straffeloven for å kunne straffefølgje de som tjener pengar på idrettsprestasjonar som følgje av doping, og mulighet for inndragning.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:95 S (2018–2019) og Innst. 48 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Klarare skilje mellom konvensjonsstatus (asyl) og subsidiært vern

Vedtaket nr. 206, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til lovendringer som innenfor rammen av internasjonale forpliktelser gir et klarere skille mellom konvensjonstatus (asyl) og subsidiær beskyttelse, gjennom å begrense retten til familieforening samt utvide bruken av midlertidige tillatelser ved subsidiær beskyttelse.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Klarlegging av identitet

Vedtaket nr. 208, 7. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen stille de samme krav til klarlegging av identitet for permanent oppholdstillatelse og familieetablering som for statsborgerskap.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:71 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling.

Høgare straff for barn som er involverte i gjenteken kriminalitet

Vedtaket nr. 443, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om man i særlege tilfeller kan åpne for forhøyet straff ved nytt lovbrudd av samme art også for kriminelle gjengangere under 18 år.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Tiltak for å auke talet på inndragingar

Vedtaket nr. 446, 18. desember 2020

«Stortinget ber regjeringen i inneværende stortingsperiode legge fram tiltak og forslag til lovendringer for å øke omfanget av antallet inndragningar og gjøre det enklere for politiet å inn-dra verdier som er tilegnet gjennom kriminelle

handlinger, både gjennom sivilrettslig inndragning og i straffesaker.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:115 S (2019–2020) og Innst. 147 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Regjeringa la 22. mars 2024 fram ei stortingsmelding om økonomisk kriminalitet. I stortingsmeldinga er det foreslått ei rekkje tiltak for å betre resultata innanfor inndraging av utbytte, inkludert endringar i lovverket. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som har fått i mandat å utarbeide reglar om sivilrettsleg inndraging og greie ut behovet for endringar i reglane om sikring og forelding av inndragingskrav. Arbeidsgruppas rapport *Selvstendig inndragning av utbytte fra straffbare handlinger* vart sendt på høyring 20. september 2024.

Fornyingsordning for barneomsorgsattest

Vedtak nr. 627, 18. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak om å gjeninnføre en fornyelsesordning for barneomsorgsattest.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:136 (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet har fått vurderingar og førebelse berekningar frå Politidirektoratet av økonomiske og administrative konsekvensar ved å innføre ei fornyingsordning for politiattestar generelt og barneomsorgsattestar spesielt. Departementet vurderer behovet for regelendringar og eventuelle andre tiltak. Sjå òg omtale under vedtak nr. 628 av 18. februar 2021.

Gjennomgang av barneomsorgsattestordninga

Vedtak nr. 628, 18. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen foreta en gjennomgang av barneomsorgsattestordningen, som også innbefatter en utredning av digitale forenklingsmuligheter, en vurdering av muligheten for informasjonsdeling av gjeldende lovbrudd i andre land og en vurdering av om straffeloven § 272 og § 273 skal være en del av politiattesten.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:136 (2019–2020) og Innst. 210 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Departementet arbeider med ein gjennomgang av barneomsorgsattestordninga. Departementet har fått vurderingar og førebelse berekningar frå Politidirektoratet av økonomiske og administrative konsekvensar av ulike digitale forenklingsmoglegheiter. I samråd med andre involverte departement vurderer Justis- og beredskapsdepartementet behovet for å utvide barneomsorgsattesten til å gi merknader om fleire straffebod. Sjå òg omtale under vedtak nr. 627 av 18. februar 2021.

Oppretting av eit nasjonalt våpenregister

Vedtak nr. 681, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen opprette et nasjonalt våpenregister som legges til Brønnøysundregistrene og til Nordland politidistrikt med forvaltning i Mosjøen.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Politidirektoratet har fått i oppdrag å setje i gang eit prosjekt for ei ny digital våpenforvaltning der ein tek omsyn til dette oppmodingsvedtaket. Brønnøysundregistra og Politidirektoratet har inngått avtale for å utvikle ei digital løysing for våpenforvaltning. Parallelt har Brønnøysundregistra starta utviklinga av eit nytt nasjonalt våpenregister. Arbeidet med å etablere eit våpenforvaltningskontor i Mosjøen er i gang, og oppstart er planlagt i løpet av hausten 2025. Sjå òg oppmodingsvedtak nr. 778 av 23. mars 2021.

Identitetsskjerming for polititilsette

Vedtak nr. 682, 25. februar 2021

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med forslag til ny straffeprosesslov sikre full identitetsskjerming for politiansatte.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 29. (2019–2020) og Innst. 248 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. NOU 2024: 5 *Maktens ansikt – Skjernet identitet for ansatte i politiet og kriminalomsorgen*, som vart overlevert til Justis- og beredskapsdepartementet 21. mars 2024, har vore på høyring med frist 15. august 2024. Departementet vurderer no korleis forslaga i utgreiinga skal følgjast opp.

Straff for å tvinge barn til utlandet

Vedtak nr. 712, 9. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede straffeforbudet mot frihetsberøvelse i situasjoner hvor barn vil bli, eller allerede er, sendt til utlandet mot sin vilje, og fremme forslag til lovendringer som sikrer at påtvungne utenlandsopphold kan straffes.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:137 S (2019–2020) og Innst. 269 S (2020–2021) frå familie- og kulturkomiteen.

Vedtaket er under behandling. Eit lovutval har drøfta dei samla juridiske problemstillingane i saker om negativ sosial kontroll, æresmotivert vald, tvangsekteskap, kjønnslemlesting, psykisk vald og ufrivillige utanlandsopphald og vurdert om lovgivinga er god nok. Eitt av spørsmåla utvalet har sett nærmare på, er kva for nokre straffebod som gjeld i saker der barn og unge ufrivillig blir etterlatne i utlandet, og om det er behov for å klargjere heimlar i straffelova som held foreldre ansvarlege dersom barn blir sende på utanlandsopphald mot sin vilje. Utvalet leverte 24. juni 2024 utgreiinga si, NOU 2024: 13. Utvalet foreslår blant anna eit nytt straffebod om skadelege utanlandsopphald og at reglane om jurisdiksjon blir endra, slik at norsk straffelovgivning gjeld i fleire tilfelle der fridomsrøving finn stad i utlandet. Utgreiinga vart send på høyring 28. juni 2024 med høyringsfrist 28. oktober 2024.

Nasjonal langtidsplan for beredskap

Vedtak nr. 729, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen innføre en nasjonal langtidsplan for beredskap, som ser beredskapsressursene nasjonalt og regionalt i en sammenheng og legger grunnlaget for konkrete planer for utbedringer.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vil komme tilbake til oppfølginga av vedtaket som ein del av oppfølginga av Totalberedskapskomisjonens rapport, som vart overlevert departementet i 2023 og sendt på høyring same år.

Totalberedskapsutval

Vedtak nr. 730, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen etablere et fast totalberedskapsutvalg som rapporterer til regjeringen hvert år, slik at man sikrer koordinert ledelse overordnet og på tvers, og helhetlige og koordinerte trusselvurderinger. Både beredskapsmyndigheter, samfunnets organisasjoner og næringsliv skal være representert i utvalget.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet vil komme tilbake til oppfølginga av vedtaket som ein del av oppfølginga av Totalberedskapskomisjonens rapport.

Nordisk samarbeid innan samfunnstryggleik

Vedtak nr. 739, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av muligheten for tettere samarbeid med nordiske naboland knyttet til samfunnssikkerhet og beredskap, herunder felles sikkerhetsklarering, planverk på tvers av landegrensene og øvelser på tvers av landegrensene.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Oppfølginga av dette arbeidet bør sjåast i samanheng med det nordiske Haga-samarbeidet innan samfunnstryggleik. Samarbeidet ble etablert i 2009. Målet er å redusere sårbarheitene til landa, forsterke felles responsevne og effektivitet og oppnå større gjennomslagskraft i internasjonale fora. Frå 2020 er det etablert eit sivil-militært samarbeid mellom Haga og Nordefco. Det blir òg vist til samarbeid mellom situasjonssentera i dei nordiske landa. Noreg har formannskapet i Haga-samarbeidet i 2024. Eit prioritert område er bl.a. å vidareutvikle det nordiske samarbeidet om vertslandsstøtte.

Når det gjeld spørsmålet om tryggingsklarering, finst det i dag tryggingsavtalar mellom Noreg og dei nordiske nabolanda som gjer det mogleg å utveksle gradert informasjon mellom landa. Avtalane omfattar òg anerkjenning av kvarandre sine tryggingsklareringar etter nærmare kriterium.

Brann til sjøs

Vedtak nr. 742, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen styrke Redningsselskapet og gjennomgå hvordan de kan bistå brann- og redningsetaten ved brann til sjøs.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er delvis følgt opp. Tilskotet til Redningsselskapet (RS) har hatt ein jamn og kraftig auke dei seinare åra, frå om lag 56 mill. kroner i 2013 til om lag 140 mill. kroner i 2023. Ytterlegare oppfølging av vedtaket blir vurdert.

Tilfluktsrom

Vedtak nr. 743, 11. mars 2021

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en vurdering av hvordan eksisterende tilfluktsrom i større grad kan benyttes slik at de holdes i stand samt inngår som en del av den nasjonale beredskapen i forbindelse med for eksempel migrasjon, pandemi eller forsyningskrise.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 5 (2020–2021) og Innst. 275 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. DSB gjennomførte eit forprosjekt i 2022 og har i eit presiseringsbrev til tildelingsbrevet for 2024 fått oppdrag om å føre vidare arbeidet med sivile tryggingstiltak. Dette vil bl.a. omfatte å utarbeide ei tilråding og eit forslag til innretning av framtidens dekningsrom og tilfluktsrom og å arbeide med planverk, regelverksendringar mv.

ADR-kontroll

Vedtak nr. 799, 13. april 2021

«Stortinget ber regjeringen utrede muligheten for å overføre myndighet til å gjennomføre ADR-kontroll til godkjente tungbilverksteder.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:106 S (2020–2021) og Innst. 311 S (2020–2021) frå transport- og kommunikasjonskomiteen.

Vedtaket er under behandling. DSB har vurdert moglegheta for å overføre myndigheit til å

gjennomføre ADR-kontroll til både godkjente tungbilverksteder og andre godkjente køyretøyverksteder, som også er godkjent som kontrollorgan for periodisk køyretøykontroll (PKK). Statens vegvesen utførar i dag ADR-kontroll, medan PKK utførast av private aktørar. Det er ca. 4 500 ADR-godkjente køyretøy i Noreg, og av desse er berre omkring 1 800 tunge køyretøy. Det gjennomførast til samanlikning årleg over to millionar PKK.

DSB anbefaler ikkje ei overføring av ADR-kontrollar til private aktørar. Køyretøya som skal inn til årleg ADR-kontroll er dei som representerer den mest risikofylte transporten av farleg gods på norske veger. For at risikoen for ulykker med farleg gods ikkje skal auke, er det viktig at kontrollane gjennomførast einskapleg og av kompetente kontrollørar som held sin kompetanse ved like, mellom anna ved å gjennomføre ei tilstrekkeleg mengde kontroller kvart år.

ADR-kontroll og PKK vurderast som vesensforskjellige både med omsyn til innhald og kommersiell lønnsemd. Statens vegvesen har i dag eit landsdekkande, einskapleg og gratis tilbod om ADR-kontrollar. Ei overføring til private aktørar vil føre til at tilbydarar må ta betalt for tenesta. ADR-kontroll vil føre til kostnader for dei private aktørane, mellom anna til personell, utvikling av kompetanse og system. Etter DSB sin vurdering vil det vere for få ADR-køyretøy på landsbasis som skal kontrollerast kvart år til at mange nok køyretøyverksteder vil sjå på ADR-kontroll som ein lønsam teneste. Dersom verksteder ønsker å tilby tenesta vil det mest sannsynleg vere i områder med stor etterspurnad. Med ei privatisering vil det dermed vere ein risiko for færre og meir sentraliserte ADR-kontrollstasjonar enn i dag, og dermed eit dårlegare distriktstilbod med lengre avstandar.

Nasjonal eigarskap og kontroll

Vedtak nr. 814, 20. april 2021

«Stortinget ber regjeringa sikre norsk eigarskap av kritisk infrastruktur og eigedom samt nasjonal kontroll over naturressursar i nordområda.»

Dokumenter som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 9 (2020–2021) og Innst. 289 S (2020–2021) frå utanriks- og forsvarskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Meld. St. 9 (2022–2023) *Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet*, jf. Innst. 247 S (2022–2023), vart behandla i Stortinget 30. mars 2023. Ei rekkje tiltak i meldinga peikar på korleis regjeringa skal bidra til å sikre

nasjonal kontroll og eigarskap over strategisk viktig infrastruktur og eigedom og over naturressursar. Regjeringa har intensivert arbeidet med å kartlegge verdier med heimel i tryggingslova (lov om nasjonal sikkerhet), mellom anna ved at tryggingsmyndigheten har intensivert arbeidet med å legge verksemdar under tryggingslova.

Regjeringa vurderer òg korleis ein kan få betre oversikt over verksemdar og verdier som ikkje er omfatta av tryggingslova, men som likevel kan ha betydning for nasjonal tryggleik, blant annet ved gjennomgangar av sektorar.

I tillegg vil regjeringa vurdere korleis ein kan få betre oversikt over kven som er reelle eigarar av verdier av betydning for nasjonal tryggleik. Ved å innføre eit register frå 1. oktober 2024 får selskap og andre juridiske einingar høve til å registrere opplysningar i det nye registeret over reelle rettshavarar, som blir etablert i Brønnøysundregistrene. Frå 31. juli 2025 blir det plikt til å registrere slike opplysningar. Verdikartlegginga og innsikta i reell eigarskap vil danne grunnlag for å vurdere relevante verkemiddel for å vareta nasjonal tryggleik, mellom anna gjennom førebyggjande tryggingstiltak med heimel i tryggingslova, bruk av anna relevant regelverk og nasjonal eigarskap. Regjeringa har sett i gang eit arbeid for å greie ut korleis pliktig eigarregistrering kan gi norske myndigheiter tilstrekkeleg kontroll over eigarskap i fast eigedom.

Regjeringa går òg gjennom relevant eksisterande lovverk, for å sørge for at omsyn til nasjonal tryggleik inngår som vurderingskriterium der det er aktuelt. Når det gjeld endringar i tryggingslova vedtok Stortinget i juni 2023 på bakgrunn av forslag i Prop. 95 L (2022–2023) *Endringer i sikkerhetsloven (eierskapskontroll og lovens virkeområde)* ei presisering av plikta eigarar av skjermingsverdige objekt og infrastruktur har til å vurdere om eigedom som – på grunn av si plassering – kan leggje til rette for truslar mot verksemda, objektet eller infrastrukturen. Lovendringa definerer også eigedomar som har betydning for trygginga.

Heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga

Vedtak nr. 848, 27. april 2021

«Stortinget ber regjeringen foreta en helhetlig gjennomgang av verjemålsordningen og legge frem forslag til lovendringer som styrker og forbedrer den.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:77 (2020–2021) og Innst. 285 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling. Stortinget vedtok i mars 2023 endringar i verjemålslova, som tredde i kraft 1. april 2023 (endringslov 31. mars 2023 nr. 5). Dei aktuelle endringane vart foreslått i Prop. 141 L (2021–2022) hausten 2022, som første steg i oppfølginga av dette oppmodingsvedtaket. Etter endringane er bl.a. prinsippet om sjølvråderett tydeleggjort i fleire føresegner i verjemålslova. I Prop. 141 L (2021–2022) punkt 2.4 gjorde departementet greie for nokre prioriteringar for den vidare oppfølginga av oppmodingsvedtaket, bl.a. at terminologien i lova skal vurderast nærmare. Vidare blir det foreslått ein ny modell for godtgjering til verjer. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.70. Arbeidet med den vidare revisjonen av lova blir gjennomført i dialog med sivilt samfunn og andre relevante aktørar.

Etablering av ny redningshelikopterbase i Tromsø og felles operasjon med helikoptertenesta til Syssemeisteren

Vedtak nr. 983, 25. mai 2021

«Stortinget ber regjeringen starte nødvendige forberedelser som sikrer at Forsvaret overtar som operatør av redningshelikopterbasen i Tromsø når kontrakten med sivil operatør går ut.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 85 S (2020–2021) og Innst. 393 S (2020–2021) frå justiskomiteen.

Vedtaket er under behandling.

Sperring av opplysningar i reaksjonsregisteret

Vedtak nr. 1116, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen sørge for at opplysninger i reaksjonsregisteret om personer som er ilagt strafferettslige reaksjoner for bruk og besittelse av narkotika til eget bruk, sperres etter tre år. Sperring forutsetter at det ikke er registrert flere straffbare forhold i den aktuelle perioden.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021), Innst. 612 L (2020–2021) og Lovvedtak 148 (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Eit forslag til forskriftsendringar har vore på høyring. Etter høyringa er straffeutmålingspraksisen endra av Høgsterett. Endringar i politiregisterforskrifta vil bli

vurderte i samanheng med rushandhevingsutvalet si utgreiing, jf. NOU 2024: 12 *Håndheving av mindre narkotikaovertrедelser* som vart levert 18. juni 2024.

Gjennomgang av praksis for tilbakekall av førarrett
Vedtaket nr. 1117, 3. juni 2021

«Stortinget ber regjeringa sørge for at samfunnets reaksjoner i forbindelse med problematisk bruk av rusmidler er forholdsmessige, og kan knyttes til rusbruken. Stortinget ber regjeringa særleg gjennomgå praksis med tap av førerrett i tilfeller der man ikkje ser noen sammenheng mellom personens bruk av rusmidler og føring av motorvogn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 92 L (2020–2021), Innst. 612 L (2020–2021) og Lovvedtak 148 (2020–2021).

Vedtaket er følgt opp. Hurdalsplattforma stadfestar regjeringa sin intensjon om å gjennomgå praksis med tap av førarrett der ein ikkje ser nokon samanheng mellom føraren sin bruk av rusmiddel og køyringa. Det primære formålet med reglane i vegtrafikklova om ruspåverka køyring er å sørge for trafikktryggleik og førebyggje skadar og dødsfall i vegtrafikken. I dialog med Politidirektoratet har departementet sett nærare på politiet sin praksis for tilbakekall av førarrett på grunnlag av manglande edruelegheit, for å sikre at praksisen ikkje er strengare enn intensjonen bak reglane. Politiet si forståing av vilkåra i vegtrafikklova for tap av førarrett skal samsvare med lovforståinga til Sivilombodet og domstolane.

Høgsterett stadfesta i ein dom frå oktober 2021 at omsynet til trafikktryggleiken tilseier ein streng praksis, men òg at tilbakekall av førarretten, i lys av dei konsekvensane det har for innehavaren, skal nyttast på ein balansert måte og i tråd med formålet bak regelen. For å kunne kalle tilbake førarretten må forvaltninga ha konkrete og objektive haldepunkt for at det ligg føre ein rimeleg risiko for køyring i påverka tilstand. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer den rettslege tilstanden tett, i dialog med Samferdselsdepartementet som forvaltningsansvarleg for vegtrafikklova.

Regjeringa held fram med arbeidet med ein nullvisjon, der målet er at det ikkje skal førekomme ulukker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken. Reglane knytte til ruspåverknad og korleis det påverkar køyring, skal vere strenge, og

politiet legg ned ein omfattande førebyggjande innsats for å redusere køyring i ruspåverka tilstand.

Unntak frå forelding for seksuallovbrot mot barn
Vedtaket nr. 1159, 7. juni 2021

«Stortinget ber regjeringa legge frem forslag til lovendringer som fjerner foreldelsesfristen for alle typer seksualforbrytelser mot barn.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:273 S (2020–2021) og Innst. 634 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Sjå òg vedtak nr. 50 av 3. november 2020.

Internasjonale kriminelle organisasjonar
Vedtaket nr. 1161, 11. juni 2021

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med strengere regler dersom det nye regelverket ikkje i tilstrekkelig grad hindrer etablering av internasjonale kriminelle gjenger og mafiaorganisasjoner.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil vurdere om det er behov for strengare reglar når dei nye føresegnene har fått verke i noko tid.

Tilgang på straffeprosessuelle tvangsmiddel
Vedtaket nr. 1162, 11. juni 2021

«Stortinget ber regjeringa utrede særskilt om politiet bør gis tilgang på straffeprosessuelle tvangsmidler ut over det den foreslåtte strafferammen på tre års fengsel for deltagelse, rekruttering eller videreføring av en kriminell sammenslutning, tilsier.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 190 L (2020–2021) og Innst. 629 L (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil vurdere behovet for fleire straffeprosessuelle tvangsmiddel når dei gjeldande føresegnene har fått verke i noko tid.

Kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige i redningstenesta

Vedtak nr. 1343, 18. juni 2021

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med statsbudsjettet for 2022 legge frem en vurdering av om det bør innføres en kompensasjonsordning for tapt arbeidsfortjeneste for frivillige som blir anmodet av nødetatene om å bistå i redningsoppdrag.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 195 S (2020–2021) og Innst. 600 S (2020–2021).

Vedtaket er under behandling. Det vil krevje ei utgreiing før ein får oversikt over og kunnskap om kva eit slikt tiltak vil bety for redningstenesta, og kva utgiftene vil vere for staten. Departementet har enno ikkje teke stilling til om ei slik utgreiing skal setjast i verk. Det er både fordelar og ulemper med å innføre ei kompensasjonsordning for tapt arbeidsforteneste for frivillige. Regjeringa ønskjer å leggje til rette for at dei frivillige organisasjonane held oppe og styrker posisjonen sin innfor norsk redningsberedskap (sjå òg Meld. St. 10 (2016–2017)). Samstundes bør det vere eit tydeleg skilje mellom offentlege og frivillige ressursar.

1.10.5 Stortingssesjon 2019–2020

Elektroniske fraktbrev

Vedtak nr. 436, 31. mars 2020

«Stortinget ber regjeringen sikre at nye elektroniske fraktbrev som er planlagt i CRM-direktivet, gjerest obligatoriske.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Prop. 11 LS (2019–2020) og Innst. 214 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling.

Reklamasjonsfrist på bustader

Vedtak nr. 515, 21. april 2020

«Stortinget ber regjeringen utrede om reklamasjonsfristen på nyoppførte boliger skal økes fra fem til ti år, samt konsekvensene av en eventuell utvidelse.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Meld. St. 25 (2018–2019) og Innst. 171 S (2019–2020).

Vedtaket er under behandling. EU har nyleg vedteke nye forbrukarvernreglar som kan gjere det aktuelt å vurdere norske reglar om absolutte reklamasjonsfristar i ein større samanheng.

1.10.6 Stortingssesjon 2017–2018

Utanlandsopphald

Vedtak nr. 788, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen foreslå tydeliggjøring av hjemler i straffeloven som holder foreldre ansvarlige dersom barn sendes på utenlandsopphold mot sin vilje.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:118 S (2017–2018) og Innst. 260 S (2017–2018) frå justiskomiteen om tiltak mot sosial kontroll og æresvald.

Vedtaket er under behandling. Sjå òg omtale under vedtak nr. 712 av 9. mars 2021.

Eige lovverk for Statens barnehus

Vedtak nr. 795, 29. mai 2018

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om et eget lovverk for Statens barnehus som sikrer ivaretagelse av hele mandatet til Statens barnehus.»

Dokumenta som ligg til grunn for vedtaket, er Dokument 8:140 S (2017–2018) og Innst. 316 S (2017–2018).

Vedtaket er under behandling. Departementet vil setje i gang eit utgreiingsarbeid om eige lovverk for Statens barnehus i samarbeid med Politidirektoratet. Oppstart av ei slik utgreiing vil skje etter at Politidirektoratet har avslutta revisjonen av *Felles retningslinjer for Statens barnehus* i samarbeid med Helsedirektoratet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

1.10.7 Stortingssesjon 2016–2017

Korrupsjonsføresegnene i straffelova

Vedtak nr. 523, 23. mars 2017

«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om endring av straffeloven som innebærer at for overtredelser av straffelovens korrupsjonsbestem-

melser kan foretaket også straffes når handlingen er utført av noen som gjennom sine forbindelser med selskapet må assosieres med det. Det må vurderes straffefrihet for selskap som har gjort det de kan for å forebygge korrupsjon.»

Dokumentet som ligg til grunn for vedtaket, er Innst. 191 L (2016–2017) frå justiskomiteen om å utvide ansvaret som selskap har for korrupsjonshandlingar.

Vedtaket er under behandling. Justis- og beredskapsdepartementet har gitt ein fagperson i oppdrag å drøfte dei aktuelle spørsmåla og komme med forslag til lovendringar. Rapporten vart overlevert i mai 2021 og send på høyring 12. oktober 2021, med høyringsfrist 11. januar 2022. Rapporten er no til oppfølging i departementet.

Utgifter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
Administrasjon					
400	Justis- og beredskapsdepartementet	701 231	669 166	624 299	-6,7
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>701 231</i>	<i>669 166</i>	<i>624 299</i>	<i>-6,7</i>
Rettsvesen					
61	Høyesterett	136 646	137 706	140 344	1,9
410	Domstolene	3 156 357	3 231 263	3 423 526	6,0
411	Domstoladministrasjonen	86 210	89 894	91 842	2,2
414	Forliksråd og andre domsutgifter	362 911	396 886	419 353	5,7
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>3 742 124</i>	<i>3 855 749</i>	<i>4 075 065</i>	<i>5,7</i>
Straffegjennomføring og konfliktråd					
430	Kriminalomsorgen	5 674 742	5 936 924	6 300 399	6,1
431	Kriminalomsorgsdirektoratet	159 196	161 980	176 520	9,0
432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	238 568	238 391	252 138	5,8
433	Konfliktrådet	182 428	199 139	221 124	11,0
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>6 254 934</i>	<i>6 536 434</i>	<i>6 950 181</i>	<i>6,3</i>
Politi og påtalemyndighet					
440	Politiet	22 471 662	22 670 106	25 543 066	12,7
441	Politidirektoratet	403 974	382 659	383 084	0,1
442	Politi høgskolen	691 727	689 124	713 726	3,6
443	Påtalemyndigheten i politiet	1 527 436	1 508 500	1 642 655	8,9
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	1 617 562	1 534 912	1 812 712	18,1
445	Den høyere påtalemyndighet	355 291	386 124	393 959	2,0
446	Den militære påtalemyndighet	10 680	9 829	235	-97,6
448	Grensekommisæreren	6 429	6 418	6 571	2,4
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>27 084 761</i>	<i>27 187 672</i>	<i>30 496 008</i>	<i>12,2</i>
Redningstjenesten, samfunns- sikkerhet og beredskap					
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	2 167 670	2 403 174	2 417 336	0,6
452	Sentral krisehåndtering	30 271	29 387	30 140	2,6
453	Sivil klareringsmyndighet	60 772	61 039	68 569	12,3
454	Redningshelikoptertjenesten	1 756 811	2 504 165	2 180 860	-12,9

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
455	Redningstjenesten	540 177	562 391	608 516	8,2
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	514 702	457 173	542 997	18,8
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>5 070 403</i>	<i>6 017 329</i>	<i>5 848 418</i>	<i>-2,8</i>
	Andre virksomheter				
460	Spesialenheten for politisaker	67 745	67 132	72 738	8,4
461	Advokatilsynet			65 500	100,0
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 402 991	1 366 567	1 651 497	20,9
467	Norsk Lovtidend	7 855	8 750	10 886	24,4
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	23 103	24 100	30 743	27,6
469	Vergemålsordningen	373 493			0,0
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>1 875 187</i>	<i>1 466 549</i>	<i>1 831 364</i>	<i>24,9</i>
	Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.				
470	Fri rettshjelp	736 565	908 566	963 395	6,0
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	163 841	237 418	276 702	16,5
473	Statens sivilrettsforvaltning	603 885	701 766	893 991	27,4
475	Bobehandling	140 481	139 424	154 746	11,0
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>1 644 772</i>	<i>1 987 174</i>	<i>2 288 834</i>	<i>15,2</i>
	Svalbardbudsjettet m.m.				
480	Svalbardbudsjettet	412 489	406 548	477 000	17,3
481	Samfunnet Jan Mayen	59 072	61 175	62 678	2,5
	<i>Sum kategori 06.80</i>	<i>471 561</i>	<i>467 723</i>	<i>539 678</i>	<i>15,4</i>
	Beskyttelse og innvandring				
490	Utlendingsdirektoratet	6 069 811	4 991 541	5 590 156	12,0
491	Utlendingsnemnda	294 623	295 333	294 706	-0,2
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>6 364 434</i>	<i>5 286 874</i>	<i>5 884 862</i>	<i>11,3</i>
	Sum utgifter	53 209 726	53 474 670	58 538 709	9,5

Inntekter fordelt på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
Administrasjon					
3400	Justis- og beredskapsdepartementet	6 978	7 468	6 582	-11,9
	<i>Sum kategori 06.10</i>	<i>6 978</i>	<i>7 468</i>	<i>6 582</i>	<i>-11,9</i>
Rettsvesen					
3061	Høyesterett	239			0,0
3410	Domstolene	262 717	290 095	244 482	-15,7
3411	Domstoladministrasjonen	547	313	325	3,8
	<i>Sum kategori 06.20</i>	<i>263 503</i>	<i>290 408</i>	<i>244 807</i>	<i>-15,7</i>
Straffegjennomføring og konfliktråd					
3430	Kriminalomsorgen	186 692	152 994	176 808	15,6
3432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter	5 604	1 224	1 271	3,8
3433	Konfliktrådet	11	6	6	0,0
	<i>Sum kategori 06.30</i>	<i>192 307</i>	<i>154 224</i>	<i>178 085</i>	<i>15,5</i>
Politi og påtalemyndighet					
3440	Politiet	1 912 877	2 433 844	2 423 561	-0,4
3442	Politi høgskolen	39 168	36 277	37 655	3,8
3444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	12 937	16 154	16 768	3,8
	<i>Sum kategori 06.40</i>	<i>1 964 982</i>	<i>2 486 275</i>	<i>2 477 984</i>	<i>-0,3</i>
Redningstjenesten, samfunnsikkerhet og beredskap					
3451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	896 740	962 693	922 290	-4,2
3453	Sivil klareringsmyndighet			800	100,0
3454	Redningshelikoptertjenesten	29 968	31 287	32 476	3,8
3455	Redningstjenesten	2 259			0,0
3457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	48 663	36 893	37 495	1,6
	<i>Sum kategori 06.50</i>	<i>977 630</i>	<i>1 030 873</i>	<i>993 061</i>	<i>-3,7</i>
Andre virksomheter					
3461	Advokatilsynet			65 500	100,0
3469	Vergemålsordningen	8 550			0,0
	<i>Sum kategori 06.60</i>	<i>8 550</i>		<i>65 500</i>	<i>100,0</i>

(i 1 000 kr)					
Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
	Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.				
3470	Fri rettshjelp	9 015	10 441	10 837	3,8
3473	Statens sivilrettsforvaltning	587	6 505	6 752	3,8
	<i>Sum kategori 06.70</i>	<i>9 602</i>	<i>16 946</i>	<i>17 589</i>	<i>3,8</i>
	Svalbardbudsjettet m.m.				
3481	Samfunnet Jan Mayen	7 364	7 137	7 408	3,8
	<i>Sum kategori 06.80</i>	<i>7 364</i>	<i>7 137</i>	<i>7 408</i>	<i>3,8</i>
	Beskyttelse og innvandring				
3490	Utlendingsdirektoratet	3 760 469	2 751 819	3 230 128	17,4
	<i>Sum kategori 06.90</i>	<i>3 760 469</i>	<i>2 751 819</i>	<i>3 230 128</i>	<i>17,4</i>
	Sum inntekter	7 191 385	6 745 150	7 221 144	7,1

Del II
Nærmere om budsjettforslaget

2 Nærmare om budsjettforslaget

Programkategori 06.10 Administrasjon

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	599 934	561 061	509 782	-9,1
50–89	Overføringer til andre	101 297	108 105	114 517	5,9
	Sum kategori 06.10	701 231	669 166	624 299	-6,7

Utgifter under programkategori 06.10 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
400	Justis- og beredskapsdepartementet	701 231	669 166	624 299	-6,7
	Sum kategori 06.10	701 231	669 166	624 299	-6,7

Innleiing

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for rettsvesenet, kriminalomsorga, politiet og påtalemakta, redningstenesta, samfunnstryggleik og beredskap, utlendingsforvaltninga m.m. Justis- og beredskapsdepartementet er samordningsdepartement for norsk politikk i polarområda og for

svalbardbudsjettet. Justis- og beredskapsdepartementet har eit særleg ansvar for å medverke til eit oversiktleg lovverk med samanheng og god lovstruktur. Alle lovforslag utanom dei som gjeld skattelover, skal leggjast fram for Justis- og beredskapsdepartementet for lovteknisk gjennomgang. Justis- og beredskapsdepartementet gir òg råd til andre departement om lovarbeid.

Kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	551 970	529 752	472 783
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overført</i>			14 000
23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overført</i>	47 964	31 309	22 999
50	Norges forskningsråd	62 744	69 092	
70	Overføringer til private	18 368	20 014	10 292
71	Tilskudd til internasjonale organisasjoner	20 185	18 999	22 508
73	Tilskudd til Norges forskningsråd, <i>kan overført</i>			81 717
	Sum kap. 400	701 231	669 166	624 299

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga dekker lønn og godtgjersle til tilsette i departementet. Løyvinga skal òg dekke driftsutgifter i tillegg til investeringar og utviklingstiltak. Unntaksvis kan løyvinga på posten brukast til enkelte driftsutgifter i domstolane og ytre etatar.

Den tryggingpolitiske og teknologiske utviklinga har synleggjort eit auka behov for regelverksutvikling og rettsleg bistand for å sikre at Noreg kan møte den nye situasjonen med robuste og oppdaterte regulatoriske løysingar. Justis- og beredskapsdepartementet opplever at talet på førespurnader med spørsmål om sivil/militær beredskap og nasjonal- og digital tryggleik aukar. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 400, post 01 med 6 mill. kroner for å sikre god og naudsynt regelverksutvikling og for å tilby meir rettsleg bistand på desse områda, som både tek omsyn til nye behov i den tryggingpolitiske situasjonen og samstundes varetek rettsstaten sine prinsipp.

Vi treng meir effektive verkemiddel mot gjengkriminalitet. Regjeringa foreslår å auke løyvinga på kap. 400, post 01 med 10 mill. kroner for å arbeide med regelverksutvikling for å motverke gjengkriminalitet, særleg den mest samfunnsskadelege, organiserte og profittmotiverte gjengkriminaliteten, og slik òg få betre verktøy i kampen mot økonomisk kriminalitet.

Koordineringsansvaret for FN's konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar blir overført frå Utanriksdepartementet til Justis- og beredskapsdepartementet. Den nasjonale rappor-

teringa på den universelle periodiske gjennomgangen blir også overført, saman med oppdateringa av det nasjonale basisdokumentet om menneskerettar i Noreg. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga på kap. 400, post 01 med 1,3 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 100, post 01.

Tenesta for sosiale medium skal overført til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 135 000 kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 1515, post 01.

I samband med felles IKT-organisasjon for departementa blir det rammeoverført 21 mill. kroner til Digitaliseringsorganisasjonen til departementa. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 21 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 1515, post 01.

Ansvar for forvaltninga av tilskotsordningar under redningstenesta er flytta frå Justis- og beredskapsdepartementet til Hovudredningssentralen. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 880 000 kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 455, post 01.

Då Justis- og beredskapsdepartementet flytta til Gullhaug torg 4 i 2012 vart det gjennomført omfattande spesialtilpassingar, primært sikrings-tiltak. Sikringstiltaka vil være nedbetalt i august 2024 og husleiga blir då redusert. Heilårsverkna- den av husleigereduksjonen er 56,7 mill. kroner i 2025. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 56,7 mill. kroner.

Ansvar for høggradert mobilkommunikasjon vart overført frå Justis- og beredskapsdeparte-

mentet til DSB hausten 2022. På denne bakgrunnen vart løyvinga på kap. 400, post 01 redusert med 2,1 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 451, post 01 i revidert nasjonalbudsjett 2023. Denne overføringa omfatta ikkje alle driftskostnadene for telefonane. Det blir foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 600 000 kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 451, post 01. Beløpet skal bl.a. dekke driftskostnader for reservetelefonar.

Kap. 400, post 21 skal brukast til å finansiere utvala til departementet. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 10 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 400, post 21.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01, mot meirinntekter på kap. 3400, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 472,8 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga dekker lønns- og driftsutgifter til råd og utval. Det blir foreslått å redusere løyvinga på kap. 400, post 01 med 10 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 400, post 21.

Regjeringa foreslår at det blir sett ned eit utval som skal utgreie salærordningen og regelverket knytt til den. Det blir derfor foreslått å auke kap. 400, post 21 med 4 mill. kroner.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 14 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, kan overføres

Løyvinga på post 23 skal brukast til kortvarige forskingsoppdrag, til oppfølging av stortingsmeldingar eller offentlege utgreiingar og til evalueringar og anna innhenting av kunnskap som skal dekke behovet Justis- og beredskapsdepartementet sjølv har for kunnskap som kan danne grunnlag for politikktutvikling og forvaltning. Posten kan òg

nyttast til mellombels støtte til etablering av nye forskingssenter.

Det er i 2023 og 2024 tildelt midlar frå kap. 400, post 23 til prosjekt om totalforsvaret og forskning på terrorisme. I tillegg kjem ei årleg tildeling til Simula@UiB – Simula Research Laboratory – for utvikling av nasjonal spisskompetanse innan digital tryggleik og kryptologi. Løyvinga bidreg òg til at fleire kandidatar kan tryggingklarast.

Midlane på posten har òg blitt nytta til representative omfangsundersøkingar av kriminalitet, slik som vald i nære relasjonar, seksuelle overgrep og digitale lovbrøt. *Nasjonal trygghetsundersøkelse* gir kunnskap om uro og sårbarheit for lovbrøt i den vaksne befolkninga, medan barn og unge blir dekte av *Trygg og ung-studien*. *Nasjonal omfangsundersøkelse av økonomisk kriminalitet* gir kunnskap om sårbarheita for lovbrøt, t.d. bedrageri og løysepengangrep i næringslivet og offentleg sektor. Til saman gir desse tre undersøkingane forskingskunnskap om det reelle omfanget av kriminalitet og ulike konsekvensar for samfunnet.

Som ei oppfølging av Prop. 36 S (2023–2024) *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar* (2024–2028) blir det foreslått å styrke Noregs forskingsråd gjennom å flytte 10 mill. kroner frå kap. 400, post 23 til kap. 400, post 73 frå 2025. Midlane har finansiert eit mangeårig forskingsprogram om vald i nære relasjonar, i regi av NKVTS og NOVA, som blir avslutta i 2024.

I 2025 er det foreslått midlar for å styrke arbeidet med å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet. For å følgje opp dette arbeidet blir det derfor foreslått å auke løyvinga på posten med 0,5 mill. kroner til arbeidet med følgjeevaluering.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 23 mill. kroner.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga skal dekke drift av ein nettportal om vald i nære relasjonar og valdtekt (dinutvei.no), tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar og ein nasjonal konferanse om samarbeid og samordning i arbeidet mot vald i nære relasjonar.

Tabell 2.1 Enkeltstående tilskot

Tilskot	(Beløp i 1 000 kroner)
Tilskot	Forslag 2025
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (drift av nettportalen dinutvei.no)	4 886
Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (nasjonal konferanse om samarbeid og samordning i arbeidet mot vald i nære relasjonar)	450
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar og informasjonsskampanje)	1 078
Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar og drift av forum mot vald og overgrep i samiske samfunn)	400
Sum	6 814

I 2024 vart det sett av om lag 3,5 mill. kroner til bl.a. evaluering av opptrappingsplanen om vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar og forskning om førebygging av vald og overgrep i samiske samfunn. Til saman vart det løyvd om lag 9 mill. kroner på posten i 2024 til tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar. Løyvinga for 2025 skal nyttas til tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar.

Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS) er overdratt til Nasjonalt tryggingorgan. NorSIS har i det vesentlege vore finansiert gjennom tilskot frå Justis- og beredskapsdepartementet på kap. 400, post 70. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga under kap. 400, post 70 med 10,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke av løyvinga på kap. 457, post 01.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 10,3 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til internasjonale organisasjonar

Løyvinga skal dekke Noreg sine tilskot og kontingentar til internasjonale organisasjonar og internasjonalt samarbeid på saksområda til Justis- og beredskapsdepartementet, i hovudsak desse:

- Den internasjonale domstolen i Haag
- Haagkonferansen for internasjonal privatrett
- World Intellectual Property Organization (WIPO)
- Det internasjonale instituttet i Roma for einsarta privatrett (UNIDROIT)
- Group of States against Corruption (GRECO)

- Tilskot til rådssekretariatet og fellesorganet i samband med Schengen-samarbeidet
- Interoperability solutions for public administrations, businesses and citizens (ISA)
- Council of the Baltic Sea States (CBSS)
- Nordisk samarbeidsråd for kriminologi
- Finansielt bidrag til EU-kommisjonen for norsk deltaking i Schengen-komiteane
- European Union Agency for Cybersecurity (ENISA)

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 22,5 mill. kroner.

Post 73 Tilskudd til Norges forskningsråd, kan overføres

Noregs forskningsråd er eit forvaltningsorgan som er underlagt Kunnskapsdepartementet. Forskningsrådet har fem mål:

- betre vitenskapleg kvalitet
- større verdiskaping i næringslivet
- å møte store samfunnsutfordringar
- eit velfungerande forskningssystem
- god rådgiving

Måla er felles for alle departementa. Kunnskapsdepartementet har ansvaret for å samordne styringssignala frå departementa og har i samarbeid med departementa og Forskningsrådet utarbeidd eit system for korleis departementa skal styre Forskningsrådet. Den samla måloppnåinga for Forskningsrådet i 2023 er omtalt i Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet.

Ny budsjettmodell for Noregs forskingsråd

Det blir vist til tidlegare omtale i budsjettproposisjonar til Kunnskapsdepartementet om arbeidet med ny budsjettmodell for Noregs forskingsråd. Stortinget har slutta seg til at Forskingsrådet frå og med 2025 skal bruttobudsjetterast med tilsegnfullmakter, jf. Innst. 12 S (2023–2024).

I tillegg til arbeidet med budsjetteringsmodellen har det vore gjennomført tiltak for å forenkle finansieringsstrukturen gjennom færre budsjettkapittel og -postar i departementa si løyving til Forskingsrådet. Regjeringa vil i den nye budsjettmodellen i dei årlege budsjetta frå og med 2025-budsjettet fremme forslag om to beløp, eitt for løyving og eitt for tilsegnfullmakt for kvart departement sine tilskotspostar til Forskingsrådet. Beløpet for løyvingforslaget er sett med utgangspunkt i forventa kontante utbetalingar i det aktuelle budsjettåret. Løyvinga vil bestå av forventa utbetalingar av tidlegare gitte tilsegn og utbetaling av nye tilsegner gitt i det aktuelle budsjettåret. Beløpet for tilsegnfullmakt angir det samla beløpet for tidlegare inngåtte forpliktingar og nye tilsegner som kjem til utbetaling etter det aktuelle budsjettåret.

For ein meir detaljert omtale av bakgrunnen for og hovudtrekka ved den nye budsjettmodellen, sjå kap. 10 i Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet.

Justis- og beredskapsdepartementet har eit ansvar for langsiktig forskning innanfor justis- og beredskapssektoren. Løyvingane frå departementet til Forskingsrådet over kap. 400, post 73 skal i hovudsak sørge for det breie sektoransvaret for forskning og bidra til langsiktig kompetanse- og kunnskapsoppbygging innanfor sektorområda til Justis- og beredskapsdepartementet. Posten blir endra frå post 50 til 73 frå og med 2025.

Tildelinga i 2023 over kap. 400, post 50 var på 61,4 mill. kroner.

Det har vore satsa på forskning innanfor området samfunnstryggleik over fleire år, og forskinga som er finansiert gjennom Noregs forskingsråd, held no høg kvalitet. Prosjekta gir kunnskap, teknologi og kompetanse som bl.a. gjer det mogleg å identifisere, forstå og handtere risiko og sårbarheit og å gi forskingsbaserte råd til myndigheiter og beredskapsaktørar innanfor det tverrsektorielle samfunnstryggleiksarbeidet. Det er bl.a. prosjekt som tek for seg desinformasjon, cybertryggleik, digital sårbarheit, maritim tryggleik, sikker drikkevassforsyning, nødvendig infrastruktur og krisehandtering. Forskinga bidrar òg til tverrfagleg og anvend kunnskap som er med på å

auke tryggleiken i nødvendige infrastrukturar, redusere sårbarheiter i samfunnet og utvikle ny tryggingsteknologi.

Forskning finansiert gjennom Noregs forskingsråd inkluderer òg forskning på høgreekstrem ideologi og valdsutøving. Frå 2022 har Justis- og beredskapsdepartementet dessutan løyvd 11 mill. kroner til ei styrking av forskning på vald, overgrep og hatkriminalitet. Midlane har vore tildelt tre prosjekt som femnar problemstillingar som er viktige for både politikktutvikling og praksisfeltet, særleg der politiet har eit felles ansvar saman med kriminalomsorga, spesialhelsetenestene og hjelpeinstansar.

Saman med Nasjonalt tryggingorgan fekk Forskingsrådet i 2024 etablert Nasjonalt koordineringssenter for forskning og innovasjon innan cybertryggleik (NCC-NO). Senteret inngår i eit nettverk av nasjonale senter under Det europeiske kompetansesenteret for cybertryggleik (ECCC), som administrerer cybertryggleiksrelaterte midlar i EU-programma Horisont Europa og DIGITAL. NCC-NO jobbar bl.a. med å utløyse potensialet for auka deltaking frå norske aktørar i europeiske utlysingar.

Justis- og beredskapsdepartementet har frå 2022 også tildelt Noregs forskingsråd 5,5 mill. kroner til EØS-rettsvitskapleg forskning. Midlane er ein del av ei felles satsing med Arbeids- og inkluderingsdepartementet og finansierer eitt senter ved Universitetet i Oslo og eitt ved Universitetet i Bergen. Forskinga ved sentera blir kopla til utdanninga av juristar og er dermed ei styrking av dei rettsvitskaplege miljøa.

Forskinga på migrasjonsområdet er i all hovudsak tverrfagleg innanfor samfunnsvitskapane, med sosiologi og økonomi som sentrale fagfelt. Justis- og beredskapsdepartementet vektlegg at løyvinga frå departementet skal bidra til utvikling av kunnskapsgrunnlaget for innvandringspolitikken, med vekt på asyl- og flyktningssystemet.

Som ei oppfølging av *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjonar* (2024–2028) blir det foreslått ei styrking av Noregs forskingsråd gjennom ei overføring av 10 mill. kroner frå kap. 400, post 23 til kap. 400, post 73 frå 2025. Midlane har tidlegare finansiert eit forskingsprogram om vald i nære relasjonar, i regi av NKVTS og NOVA. Midlane skal sjåast i samanheng med tildelinga til Noregs forskingsråd til forskning på vald, overgrep og hatkriminalitet.

Den samla tildelinga til Noregs forskingsråd i 2024 var 69,092 mill. kroner.

Løyvinga på kap. 400 post 73 i 2025 skal dekke forventa utbetalingar av tilsegner som Forskings-

rådet allereie har inngått tidlegare år, og av nye tilsegner som kjem til utbetaling i budsjettåret. Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 81,7 mill. kroner i 2025.

Posten må budsjetterast med ei tilsegnsmakt fordi Forskingsrådet finansierer fleirårige forskingsprosjekt og treng fullmakt frå Stortinget

til å kunne forplikte staten utover gjeldande budsjettår. Tilsegnsmakta skal vise dei uteståande forplikningane staten har på posten, det vil seie den delen av gitte tilsegner som enno ikkje er utbetalt, ved utgangen av budsjettåret. Departementet foreslår ei tilsegnsmakt på 217,8 mill. kroner knytt til posten, jf. forslag til vedtak.

Kap. 3400 Justis- og beredskapsdepartementet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Diverse inntekter	5 899	6 341	6 582
02	Refusjon av ODA-godkjente utgifter	1 079	1 127	
	Sum kap. 3400	6 978	7 468	6 582

Post 01 Diverse inntekter

Post 01 blir brukt til å føre inntekter frå kantina som departementet driv i Nydalen, refusjonar gjennom rolla departementet har som programpartner i EØS-midlane, og ymse inntekter. Desse inntektene varierer årleg. Refusjonar frå Utanriksdepartementet for den ODA-godkjende delen på

3 pst. av bidraget til World Intellectual Property utgjer om lag 100 000 kroner av inntektene.

Regjeringa foreslår at meirinntektene på kap. 3400, post 01 kan brukast til å overskride løyvinga på kap. 400, post 01 tilsvarande, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,6 mill. kroner.

Programkategori 06.20 Rettsvesen

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	3 742 124	3 855 749	4 075 065	5,7
	Sum kategori 06.20	3 742 124	3 855 749	4 075 065	5,7

Utgifter under programkategori 06.20 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
61	Høyesterett	136 646	137 706	140 344	1,9
410	Domstolene	3 156 357	3 231 263	3 423 526	6,0
411	Domstoladministrasjonen	86 210	89 894	91 842	2,2
414	Forliksråd og andre domsutgifter	362 911	396 886	419 353	5,7
	Sum kategori 06.20	3 742 124	3 855 749	4 075 065	5,7

Innleiing

Målet for programkategori 06.20 *Rettsvesen* er rettstryggleik.

Programkategori 06.20 omfattar Høyesterett, lagmannsrettane, tingrettane, jordskifterettane, forliksråda, Finnmarkskommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark og Domstoladministrasjonen.

Domstolane er den tredje statsmakta. Rettsstaten føreset tilgang til uavhengige og upartiske domstolar for tvisteløysing og straffesaksbehandling, og stiller òg krav om at rettargangen skal vere rettvis. Openheit og integritet er grunnleggjande for arbeidet.

Dei alminnelege domstolane har ansvar for å vareta rettstryggleiken ved å avseie dommar og treffe avgjerder innan rimeleg tid og med høg kvalitet. Dette stiller krav til effektivitet og god saksflyt i domstolane. Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for både straffesaker, sivile saker

(tvistesaker) og jordskiftesaker blir vedtekne årleg gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S. I tillegg er det enkelte lovbestemte fristar.

Stortinget endra Grunnlova 21. mai 2024 for å styrke det konstitusjonelle vernet av domstolar og dommarar og sjølvstendet deira.

Forliksråda er det lågaste leddet i rettssystemet for sivile saker. Jordskifterettane er særdomstolar. Kompetansen til jordskifterettane er i all hovudsak regulert av jordskiftelova.

Straffesaksområdet

Domstolane er det andre leddet i straffesakskjeda og tek imot saker frå påtalemakta. I straffesaker avgjer dei alminnelege domstolane om det er grunnlag for skuldninga til påtalemakta om brot på straffelovgivinga, og dei tek stilling til om det skal dømmast straff. Domstolane har ei sentral rolle for å få til ei meir effektiv straffesakskjeda. Det er òg viktig for rettstryggleiken til den enkelte.

Sivile saker

Dei alminnelege domstolane behandlar òg sivile saker, som bl.a. tvistesaker, gjeldsordningssaker, konkurssaker, skiftesaker m.m. Forlikråda er eit rimeleg tvisteløysingsorgan som meklar mellom partar i sivile saker og kan avseie dom i enkelte saker. Ein stor del av sakene blir endeleg avgjorde i forlikrådet. Avgjerder frå forlikråda kan bringast inn for tingretten.

Jordskifterettane er særdomstolar som behandlar spørsmål om fast eigedom. Sakene gjeld krav om fastsetjing av og endring i eigedomsforhold og rettar som gjeld fast eigedom, fastsetjing av grenser og skjønn.

Finnmarkskommisjonen skal greie ut bruks- og eigarrettar til den grunnen som Finnmarks-eigedommen overtok då Finnmarkslova tok til å gjelde 1. juli 2006. Utmarksdomstolen for Finnmark er ein særdomstol som behandlar tvistar som kan oppstå etter at Finnmarkskommisjonen har greidd ut rettsforholda i eit område.

Prioriteringar i 2025

Regjeringa la i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2024 fram forslag om eit varig løft for rettstryggleiken, bl.a. for å sikre nærleik til domstolane og god rettstryggleik i heile Noreg, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024). Det blir foreslått å føre vidare tiltaka i 2025.

Det blir foreslått å auke løyvinga til Høgsterett med 2,2 mill. kroner for å styrke det administrative og juridiske støtteapparatet i Høgsterett.

Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 50,0 mill. kroner for å sikre stabil og sikker drift av IT-systema i domstolane.

Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 6,5 mill. kroner for å leggje til rette for lyd- og bilettopptak på alle rettsstader.

Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 19,5 mill. kroner for å oppgradere domstollokale.

Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 10,8 mill. kroner for å sikre minimum to embetsdommarar på kvar rettsstad.

Det blir òg foreslått å auke løyvinga til domstolane med 50,3 mill. kroner til oppretting av fem nye tingrettar.

Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 11,1 mill. kroner til etablering av eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,0 mill. kroner som følgje av at midlane til nytt nettverk i

Høgsteretts hus vart gitt for eitt år, mot tilsvarende reduksjon på kap. 61, post 01.

I perioden 2022–2024 er det samla løyvd 111,7 mill. kroner til digitaliseringsprosjektet Elektronisk samhandling i straffesakskjeda (ESAS). For 2025 blir det foreslått å løyve 14,2 mill. kroner til å vidareføre prosjektet.

Fleire av tinghusa er gamle og har behov for rehabilitering eller utskifting. Arbeidet med rehabilitering av Bergen tinghus førast vidare i 2025. Sjø òg omtale under kap. 410 og i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Retningslinjer for Domstoladministrasjonen

Domstoladministrasjonen er den sentrale administrasjonen av domstolane og utfører ei rekkje felles administrative oppgåver for dei alminnelege domstolane, jordskifterettane, Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark. Domstoladministrasjonen er ansvarleg for tildelinga av budsjettet til domstolane (med unntak av Høgsterett), utvikling og drift av felles saksbehandlingsystem og andre IT-funksjonar.

Domstoladministrasjonen har ansvar for utvikling av system for analyse og vurdering av måloppnåinga til domstolane. Den overordna arbeidsgivarfunksjonen ligg òg hos Domstoladministrasjonen.

Stortinget fastset rammer og mål for budsjett og lover for verksemda i domstolane. Nedanfor følgjer Justis- og beredskapsdepartementet sine forslag til generelle retningslinjer for verksemda til Domstoladministrasjonen for 2025.

- Domstoladministrasjonen skal
- leggje til rette for brukarorientering og utvikling i domstolane som gir reell tilgang til domstolane og riktige avgjerder til rett tid
 - sørge for effektiv ressursutnytting gjennom felles praksis og større satsing på aktiv saksstyring og utnytte moglegheitene til effektiv saksavvikling som allereie ligg i lovverket
 - leggje til rette for systematisk kvalitetsutvikling
 - leggje til rette for at domstolane kan oppfylle måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid
 - sørge for sikre og stabile IT-løysingar i ein digital rettsprosess, der personopplysningar og annan informasjon blir behandla på ein trygg måte
 - sikre systematisk og målretta rekruttering og kompetanseutvikling for leiarar og medarbei-

darar i domstolane og Domstoladministrasjonen

- sikre at oppgåveløysinga i domstolane skjer i forsvarleg trygge rammer
- sikre eit godt avgjerdsgrunnlag for regjeringa og Stortinget

Styret i Domstoladministrasjonen og justis- og beredskapsministeren har årlege møte. Justis- og beredskapsdepartementet har fleire møte i året med Domstoladministrasjonen på administrativt nivå. Formålet med desse møta er bl.a. å få ei felles forståing av noverande og kommande økonomiske behov i domstolane. I møta blir det òg gjort greie for framdrifta til større investeringsprosjekt. Departementet får òg informasjon om saksavviklinga og saksbehandlingstidene i domstolane. Domstoladministrasjonen står fritt til å ta opp andre tema i møta med departementet.

I arbeidet med statsbudsjettet får departementet skriftlege innspel frå Domstoladministrasjonen med forslag til nye satsingar i domstolane. Innspela og vurderingane frå Domstoladministrasjonen er viktige for arbeidet til departementet med dei årlege budsjetta.

Regelutvikling

Stortinget endra Grunnlova 21. mai 2024 for å styrke det konstitusjonelle vernet av domstolar og dommarar og sjølvstendet deira.

Regjeringa ønskjer gode reglar som bidrar til at saker blir avvikla effektivt og med høg kvalitet i heile landet. Dei siste åra har det blitt gjort mange lovendingar for å bidra til raskare og meir konsentrert behandling av saker i domstolane. Det krevst ei kulturendring både i domstolane og hos aktørane for å få den fulle effekten av lovendingane. (Regelutviklinga er òg omtalt under del 1.)

Justis- og beredskapsdepartementet har lagt fram forslag til endringar i tvistelova og straffeprosesslova, jf. Prop. 110 L (2023–2024). Forslaga går ut på å syte for at ei sperra adresse ikkje blir avslørt som følge av plikta etter tvistelova til å oppgi namn og andre personalia ved innleinga til parts- og vitneavhøyr i sivile saker, og å innføre eit unntak frå fristen på ti år for å krevje gjenopning for sivile krav som er fremma i samband med ei straffesak.

Regjeringa la 16. juni 2022 fram Prop. 34 L (2022–2023) *Endringer i tvisteloven mv. (rettsmekling, ankenektelse mv.)*. Stortinget slutta seg til endringsforslaga, jf. Innst. 273 L (2022–2023). Lovendingane tredde i kraft i to ledd, 1. juli 2023 og 1. januar 2024. Det overordna formålet med forslaga er å oppnå ei meir effektiv rettspleie, ei meir aktiv saksstyring og ein større grad av proporsjonalitet i prosessen, og slik bidra til lågare kostnader for partane og samfunnet og at tilgangen til domstolane blir vareteken.

Kap. 61 Høyesterett

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2025
		2023	Saldert budsjett 2024	
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01</i>	136 646	137 706	140 344
	Sum kap. 61	136 646	137 706	140 344

Hovudoppgåva til Høgsterett er å arbeide for rettsavklaring og rettsutvikling. Høgsterett behandlar ankar over avgjerder som er tekne av lågare domstolar, både i sivile saker og i straffesaker, men tek ikkje stilling til skuldspørsmålet i straffesaker. I 2023 tok Høgsterett til saman imot om lag 2 078 ankesaker. I 2023 vart 9,3 pst. av ankane over dom i sivile saker og 8,4 pst. av ankane over dom i straffesaker fremma til behandling. Høgsterett behandla 51 sivile saker og 32 straffesaker etter munnleg behandling i avdeling.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01

Løyvinga dekkjer faste og variable lønnskostnader og andre driftsutgifter som følgjer av verksemda til Høgsterett. Det var 20 dommarar og om lag 50 andre tilsette ved Høgsterett per 31. desember 2023.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner til styrking av det administrative og juridiske støtteapparatet i Høgsterett.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,0 mill. kroner som følgje av at midlane til nytt nettverk i Høgsteretts hus vart gitt for eitt år, mot tilsvarande auke av kap. 410, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2024 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 61, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3061, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på 140,3 mill. kroner på posten.

Kap. 410 Domstolene

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01</i>	3 058 562	3 120 539	3 311 586
21	Spesielle driftsutgifter	95 817	107 544	109 438
22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, <i>kan overførast</i>	1 978	3 180	2 502
	Sum kap. 410	3 156 357	3 231 263	3 423 526

Domstolane er uavhengige. Korkje Stortinget, regjeringa eller andre myndigheiter kan instruere eller påverke domstolane i den dømmende verksemda. Kompetansen til domstolane omfattar bl.a. å utøve kontroll med den lovgivande og den utøvande makta. Domstolane skal sikre at individ får rettane sine etter Grunnlova, lover og internasjonale konvensjonar som staten er bunden av. Domstolane skal avgjere dei sakene dei får til behandling, forsvarleg og til rett tid.

Mål for saksbehandlingstid

Måla for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane, dvs. i tingrettane og lagmannsrettane, gjeld for både straffesaker og sivile saker (tvistesaker) og blir vedtekne årleg gjennom Stortinget si behandling av Prop. 1 S. Måla gjeld for domstolane samla og for kvar enkelt domstol. Domstolane må dessutan oppfylle enkelte lovbestemte fristar.

Boks 2.1 viser kva sakstypar Stortinget har sett mål for saksbehandlingstida for.

Riksrevisjonen har undersøkt saksbehandlingstid og effektivitet i tingrettane og lagmannsrettane, jf. Dokument 3:3 (2019–2020). Riksrevisjonen peika på fleire kritikkverdige forhold, bl.a. at det er svært alvorleg at ikkje fleire domstolar når måla Stortinget har sett for saksbehandlingstid i straffesaker. Departementet og Domstoladministrasjonen har iverksett ei rekkje tiltak for å auke effektiviteten og betre måloppnåinga. Riks-

revisjonen peikar i oppfølginga si på at saksbehandlingstida er redusert i mange sakstypar, men at det framleis er tingrettar og lagmannsrettar som ikkje oppfyller Stortingets krav til saksbehandlingstid, jf. Dokument 3:1 (2023–2024). Riksrevisjonen konkluderer med at dei vil følgje saka vidare.

Straffesaker i tingrettane og lagmannsrettane

Tingrettane behandla 55 800 einedommarsaker i 2023. Dei fleste sakene er avgjerder som er tekne under etterforskinga, medan ein mindre del er varetektsfengslingar, førarkortbeslag og tilståingssaker. Alle tingrettane nådde måla til Stortinget for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for einedommarsaker i 2023. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida var 0,3 md.

I 2023 kom det inn om lag 14 500 meddommarsaker til tingrettane. Tingrettane behandla om lag 13 900 saker. Ved utgangen av 2023 var det registrert om lag 3 600 restansar, ein auke på 18 pst. frå året før. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida på nasjonalt nivå var på 2,7 md. i 2023, på nivå med året før. Til samanlikning var saksbehandlingstida 3,2 md. i 2020 og 2,8 md. i 2021. Av totalt 23 tingrettar hadde 6 domstolar ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på meir enn 3 md. i 2023, mot 7 domstolar i 2022.

Straffesaker som kjem til lagmannsrettane, blir først vurderte i ankeutvala. Kvar lagmannsrett har eit eige ankeutval. Ikkje alle ankar blir viste til

Boks 2.1 Sakstypar der Stortinget har sett mål for domstolane

Tingrettane

Sivile saker:

- Tvistesaker: rettsleg (sivil) tvist som normalt blir behandla etter reglane i tvistelova

Straffesaker:

- Meddomsrettssaker: ordinære straffesaker der både skuld og straff skal avgjerast. Retten blir sett med éin fagdommar og to meddommarar.
- Einedommarsaker: straffesaker der avgjerdene (inkludert avgjerder som er tekne under etterforskinga) blir tekne av éin dommar

Lagmannsrettane

Sivile saker:

- Anke over dom i tvistesak: ein sivil dom som blir anka

Straffesaker:

- Meddomsrettssaker – bevisanke: straffesaker ved anke over skuldspørsmålet. Retten

blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.

- Meddomsrettssaker – avgrensa anke: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på over seks år. Retten blir sett med to fagdommarar og fem meddommarar.
- Fagdommarsaker: straffesaker ved anke over straffutmålinga i saker med strafferamme på inntil seks år pluss straffesaker ved anke over lovbruk eller saksbehandling (uansett strafferamme). Retten blir sett med tre fagdommarar.

Jordskifterettane

Rettsfastsetjande saker:

- Klarlegging av omtvista eigedoms- og bruksrettsforhold: grensefastsetjing og rettsutgreiing

Rettsendrande saker:

- Omforming av eigedoms- og bruksrettsforhold til meir tenlege eigedommar

ordinær ankebehandling. Viss anken ikkje blir vist til ordinær ankebehandling, vil tingrettsavgjerda vere den endelege avgjerda i saka.

I 2023 fekk lagmannsrettane inn nær 2 600 straffeankar til ankeprøving. Delen saker som vart viste til behandling, var på 38 pst. Tilsvarande

del i 2022 var 40 pst. I 2023 behandla lagmannsrettane om lag like mange saker som det kom inn. Dette gjeld for alle fire straffesakstypene, og restansane av saker til behandling var dermed nesten uendra gjennom 2023.

Tabell 2.2 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i dei alminnelege domstolane

Sakstype	Mål i månader	
	Tingrettane	Lagmannsrettane
sivile saker (tvistesaker)	6	6
straffesaker (meddomsrettssaker)	3	3
straffesaker (einedommarsaker)	1	–

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for straffesaker som vart realitetsbehandla i lagmannsrettane i 2023, gjekk ned for alle sakstypar. Ingen av lagmannsrettane nådde målet til Stortinget om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid for straffesaker på 3 md. eller mindre i 2023. Dette gjeld for alle straffesakstypane.

Måla til Stortinget for saksbehandlingstid har ikkje vore endra sidan 1990. Sidan målet først vart fastsett, har lagmannsrettane aldri hatt ein gjen-

nomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker på mindre enn tre md. Lagmannsrettane har derfor aldri overhalde Stortingets mål om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på mindre enn tre md. Domstoladministrasjonen ønskjer at målet for gjennomsnittleg saksbehandlingstid for lagmannsrettane blir auka frå 3 til 5 md. Domstoladministrasjonens forslag er til vurdering i departementet.

Tabell 2.3 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i straffesaker, meddomsrettssaker (i månader)

		2019	2020	2021	2022	2023
Tingrettar	Strafferamme 6 år eller meir	4,1	4,4	4,1	4,1	4,1
	Strafferamme under 6 år	2,9	3,1	2,7	2,6	2,6
Lagmannsrettar	Fagdommarsaker	4,8	5,3	4,5	4,4	4,2
	Avgrensa ankar	4,7	5,4	5,9	4,6	4,1
	Bevisankar, strafferamme under 6 år	7,1	7,7	6,4	5,8	5,5
	Bevisankar, strafferamme 6 år eller meir	6,5	7,6	7,3	6,2	5,8

Kjelde: Lovisa

I tillegg til at Stortinget har fastsett mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid, har straffeprosesslova § 275 fristar for saksbehandlinga i straffesaker. I saker der den sikta var under 18 år på handlingstidspunktet eller er varetektsfengsla når det blir fastsett tid og stad for behandling av saka, gjeld særskild frist for når hovudforhandlinga skal starte opp. Fristane er ikkje absolutte. I mange tilfelle kan det vere relevante årsaker til at fristane blir overskridne. I tingrettane vart tidspunktet for hovudforhandlinga fastsett etter fristen i 13 pst. av meddomsrettssakene i 2023. Tingrettane sette i gang hovudforhandlinga etter fristen i 40 pst. av sakene der den sikta var i varetekt i 2023. I saker der den sikta var under 18 år, vart hovudforhandlinga sett i gang etter fristen i 40 pst. av sakene. I lagmannsrettane vart tidspunktet for ankeforhandlinga fastsett etter fristen i 32 pst. av straffeankane. I saker der den sikta var i varetekt, vart ankeforhandlinga sett i gang etter fristen i 68 pst. av sakene i 2023. I saker der den sikta var under 18 år, vart ankeforhandlinga sett i gang etter fristen i 58 pst. av sakene.

Tvistesaker i tingrettane og lagmannsrettane

I 2023 kom det inn rundt 12 500 tvistesaker til tingrettane, nokre fleire saker enn året før. Talet på avslutta saker var omtrent på nivå med talet på saker som kom inn. Ved utgangen av 2023 var det nesten 6 300 tvistesaker i restanse i tingrettane. Det er ein auke på omtrent 4 pst. i forhold til 2022. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for tvistesaker var samla sett på 5,3 md. Seks tingrettar nådde ikkje målet til Stortinget om ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på under 6 md. I 2023 kom det inn om lag 1 700 sivile ankar over dom til lagmannsrettane. Lagmannsrettane behandla om lag like mange saker. Talet på restansar var omtrent uendra frå 2022 til 2023. Ved utgangen av 2023 var det omtrent 660 restansar. Samla for alle lagmannsrettane var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i 2023 på 4,6 md. Alle lagmannsrettane nådde måla til Stortinget for saksbehandlingstid i sivile ankesaker.

Tabell 2.4 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i tvistesaker (i månader)

		2019	2020	2021	2022	2023
Tingrettar	Alle tvistesaker	5,5	5,6	5,6	5,6	5,3
	Alminnelege tvistesaker	6,0	6,2	6,0	5,7	5,6
	Arbeidsrett	4,5	4,5	4,5	4,7	4,1
	Overprøving ved tvangsvedtak	3,9	4,2	3,9	3,5	3,5
	Saker etter barnelova	8,3	8,5	8,7	8,9	8,1
Lagmannsrettar	Alle anker over dom i sivil sak	7,1	6,8	6,8	5,6	4,6
	Anke over dom	8,2	7,8	7,8	6,4	5,3
	Ankesaker småkrav	3,2	3,0	2,7	2,3	2,2
	Saker etter barnevernlova	2,3	4,1	3,7	3,0	2,3

Kjelde: Lovisa

Som tabellen ovanfor viser, er det relativt store og vedvarande skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom ulike typar tvistesaker. Saksbehandlingstida i tingrettane for barnelovsaker er særleg lang. Det er fordi partane kan inngå ein mellombels avtale om samvær med barnet eller barna. Saksbehandlingstida i barnelovsaker er derfor ikkje nødvendigvis eit godt mål på kor lang tid domstolane bruker på å behandle saka. Viss ein ser bort frå saker etter barnelova, var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i tvistesaker i tingrettane i 2023 om lag 4,5 md.

Både talet på rettsmeklingsmøte og talet på saker som er forlikte som resultat av rettsmekling, har auka dei siste sju åra. I tingrettane vart

det halde rettsmeklingsmøte i 1 945 tvistesaker i 2023. Av dei mekla sakene enda 1 501 med forlik etter rettsmekling. I lagmannsrettane vart 197 saker rettsmekla. Det vart inngått rettsforlik etter rettsmekling i 140 av dei mekla sakene.

Saksavvikling og saksbehandlingstid i jordskifterettane

I 2023 fekk jordskifterettane inn om lag 1 160 saker, om lag like mange som året før. Jordskifterettane avslutta om lag 1 300 saker. Det er ein nedgang på 7 pst. samanlikna med året før. Talet på restansar vart redusert med 9 pst. frå 2022 til 2023.

Tabell 2.5 Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane (i månader)

		2021	2022	2023
Rettsfastsetjande saker	Domstol med kortast saksbehandlingstid	7,0	7,8	7,0
	Domstol med lengst saksbehandlingstid	30,3	35,8	37,8
	Gjennomsnitt alle domstolar	15,2	15,4	15,5
Rettsendrande saker	Domstol med kortast saksbehandlingstid	9,0	10,0	13,9
	Domstol med lengst saksbehandlingstid	46,7	48,0	60,4
	Gjennomsnitt alle domstolar	18,4	18,9	21,5

Kjelde: Lovisa

Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avslutta saker var samla sett 17,3 md. i 2023. For rettsfastsetjande saker var saksbehandlingstida 15,5 md., medan ho var 21,5 md. for rettsendrande

saker. Det er store skilnader i gjennomsnittleg saksbehandlingstid mellom dei enkelte jordskifterettane. Den lange saksbehandlingstida kan gjere jordskifterettane mindre relevante og attraktive

som problemløysarar. Stortinget har fastsett eit mål om gjennomsnittleg saksbehandlingstid på 9 md. for rettsfastsetjande saker og 15 md. for rettsendrande saker frå og med 2024.

Tabell 2.6 Mål for gjennomsnittleg saksbehandlingstid i jordskifterettane

Sakstype	Mål i månader Jordskifterettane
Rettsfastsetjande saker	9
Rettsendrande saker	15

Digitalisering av domstolane

Domstolane står overfor nye, hyppigare og meir alvorlege tryggleiksutfordringar knytte til risiko for nedetid i kjernesystema til domstolane, tryggleiksavvik og personavvik. For å leggje til rette for forsvarleg drift er det nødvendig å sørge for vidare digitalisering og modernisering av teknologi og infrastruktur i domstolane. Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 50 mill. kroner i 2025 for å sikre stabil og sikker drift av IT-systema i domstolane, jf. vedtak fatta ved behandlinga av revidert nasjonalbudsjett 2024, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Fleire digitaliseringsprosjekt er sette i gang i domstolane; Digitale domstolar II, utprøvningsprosjektet Opptak i retten (lyd- og bilettopptak i retten), Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda (ESAS) og Oppgjer etter dødsfall. Prosjektet Digitale domstolar vart sett i gong i 2017 og strekte seg til 2022. Prosjektet har gjort det mogleg å halde papirlause rettsmøte og lagt til rette for digital samhandling mellom domstolane og advokatar. Totalt er det no mogleg å nytte videokonferanse i ca. 85 pst. av alle rettssalane, og ca. 40 pst. av alle rettssalane er rekna som heildigitale. Alle domstolane har no gode moglegheiter for å gjennomføre videomøte mellom rettsstaden.

Domstolane og advokatar kan utveksle dokument og saksinformatjon digitalt gjennom Aktørportalen. Løysinga er no opna for fleire sakstypar, og salærbehandling for både tviste- og straffesaker blir òg gjort i portalen. Meddommarar i tingrettane og lagmannsrettane kan òg bruke portalen gjennom ei særleg tilpassa løysing. Det same gjeld for sjølvprosederande partar i saker for jordskifterettane. Sjølvprosederande partar i jordskifterettane kan no både sjå og sende inn informasjon og dokument i saka. Jordskifteretten nyttar

portalen til forkynning overfor partar og sjølvprosederande partar. Domstolane, Domstolkommisjonen og Riksrevisjonen har peika på behovet for ei betre støtte til å fastsetje tid og stad for behandling av saker i domstolane, og det er utvikla ein heilt ny funksjonalitet for dette i LOVISA, saksbehandlingsplattforma til domstolane. Alle domstolane har no moglegheit til å nytte løysinga.

Digitale domstolar II er ei utviding av det opphavlege prosjektet, som omfattar alle domstolar og rettsstader, inklusiv jordskifterettane. Prosjektet strekkjer seg over fire år (2021–2024). I denne perioden er det investert i meir teknisk utstyr og produktutvikling. Ein sentral del av prosjektet er å betre den digitale grunnsikringa i samhøve med den nasjonale strategien for digital tryggleik. Det er særleg viktig å ta omsyn til informasjonstryggleik og personvern i arbeidet med å digitalisere domstolane. Domstoladministrasjonen arbeider vidare med digitalisering for å utvikle nye framtidsretta tenester og nødvendig moderniseringsarbeid.

Prosjektet *Elektronisk samhandling mellom aktørane i straffesakskjeda* (ESAS) er eit av satsingsområda for å effektivisere straffesakskjeda, ved å vidareutvikle automatisering og digitalisering av den elektroniske informasjonsutvekslinga mellom aktørane i straffesakskjeda. Prosjektet blir gjennomført over fleire år (2022–2025) i tett samarbeid mellom Domstoladministrasjonen, Kriminalomsorgsdirektoratet, Politidirektoratet og Den høgare påtalemakta. Fleire verksemder skal òg bli kopla på ei felles teknisk plattform som er utvikla, Justishub. Som følge av høgare kostnader og noko seinare leveransar enn planlagt, er omfanget av prosjektet redusert. Tiltaket vil bidra til ei sikrere og meir effektiv straffesakskjeda og auka rettstryggleik.

Domstoladministrasjonen hadde frå 2016 eit prøveprosjekt med lyd- og bilettopptak av rettsforhandlingar i utvalde domstolar. Departementet fekk ein sluttrapport frå prosjektet i 2023. Prosjektet har gitt verdifull erfaring om korleis det tekniske utstyret fungerer i praksis, og kva regelverksendringar som må bli gjennomførte for at gevinstane ved å gjere opptak av rettsforhandlingar skal bli så store som mogleg.

I 2024 har Domstoladministrasjonen sett i gang eit nytt prosjekt, som byggjer vidare på tidlegare utprøving av opptak frå rettsmøte. Målet med prosjektet er å finne fram til den best eigna tekniske løysinga for opptak, i tillegg til å vurdere strøyming, lagring, deling og gjenbruk av opptaka. Arbeidsgruppa vil i løpet av 2024 også vurdere behovet for å ev. fremme forslag til regel-

verksendingar. Innan utgangen av 2025 skal den tekniske løysinga gradvis rullast ut i domstolane. Løyvinga til domstolane vart i 2024 auka med 15 mill. kroner for å leggje til rette for lyd- og biletopptak i domstolane. Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med ytterlegare 6,5 mill. kroner i 2025 for å leggje til rette for lyd- og biletopptak i éin rettsal på dei rettsstadene som manglar tilstrekkeleg utstyr for å vere klargjorde for opptak. Løyvinga skal leggje til rette for at ein frå hausten 2025 kan starte utrullinga av opptaksløysinga ved alle rettsstader. Tiltaket vil bidra til å auke rettstryggleiken ved at det blir enklare å ettergå forklaringar som er gitt i tingretten.

Prosjektet *Oppgjer etter dødsfall* er eitt av fleire tiltak i livshendinga *Dødsfall og arv*, som er ei av sju livshendingar i digitaliseringsstrategien for offentleg sektor 2019–2025. Prosjektet er eit tverrsektorielt prosjekt som er forankra i Digitaliseringsdirektoratet, og som skal resultere i samanhengande tenester for brukarane. For domstolane betyr arbeidet at store delar av skifteprosessen på sikt blir digitalisert. Det har over tid gått for seg eit omfattande utviklings- og regelverksarbeid. Ein første versjon av Altinn dødsbu vil bli lansert vinteren 2024. Samstundes med utviklinga av Altinn dødsbu og integrasjonen med LOVISA-plattformen blir saksbehandlingsløysinga til domstolane utvikla og modernisert for å nytte og forbetre dei interne prosessane som følgje av den nye løysinga. Altinn dødsbu og domstolanes eigen systemstøtte vil vidareutviklast i 2025 for å auke bruken og verdien av løysinga.

Domstollokale

Domstoladministrasjonen forvaltar om lag 100 leigeobjekt med i overkant av 400 rettssalar. Fleire domstolar har lokale som ikkje er formålstenlege. Dette påverkar både brukarar og tilsette, og med det saksavviklinga i domstolane. Regjeringa meiner at det er viktig å ha tilgjengelege og funksjonelle rettslokale der folk bur. I dei neste åra er det behov for å inngå fleire nye avtalar for at rettslokala framleis skal kunne vere der dei er i dag. I 2023 og 2024 flytta domstolane inn i nye lokale i Egersund, Drammen, Bodø, Halden, Mysen, Volda, Brønnøysund og Finnsnes. Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 19,5 mill. kroner for å oppgradere domstollokale på rettsstadene Sortland, Sandnessjøen, Vågåmo, Leirvik, Kviteseid, Fredrikstad, Lillestrøm og Hardanger, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Rehabilitering av Bergen tinghus

Stortinget vedtok startløyving i 2024 på totalt 137,3 mill. kroner til rehabilitering av Bergen tinghus, derav 100 mill. kroner under kap. 2445 Statsbygg og 37,3 mill. kroner under kap. 410, post 01. Det er inngått avtale om leige av tilleggslokale i nabobygget og om leige av mellombelse lokale, som tingretten flytta inn i våren 2024. Tinghuset skal etter planen vere klart til innflytting i 2027. Det blir samla foreslått å løyve 30,5 mill. kroner til brukarutstyr og mellombelse lokale i 2025 under kap. 410, post 01.

Stortinget vedtok i 2024 ei kostnadsramme for rehabilitering av tinghuset på 1 180 mill. kroner (2024-kroner). Ved ein inkurie var ikkje kunstnarisk utsmykking inkludert i kostnadsramma. Det blir derfor foreslått å auke kostnadsramma med 11,1 mill. kroner, slik at ny kostnadsramme blir 1 271,5 mill. kroner (pr. 1.7.2025-kroner), jf. forslag til vedtak. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Nytt tinghus i Tønsberg

Vestfold tingrett vart oppretta 1. januar 2019, gjennom samanslåing av tingrettane Larvik, Nordre Vestfold (Horten), Sandefjord og Tønsberg. Vestfold tingrett vil bli samlokalisert i nytt tinghus i Tønsberg saman med Vestfold jordskifterett og Agder lagmannsrett. Det er sett i gang eit brukarfinansiert statleg byggjeprojekt med planlagt innflytting i 2025.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01

Løyvinga dekkjer alle ordinære driftsutgifter i domstolane (ikkje forlikråda), medrekna faste og variable lønnsutgifter og lønnsutgifter til tilkalla og ekstraordinære dommarar i tingrettane, jordskifterettane og lagmannsrettane. Løyvinga dekkjer vidare alle ordinære driftsutgifter og investeringar knytte til dei enkelte domstolane og utgifter til Finnmarkskommisjonen og Utmarksdomstolen for Finnmark.

Per 31. desember 2023 utgjorde bemanninga ved tingrettane 512 dømmende årsverk og 637 andre årsverk. Bemanninga ved lagmannsrettane utgjorde 175 dommarårsverk og 118 andre årsverk. Bemanninga ved jordskifterettane utgjorde 94 dommarårsverk og 138 andre årsverk per 31. desember 2023.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 19,5 mill. kroner for å inngå nye leigekontraktar og gjennomføre oppgraderingar for å sørge for tilfredsstillande standard og trygge rettslokale i heile landet, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 10,8 mill. kroner for å sikre minimum to embetsdommarar på kvar rettsstad, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Det blir foreslått å auke løyvinga til domstolane med 50,3 mill. kroner til oppretting av fem nye tingrettar, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,5 mill. kroner til å leggje til rette for lyd- og bilettopptak på alle rettsstadene, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 50,0 mill. kroner for å sikre stabil og sikker drift av IT-systema i domstolane, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Det blir foreslått å redusere løyvinga til digitaliseringsprosjektet Elektronisk samhandling i straffesakskjeda (ESAS) med 30,2 mill. kroner i 2025. 14,2 mill. kroner av løyvinga frå 2024 blir vidareført.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 11,1 mill. kroner til styrking av Oslo tingrett og Borgarting lagmannsrett i samband med etablering av hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år. Forslaget har ein heilårseffekt på 9 mill. kroner frå 2026. Sjø òg omtale under programkategori 06.30.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,0 mill. kroner som følgje av at midlane til nytt nettverk i Høgsteretts hus vart gitt for eitt år, mot tilsvarende reduksjon på kap. 61, post 01.

Det blir i samband med rehabilitering av Bergen tinghus foreslått å redusere løyvinga til brukarutstyr og leige av mellombels lokale med 6,8 mill. kroner i 2025.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 under kap. 410, post 01 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å

skaffe brukarutstyr til rehabiliteringa av Bergen tinghus. Samla forpliktingar og utbetalingar kan ikkje overskride kostnadsramma for brukarutstyr på 201,8 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 3 312 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter som etter rettsgebyrlova er inkluderte i rettsgebyret, jf. kap. 3410, t.d. kunngjeringsutgifter, nødvendige utgifter ved tvangsforretningar, registrering m.m. under offentlig bubehandling og forkynning som er nødvendig etter lova. I enkelte saker blir utgifter til meddommarar, vitne og rettsvitne m.m. dekte. Løyvinga dekker òg arbeidsgivaravgift av godtgjersle til meddommarar og tolkar i sivile saker der partane sjølv dekker godtgjersla.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 109,4 mill. kroner.

Post 22 Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler, kan overføres

Jordskiftedomstolane har heimel til å krevje inn sideutgifter i visse saker. Sideutgiftene skal dekke det tekniske arbeidet i desse sakene. Utgiftene skal først i eigne saksrekneskapar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,5 mill. kroner.

Kap. 3410 Domstolene

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Rettsgebyr	219 353	263 490	217 170
02	Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene	25 072	21 768	22 903
03	Diverse refusjoner	16 024	1 837	1 907
04	Vernesaker jordskiftedomstolene	2 268	3 000	2 502
	Sum kap. 3410	262 717	290 095	244 482

Post 01 Rettsgebyr

Rettsgebyr (R) er eit grunngebyr som dannar utgangspunkt for utrekning av betaling for tenester i offentlig verksemd. Gebyret som blir betalt, er sett saman av grunngebyret R og ein multiplikator.

Det blir foreslått å auke rettsgebyret frå 1 277 kroner til 1 314 kroner med verknad frå 1. januar 2025.

Løyvinga på posten dekker inntekter frå gebyrpliktige oppgåver i domstolane i samband med tvistesaker, skjønn, skifte, konkurs, tvangsforretningar m.m.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 217,2 mill. kroner.

Post 02 Saks- og gebyrinntekter jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten omfattar inntekter ved at partane i saka betaler gebyr.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 22,9 mill. kroner.

Post 03 Diverse refusjoner

Posten dekker refusjonar som blir brutto inntektsførte ved domstolane i første instans og lagmannsrettane, bl.a. refusjonar etter avrekning av energitgifter m.m.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 01, tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1,9 mill. kroner.

Post 04 Vernesaker jordskiftedomstolene

Løyvinga på posten samsvarer med tilsvarende utgifter over kap. 410, post 22.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 410, post 22, mot tilsvarende meirinntekter over kap. 3410, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått fullmakt til postering mot mellomverande med statskassa, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 2,5 mill. kroner.

Kap. 411 Domstoladministrasjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 61, post 01 og kap. 410, post 01</i>	86 210	89 894	91 842
	Sum kap. 411	86 210	89 894	91 842

Domstoladministrasjonen har det administrative ansvaret for dei alminnelege domstolane (ikkje forlikråda), jordskiftedomstolane, Finnmarks-kommisjonen, Utmarksdomstolen for Finnmark, Tilsynsutvalet for dommarar og Innstillingsrådet for dommarar.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under kap. 410, post 01, og kap. 61, post 01

Løyvinga dekkjer alle ordinære driftsutgifter ved Domstoladministrasjonen og til Tilsynsutvalet for

dommarar og Innstillingsrådet for dommarar. Bemanninga utgjorde 165 årsverk per 31. desember 2023.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 411, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3411, post 03, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei løyving på posten på 91,8 mill. kroner.

Kap. 3411 Domstoladministrasjonen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
03	Diverse refusjoner	547	313	325
	Sum kap. 3411	547	313	325

Post 03 Diverse refusjoner

Posten dekkjer refusjonar som blir brutto inntektsførte ved Domstoladministrasjonen, bl.a. kantineinntekter til Domstoladministrasjonen m.m. På posten blir det òg ført inntekter frå oppdrag Domstoladministrasjonen ev. utfører for andre. Det blir

foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga over kap. 411, post 01, tilsvarende meirinntekter over kap. 3411, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 325 000 kroner.

Kap. 414 Forlikråd og andre domsutgifter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	323 890	352 425	372 032
21	Spesielle driftsutgifter	39 021	44 461	47 321
	Sum kap. 414	362 911	396 886	419 353

Forlikråda er det lågaste leddet i rettssystemet for sivile saker og er ein meklingsinstitusjon med avgrensa makt til å fastsetje dom. Hovudoppgåva til forlikrådet er å leggje til rette for at partane ved mekling eller dom får løyst saka enkelt, hurtig og rimeleg. Alle kommunar har forlikråd. Forlikrådet består av tre lekfolk og like mange varamedlemmer, som blir valde blant innbyggjarane i kommunen for fire år om gongen.

Forlikråda tok imot om lag 43 000 saker i 2023 og behandla om lag 45 500 saker. Talet på

mottekne saker var 16 pst. lågare enn i 2022, medan talet på behandla saker gjekk ned med nærmare 22 pst. Årsaka til dette er samansett, bl.a. har digitaliseringa ført til meir kontakt med partane. Forlikråda får fleire tilsvaer, som igjen bidrar til færre fråværsdommar. Møter med partane krev også meir arbeid enn ein fråværsdom. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for behandlinga av forliksklagar var 95 dagar i 2023. Til samanlikning var saksbehandlingstida 122 dagar i 2022.


Det blir foreslått å auke taket på erstatning for tapt arbeidsinntekt for forlikradsmedlemmer frå 775 kroner per dag til 805 kroner per dag.

Stortinget har vedteke å be regjeringa greie ut forlikradsordninga med sikte på å styrke og forbetre ho (oppmodingsvedtak nr. 445, 5. januar 2023). Departementet har sett i gang eit forskings- og utgreiingsoppdrag for å betre kunnskapsgrunnlaget om forlikråda. Politidirektoratet har frist for å levere rapport utarbeidd av Politihøgskolen til departementet i løpet av oktober 2024.

Departementet vil òg sjå nærmare på innretninga på opplæringa av forlikradsmedlemmene. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) fekk i november 2023 i oppdrag å utarbeide eit nytt system for opplæring av forlikradsmedlemmer frå og med 2024, og skal i tillegg vurdere om ein bør tilby digitale e-læringskurs. SRF har prioritert arbeidet med grunnopplæring for nye forlikradsmedlem-

mer, slik at dei kan få tilgang til opplæringsmateriale før dei tiltretr 1. januar 2025. Dei nye forlikråda er for perioden 2025–2028.

Som ein kan sjå av figuren under har det dei seinaste åra vore ein nedgang i talet på mottekne forlikssklagar, noko som antakeleg kjem av åtgangen til å fremme uimotsagde krav direkte for namsmannen. Det var til samanlikning ein auke på 11 pst. i desse sakene. I 2023 er det avslutta ca. 2 500 fleire forlikssaker enn det som har komme inn, slik at restansane vart reduserte i 2023. Dette gjeld i hovudsak for forlikråda i Oslo og Nordland, som handterer flyklagesaker. Desse forlikråda er også dei einaste som ligg over måtalet for saksbehandlingstid på 90 dagar. Dei andre forlikråda ligg under måtalet. Den digitale utviklinga bidrar til at talet på rådsmøte i stor grad blir oppretthalde, som igjen bidrar til færre fråværsdommar. Sjå òg omtale under programkategori 06.40.



Figur 2.1 Saksavvikling i forlikråda 2018–2023

Kjelde: Politidirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og tapt arbeidsforteneste til meddommarar, enkelte sak-kunnege, vitne, rettsvitne m.m. og reiseutgiftene deira. Vidare dekker løyvinga utgifter til tolkar i sivile saker der partane har krav på tolk. Løyvinga på posten dekker òg utgifter til vitne som møter hos eller på annan måte gir forklaring til kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker, og utgifter til nødvendige blodprøver og DNA-testar i arbeidet til kommisjonen.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 372,0 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten dekker utgifter til godtgjersle og køyregodtgjersle til medlemmer av forlikråda og utgifter til nødvendige kompetansehevande tiltak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 47,3 mill. kroner.

Programkategori 06.30 Straffegjennomføring og konfliktråd

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	6 027 574	6 239 017	6 594 754	5,7
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	40 452	82 551	111 952	35,6
50–89	Overføringer til andre	186 908	214 866	243 475	13,3
Sum kategori 06.30		6 254 934	6 536 434	6 950 181	6,3

Utgifter under programkategori 06.30 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
430	Kriminalomsorgen	5 674 742	5 936 924	6 300 399	6,1
431	Kriminalomsorgsdirektoratet	159 196	161 980	176 520	9,0
432	Kriminalomsorgens høyskole og utdanningssenter	238 568	238 391	252 138	5,8
433	Konfliktrådet	182 428	199 139	221 124	11,0
Sum kategori 06.30		6 254 934	6 536 434	6 950 181	6,3

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til kriminalomsorga og konfliktrådet, i tillegg til Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) og Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS. Det er særleg måla om låg kriminalitet, rettstryggleik og tryggleik i samfunnet som er sentrale for verksemdene i programkategorien.

Prioriteringar i 2025

Auke i løyvinga til kriminalomsorga

Kriminalomsorga har hatt ein krevjande økonomisk situasjon dei siste åra. Regjeringa foreslår ein auke i løyvinga til kriminalomsorga på 55 mill. kroner som skal gå til å oppretthalde aktivitetsni-

vået i kriminalomsorga og til utgreiingar av framtidig kapasitetsbehov.

Ei forsvarleg kriminalomsorg krev eigna bygg som støttar opp om formålet med straffa. Regjeringa meiner at det er viktig å erstatte eldre og ueigna fengselsbygg, blant anna for å leggje til rette for innhald for dei innsette og for å redusere isolasjon. Etter at Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt vart mellombels stengd 1. mars 2024, er det behov for å finne erstatningskapasitet for fengselsplassar for kvinner på Austlandet. Deler av løyvinga, totalt 11 mill. kroner, blir foreslått brukt til forprosjektering av nytt kvinnefengsel i 2025. Regjeringa vil òg gå i gang med utgreiingar av nye fengsel i Ålesund- og Mosjøen-området og utgreiing av ei mogleg utviding av Vadsø fengsel.

For å sikre framdrift med nytt Oslo fengsel foreslår regjeringa ytterlegare 42 mill. kroner til forprosjektering av prosjektet. Sjå nærmare informasjon under kap. 430 Kriminalomsorgen, 431 Kriminalomsorgsdirektoratet og 432 Kriminalomsorgens høyskole og utdanningssenter KRUS.

Førebyggje barne-, og ungdomskriminalitet

Det har over tid vore ein auke i registrert kriminalitet blant barn og unge, særleg i gruppa under 15 år. Det er ei lita gruppe som gjer gjenteken og alvorleg kriminalitet, og som står for mykje av auken for aldersgruppa. Dei siste to åra har det òg vore ein markant auke i talet på innsetjingar av mindreårige i fengsel. Regjeringa foreslår totalt 405 mill. kroner til arbeidet mot barne- og ungdomskriminalitet. Tiltaka skal målrettast mot område og miljø i Noreg med kriminalitetsutfordringar over tid, og skal bl.a. bidra til å gjennomføre lovendringar og forbetre ungdomsreaksjo-

nane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, etablere eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år, utvida kapasitet for plassar for mindreårige i kriminalomsorga og gjennomføring av varetekt med elektronisk kontroll. Sjå nærmare omtale under kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet, kap. 410 Domstolene, kap. 430 Kriminalomsorgen, kap. 433 Konfliktrådet, kap. 440 Politiet og kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter. Sjå òg omtale under Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Regjeringa har òg sett ned ei ekspertgruppe som skal finne nye tiltak for barn og unge som gjer gjenteken eller alvorleg kriminalitet. Ekspertgruppa skal bl.a. sjå på moglegheita for å etablere eit nytt bu- og rehabiliteringstilbod, men òg mindre inngripande tiltak skal vurderast. Arbeidet skal ferdigstillast innan 1. mars 2025.

Kap. 430 Kriminalomsorgen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 431, post 01</i>	5 354 786	5 556 637	5 862 464
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 430, post 01</i>	131 288	120 631	125 215
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	40 452	82 551	111 952
60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overførast</i>	106 871	133 720	166 000
70	Tilskudd	41 345	43 385	34 768
	Sum kap. 430	5 674 742	5 936 924	6 300 399

Kriminalomsorga skal sjå til at dei som domstolane dømmer til straff, gjennomfører straffa, og dei skal stille varetekts plassar til disposisjon for politiet. Straffegjennomføringa skal skje på ein måte som er tryggjande for samfunnet, og skal motverke nye straffbare handlingar. Dette krev både rett kapasitet og eit godt innhaldsarbeid.

Kriminalomsorga sørger for gjennomføring av straff i og utanfor fengsel. Straff i samfunnet blir gjennomført av friomsorgskontora og gjeld straffegjennomføring med elektronisk kontroll, samfunnsstraff, bøteteneste, vilkårsdom med program mot ruspåverka køyring og narkotikaprogram


med domstolskontroll (ND). Straffegjennomføring i institusjon eller på sjukehus (straffegjennomføringslova §§ 12 og 13) er aktuelt i dei tilfella der domfelte har behov for heildøgnsopphald utanfor fengsel.

Kapasitetsbehov i kriminalomsorga

Mengda med saker som kjem til kriminalomsorga, avheng av omfanget av kriminalitet i Noreg, aktivitetane og prioriteringane til politiet og påtalemakta, saksbehandlingstida i domstolane, talet på domfellingar og politiske avgjerder

som kan endre rammene for straff og kva som skal straffast. Til dømes vil auka løyvingar til og meir aktivitet hos politiet mest sannsynleg føre til eit auka behov for plassar i kriminalomsorga. Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på dommar som kjem til kriminalomsorga. Talet på dommar som blir gjennomførte i fengsel, har gått ned, medan talet på dommar som blir gjennomførte i

samfunnet, har auka. Samstundes viser utviklinga at dei som sit i fengsla i dag, i snitt har lengre dommar enn tidlegare. Kapasitetsbehovet har dermed ikkje blitt mindre, og det er indikasjonar på at behovet vil auke i tiden framover. Særleg innanfor vinningslovbrot er det ein auke i etterforska lov- brot. Det er også ein tydeleg auke i etterforska lovbrott utført av barn og unge.



Figur 2.2 Utvikling i kapasitet i kriminalomsorga

Kjelde: Kriminalomsorgsdirektoratet

Samstundes er langt fleire av dei som sit i fengsel, dømde for alvorlege lovbrott som vald, mishandling og seksuallovbrot. Ein betydeleg og aukande del av dei innsette har psykiske lidningar. Ein ny studie frå Senter for rus- og avhengighetsforskning (SERAF) ved Universitetet i Oslo viser at talet på innsette med psykiatriske diagnoser har auka med 40 pst. frå 2010 til 2022. Utviklinga set òg høgare krav til bemanninga og kompetansen til dei tilsette, som skal gi eit godt og tilpassa tilbod til den enkelte. På same tid har krav til vurderingar og dokumentasjon og forsterka innsats mot isolasjon gjort at det samla omfanget av oppgåver og gjeremål for dei tilsette i kriminalomsorga har auka.

Arbeidsmiljøet i fengsla er òg under press, og talet på vald og trusselhendingar i fengsel har auka. I 2023 rapporterte kriminalomsorga om over 1 000 hendingar med vald eller truslar mot tilsette, samanlikna med 650 slike hendingar i 2022. Ei kartlegging av psykisk helse hos tilsette stadfester at situasjonane tilsette står overfor, fører til auka risiko for stress og utbrentheit, men

også meir alvorlege psykiske reaksjonar som depresjon og PTSD.¹

Tilsette i kriminalomsorga må vere skikka til å utøve makt på vegne av samfunnet for å vareta tryggleiken til innsette og tilsette. Dette er noko som må øvast på. Det har likevel vore tilfelle der tilsette i kriminalomsorga ikkje har fått skadar som har oppstått under pålagd organisert trening, anerkjende som yrkesskade. Stortinget har, på bakgrunn av forslag frå regjeringa, vedteke nye endringar i straffegjennomføringslova, som gir tilsette i kriminalomsorga rett til full erstatning for slike skadar. Sjå òg omtale i del I, oppmodingsvedtak nr. 843 (14. juni 2023).

Samstundes som belastninga på tilsette har auka, har bemanninga i kriminalomsorga blitt redusert med nesten 300 årsverk i perioden 2021–2024. Kriminalomsorga har òg utfordringar med å rekruttere nok fagutdanna. Mange i kriminalomsorga nærmar seg pensjonsalder, samstundes

¹ «Kartlegging av psykiske belastningsreaksjoner blant ansatte i kriminalomsorgen», Rambøll Management Consulting, september 2023

som mange unge, nyutdanna sluttar i jobben etter kort tid.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga til kriminalomsorga under kapittel 430 med 37 mill. kroner. Midlane skal bl.a. gå til å oppretthalde aktivitetsnivået og forbetre budsjettsituasjonen til kriminalomsorga. Løyvinga skal òg gå til utgreiingar av framtidig kapasitetsbehov, sjå meir informasjon under «Bygg og vedlikehald».

Bygg og vedlikehald

Fengselsbygg med eigna lokale for aktivitetar og fellesskap kan leggje betre til rette for eit godt innhaldsarbeid. Når innsette blir flytta frå eit ueigna fengsel til eit meir eigna fengsel, kan det bidra til å redusere tilbakefall.

Regjeringa har gjennomført fleire byggje- og vedlikehaldsprosjekt ved fengsla, både for å redusere eit vesentleg vedlikehaldsetterslep i bygningsmassen og for å møte utfordringane med å gi innsette eit godt og tilpassa tilbod. Arbeidet med erstatningskapasiteten for nytt Oslo fengsel held fram. Stortinget vedtok startløyving i 2023 til utviding av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling med 76 plassar. Dei nye plassane skal etter planen vere i drift frå 2026. Kapasiteten ved Oslo fengsel skal reduserast tilsvarande. Planlegginga for ei slik endring vil starte allereie i 2025. I tillegg er det sett i gang eit arbeid med å greie ut løysingar for å erstatte den resterande kapasiteten ved dagens Oslo fengsel gjennom etablering av nye fengselsplassar på Ilseng og på dagens fengselstomt på Grønland. For å sikre vidare framdrift i prosjekta på både Ilseng og Grønland, er det behov for å auke løyvinga til forprosjektering av nytt Oslo fengsel med 42 mill. kroner, av dette 30 mill. kroner under Statsbygg (kap. 2445, post 30) og 12 mill. kroner under kriminalomsorga.

Regjeringa greier også ut eit nytt kvinnefengsel til erstatning for Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt, som vart mellombels stengd i 2024. Regjeringa foreslår derfor 11 mill. kroner til forprosjektering av nytt kvinnefengsel, av dette 6 mill. kroner under kriminalomsorga og 5 mill. kroner under Statsbygg. Sjå òg omtale under «Soningsforholda for kvinner».

Statsbygg forvaltar dei fleste fengselsbygga og har ansvaret for vedlikehaldet. Løyvinga til vedlikehald og bygging av nye fengsel skjer over budsjettet til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. Sjå programkategori 13.30, kap. 2445 Statsbygg, i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. I perioden

2018–2023 vart det brukt om lag 1,29 mrd. kroner på å halde fengsla ved like.

Kriminalomsorgsdirektoratet og Statsbygg har, på oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet, vurdert det framtidige behovet for fengselskapasitet. Rapporten vart levert departementa våren 2024. Rapporten understrekar at fleire fengsel har eit stort vedlikehaldsbehov og behov for oppgradering eller erstatning. Ålesund fengsel og Mosjøen fengsel er døme på fengsel der det krevst store endringar for å tilfredsstille krava til ei forsvarleg kriminalomsorg. Regjeringa vil derfor gå i gang med utgreiingar av nye fengsel i Ålesund- og Mosjøen-området og utgreiing av ei mogleg utviding av Vadsø fengsel. Dette skal sjåast i samheng med departementets vidare arbeid med å vurdere det framtidige fengselsbehovet i eit langsiktig perspektiv.

Bruk av elektronisk kontroll

Regjeringa foreslår 40 mill. kroner til å iverksette lovforslag som opnar for gjennomføring av varetekt med elektronisk kontroll, i tråd med endringane i Prop. 139 L (2022–2023) om straffettslege reaksjonar for ungdom og varetekt med elektronisk kontroll som blei vedteke av Stortinget i desember 2023. Forslaget omfattar alle aldersgrupper, ikkje berre dei under 18 år. Forslaget kan bidra til å redusere bruken av tradisjonell varetektsfengsling og dermed negative konsekvensar av fengsling, medrekna faktisk isolasjon.

Bruk av straffegjennomføring med elektronisk kontroll har stor betydning for kapasiteten i kriminalomsorga. Om lag halvparten av alle ubetinga fengselsdommar vart i 2023 gjennomførte i samfunnet med elektronisk kontroll (fotlenke). Ei kunnskapsoversikt frå 2024² viser at det er god dekning i forskningslitteraturen for at straffegjennomføring med elektronisk kontroll bidrar til å redusere tilbakefall til ny kriminalitet, gitt eit godt innhald i straffegjennomføringa. Justis- og beredskapsdepartementet har hatt på høyring eit forslag om å utvide dei rettslege rammene for bruk av elektronisk kontroll og digitale kontrolltiltak i dagens straffegjennomføring. Dette gjeld bl.a. mogleighetene for å bruke digitale kontrolltiltak ved permisjonar, frigang og prøvelauslating. Formålet er å forbetre bruken av elektronisk kontroll og digitale kontrolltiltak, å styrke samfunnsvernet ved lauslating, å redusere tilbakefall til ny krimina-

² Vista Analyse (2024/06): Effekter ved bruk av elektronisk fotlenke: En kunnskapsoversikt

litet og å styrke ettervernet. Samstundes vil digitale løysingar kunne leggje til rette for meir effektiv bruk av ressursar i kriminalomsorga. Departementet følgjer no opp høyringa.

Innhald i straffegjennomføring som gir mindre kriminalitet

Det er eit overordna mål for kriminalomsorga å bidra til at domfelte lever eit liv fritt frå kriminalitet etter at straffa er gjennomført. Dersom domfelte får eit godt innhald i straffegjennomføringa og god oppfølging, kan det bidra til at fleire domfelte fullfører opplæring eller utdanning dei har starta på, og kjem seg ut i arbeid etter at dei har gjennomført straffa si. Domfelte har lik rett på offentlege tenester som andre. Det gjeld både dei som er innsette i fengsel, og dei som gjennomfører straff i samfunnet. Mange domfelte og innsette har betydelege levekårs-, helse- og rusutfordringar. Behova for velferdstenester er derfor større enn for normalbefolkninga elles. Ei god og rehabiliterande straffegjennomføring krev derfor eit tett samarbeid mellom kriminalomsorga og velferdstenestene.

Delen som er utanfor arbeid og utdanning fem år etter sikting, har vore stabil på om lag 40 pst. dei siste åra. Talet på sikta personar med tilbakefall til ny kriminalitet i løpet av fem år er gradvis redusert sidan starten av 2010-talet. Av dei som blir sikta for nye lovbrøt, er det særleg stort tilbakefall til rusmiddellovbrøt, trafikklovbrøt og vald og mishandling.

Dei ordinære velferdsetatane, som helse, arbeid, opplæring, utdanning, sosiale tenester, barnevern og bibliotek, skal yte tenestene sine overfor dei domfelte og innsette, medan kriminalomsorga skal leggje til rette for samarbeidet. Kriminalomsorgsdirektoratet fortset arbeidet med å utvikle tenestetilbodet til innsette og domfelte i ei direktoratsgruppe med velferdsetatane Arbeids- og velferdsetaten, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet/Statsforvaltaren i Vestland og Husbanken. Gruppen jobbar bl.a. med å tette glippsoner i overgangen frå fengsel til fridom. Arbeidet er ei del av oppfølginga av Riksrevisjonens undersøking av tenestetilbodet til innsette i 2022.

I tillegg er det ei viktig oppgåve for kriminalomsorga å leggje til rette for aktivitetar for dei innsette. I 2023 var delen aktiviserte på 78 pst. I første tertial 2024 var delen døgn med aktivitet gått noko opp, til 80 pst.

Utfordring med psykisk sjuke innsette og isolasjon

Mange innsette har behov for helse- og omsorgstenester. Det kan vere helseutfordringar frå før


innsetjinga, men òg helseplager som oppstår eller blir verre etter innsetjinga. Ein studie frå SERAF viser til tross for at talet på innsette har gått ned i perioden frå 2010 til 2022, har delen innsette som kjem til fengsel med psykiske lidningar auka frå 31 til 40 prosent. Delen innsette med ruslidningar har auka frå 24 til 33 prosent i same tidsperiode. Studien viser vidare at det har vore ein særleg auke i talet på kvinnelege innsette som har ei eller fleire psykiske lidningar. Eit stort omfang av psykiske lidningar kan vise seg gjennom meir utagering, sjølvskading og sjølvmoordsforsøk. Dersom ein ikkje har tilstrekkeleg bemanning på plass, kan ei slik utvikling bl.a. føre til hyppigare bruk av isolasjon, noko som igjen har ein negativ verknad på psykisk helse.

Det er eit mål å redusere bruken av isolasjon og tvangsmiddel i fengsla og å auke tida dei innsette bruker i fellesskap. Aktiviserings- og ressursteam er varige verkemiddel i arbeidet med å førebyggje isolasjon ved å tilby innsette auka fellesskap og aktivisering. I ressursteama inngår ressursar frå helsetenesta, i tillegg til personell frå kriminalomsorga. Erfaringar frå teama er at dei bidrar til at færre innsette er isolerte, og at dei førebyggjer sjølvmoord, sjølvskading, vald og truslar i fengsla. Det er totalt ti aktiviseringsteam og to ressursteam i fengsla i dag. I tillegg er det etablert ei forsterka nasjonal fellesskapsavdeling med tilsette frå helsetenestene og kriminalomsorga på Ila fengsel og forvaringsanstalt. Ei tilsvarande avdeling er no under etablering for kvinnelege innsette ved Telemark fengsel, Skien avdeling og skal etter planen stå klar i 2025. Sjå òg nærmare omtale under «Soningsforholda for kvinner».

Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal evaluere ordningane med forvaring, tvunge psykisk helsevern og tvungen omsorg og greie ut varetakinga av sikta, domfelte og innsette med alvorlege psykiske lidningar eller utviklingshemming. Utvalet for strafferettslege reaksjonar og psykisk helse skal særleg sjå på korleis kvinner og barn blir varetekne. Utvalet skal levere utgreiinga 1. mars 2025.

For å gi eit nødvendig og tilstrekkeleg tilbod til gruppa innsette med psykiske utfordringar er det behov for eit tett samarbeid mellom kriminalomsorga og helsetenestene.

Arbeid med psykisk sjuke innsette, som arbeidet til utvalet og andre relevante tiltak, er noko departementa vil komme tilbake til i stortingsmelding om straffegjennomføring. Det er bl.a. nødvendig med eit tilstrekkeleg nivå på stadlege spesialisthelsetenester og tverrfagleg spesialisert rusbehandling til innsette, som blir følgt opp av Helse- og omsorgsdepartementet.



Figur 2.3 Utvikling i tal på innsette med mindre enn to og åtte timar fellesskap

Tala er baserte på eit snitt av dagsmålingar per 1., 2. og 3. kvartal frå 2015 til 1. tertial 2024.

Kjelde: Kriminalomsorgsdirektoratet

Som figuren over viser, har talet på innsette med mindre enn høvesvis to og åtte timar fellesskap gått nedover dei siste åra, men i 2023 og første tertial 2024 har det vore ein auke igjen. Bemanningssituasjonen og auken i delen innsette med psykiske lidningar kan vere årsak til utviklinga.

Justis- og beredskapsdepartementet har hatt på høyring forslag til lovendringar som har som formål å redusere omfanget av isolasjon i fengsla. Departementet følgjer no opp høyringa. Stortinget har også, på bakgrunn av forslag frå regjeringa, vedteke nye reglar om tilsynsråd for kriminalomsorga. Dei nye reglane inneber ei styrking av tilsynet. Tilsynsrådet får ei fast leing, eit klarare mandat enn i dag og eit sekretariat som kan leggje til rette for eit effektivt tilsyn. Tilsynsarbeidet skal vidare planleggjast under eitt for heile landet. Nytt tilsynsråd skal vere i drift frå 2025. Sivilrettsforvaltninga vil vere sekretariat for det landsomfattande tilsynsrådet, og sekretariatet blir etablert i Vardø.

Soningsforholda for kvinner

Det har over tid vore ei utfordring å gi kvinnelege innsette soningsforhold som er likeverdige med forholda menn har. I 2023 utgjorde kvinnelege innsette om lag 5 pst. av alle innsette, men stod for dei fleste tilfella av sjølvskading og sjølvmoordsforsk i fengsel. Av 37 vedtak om bruk av tryggingsseng (beltelegging) gjaldt 35 kvinnelege innsette.

Kriminalomsorga har dei siste åra sett ein betydeleg auke i delen kvinnelege innsette med eit komplekst utfordringsbilete, psykiske lidningar og sjølvskading. På bakgrunn av dette vart Telemark fengsel, Skien avdeling i 2023 gjort om til eit fengsel for kvinner.

Det krev spesialisert kompetanse å følgje opp kvinnelege innsette med psykiske helseutfordringar. I 2024 vart det derfor løyvd midlar til å betre tilhøva for kvinnelege innsette, bl.a. gjennom å opprette eit forsterka team ved Telemark fengsel, Skien avdeling, som skal gi kvinner med særskilde psykiske helseutfordringar tilstrekkeleg oppfølging. Teamet er bemanna med personell frå kriminalomsorga og helsetenestene. Erfaringane frå teamet er gode. Kriminalomsorgsdirektoratet rapporterer at teamet har hatt ein positiv effekt i å førebyggje hendingar med sjølvskading. Ei nasjonal forsterka fellesskapsavdeling (NFFA) er òg under oppbygging ved Telemark fengsel, Skien avdeling. Avdelinga skal stå klar i 2025, og då vil det forsterka ressursteamet bli nytta her. Ei NFFA skal bidra til å gi betre oppfølging av kvinnelege innsette med særskilde behov, førebyggje og hindre langvarig isolasjon og redusere behovet for bruk av tvangsmiddel.

Bredtveit fengsel og forvaringsanstalt stengde 1. mars 2024 etter ein brannteknisk gjennomgang som viste at opphald i bygget var ei fare for liv og helse. Som ei mellombels løysing har kriminalomsorga oppretta ei kvinneavdeling ved Romerike fengsel, Ullersmo avdeling. Fleire av dei innsette

vart òg flytta til Telemark fengsel, Skien avdeling. Det er viktig å få på plass ei langsiktig løysing for plassar for kvinner på Austlandet. I revidert nasjonalbudsjett 2024 vart det derfor løyvd om lag 10 mill. kroner til gjennomføring av ei utgreiing for eit nytt kvinnefengsel på Austlandet. Regjeringa foreslår i 2025 11 mill. kroner til forprosjektering av nytt kvinnefengsel på Austlandet.

Barn og unge vaksne som er dømde for kriminelle handlingar

Barn og unge under 25 år er overrepresenterte i kriminalstatistikken, og tilbakefall blant denne gruppa er høgare enn elles i befolkninga. Det er eit mål for regjeringa at barn ikkje skal sitje i fengsel saman med vaksne. Kriminalomsorga har to landsdekkande ungdomseiningar for innsette mellom 15 og 18 år. I 2024 vart kapasiteten ved Ungdomseining aust på Eidsvoll utvida med to plassar, slik at den totale kapasiteten ved ungdomseininingane er på ti plassar. Den auka kapasiteten vil gi betre moglegheit til å kunne halde innsette åtskilde ved behov, anten det gjeld kjønn eller andre årsaker, som at nokon høyrer til i same kriminelle miljø eller i kriminelle miljø som er i konflikt.

Det har vore ein markant auke i talet på innsetjingar av mindreårige i fengsel dei to siste åra. Auken inneber at det er ein risiko for at det i periodar kan vere fleire mindreårige innsette enn det er plass til i ungdomseiningane, sjølv etter kapasitetsutvidinga i 2024. Denne utviklinga er forventa å akselerere i tråd med politiets auka satsing på området, og prognosar frå Kriminalomsorgsdirektoratet viser eit framtidig behov på mellom 25 og 30 plassar for mindreårige. Regjeringa foreslår totalt 105 mill. kroner til fleire plassar for mindreårige i kriminalomsorga. Midlane er ein del av regjeringa si satsing mot barne- og ungdomskriminalitet. Regjeringa foreslår at 65 mill. kroner går til å auke kapasiteten gjennom å etablere 11 mellombelse plassar i 2025. Tilbodet skal vere i tråd med barnekonvensjonen og gjeldande regelverk. Ungdomseiningane har ei tverrfagleg bemanning og eit team på tvers av etater for å sikre deltaking frå ulike velferdstenester. Forslaget har økonomiske konsekvensar for Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet i 2025, sjå òg omtale under desse departementa.

Regjeringa foreslår òg 40 mill. kroner til utbygging av ytterlegare fire nye plassar ved Ungdomseining aust på Eidsvoll i 2025. Denne ungdomseininga har ein bygningsmasse som gjer det mog-

leg å ha dei nye plassane klare til drift i 2026. Forslaget har ein årleg driftskostnad på 23,5 mill. kroner frå 2026, inkludert økonomiske konsekvensar for Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Iverksetting av lovforslag om opnar for gjennomføring av varetekt med elektronisk kontroll vil bidra til å betre kapasiteten ved ungdomseiningane, sjå omtale under «Bruk av elektronisk kontroll».

Det sit om lag 380 personar mellom 18 og 24 år i norske fengsel i dag. Samstundes gjennomfører om lag 350 personar mellom 18 og 24 år straff i samfunnet. Domfelte over 18 år blir etter dagens regelverk definerte som vaksne. Denne gruppa kan ha særskilde behov pga. den unge alderen sin. Kriminalomsorga har derfor etablert fleire ungdomsteam for å følgje opp aldersgruppa 18–24 år spesielt, under både varetekt og straffegjennomføring. Teama skal særleg prioritere unge som blir overførte frå ungdomseiningane ved fylte 18 år. Erfaringa med teama er gode. Det er òg etablert ungdomsansvarlege ved ei rekkje friomsorgskontor.

Regjeringa foreslår også endringar i dei strafferettslege reaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, sjå nærmare omtale av arbeidet under kap. 433 Konfliktrådet.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 431, post 01

Løyvinga skal dekke ordinære driftsutgifter (lønn, varer og tenester) i kriminalomsorga, i tillegg til fellestenester og utviklingsprosjekt for etaten. Bemanninga i kriminalomsorga per 1. mars 2024 utgjorde 4 071 fast tilsette årsverk. Posten dekker vidare utgifter til maskiner og utstyr, kontorutgifter, personalavhengige utgifter, husleige, programverksemd, aktiviseringstiltak og godtgjersler og kosthald for dei innsette. Lønn og andre ordinære driftsutgifter under Kriminalomsorgsdirektoratet blir dekte under kap. 431.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 47,6 mill. kroner til å auke kapasiteten for mindreårige gjennom å etablere 11 mellombelse plassar
- 40 mill. kroner til å gjennomføre lovendring om varetekt med elektronisk kontroll, jf. Prop. 139 L (2022–2023)
- 37 mill. kroner til å oppretthalde aktivitetsnivået og til utgreiing av framtidig kapasitetsbehov
- 12 mill. kroner til forprosjektering av nytt Oslo fengsel

- 6 mill. kroner for å dekke kriminalomsorga si bistand til politiet med omvend valdsalarm, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 440, post 01
- 6,3 mill. kroner til å gjennomføre lovendringar, jf. Prop. 114 L (2023–2024), og til å etablere eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år
- 6 mill. kroner til forprosjektering av kvinnefengsel på Austlandet
- 2,2 mill. kroner til ein funksjon for mottak av varetektsbestillingar
- 2 mill. kroner til husleige, Romerike fengsel, Ullersmo avdeling

Det blir foreslått å flytte 4 mill. kroner frå kap. 430, post 01 til kap. 473, post 01 til etablering av nytt tilsynsråd i kriminalomsorga.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 862 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttes under kap. 430, post 01

Posten omfattar utgifter til arbeidsdrifta, medrekna utgifter til materiale, rutinemessig utskifting av mindre maskiner og utstyr, kurs for tilsette som rettar seg spesifikt mot hjelpemiddel som blir brukte i arbeidsdrifta, og vedlikehald og drift av maskiner som blir brukte i arbeidsdrifta. I posten inngår òg arbeidspengar til dei innsette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 430, post 21, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 125,2 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten omfattar større utstyrskjøp og vedlikehald. Posten omfattar òg midlar til IKT-løyvingar, maskiner og teknisk utstyr til arbeidsdrifta, anna utstyr til fengsla og innkjøp av køyretøy.

- Det blir foreslått å auke løyvinga med
- 40 mill. kroner til utbygging av Ungdomseining aust for å auke kapasiteten med fire plassar
 - 12,8 mill. kroner til utvidinga av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling

Det blir foreslått å redusere løyvinga med

- 25 mill. kroner som i 2024 vart gitt til ombyggingstiltak for å etablere ei nasjonal fellesskapsavdeling ved Telemark fengsel, Skien avdeling
- 1,5 mill. kroner til investeringar i arbeidet med å forbetre dei strafferettslege reaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret for å skaffe brukarutstyr til investeringsprosjektet utviding av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling, sjå forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 112 mill. kroner.

Post 60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar til kommunale omsorgstiltak for prøvelauslating frå forvaring og varetektssurrogat. Ved prøvelauslating av forvaringsdømde kan retten setje vilkår om at den domfelte oppheld seg i institusjon eller kommunal bustad i meir enn eitt år.

Avgjerder om varetektssurrogat og prøvelauslating frå forvaring på nemnde vilkår ligg til domstolane. Det er vanskeleg å føreseie utviklinga i omfanget av saker, og dette gjer løyvingens behovet på posten usikkert.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 166 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Post 70 er ei tilskotsordning for frivillig verksemd under verkeområda til kriminalomsorga. Formålet med tilskotsordninga er å hindre tilbakefall til ny kriminalitet gjennom å reintegrere domfelte under og etter straffegjennomføring til auka deltaking i samfunnet og auka livsmeistring.

Samarbeidet mellom kriminalomsorga og dei frivillige organisasjonane bidrar til å styrke innhaldsarbeidet for dei innsette. I 2023 vart det i alt fordelt over 42 mill. kroner til 39 frivillige og ideelle organisasjonar gjennom tilskotsordninga. WayBack, Kirkens bymisjon FRI, Røde Kors Nettverk etter soning og Blå Kors steg for steg fekk dei største tilskota.

Arbeids- og velferdsdirektoratet og Kriminalomsorgsdirektoratet har sett i gang eit pilotprosjekt med effektkontraktar som eit tiltak for å førebyggje tilbakefall til kriminalitet. Effektkontraktar er resultatbaserte avtalar mellom fleire partar, som oftast offentlege myndigheiter, investorar/stiftingar og private eller ideelle tenesteleverandørar, som har som formål å løyse sosiale problem på ein ny måte. Staten bidrar med midlar til å dekke delar av kostnadene dersom måla for prosjektet blir nådd. Det vart sett i gang to prosjekt i 2022, eitt i Vestfold og Telemark og eitt i Trøndelag, som varer i to år. Midlar vil først bli gitt når prosjekta er ferdige og resultatene er vurderte å vere i samsvar med kontrakten. Sluttoppgjeret for prosjektet i Trøndelag blir føreteke i 2024, medan prosjektet i Vestfold og Telemark er forventa

avslutta i 2025. Departementet foreslår derfor å øymerke 1,9 mill. kroner til formålet på posten. Beløpet er berekna ut frå dei avtalane som allereie er inngått. Ubrukte midlar kan nyttast til frivillige organisasjonar gjennom tilskotsordninga.

I 2025 foreslår departementet at løyvinga på posten blir fordelt av Kriminalomsorgsdirektoratet etter søknad frå organisasjonar, med unntak av midlane som blir øymerkete til effektkontraktar. Det er ein føresetnad at midlane blir fordelte ut frå tydelege kriterium, bl.a. at ein legg vekt på omsynet til kontinuitet for organisasjonane over tid.

Det blir foreslått å flytte 3 mill. kroner frå kap. 430, post 70 til kap. 473, post 01 til etablering av nytt tilsynsråd i kriminalomsorga.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 34,8 mill. kroner.

Kap. 3430 Kriminalomsorgen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
02	Arbeidsdriftens inntekter	126 097	118 791	123 305
03	Andre inntekter	34 170	26 182	27 177
04	Tilskudd	26 425	8 021	26 326
	Sum kap. 3430	186 692	152 994	176 808

Post 02 Arbeidsdriftens inntekter

Posten omfattar inntekter frå sal av produksjonen frå arbeidsdrifta, i tillegg til inntekter frå drifts- og vedlikehaldsoppgåver som blir utførte på bestilling frå Statsbygg.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 21, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 123,3 mill. kroner.

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. leigeinntekter for teneste- og leigebustader, refundert kost og husleige, klientavhengige driftstilskot til overgangsbustadene og tilskot frå andre offentlege verksemder til gjennomføring av prosjekt.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løy-

vinga under kap. 430, post 01 og kap. 431, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 27,2 mill. kroner.

Post 04 Tilskudd

Posten omfattar tilskot til deltaking i internasjonalt fengselssamarbeid under EØS-finansieringsmekanismene. Posten omfattar òg inntekter frå prosjekt der kriminalomsorga får tilskot til å gjennomføre prosjekt i samarbeid med internasjonale organisasjonar eller andre land.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 430, post 01, kap. 431, post 01 og kap. 432, post 01 mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 26,3 mill. kroner.

Kap. 431 Kriminalomsorgsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 430, post 01</i>	159 196	161 980	176 520
	Sum kap. 431	159 196	161 980	176 520

Kriminalomsorgsdirektoratet har det øvste faglege og administrative ansvaret for kriminalomsorga. Direktoratet har òg eit overordna ansvar for rettstryggleik og lik behandling av sakene til dei innsette og domfelte, gjennom bl.a. tilsynsverksemd, behandling av enkeltsaker og internkontroll.

Høgsterett har konkludert med at rutinemessige kroppsvisitasjonar i Bergen fengsel i perioden 2018–2020 krenkte saksøkarers rett til vern mot nedverdiggande behandling etter Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 3 og Grunnloven § 93 andre ledd, og at staten må betale erstatning (oppreisning) til saksøkarane for dette. Staten har hittil mottatt over 300 erstatningskrav eller varslar om erstatningskrav frå personar som meiner seg utsett for tilsvarande krenkingar av menneskerettane, og som må tas til behandling. Det er ei risiko for fleire sakar og det vil vere ressurskrevjande å handtere saksbehandlinga av desse.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttas under kap. 430, post 01

Posten omfattar ordinære driftsutgifter under Kriminalomsorgsdirektoratet. Løyvinga dekker

driftsutgiftene som følgjer av funksjonen som det øvste faglege og administrative organet for kriminalomsorga, irekna lønnsutgifter, driftsutgifter til leige av lokale, utgifter til ekstern bistand, kompetanseutvikling og møter, i tillegg til reiser (inkludert internasjonalt samarbeid), anskaffingar og IKT-innkjøp, og andre driftsutgifter. Bemanninga i direktoratet per 1. mars 2024 utgjorde 72 fast tilsette årsverk.

Løyving til å dekke utgifter til utviklings- og byggjeprojekt i fengsla og utgifter til fellestenester som blir utførte av direktoratet på vegner av heile etaten, blir framleis gitt under kap. 430 Kriminalomsorgen.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 431, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3430, post 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 176,5 mill. kroner.

Kap. 432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	238 568	238 391	252 138
	Sum kap. 432	238 568	238 391	252 138

Eit forsvarleg innhald i straffegjennomføringa, som førebyggjer kriminalitet, krev tilsette med rett og tilstrekkeleg kompetanse.

I 2023 byrja 176 aspirantar utdanninga ved Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS. Tabellen nedanfor viser talet på uteksaminerte fengselsbetjentar i perioden 2018–2023.

Tabell 2.7 Talet på uteksaminerte fengselsbetjentar, 2018–2023

År	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Uteksaminerte fengselsbetjentar	162	260	144	84 ¹	88	155

¹ Nedgangen i uteksaminerte i 2021 og 2022 kjem av forskyving i klasseopptaket.

Det er ei utfordring med høg og stadig aukande turnover blant unge tilsette i kriminalomsorga. Til dømes sluttar kvar fjerde fengselsbetjent i jobben tre år etter utdanninga, og det er i dag fleire som sluttar enn det blir tilsett. Ein stor del av dagens tilsette vil vere pensjonerte eller nær pensjonsalder (eldre enn 59 år) om nokre få år. Det er behov for å få på plass gode tiltak som sikrar rett kompetanse og gode arbeidsforhold i kriminalomsorga. Dette er tema den kommande stortingsmeldinga om straffegjennomføring vil sjå nærmare på.

Post 01 Driftsutgifter

Posten omfattar lønns- og personalutgifter til tilsette og aspirantar ved KRUS, drifts- og leigeutgifter til lokale, reiser (medrekna aspirantar), fagmateriell, inventar og utstyr, lisensar, uniformseffektar m.m. Bemanninga ved KRUS var 58 fast tilsette årsverk per 1. mars 2024. Det er 83 pst. av

driftsramma som går til lønn, og mellombels lønn til studentar/aspirantar utgjorde 111 mill. kroner (eksklusiv sosiale kostnader) i 2023.

Posten omfattar òg løyving til forskning og utvikling, etter- og vidareutdanning, verksbetjentutdanning og støttefunksjonar.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7 mill. kroner til å oppretthalde tenestetilbodet og sikre budsjettbalanse.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3430, post 04 og kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 252,1 mill. kroner.

Kap. 3432 Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
03	Andre inntekter	5 604	1 224	1 271
	Sum kap. 3432	5 604	1 224	1 271

Post 03 Andre inntekter

Posten omfattar bl.a. inntekter frå eigendelen som aspirantane betaler for skulebøker.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 432, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3432, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1,3 mill. kroner.

Kap. 433 Konfliktrådet


(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	143 736	161 378	178 417
60	Tilskudd til kommuner	10 759	11 208	20 145
70	Tilskudd	27 933	26 553	22 562
	Sum kap. 433	182 428	199 139	221 124

Konfliktrådet meklar mellom partar i ein konflikt som følgje av ei straffbar handling eller mellom partar i sivile konflikter. Meklinga baserer seg på metodikken for gjenopprettande prosess, som inneber at partane i fellesskap bestemmer korleis konflikten skal handterast. Konfliktrådet har eit spesielt ansvar for unge i konflikt med lova og er ansvarleg for å gjennomføre straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, som rettar seg mot ungdom mellom 15 og 18 år med eit oppfølgingsbehov. I tillegg har konfliktrådet ansvar for straffereaksjonen oppfølging i konfliktråd. Sekretariatet for konfliktråda står for den faglege og administrative leiinga av arbeidet.

Kapasitet og arbeidsmengd hos konfliktrådet er avhengig av omfanget av kriminalitet i Noreg, aktivitetane og prioriteringane til politiet og påtalemakta, saksbehandlingstida i domstolane og talet på domfellingar og av politiske avgjerder som kan endre rammene for straff og kva som skal straffast.

Konfliktråda tok imot 8 034 saker i 2023. I løpet av dei siste åra har det vore ei tydeleg vekst i sakane til konfliktrådet, særleg innanfor sivile saker. Sidan 2021 behandlar konfliktrådet i underkant av 1 000 fleire sivile saker og over 500 fleire henlagde sivile saker. For straffesakene har det òg vore ein viss auke i løpet av dei siste åra.



Figur 2.4 Talet på saker til konfliktråda 2018–2023

Kjelde: Sekretariatet for konfliktrådet

Konfliktrådet arbeider for å auke kunnskapen om rådet sine tenester og har bl.a. jobba opp mot politiet og påtalemakta for å få fleire eigna saker. Talet

på sivile saker i konfliktråda har auka med 18 pst. frå 2022. Talet på straffesaker som blir overførte til konfliktråda, har òg hatt ein liten auke frå 2022.

Ungdomsstraff og ungdomsoppfølging

Regjeringa ønskjer å vidareutvikle ungdomsreaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging og innføre meir effektive verkemiddel for å førebygge kriminalitet. I september 2023 fremma regjeringa Prop. 139 L (2022–2023) med forslag til endringar i dei strafferettslege reaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging. I proposisjonen foreslo regjeringa òg å utvide verkeområdet for opphaldsforbod etter straffeprosesslova § 222 c til også å omfatte ungdom mellom 15 og 18 år. Lovforslaga vart einstemmig vedtekte og er fastsette ved lov 20. desember 2023 nr. 110. Dei fleste endringane trådte i kraft 1. september 2024. Stortinget fatta samstundes fem oppmodingsvedtak, bl.a. om å «fremme de nødvendige lovendringsforslag for å sikre etableringen av et hurtigspor for rask pådømmelse av lovbrudd begått av gjerningspersoner som var under 18 år på handlingstidspunktet». Regjeringa fremma i juni 2024 Prop. 114 L (2023–2024) som følgjer opp fire av oppmodingsvedtaka. Sjå nærmare omtale under oppmodningsvedtak i del I. Lang ventetid mellom lovbrøt og reaksjon kan vere ei stor belastning for både ungdommen, fornærma og pårørande. Det vil òg kunne vere ein risiko for at ungdommen gjer seg skuldig i nye lovbrøt. Oslo har dei største utfordringane med gjenteken og alvorleg kriminalitet blant ungdom og med kriminalitet gjord av unge med tilknytning til gjengar. Oslo har eit stort volum av saker og til dels meir alvorlege saker enn andre byar.

Regjeringa foreslår til saman 34 mill. kroner i 2025 som skal gå til å gjennomføre lovendringar og forbetre ungdomsreaksjonane og til å etablere eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år. Forslaget har ein heilårseffekt på 32,5 mill. kroner frå 2026. Midlane er ein del av regjeringa si satsing mot barne- og ungdomskriminalitet.

Tilskotsordning for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)

Når barn og unge gjer kriminalitet er det behov for ein innsats på tvers av sektorar. Hjelpen kjem ofte for seint og er for lite koordinert. Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT) er ein samarbeidsmodell mellom politi og kommune for å samordne slike tiltak. Konfliktrådet har ansvar for fagleg støtte og rettleiing. Gjennom SLT-samarbeidet kan kommunen og politiet saman kartleggje utfordringsbiletet i sitt lokale miljø og sette i verk tiltak.

Regjeringa foreslår 10 mill. kroner i 2025 til ein ny tilskotsordning for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT). Forslaget har ein heilårseffekt på 28 mill. kroner frå 2026. Midlane er ein del av regjeringa si satsing mot barne- og ungdomskriminalitet. Tilskotet skal gå til kommunar/bydelar som har særlege utfordringar med kriminalitet og til målretta tiltak som er bygd på etablert kunnskap om kva som verker. Ordninga vil ha eit krav til medfinansiering frå kommunane.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga skal gå til drift av konfliktrådskontora og til Sekretariatet for konfliktråda. Samla utgjorde bemanninga i konfliktråda 128,6 årsverk per 31. desember 2023.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 9,6 mill. kroner til å gjennomføre lovendringar, jf. Prop. 114 L (2023–2024) og Prop. 139 L (2022–2023), og til å etablere eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år (forslaget har ein heilårseffekt på 9,3 mill. kroner frå 2026)
- 2 mill. kroner til å følgje opp arbeidet med lovendringar som skal forbetre straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging (konsekvens av løyving i 2024)
- 1 mill. kroner til forvaltning av ny tilskotsordning for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på 178,4 mill. kroner.

Post 60 Tilskudd til kommuner

Løyvinga skal gå til tilskotsordninga for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT), sjå omtale over, og til tilskotsordninga for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme, som Sekretariatet for konfliktråda forvaltar.

Hovudmålet for tilskotsordninga for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme er å stimulere til kompetanseheving lokalt og utvik-

ling av gode tiltak for å førebyggje og behandle utfordringar knytte til radikaliserings og valdeleg ekstremisme. I 2023 vart det fordelt om lag 10,5 mill. kroner til totalt 43 kommunale prosjekt. Tilskot vart gitt til førebyggjande tiltak retta mot personar eller miljø i risiko for radikaliserings, mentorordningar og kompetansehevande tiltak. Kommunane prioriterer vidare arbeidet med ressursgrupper og regionale samarbeidsnettverk for å førebyggje radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Tilskotsordninga svarer på eit stort behov hos kommunane for støtte til å førebyggje og gjennomføre viktige kriminalitetsførebyggjande tiltak.

Det blir foreslått å auke løyvinga med

- 9 mill. kroner til ny tilskotsordning for samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)

Det blir foreslått å flytte 500 000 kroner frå kap. 433, post 60 til kap. 473, post 01 til etablering av nytt tilsynsråd i kriminalomsorga.

Det blir foreslått ei løyving på 20,1 mill. kroner.

Post 70 Tilskudd

Løyvinga skal gå til tilskot til arbeid mot vald i nære relasjonar og til tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak, som Sekretariatet for konfliktråda forvaltar.

Tilskotsordninga for kriminalitetsførebyggjande tiltak skal bidra til å førebyggje kriminalitet, særleg blant barn og unge. I 2023 vart det fordelt om lag 8,9 mill. kroner til 47 ulike organisasjonar. Det er gitt tilskot både til store, nasjonale organisasjonar og til mindre, lokale foreiningar.

Felles for mottakarane er at dei bidrar til eit betre og breiare tilbod til menneske med ulike utfordringar, ofte i tett samarbeid med offentlege myndigheiter.

Tilskotsordninga til å førebyggje og kjempe mot vald i nære relasjonar skal bidra til å motverke at barn og vaksne blir utsette for eller utøver vald i nære relasjonar. Organisasjonar som driv frivillig verksemd og krisesenter i kommunal regi, kan få tilskot. I 2023 vart det fordelt om lag 15 mill. kroner til 53 ulike tiltak, bl.a. hjelpetiltak retta mot offer for vald i nære relasjonar eller mot barna deira, kompetansebyggingstiltak retta mot hjelpeapparatet og undervisning om temaet på skular. Fleire av tiltaka retta seg mot spesifikke grupper slik som etniske eller seksuelle minoritetar og personar med nedsett funksjonsevne.

Forandringshuset i regi av KFUK-KFUM og Oslo kommune har sidan 2022 årleg fått øyremerkte løyvingar (høvesvis 2 mill. kroner og 1 mill. kroner) til pilotprosjekt for exit-program for gjengkriminelle. Regjeringa foreslår å avslutte dei øyremerkte løyvingane frå 2025. Sjå òg oversikt over enkeltstående tilskot i del III.

Heile posten blir i 2025 fordelt av Sekretariatet for konfliktråda etter søknad frå organisasjonar. Det er ein føresetnad at midlane blir fordelte ut frå tydelege kriterium, bl.a. at ein legg vekt på omsynet til kontinuitet for organisasjonane over tid.

Det blir foreslått å flytte 5 mill. kroner frå kap. 433, post 70 til kap. 473, post 01 til etablering av nytt tilsynsråd i kriminalomsorga.

Det blir foreslått ei løyving på 22,6 mill. kroner.

Kap. 3433 Konfliktrådet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
02	Refusjoner	11	6	6
	Sum kap. 3433	11	6	6

Post 02 Refusjoner

Inntektene på posten er refusjonar som skal dekke utgiftene konfliktråda har i samband med kurs og konferansar.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 433, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3433, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6 000 kroner.

Programkategori 06.40 Politi og påtale

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	26 096 875	25 935 767	29 152 580	12,4
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	693 832	479 011	584 923	22,1
50–89	Overføringar til andre	294 054	772 894	758 505	-1,9
	Sum kategori 06.40	27 084 761	27 187 672	30 496 008	12,2

Utgifter under programkategori 06.40 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
440	Politiet	22 471 662	22 670 106	25 543 066	12,7
441	Politidirektoratet	403 974	382 659	383 084	0,1
442	Politi høgskolen	691 727	689 124	713 726	3,6
443	Påtalemyndigheten i politiet	1 527 436	1 508 500	1 642 655	8,9
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	1 617 562	1 534 912	1 812 712	18,1
445	Den høyere påtalemyndighet	355 291	386 124	393 959	2,0
446	Den militære påtalemyndighet	10 680	9 829	235	-97,6
448	Grensekommisæreren	6 429	6 418	6 571	2,4
	Sum kategori 06.40	27 084 761	27 187 672	30 496 008	12,2

Innleiing

Programkategori 06.40 omfattar løyvinga til politiet, Politidirektoratet (POD), Politiets tryggingsteneste (PST) og Den høgare påtalemakta.

Innanfor justissektoren er det særleg måla om låg kriminalitet, rettstryggleik og tryggleik i samfunnet som er sentrale for verksemdene i programkategorien. Politiet har òg oppgåver for å nå målet om kontrollert og berekraftig innvandring. Verksemdene i programkategorien er ansvarlege for grunnleggjande funksjonar i samfunnet.

Befolkninga skal kunne ha høg tillit til at desse oppgåvene blir tekne hand om på ein god måte. Oppgåveløysinga skjer i eit samvirke med andre statlege og private aktørar, med kommunale etatar, med det sivile samfunnet og med internasjonale partnarar.

Prioriteringar i 2025

Endra tryggingpolitisk situasjon

Den tryggingpolitiske situasjonen i Europa er varig endra. Russlands angrepskrig mot Ukraina

held fram, og konflikten i Midtausten har eskalert. Dette påverkar det nasjonale trusselbiletet. Forebygging og handtering av truslar mot nasjonal tryggleik er eit viktig arbeid for politiet, PST og påtalemakta også i 2025, og krev at ein rettar merksemda mot fleire utfordringar samstundes.

For å underbygge arbeidet har det bl.a. blitt straffbart å samarbeide med framand etterretning om påverknadsverksemd, jf. Lovvedtak 62 (2023 2024).

Regjeringa foreslår også å auke løyvinga på PSTs driftsbudsjett med 255 mill. kroner.

Som ledd i arbeidet mot framande statars etterretningsaktivitet innførte regjeringa ytterlegare innstrammingar i regelverket for russiske fiskefartøy. Endringane i regelverket trådde i kraft 1. august. Regjeringa har òg avgjort at kontrollaktiviteten og nærværet skal forsterkast og foreslår derfor 60 mill. kroner til arbeidet som ein del av den totale løyvingssauka til politiet og PST.

I tillegg vil Justis- og beredskapsdepartementet i samarbeid med departementa det vedkjem, gjennomgå den nasjonale kontraterrorstrategien for å sikre at prioriteringane på feltet er riktige, bl.a. sett opp mot utfordrings- og trusselbiletet og oppfølginga av utvalet etter skytinga 25. juni 2022.

Gjengpakke 2: kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet

Politiet sin innsats mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet, må rettast mot dei kriminelle nettverka som til kvar tid utgjer den størst trusselen mot samfunnet. Ved prioriteringar på feltet må ein sjå hen til trusselbiletet og til føringane for straffesaksfeltet frå Riksadvokaten.

Politiet skal bidra til trygge lokalsamfunn og tryggleik i det digitale rommet ved å forebygge, avdekke, stanse og straffefølgje kriminelle handlingar. Dei kriminelle blir meir profesjonelle, dei samarbeider internasjonalt, og dei utgjer ein alvorleg trussel mot den alminnelege tryggleiken i samfunnet. Kriminelle nettverk og gjengar representerer ei stor utfordring, bl.a. gjennom rekruttering av unge personar til kriminelle miljø. Kriminelle nettverk og gjengar kan også utøve kriminalitet på vegner av andre statar (også kalla proxyaktørar) for å gjennomføre valdshandlingar eller andre tryggleikstruande gjerningar og dermed utgjere ein del av trusselbiletet mot den nasjonale tryggleiken.

Politiet vart styrkt med 1 635 mill. kroner i revidert nasjonalbudsjett for 2024. Løyvinga gjekk til både auka grunnløyving og styrkt innsats mot

kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet. Regjeringa følgjer opp den løyvinga med gjengpakke 2 og foreslår å auke løyvinga til politiet og påtalemakta i politiet med totalt 2 462 mill. kroner, og 1 800 mill. kroner av dette er ein vidareføring frå revidert nasjonalbudsjett. Regjeringa foreslår 600 mill. kroner til å vidareføre styrkinga av politiet sin kompetanse og kapasitet til å kjempe mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet, og 90 mill. kroner foreslås til å styrke arbeidet til politiet mot kvitvaskings- og korrupsjonskriminalitet. Det vil styrke politiet sin kompetanse og kapasitet til å etterforske og straffefølgje saker om økonomisk kriminalitet. Dette heng tett saman med arbeidet mot organisert kriminalitet. Regjeringa foreslår òg midlar til å forebygge barne- og ungdomskriminalitet, bl.a. 34 mill. kroner til å etablere eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år. 5 mill. kroner av dette forslaget er inkludert i forslaget om auka grunnfinansiering til politiet. Sjå òg omtale i kap. 430.

For å sikre at politiet kan nytte midlane fullt ut i arbeidet mot kriminelle nettverk, foreslår regjeringa at den resterande auka på 1 772 mill. kroner går til å vidareføre styrkinga av grunnfinansiering av politiet og påtalemakta i politiet. Bl.a. foreslår regjeringa at 232 mill. kroner av auka skal gå til politidistrikta og leggje til rette for auka politibemanning, hovudsakeleg i dei geografiske driftseininga. Midlane skal òg gå til å styrke arbeidet mot grensekryssande kriminalitet i Innlandet politidistrikt og til å auke operativ evne i rytterkorpset og hundetenesta ved Oslo politidistrikt. Påtalemakta er eit viktig ledd i etterforskinga av kriminalitet, og regjeringa foreslår at 40 mill. kroner av grunnfinansieringa går til auka løyving til påtalemakta.

Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep er alvorleg kriminalitet som skal prioriterast høgt i heile straffesakskjeda, frå forebygging til straffegjennomføring. Regjeringa har derfor lagt fram ein opptappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar for perioden 2024–2028. I revidert nasjonalbudsjett 2024 vart Statens barnehus styrkt med 6 mill. kroner. Som ein del av grunnfinansieringa av politiet foreslår regjeringa tiltak til forebygging mot vald og overgrep og vald i nære relasjonar. Regjeringa foreslår å varig auke løyvinga til Statens barnehus med 20 mill. kroner, bl.a. til å legge til rette for å etablere underavdelingar av eksisterande barnehus i Kristiansund og Harstad. I tillegg foreslår regjeringa at 46 mill. kroner av grunnfinansieringa til

politiet nyttast til auka bruk av omvend valdsalarm (besøksforbod med elektronisk kontroll). Som ein del av opptrappingsplanen foreslår regjeringa også 20 mill. kroner til å fortsette utrullinga av ein tverrfagleg modell for å førebyggje vald i nære relasjonar, etter modell frå RISK i Oslo politidistrikt, i distrikta Sør- Øst, Sør- Vest og Nordland.

Digitalisering i politiet

Eit sentralt funn i Riksrevisjonen si undersøking av digitaliseringa i politiet, som vart behandla i Stortinget 29. februar 2024, er at det digitale etterslepet i politiet er stort, og at mange av systema som er avgjerande for verksemda, er gamle. Dette etterslepet er opparbeidet over mange år. Riksrevisjonens undersøkelsesperiode er frå 2014-2023.

Etterslepet avgrensar moglegheitene som den teknologiske utviklinga gir til å auke kvaliteten og effektiviteten i oppgåveløysinga. Ein del av den auka løyvinga på 1 772 mill. kroner til grunnfinansieringa av politiet skal bl.a. gå til å sikre sikker og stabil drift av IT-systema, som er eit av dei viktigaste verktøya i oppgåveløysinga til politiet. Det trengst eit digitalt løft og omstilling over tid. Dette er avgjerande, både for å sikre god operativ evne, meir effektiv kamp mot kriminalitet og adekvat beredskap, og for å kunne yte betre tenester til innbyggjarane.

For å sikra at digitaliseringa i politiet ressurssettast og styrast på ein god måte, har Politidirektoratet vedteke ein ekstern gjennomgang av styringa av IT i politiet.

Kap. 440 Politiet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01</i>	21 421 408	21 244 548	24 024 498
22	Søk etter antatt omkomne, <i>kan overført</i>	4 282	7 306	7 584
23	Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	22 591	28 053	29 119
25	Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning	223 694	200 184	191 963
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overført</i>	192 170	12 617	34 085
46	Investeringer i Schengen IT-systemer, <i>kan overført</i>	300 108	195 294	350 002
48	Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, <i>kan overført</i>	13 355	209 210	147 310
70	Tilskudd	53 520	53 853	54 861
71	Tilskudd Justismuseet	8 413		
73	Internasjonale forpliktelser, mv., <i>kan overført</i>	231 497	713 041	703 644
74	Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler	624	6 000	
	Sum kap. 440	22 471 662	22 670 106	25 543 066

Politiet skal gjennom førebyggjande, handhevande og hjelpande verksemd vere eit ledd i den samla innsatsen i samfunnet for å fremme og sikre tryggleiken, rettstryggleiken og den alminnelege velferda elles for borgarane, jf. politilova

§ 1. Politidirektoratet leier politiet og har ansvaret for fagleg leiing, styring, oppfølging og utvikling i heile etaten, med dei avgrensingane som følgjer av at riksadvokaten har det faglege overordna ansvaret for all straffesaksbehandling, sjå nær-

mare omtale under kap. 445 Den høgere påtalemyndighet.

Politidirektoratet har til saman 21 underliggjande einingar:

- tolv politidistrikt
- fem særorgan med nasjonale oppgåver: Kripos, Økokrim, Politiets utlendingseining, Utrykkingspolitiet og Politihøgskolen
- fire andre underliggjande einingar: Politiets fellesenester, Politiets IT-eining, Nasjonalt ID-senter og Grensekommisariatet

Enkelte delar av politiet har eigne budsjettkapittel: kap. 441 Politidirektoratet, kap. 442 Politihøgskolen, kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet og kap. 448 Grensekommisæreren.

Sjå òg omtale av PST under kap. 444 og Riksadvokaten under kap. 445.

31. desember 2023 var den totale bemanninga i politiet 18 323 årsverk, av desse var 14 833 i politidistrikta.

Heilskapleg styring av politiet

Regjeringa har satt i gang eit arbeid med å forbetre styringa av og i politiet. Dette har vore viktig i ein situasjon med høg prisstigning, auka kostnader og ein betydeleg endra tryggingpolitisk situasjon. Situasjonen førar til at nye og forsterka truslar treffer Noreg samstundes.

I samband med dette har regjeringa gjennomført ein områdegjennomgang av budsjettsituasjonen og økonomistyringa i politiet.

Sentrale forbettringsområde i områdegjennomgangen knyter seg til behovet for meir langsiktig og overordna styring av og i politiet, og behovet for betre styringsinformasjon. Meir langsiktig og overordna styring av verksemdene handlar grunnleggjande om å leggje til rette for at aktivitetane i politiet på ein ressurseffektiv måte løyser samfunnsoppdraget. Dette krev kunnskap om framtidige utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter, og dessutan kunnskap om korleis ulike tiltak og løyvingar påverkar måloppnåinga for politiet. Områdegjennomgangen tilrår mellom anna at styringa i større grad enn i dag bør vektleggje brukar- og samfunnsseffektar, og at politiet i større grad enn i dag får rammevilkår som sikrar større råderett over eigne ressursar. Eit høve på dette er at ein tidlegare har styrt etter eit mål om 2 polititene-stepersonar per 1000 innbyggjarar. Områdegjennomgangen påpeiker at dette har våre ei uheldig detaljstyring.

Justis- og beredskapsdepartementet vil leggje til rette for ei meir langsiktig og heilskapleg sty-

ring av politiet. Samstundes må det stilles klare krav om at politiet innrettar ressursane best mogleg for å løyse kriminalitetsutfordringane og tryggje befolkninga.

Politiet løyser eit breitt og komplekst samfunnsoppdrag gjennom dyktige medarbeidarar med ulike kompetansebakgrunnar, og med stadig større bruk av ulike teknologiske verkemiddel, i tillegg til eit breitt spekter av utstyr og materiell. Politiet utøver sitt virke i eit samfunn og eit utfordringsbilette som er i rask endring. Politiet må derfor kontinuerleg utvikle seg for å vareta samfunnsoppdraget sitt. Samtidig tek det mange år å byggja kapasitetar, fagmiljø og kompetanse i ei stor verksemd som politiets. Det er derfor behov for at styringa og utviklinga av politiet har eit langsiktig perspektiv som er forankra i utfordringsbiletet, samstundes som politiet må ha evne til å tilpasse seg et endra trusselbilette. Den vidare oppfølginga av dette vil regjeringa komme tilbake til etter framlegginga av totalberedskapsmeldinga.

Departementet har prioritert å følgja opp tiltak som bidreg til å byggja fundamentet for å kunne etterkomma forbettringsområda til områdegjennomgangane. Dette er høvesvis å sørgja for meir systematisk bruk av budsjett- og ressursanalysar, å aktivt utnytte moglegheiter for betre styringsinformasjon gjennom ny økonomimodell og statlege rekneskapsstandardar (SRS), og endeleg, meir målretta bruk av forskning og utvikling for å vurdere effektar av ulike tiltak og satsingar, som bl.a. også vil vere viktig for å kunna vurdere om ressursutnyttinga og produktiviteten er god. Vidare har Politidirektoratet byrja på eit arbeid for å styrkje den faglege rolla si i styringa og utviklinga av politiet, inkludert relevante kunnskapsgrunnlag. I samarbeid med Politidirektoratet skal Justis- og beredskapsdepartementet vidareutvikle styrings- og planprosessar som sørgjer for at dette kunnskapsgrunnlaget blir omsette og brukte i både budsjettarbeidet, etatsstyringa og som ledd i det meir langsiktige arbeidet for utviklinga av politiet.

Dette arbeidet vil bidra til å svare ut justiskomiteens innstilling om å leggje til rette for fleirårige planar for politiet, jf. Innst. 412 S (2023–2024).

Ein langsiktig plan for styringa av politiet må rettast slik at den innehar ein fleksibilitet for å møte framtida og eit trussel- og trygggleiks-bilette i stadig endring. Planen må heile tida kunne tilpassast seg endringar i kriminalitets- og trusselbilette og øvrige utviklingstrekk i samfunnet, til dømes den teknologiske utviklinga. Dette krev nærmare vurdering, for å sikre at intensjonen og målsettinga blir nådd. Regjeringa vil kome nærmare tilbake til korleis den sivile beredskapen

skal sjåast i samheng med styringa av politiet etter framlegginga av Totalberedskapsmeldinga.

Stortinget ber regjeringa setje ned eit politiroллеutval, jf. Innst. 412 S (2023–2024). Eit politiroллеutval kan bidra med viktige innspel til spørsmål rundt rolla til politiet og oppgåveløysing i lys av behova og venta utvikling i samfunnet. Det vil derfor kunne vere naturleg å sjå politiroллеutvalet i samheng med arbeidet til regjeringa med å leggja til rette for ein meir langsiktig og heilskapleg styring av politiet.

Beredskap og krisehandtering

Politiet har måtte tilpasse seg eit krevjande og komplekst trusselbilet med høgare krav til beredskap i lys av den varig endra tryggingssituasjonen i Europa og auken i talet på fordrivne frå Ukraina. Politiet si oppgåveløysing skjer i eit breitt samvirke med andre aktørar, og politiet bruker betydelege ressursar på støtte til offentlege og private aktørar, territorialkontroll, overvaking, innhenting av informasjon og førebyggjande tiltak mot ulike former for kriminalitet. Politiet har ei viktig rolle i å byggje og å oppretthalde motstandskraft i samfunnet og er ein viktig aktør i totalforsvaret. Dette vil omtalast nærmare i regjeringa si stortingsmelding om totalberedskap. Sjå nærmare omtale om meldinga i del 1 og under programkategori 06.50.

Ei av dei viktigaste oppgåvene til politiet er å trygge samfunnet og innbyggjarane. Saman med andre aktørar skal politiet førebyggje kriminalitet og ulukker og agere raskt, kompetent og samordna når slike hendingar likevel skjer. Innbyggjarundersøkinga til politiet for 2023 viser at tillingen befolkninga har til politiet framleis er høg i Noreg og på same nivå som i 2022.

God samhandling mellom nødetatane er avgjerande for god beredskap.

Samarbeidet mellom Politidirektoratet og Helsetidirektoratet har i 2024 ført til etablering av lokale samarbeidsavtalar og klargjering av ansvar og oppgåver i samarbeidet mellom helsetenestene og politiet knytt til psykisk sjuke.

Politidirektoratet fekk i 2022 i oppdrag å utarbeide ei konseptvalutgreiing for ei langsiktig løysing for luftkapasitetane til politiet. Utgreiinga vart levert til Justis- og beredskapsdepartementet i desember 2023. Ho har gjennomgått ekstern kvalitetssikring som vart ferdig i juni 2024, og departementet vurderer no den vidare oppfølginga.

Politidirektoratet leverte hausten 2024 ei evaluering av effekten av Politiets nasjonale beredskapssenter. Hovudmålet med evalueringa var å

vurdere den nasjonale effekten av etableringa av senteret. Justis- og beredskapsdepartementet vil gjennomgå rapporten og vurdere vidare oppfølging.

Etter eit vellukka prøveprosjekt er det no etablert dronekapasitet i alle politidistrikta. Dronar er ei spesialistteneste som ikkje er sentralisert, og som er tilgjengeleg i politiets daglege teneste i heile landet. Dronane bidrar med søk og lokalisering, observasjons- og formidlingsteneste og dessutan funn av gjerningspersonar. Politiets dronar har det siste året bidratt til å finne 50 personar i søk- og redningsoppdrag. I fleire av desse oppdraga har dronar bidratt til å finna personar og redde liv.

Dagens driftsavtale for Nødnett går ut i 2026. Regjeringa foreslår derfor å forlenge kontrakten. Dagens Nødnett fungerer godt, men det er basert på utgåande teknologi og må på sikt bli erstatta av ei ny løysing for nød- og beredskapskommunikasjon for å halde ved lag og vidareutvikle beredskapen og handteringsevna til nød- og beredskapsetatane. Sjå nærmare omtale i del 1 og under programkategori 06.50.

Politiet er ansvarleg for befolkningsvarsling ved bruk av Nødvarsel i fredstid ved ekstraordinære hendingar eller kriser. Arbeidet med etablering av Nødvarsel som sendes ut via mobilnetta er ferdigstilte og gått over i ordinær drift og forvaltning. Sjå nærmare omtale under programkategori 06.50.

Radikalisering og ekstremisme

Radikalisering, valdeleg ekstremisme og terror er vedvarande truslar, både for Noreg og internasjonalt. Terrortrusselnivået i Noreg har dei siste åra vore på moderat nivå, men utfordringsbiletet er i stadig endring, og terrortrusselen mot Noreg er reell. I 2024 vurderer PST trusselen frå ekstreme islamistar som noko meir alvorleg enn trusselen frå høgreekstremistar. Innsatsen mot radikalisering og valdeleg ekstremisme og terrorisme er breitt innretta, og mange sektorar har eit ansvar for tidleg førebyggjande innsats.

Som del av oppfølginga etter 25. juni-skytinga har politiet sett i verk ei rekkje tiltak for å møte tilrådingane i evalueringa, bl.a. tiltak for å auke kompetansen om radikalisering og valdeleg ekstremisme, å betre samhandlinga og dialogen mellom politiet og Politiets tryggingsteneste (PST) og å betre samhandlinga og dialogen mellom politiet og trusselutsette grupper og miljø. Vidare vart Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) i revidert nasjonalbudsjett for

2024 styrkt med 4 mill. kroner for å gjennomføre ein forskingsstudie i samarbeid med Støttegruppa 25. juni om dei som vart ramma av skytinga 25. juni 2022. Formålet med studien er å skaffe kunnskap om samanhengen mellom samfunnsrespons, konsekvensar og samfunnstryggleik over tid etter terror.

Schengen-IT-systema i politiet

For å kjempe betre mot grensekryssande kriminalitet, terror og ulovleg migrasjon, er det sett i gang eit omfattande utviklingsarbeid i Schengen-samarbeidet. Eit viktig tiltak er å utvikle og implementere fleire felleseuropeiske IT-system for styrkt grensekontroll, betre deling av informasjon og større tryggleik. Utviklinga i Noreg skjer primært i politiet og Utlendingsdirektoratet (UDI).

Endringane i lov om Schengen informasjons-system (SIS) som følgje av nye EU-forordningar, som tredde i kraft våren 2023, og tilhøyrande endringar i IT-system og arbeidsprosessar, har mellom anna ført til raskare saksbehandling og styrkt kontroll på returområdet. Fleire endringar og vinstar av Schengen-IT-systema er venta framover.

Det vart i statsbudsjettet for 2023 vedteke ei felles kostnadsramme på 2 187 mill. kroner (2023-kroner inkl. mva.) for fire av desse utviklingsprosjekta i politiet og UDI knytte til IT-systema Schengen Information System (SIS), Visa Information System (VIS), European Asylum Dactyloscopy (Eurodac) og Interoperabilitet, jf. Innst. 6 S (2022–2023). I tillegg er det gitt løyvingar til utviklingsprosjekta Entry/Exit System (EES) og European Travel Information and Authorization System (ETIAS) sidan 2020, jf. Prop. 1 S for Justis- og beredskapsdepartementet (2019–2020).

Løyvinga til politiet som gjeld Schengen-IT-systema, er nærmare omtalt under post 46 Investeringar i Schengen-IT-systemer. Sjå òg omtale under post 48 Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordningar og kap. 490 Utlendingsdirektoratet.

Kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet

Kriminelle nettverk og gjengar representerer ei stor utfordring, bl.a. gjennom rekruttering av unge personar til kriminelle miljø. Gjennom integritetskrenkingar og andre lovbrøt bidrar desse miljøa til å skape utryggleik i befolkninga og lokalsamfunnet. Samstundes representerer dei kriminelle nettverka ei ueinsarta persongruppe. Det

dreier seg dels om tunge multikriminelle aktørar, og dels om særleg risikoutsett ungdom på terskelen til ei kriminell løpebane. Personar som gjer seg skuldige i alvorleg kriminalitet, skal møtast med kontant straffeforfølgning og tilstrekkeleg strenge straffepåstandar. I det førebyggjande sporet er det viktig med tidleg intervensjon og samarbeid med andre relevante aktørar som har eigna verkemiddel.

Regjeringa fortsett den målretta satsinga og foreslår å vidareføre den auka løyvinga frå revdert nasjonalbudsjett 2024 til styrkinga av politiet sin kompetanse og kapasitet til å kjempe mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet med totalt 600 mill. kroner. Midlane skal bidra til at politiet kan avdekke kriminelle handlingar og betre identifisere kriminelle nettverk, aktørane i og rundt nettverk og kriminalitet dei utfører. Politiet skal òg få auka kapasitet til å etterforske og føre kriminalitet for retten. Midlane skal i tillegg føre til auka inndraging av utbytte frå den kriminelle økonomien, hindre auka rekruttering til kriminelle nettverk og styrke det internasjonale arbeidet for å redusere grensekryssande kriminalitet.

Cyberkriminalitet

Cyberkriminalitet er kriminalitet mot datasystem (cyberretta) og kriminalitet som er støtta av datasystem (cyberstøtta). Døme på det første er utpressing og skadeverk ved datainnbrot eller datatjuveri. Døme på det andre er bruk av datasystem til å utføre seksuallovbrøt og økonomisk kriminalitet som bedrageri og kvitvasking.

Cyberkriminaliteten har stor geografisk spreiding og ramar både enkeltpersonar, t.d. i form av bedrageri og seksuallovbrøt, og verksemder, t.d. i form av datainnbrot, datatjuveri og løysepengerusangrep.

Det overordna biletet er tilnærma eintydig og viser at det blir meir cyberstøtta kriminalitet. Det er registrert auka digital støtte innan fleire alvorlege kriminalitetsområde, som seksuallovbrøt, økonomisk kriminalitet, organisert kriminalitet, datainnbrot og datatjuveri.

Den profittmotiverte cyberkriminaliteten utførast ofte av organiserte kriminelle grupper, og digitale bedrageria utgjer ein stor del av den økonomiske kriminaliteten. Forslaget om auka løyving til politiet for å kjempe mot den organiserte og økonomiske kriminaliteten vil også omfatte cyberkriminaliteten. Politiet skal arbeide vidare med å utvikle evna til å avdekke, førebyggje og avverje cyberkriminalitet og straffeforfølgje krimi-

nelle gjennom etterforskning og påtale. Politiet skal vidareføre samarbeid med private verksemdar, andre land og akademia for å kjempe mot cyberkriminalitet.

Økonomisk kriminalitet

Velferdsstaten er i stor grad finansiert gjennom skattar og avgifter på inntekt, forbruk og formue. Gjennom økonomisk kriminalitet, irekna kvitvasking, arbeidslivskriminalitet, fiskerikriminalitet og annan kriminalitet som gjeld økonomi, blir store beløp som kunne ha komme samfunnet til gode, unndrege frå skattlegging. Økonomisk kriminalitet bidrar til å undergrave dei etablerte samfunnsstrukturane. Slik kriminalitet, som t.d. bedrageri på internett, har òg stor verknad for enkeltindivid.

Både politiet og bankane registrerer ein markant auke i talet på bedrageri, og bruk av IT (cyberstøtta) er ein komponent i nær 70 pst. av melde bedrageri. Ifølgje Økokrim har politiet og bankane registrert ein kraftig auke av denne typen bedrageri. Omfanget er no så stort at Økokrim meiner det grensar til å vere eit samfunnsstryggleiksproblem. Både privatpersonar, organisasjonar og bedrifter lid store økonomiske tap. I trusselvurderingene frå politiet er det forventa at bedrageri vil halde fram med å auke i omfang, og at folk i alle aldrar og samfunnslag vil rammast i kommande år. Økokrim rapporterer at fleire sikta i norske bedragerisaker kan knytast til organiserte kriminelle nettverk som også er involverte i narkotika- og valdskriminalitet.

Stortingsmelding 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar* om førebygging og motverking av økonomisk kriminalitet inneheld ei rekkje tiltak som er meinte å leggje grunnlaget for den vidare politikken på dette området. Tiltaka skal følgjast opp over ein periode på fire år, men allereie no er det viktig å sette i gang konkrete tiltak. Eit av dei prioriterte tiltaka er at Økokrim skal styrkast, slik at dei blir betre i stand til å handtere den aukande mengda rapportar om mistenkjelege transaksjonar som dei får frå rapporteringspliktige etter kvitvaskingslova. Eit anna av dei prioriterte tiltaka er at øko- og miljøseksjonane i politidistrikta skal styrkast, slik at dei kan heve kompetansen og kapasiteten på feltet. Arbeidet for å inndra meir utbytte frå dei kriminelle blir svært viktig, også for å motverke organisert kriminalitet. Regjeringa foreslår derfor å styrke arbeidet mot kvitvasking og korrupsjon med 90 mill. kroner som ei oppfølging av stortingsmeldinga. Styrkinga av politiet sin kompetanse og kapasitet til å etterforske og straffeforfølgje saker om økonomisk kriminalitet

supplerer innsatsen mot organisert kriminalitet. Midlane skal òg gå til betre bruk av finansiell etterretning i politiet og kontrollatane, styrking av Økokrim og auka kontroll og tilsyn.

Det krevst samordna innsats frå ei rekke offentlege myndigheiter for å førebygge og få bukt med arbeidslivskriminalitet. Det er organisert eit tverretatleg samarbeid mellom Arbeidstilsynet, Arbeids- og velferdsetaten, Skatteetaten og politiet. Sjå Arbeids- og inkluderingsdepartementets fagproposisjon for nærmare omtale.

Vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar

Vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep er alvorleg kriminalitet og blant dei lovbrota som skal prioriterast høgt i heile straffesakskjeda, frå førebygging til straffegjennomføring. Arbeidet for å førebygge og kjempe mot vald og overgrep krev koordinert tverrdepartemental og tverrsektoriell innsats. Regjeringa har derfor lagt fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar for perioden 2024–2028, der ni departement har bidratt. Planen inneheld over 100 tiltak som skal bidra til betra førebygging og vern, avdekking av fleire saker og dessutan betra varetaking av personar som har vore utsette for vald og overgrep. Vald og overgrep i samiske samfunn er gitt ein eigen omtale i planen. Det er under etablering eit eige barnehustilbod tilrettelagt for samiske barn i Karasjok. Regjeringa foreslår at 20 mill. kroner av grunnfinansieringa til politiet går til å fortsette utrullinga av ein tverrfagleg modell for å førebygge vald i nære relasjonar, etter modell frå RISK i Oslo politidistrikt, i distrikta Sør-Øst, Sør-Vest og Nordland. Nokre barn har svært lang veg til barnehusa. For barn som har vært utsatt for, eller vært vitne til, vald og overgrep er lang reiseveg ei stor tilleggsbelastning. Regjeringa foreslår derfor at 20 mill. kroner av grunnløyvinga til politiet går til å styrke barnehusa og til å opprette underavdelingar av eksisterande barnehus. I 2025 vil det bli lagt til rette for etablering av underavdelingar i Kristiansund og Harstad.

Den førebyggjande verksemda, etterforskinga og straffeforfølginga til politiet står sentralt i planen. For eit ytterlegare styrkt kunnskapsgrunnlag om vald i nære relasjonar har regjeringa etablert ein partnardrapskommisjon ved Statens sivilrettsforvaltning. Ein tek sikte på at kommisjonen startar arbeidet sitt rundt årsskiftet 2024/2025.

Samarbeid med dei som tilbyr tenester på internett, er viktig for å førebygge internettrela-

terte overgrep mot barn. Regjeringa vil sjå på korleis kontakt med barn på internett for seksuelle formål kan avdekkast, stansast og etterforskast meir effektivt. Europakommisjonen har lagt fram eit forslag til forordning om at dei som tilbyr tenester på internett, skal rapportere ved mistanke om kriminelle handlingar mot barn. Forslaget inkluderer òg eit initiativ til eit europeisk senter som skal koordinere arbeidet. Reglane er merkte som EØS-relevante og politiet må starta opp arbeidet med å planlegge innføringa av regelverket allereie i 2025. Regjeringa vil sjå nærmare på reglane og på ei nasjonal løysing.

Nærvær og tilgjengelegheit

Det er ei viktig oppgåve for regjeringa å arbeide for at kriminalitet ikkje skjer, og at innbyggjarane opplever tryggleik, god rettstryggleik og tilgjengelege tenester i heile landet og i det digitale rommet. Politiet må vere tilgjengeleg for befolkninga for å skape tryggleik. I oktober 2023 la regjeringa fram handlingsplanen *Trygghet i hverdagen*. Handlingsplanen peikar ut ei tydeleg retning for eit politi som er til stades for – og i – lokalsamfunn i heile landet, og som kan bidra til å skapa tryggleik og førebygge kriminalitet der folk bur. Planen omfattar ei rekkje tiltak som er satt i gang, bl.a. oppretting av nye tenestestader, styrka bemanning ved eksisterande tenestestader, og oppretting av nye passkontor.

I 2024 fekk politiet 35,5 mill. kroner i auka løyving til å opprette ti nye tenestestader. Heilårseffekten av forslaget er 63 mill. kroner. Politiet er i hovudsak i rute i arbeidet med å etablere til saman 20 nye tenestestader. Tenestestadene i nokre kommunar kan bli forseinka på grunn av utfordringar med å finne og tilpasse lokale i tide.

Regjeringa foreslår å vidareføre den auka løyvinga til politiet frå revidert nasjonalbudsjett 2024 på 1 800 mill. kroner og totalt auke løyvinga til politiet og påtalemakta i politiet med 2 462 mill. kroner. For å sikre at politiet kan nytte midlane fullt ut i arbeidet mot kriminelle nettverk, foreslår regjeringa at dei resterande midlane på 1 772 mill. kroner skal gå til å vidareføre styrkinga av grunnfinansieringa av politiet og påtalemakta i politiet. 232 mill. kroner av auka skal fordelast til politidistrikta og leggje til rette for auka politibemanning, hovudsakeleg i de geografiske driftseiningane. Regjeringa bygger en felles svensk-norsk politistasjon på Magnormoen som blir opna i 2025. Politistasjonen vil styrke og effektivisere det operative og strategiske samarbeidet mellom norsk og svensk politi i grenseområda. Stasjonen har vore i

drift sidan juni 2022 i mellombelse lokale. For å kjempe mot grensekriminalitet og leggje til rette for eit godt samarbeid med svensk politi foreslår regjeringa at 20 mill. kroner av auka går til Innlandet politidistrikt for å bemanne grensepolitistasjonen og styrke innsatsen mot grensekryssande kriminalitet. Regjeringa foreslår vidare 15 mill. kroner til auka operativ evne i rytterkorpset og hundetenesta ved Oslo politidistrikt. Midlane til Innlandet politidistrikt og Oslo politidistrikt er friske midlar som kjem i tillegg til den ordinære løyvinga som fordelast politidistrikta av Politidirektoratet. Det er vidare naudsynt å auke bruken av omvend valdsalarm (bruk av elektronisk kontroll) i politiet og kriminalomsorga, som regjeringa innførte nye reglar for i 2024, for å styrke vernet om dei som er utsett for vald og truslar. Regjeringa foreslår at 46 mill. kroner av løyvinga dekker utgiftene politiet og kriminalomsorga har til dette, der 13 mill. kroner er ein vidareføring frå revidert nasjonalbudsjett.

Den foreslåtte grunnfinansieringa skal òg bidra til at politiet kan sikre sikker og stabil drift av IT-systema sine. Politiet heng etter med digitaliseringa av tenester og arbeidsprosessar. Det er heilt nødvendig at politiet prioriterer dette arbeidet for å forhindre at systema bryt saman, eller at dei ikkje evnar å avdekke sårbarheiter og ev. dataangrep. Dette er avgjerande både for å sikre god operativ evne, meir effektiv kamp mot kriminalitet og adekvat beredskap og for å få betre tenester til innbyggjarane. Arbeidet med digitalisering i politiet er omfattande. Regjeringa har derfor sett i gang ei utgreiing for å vurdere korleis ein kan gjennomføre ei styrking av digitaliseringsarbeidet i politiet.

Straffesaksbehandling

Dei allmenne måla for behandling av straffesaker er høg kvalitet, høg oppklaringsprosent, kort behandlingstid og adekvat reaksjon.

Politiet har redusert restansane på straffesaksfeltet dei siste åra. Rask saksbehandling må likevel ikkje gå på kostnad av adekvat kvalitet på etterforskinga og påtalebehandlinga. Det er utfordringar knytte til resultatane. Særleg gjeld dette låg og fallande oppklaringsprosent for enkelte av dei kriminalitetstypene som skal vere prioriterte etter riksadvokatens mål og prioriteringsskriv, bl.a. vald og seksuallovbrot, mishandling og vald i nære relasjonar og grovt bedrageri. Det er òg til dels store variasjonar i oppklaringsprosent mellom politidistrikta for dei same kriminalitetstypene. I den siste evalueringa si av nærpolitire-

forma peikar Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) på for dårleg kapasitet og kompetanse i arbeidet mot organisert, økonomisk og digital kriminalitet. Tilsvarande utfordringar er har Riksrevisjonen påpeikt i fleire av rapportane sine dei siste åra. I den vidare overordna oppfølginga har Riksadvokatembetet ansvaret for å analysere og tilrå tiltak som kan forbetre kvaliteten i straffesaksbehandlinga. Politidirektoratet har hovudansvaret for at normer, krav, mål og prioriteringar frå riksadvokaten kan realiserast i politidistrikta på ein mest mogleg effektiv og hensiktsmessig måte gjennom ressursallokering, organisering og kompetansehevande tiltak.

Som omtalt i stortingsmeldinga om økonomisk kriminalitet er det viktig å snu den mangeårige nedgangen i talet på etterforska lovbrøt som gjeld økonomisk kriminalitet. Inndraging av utbytte er eit sentralt verkemiddel mot alle former for profittmotivert kriminalitet. Inndragingsei-ninga ved Økokrim bidrar med kompetansehevande tiltak i politidistrikta for å skape større medvit rundt inndraging i politiet. Det er ei forventning om ein auke i talet på saker der inndraging blir nytta.

Organisert kriminalitet, som alvorleg narkotikaverksemd og annan profittmotivert kriminalitet, utgjer ein alvorleg trussel for enkeltpersonar og samfunnet. Enkelte straffesaker viser at Noreg blir brukt som transittland for transport av narkotika. I tråd med dei sentrale prioriteringane til Riksadvokaten må innsatsen særleg rettast mot bakmannsapparatet, og politiet og påtalemakta må nytte internasjonalt samarbeid.

Den kunnskapsbaserte førebyggjande innsatsen til politiet

Gjennom førebyggjande innsats skal politiet vere i forkant av kriminaliteten og bidra til å redusere førekomsten av kriminalitet. Kriminalitet som blir førebygd, sparer samfunnet for både økonomiske og menneskelege kostnader.

Skal politiet lukkast med det førebyggjande arbeidet sitt, må dei ha god kunnskap om samfunns- og kriminalitetsutviklinga og om årsaker til kriminalitet. Politiet må òg ha god kunnskap om kva tiltak som har effekt. Derfor er det viktig at den kriminalitetsførebyggjande innsatsen til politiet byggjer på fagleg anerkjende prinsipp, og at politiet baserer informasjon og verksemd på det som til kvar tid blir rekna som vitskapleg kunnskap, slik t.d. rolleforståingsutvalet tilrådde i rapporten sin frå januar 2023. Politihøgskulen jobbar med fleire ulike prosjekt som følgjer opp behovet

for forskning på området. Men førebygging av kriminalitet er ikkje ei oppgåve for politiet åleine. Fleire aktørar har viktige roller og ansvar i det førebyggjande arbeidet. Svært ofte vil det vere aktørar utanfor politiet som har dei rette verke- midla og tiltaka. Dette krev medvit om rolla og ansvaret til politiet og andre aktørar. Samarbeid gir større kunnskap og eit betre avgjerdsgrunnlag for å setje i verk kunnskapsbaserte tiltak som samla sett gir førebyggjande effekt.

Forvaltningsoppgåver og sivil rettspleie

Forvaltningsoppgåvene til politiet skal sikre innbyggjarane effektive tenester med god kvalitet. Forvaltningsoppgåvene bidrar også til å førebyg- gjø kriminalitet og uønskte hendingar. Førebyg- ging gjennom forvaltning inneber at politiet bru- ker informasjon dei allereie har, i samhandling med andre fagområde i politiet. Det kan føre til at løyve ikkje blir gitt, eller at løyve blir kalla tilbake frå personar som ikkje lenger fyller vilkåra for å ha løyve (våpen, førarrett, vaktverksemd, pass og ID-kort, brukthandel osv.).

Politiet si pass- og ID-kortforvaltning er viktig for nesten heile befolkninga. Kontrollen med og utferdinga av ID-dokument bidrar til å førebyggje kriminalitet og trygge identiteten til innehavaren. Regjeringa er oppteken av å gi innbyggjarane eit best mogleg tilbod om pass og ID-kort nær der dei bur. I budsjettet for 2024 vart passgebyra auka for bl.a. å dekke kostnadane til 14 nye passkontor. Politiet er i hovudsak i rute i arbeidet med å eta- blere 14 nye passkontor. I nokre kommunar kan politiet bli forseinka på grunn av flytting til nye lokale. I desse kommunane vil passkontoret bli etablert i dei nye lokala.

God tilgjengelegheit handlar òg om ventetid og opningstid på pass- og ID-kontor. Justis- og beredskapsdepartementet følgjer situasjonen med tilbod av og etterspurnad etter pass og nasjonalt ID-kort og vurderer kontinuerleg tiltak for å sikre god tilgjengelegheit og ei sikker utferding av pass og ID-kort i heile landet. Justis- og beredskapsde- partementet har fastsett nye reglar som òg vil gi utanlandske statsborgarar som har norsk fødsels- nummer og rett eller løyve til opphald her, ein rett til å søke om nasjonalt ID-kort når Politidirekto- ratet har bestemt tidspunktet for lansering. Med ein rett til nasjonalt ID-kort vil også utlendingar som bur her, kunne skaffe seg gyldig legitimasjon med sitt norske identitetsnummer i Folkeregisteret, for enklare tilgang til bl.a. elektronisk identitet og banktenester.

Det blir foreslått å auke gebyret for pass og nasjonalt ID-kort til kostnadsdekkande nivå, som utgjør 800 kroner for pass og nasjonalt ID-kort til vaksne og 480 kroner for pass og nasjonalt ID-kort til barn. I tillegg blir det foreslått å auke gebyret for nødpass til 1 250 kroner.

Politidirektoratet har fått i oppdrag å etablere ei betre og meir effektiv digital våpenforvaltning i samarbeid med Brønnøysundregistra. Det er no mogleg for innbyggjarane å sende inn søknad om både jaktvåpen og sportsvåpen digitalt. Frå 5. juni 2023 er alle politidistrikt kopla på løysinga for jaktvåpensøknader, og frå 4. juni 2024 på løysinga for sportsvåpensøknader. Løysinga inneber at søknader som tidlegare vart behandla manuelt, no i stor grad blir behandla maskinelt. Dette bidrar til redusert saksbehandlingstid. I tida framover vil løysinga utviklast til å inkludere behandling av andre typar søknader. Regjeringa har i Prop. 115 L (2023–2024) lagt fram forslag til endringar i våpenlova som bl.a. inneber at politiet vil kunne heilautomatisere avgjerder etter våpenlova. Blir forslaget vedteke, kan det bidra til å redusere saksbehandlingstida ytterlegare i saker der det ikkje er tvil om utfallet. Proposisjonen inneheld òg eit forslag om endra heimel for gebyr for løyve og godkjenningar etter våpenlova. Endringa opnar for å fastsetje at publikum må betale gebyr sjølv om søknaden blir avslått.

Politiet har òg forvaltningsoppgåver på utlendingsfeltet. Søknader om asyl, opphald og statsborgarskap blir leverte til førstelinja i politiet. I tillegg har politiet ansvar for å transportere ut personar utan lovleg opphald. Krigen i Ukraina er forventta å påverke korleis politiet handterer inkomstar i 2025. I 2023 og 2024 har tilsette i politiet i periodar der det har komme få asylsøkarar, bl.a. jobba med behandling av andre utlendingssaker. Regjeringa foreslår at 75 mill. kroner av den foreslåtte løyvingsauka til politiet går til handtering av inkomstar og registrering av asylsøkarar frå Ukraina. Løyvinga vil føre til redusert registreringskapasitet og kan medføre lengre ventetid for ukrainarar som kommer til Noreg. Løyvinga kan vidare medføre redusert moglegheit til etterarbeid knytt til inkomstane og redusere politiets moglegheit til å vidareføre registreringssenteret som blei oppretta på Gardermoen etter inkomstane auka i 2022. Regjeringa syner til at det er eit mål å redusere inkomstane, og har gjort ein rekke innstramningar i asylpolitikken, både knytt til Ukrainarar spesielt, og flyktningar generelt. Grunnfinansieringa og auka på 232 mill. kroner til politidistrikta skal nyttast til at politistillingar som er melombelse til registrering av flyktningar overførast

til politidistrikta og blir til faste politistillingar. Krigen er uforutsigbar og anslag knytt til inkomstar er usikre. Regjeringa vil komme tilbake Stortinget ved behov for justeringar.

Gjennom prioritert saksgang for utlendingar som kan utgjere ein alvorleg trussel mot samfunnsstryggleiken, samarbeider politiet med PST og utlendingsmyndighetene om effektiv saksflyt og uttransport i slike saker. Dette er viktig for tryggleiken til Noreg og bidrar til å motarbeide kriminalitet.

Sivil rettspleie omfattar bl.a. oppgåvene til namsmannen. Det er sett i verk tiltak for å byggje ned restansane i gjeldsordningssaker, og fleire politidistrikt har redusert restansane til eit minimum. Det er venta ei markant forbetring i saksbehandlingstida utover i 2024.

Det er halde 17 pst. fleire utleggsforretningar i 2023 enn i 2022, men restansane har likevel auka. Det er ei bekymringsfull utvikling, og politiet har derfor sett i verk tiltak.

Gebyret for utleggsforretningar er prisa for høgt. Gebyret er i dag på 1,21 R (1 590 kroner, hvor R=1 314 kroner i 2025). Regjeringa foreslår å redusere gebyret for utlegg til sjølvkost, til 0,69 R (tilsvarande 906 kroner). Dette vil i 2025 gi eit samla provenytap på om lag 350 mill. kroner bokført og 406 mill. kroner påløpt under Justis- og beredskapsdepartementet.

Oslo forliksråd og Bærum forliksråd har store restansar. For å auke kapasiteten blir det foreslått å styrke sekretariatet ved Oslo forliksråd og Bærum forliksråd. Forliksrådsbehandling er gebyrbelagd, sjå òg omtale under kap. 3440, post 07.

Det er foreslått å auke gebyrsatsane for forenkla førelegg i vegtrafikksaker tilsvarende den generelle prisauken for å oppretthalde den pønale effekten som satsane er meinte å ha. Dette medfører ein estimert inntektsauke på 27 mill. kroner i 2025 på kap. 4618 Skatteetaten, post 86 Bøter, inndragingar mv.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01

Posten dekker alle ordinære driftsutgifter i politiet og dei lokale einingane til Politiets tryggingsteneste (PST) i politidistrikta, med unntak av Politidirektoratet, jf. kap. 441, Politihøgskolen, jf. kap. 442 og påtalemakta i politiet, jf. kap. 443. Element som lønn til tilsette, våpen, køyretøy, verneutstyr, uniformer, IT m.m. er driftsrelaterede innsatsfaktorar som er budsjetterte under posten. Justis- og beredskapsdepartementet held tilbake ein mindre del av løyvinga sentralt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med totalt 2 288 mill. kroner som ei styrking. Midlane skal bl.a. gå til å auke grunnløyvinga til politiet, auke kapasiteten mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet, og til å handtere inntekstar frå Ukraina.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,9 mill. kroner som følgje av at gebyra for pass, nasjonalt ID-kort og nødpass blir justerte til kostnadsdekkande nivå, og at det er venta ein auke i etterspurnaden etter ID-dokument.

Det blir foreslått å redusere posten med 750 000 kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 351, post 72 til tilskot til støttegruppa 25. juni. Sjå Kulturdepartementets fagproposisjon for nærmare omtale.

Det blir foreslått å redusere posten med 6 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 430, post 01 til arbeidet med omvend valdsalarm.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5,5 mill. kroner til stillingar i sekretariatet til Oslo forliksråd og Bærum forliksråd.

I samband med den nye finansieringsmodellen for kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vald foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 858, post 01. Sjå Arbeids- og inkluderingsdepartementets fagproposisjon for nærmare omtale.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Samla blir det foreslått ei løyving på 24 024,5 mill. kroner i 2025.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 440, post 01 på 250 mill. kroner i 2025, jf. forslag til vedtak. Det blir foreslått ei nettobudsjetteringsfullmakt under posten, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3440, postane 02, 03 og 04, jf. forslag til vedtak.

Post 22 Søk etter antatt omkomne, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til søk etter personar ein reknar med er omkomne på havet, i innsjøar, i vassdrag og på landområde. Posten dekker òg nokre personellutgifter og ev. utgifter til å betre søkemetodane.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 7,6 mill. kroner.

Post 23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke sideutgifter i samband med sivile gjøremål. Dette gjeld i hovudsak sideutgifter i samband med tvangsforretningar og utgifter i samband med gjeldsordningssaker.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 29,1 mill. kroner.

Post 25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning

På posten fører ein dei variable utgiftene til retur av personar med avslag på søknad om asyl, bortviste og utviste personar og personar som skal forlate Noreg i tråd med Dublin-regelverket. Dette regelverket slår fast kva land som har ansvaret for å behandle søknad om asyl. Når andre land har ansvaret for å behandle søknader frå personar som er i Noreg, kan personen returnerast til dette landet. For slike returar gjeld det særskilde fristar. Om retur ikkje skjer innan fristen, må saka takast til behandling i Noreg.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 192 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Samla blir det foreslått ei løyving på posten på 34,1 mill. kroner.

Post 46 Investeringer i Schengen-IT-systemer, kan overføres

Posten omfattar prosjektutgiftene politiet har til utvikling og implementering av nye felles-europeiske IT-system for styrkt grensek kontroll, betre informasjonsdeling og tryggleik.

Det foreslås å auke løyvinga med 77,1 mill. kroner til arbeid med EES/ETIAS, i hovudsak grunna forseinkingar frå EU.

Fleire av prosjekta som får løyvingar over posten, kvalifiserer til stønad frå grense- og visumordninga til EU (BMVI-fondet), medrekna prosjekt som inngår i Stortinget si vedtekne felles kostnadsramme for Schengen IT-prosjekta SIS, VIS, Interoperabilitet og Eurodac i politiet og UDI. Sjå omtale under kap. 440, post 48.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 350 mill. kroner. Sjå òg omtale under kap. 440 og kap. 490.

Post 48 Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, kan overføres

Som Schengen-land tar Noreg del i den nye grense- og visumordninga til EU under finansieringsordninga *Financial support for border management and visa* (BMVI-fondet). BMVI er ein del av migrasjons- og grenseforvaltninga til EU og skal særleg støtte varetakinga av yttergrensa. Samstundes skal ordninga bidra til vidareutvikling av den felles visumpolitikken, i tillegg til implementering av den heilskaplege grenseforvaltningsstrategien hos medlemslanda. Vidare skal ordninga støtte arbeidet mot irregulær migrasjon.

Noreg får støtte frå EU for å gjennomføre prosjekt innanfor grense- og visumsamarbeidet som er retta mot måla i ordninga. Dei årlege tildelingane frå EU baserer seg på dokumentert forbruk frå støttemottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet. Dei samla refusjonane

under kap. 3440, post 08 skal svare om lag til dei samla tildelingane over heile fondsperioden.

Løyvingane til prosjekt under BMVI-fondet vil bli løyvde samla over kap. 440, post 48, og i 2025 vil Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Utanriksdepartementet (UD), politiet og Utlendingsdirektoratet (UDI) gjennomføre prosjekt med midlar frå fondet.

Det planleggast bl.a. for 56,3 mill. kroner til politiet sitt Schengen IT-prosjekt for interoperabilitet og 31,2 mill. kroner til politiet sitt prosjekt for innkjøp av nye e-gates ved Oslo Lufthavn.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 147,3 mill. kroner. Sjå òg omtale under kap. 440, post 46.

Post 70 Tilskudd

Posten inneheld tilskot til tiltak mot menneskehandel og prostitusjon, medrekna hjelpetiltaket ROSA for utgifter til koordinering av butilbod og drift av ein hjelpetelefon, til tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn og til politiforeiningar.

Tabell 2.8 Tilskot som blir lyste ut

(Beløp i 1 000 kroner)	
Tilskot	Forslag 2025
Tiltak mot menneskehandel og prostitusjon	39 261
Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn	5 000
Politiforeiningar	5 000
Sum	49 261

Tiltak mot menneskehandel og prostitusjon

Formålet med tilskotsordninga er å motverke at barn og vaksne blir utsette for menneskehandel, å hjelpe menneske ut av prostitusjon og å redusere etterspurnaden etter prostitusjon.

Organisasjonar som driv frivillig verksemd, kan få tilskot. Dersom frivillige organisasjonar ikkje tilbyr tilfredsstillande aktivitetar og tiltak, kan kommunar få tilskot for å gjere det. Det kan bli gitt tilskot til tiltak som bidrar til å oppfylle formålet med ordninga. Justis- og beredskapsdepartementet tildeler tilskot etter ei skjønsmessig vurdering av i kor stor grad dei aktuelle prosjekta kan bidra til å oppfylle formålet med tilskotsordninga. Departementet går gjennom rapporteringa frå mottakarane. Tilskota i 2023 førte bl.a. til at

offer for menneskehandel fekk trygg oppfølging på eigna institusjonar.

Tryggingstiltak ved trus- og livssynssamfunn

Formålet med tilskotsordninga er å bidra til at trus- og livssynssamfunn kan gjennomføre fysiske tryggingstiltak for å vareta ansvaret sitt for å sikre personane som oppheld seg i lokala til trus- eller livssynssamfunnet. Trus- og livssynssamfunn og paraply- og dialogorganisasjonar for trus- og livssynssamfunn som har organisasjonsnummer i Einingsregisteret, kan få tilskot. Ordninga blir forvalta av Politiets fellestenester. I vurderinga av søknadene blir det lagt særleg vekt på i kva grad trus- og livssynssamfunnet blir sett som eit potensielt mål med opphøgd trussel i den årlege nasjonale trusselvurderinga til Politiets tryggingste-

neste, om søkeren har særskilde behov for fysiske tryggingstiltak, og dessutan om søkeren har fått og/eller søkt om støtte frå andre offentlege myndigheiter til fysiske tryggingstiltak. Politiets felles-tenester gjennomgår rapporteringa frå mottakarane. Tilskot kan tildelast tros- og livssynssamfunn som oppfyller kriteria i *forskrift om tilskudd til sikringstiltak for tros- og livssynsamfunn*.

Politiforeiningar

Formålet med tilskotsordninga er å leggje til rette for stønad til drift av landsdekkande lag, selskap og foreiningar som bidrar til å vareta felles faglege, sosiale, kulturelle og velferdsmessige interesser for politiet sine tilsette og pensjonistar. Tilskot kan tildelast landsdekkjande lag, selskap og foreiningar som oppfyller kriteria i *forskrift om tilskudd til politiforeiningar*.

Tabell 2.9 Øyremerkte tilskot til særskild mottakar

(Beløp i 1 000 kroner)	
Tilskot	Forslag 2025
Krisesentersekretariatet (ROSA-prosjektet og drift av nasjonal hjelpetelefon)	5 600
Sum	5 600

ROSA-prosjektet støttar personar som er utsette for menneskehandel, slik at dei får utløyst rettane sine i Noreg, og løftar erfaringane og utfordringane deira for å betre vilkåra deira.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 54,9 mill. kroner.

Post 73 Internasjonale forpliktelser mv., kan overføres

Løyvinga under posten dekkjer utgifter knytte til internasjonale forpliktingar, medrekna bl.a. utbetalingar til EUs grense- og visumfinansieringsordningar, Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, tryggleik og rettferd (eu-LISA) og Det europeiske grense- og kystvaktbyrået (Frontex). Gjennom Schengen-medlemskapet er Noreg forplikta til å vere med på å finansiere aktivitet i dei relevante EU-byråa og til å vere med på innbetalingar til EUs grense- og visumfinansieringsordningar.

Kontingentane blir betalte i euro, og storleiken blir fastsett ut frå dei gjeldande budsjetta i EU-verksemdene.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 703,6 mill. kroner.

Post 74 Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler

I vedtak 883 av 6. mai 2021 bad Stortinget regjeringa om å utarbeide eit forslag til ei økonomisk kompensasjonsordning for våpeneigarar som er ramma av forbodet mot enkelte typar halvautomatiske rifler, jf. våpenlova § 5 andre ledd nr. 3. For erverv tredje forbodet i kraft 1. juni 2021, og for innehaving tredje forbodet i kraft 1. juni 2024. For å følgje opp vedtaket vart det oppretta ei ordning for mellombels destruksjonspant i perioden 2022–2024. Våpeneigarar som er ramma av forbodet, får ein eingongssum på 4 000 kroner per våpen som blir levert inn.

Ordninga skal etter planen avsluttast etter 2024.

Det blir foreslått å avvikle posten.

Kap. 3440 Politiet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Gebyr – pass og ID-kort	547 218	957 257	918 262
02	Refusjoner mv.	153 146	232 296	311 623
03	Salgsinntekter	33 590	53 201	54 637
04	Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen	2 508	4 828	4 828
05	Gebyr – våpenforvaltning			45 902
06	Gebyr – utlendingssaker	320 354	288 162	321 613
07	Gebyr – sivile gjøremål	776 028	819 100	559 196
08	Refusjoner fra EUs grense- og visum-finansieringsordninger	80 033	79 000	207 500
Sum kap. 3440		1 912 877	2 433 844	2 423 561

Kapitlet består i hovudsak av inntekter frå gebyr for tvangssaker, forlikrådssaker, passutferding og våpenløyve.

Post 01 Gebyr – pass og ID-kort

Løyvinga på posten dekker inntekter frå behandlingssaker for pass og ID-kort.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 918,3 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner mv.

Politiet får refundert utgifter for politioppdrag som er utførte for organisasjonar, lag, entreprenørar og offentlege etatar i samsvar med særskild heimel. Omfanget av slike oppdrag varierer frå år til år, og inntektsestimatet er derfor svært usikkert. Midlar til å dekke utgifter politiet har i samband med deltaking i internasjonale operasjonar, blir løyvde på Utanriksdepartementet sitt budsjettkapittel 151 Fred, sikkerheit og globalt samarbeid, og politiet får refundert desse utgiftene frå Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 311,6 mill. kroner.

Post 03 Salgsinntekter

Inntekter frå innbyte og sal av utskifta køyretøy m.m. blir rekneskapsførte på posten. I tillegg blir inntekter frå sal av spesialutstyr til politidistrikta, kriminalomsorga, tolletaten m.m. førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 54,6 mill. kroner.

Post 04 Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen

Løyvinga på posten omfattar eingongsgebyr til å dekke utgifter ved behandling av søknader og gebyr ved feilalarmer der politi- og lensmannsetaten rykkjer ut, og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 440, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 4,8 mill. kroner.

Post 05 Gebyr – våpenforvaltningen

Det blir foreslått å opprette ein ny post. Løyvinga på posten omfattar inntekter frå gebyr frå våpenforvaltninga.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 45,9 mill. kroner.

Post 06 Gebyr – utlendingssaker

Løyvinga på posten dekker gebyr i samband med søknad om opphald på anna grunnlag enn vern, statsborgarskap, visum, reisebevis og utlendingssaker. Løyvingsforslaget tek utgangspunkt i talet på utlendingssaker til politiet.

Det blir foreslått å justere gebyra i utlendingssaker for å sikre betre samsvar mellom gebyra og dei gjennomsnittlege utgiftene knytte til å behandle sakene, sjå omtale under programkategori 06.90.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 33,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024. Bakgrunnen er at det er venta fleire søknader innan visse sakstypar i 2025.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 321,6 mill. kroner.

Post 07 Gebyr – sivile gjøremål

Løyvinga på posten skal dekke gebyrinntekter i samband med den sivile rettspleia på grunnplanet,

dvs. gebyr for tvangsforretningar og forlikradsbehandling.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7 mill. kroner i samband med at Oslo forlikråd og Bærum forlikråd blir styrkt med fleire stillingar til sekretariatet for å auke kapasiteten ved dei to råda.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 3,2 mill. kroner som følge av endringar i rettsgebyrlova, jf. Prop. 80 L (2023–2024) og Innst. 354 L (2023–2024). Sjå òg omtale i Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Gebyret for utleggsforretningar er prisa for høgt. Regjeringa foreslår å redusere gebyret for utleggsforretningar til sjølvkost. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga på posten med 350 mill. kroner.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 559,2 mill. kroner.

Post 08 Refusjoner fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger

Posten dekker refusjonar frå EU knytte til dei nasjonale prosjekta som får tildelingar frå EUs grense- og visumfinansieringsordningar. Refusjonsutbetalingane vil variere frå år til år og baserer seg på dokumentert forbruk frå støttmottakarar. Midlane blir derfor forskoterte over statsbudsjettet, jf. omtalen under kap. 440, post 48.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 207,5 mill. kroner.

Kap. 441 Politidirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 440, post 01</i>	403 974	382 659	383 084
	Sum kap. 441	403 974	382 659	383 084

Politidirektoratet leier dei 21 einingane i politiet, jf. omtale under kap. 440, og har ansvaret for fagleg leiing, styring, oppfølging og utvikling i heile etaten, med dei avgrensingane som følgjer av at Riksadvokaten har det overordna faglege ansvaret for all straffesaksbehandlinga. Det er òg ei sentral oppgåve for Politidirektoratet å utarbeide analysar og innhente trusselvurderingar til stønad for avgjerdene til myndighetene og andre aktørar. I tillegg er Politidirektoratet ein fagleg rådgivar. Politidirektoratet samarbeider i stor grad både

nasjonalt og internasjonalt under gjennomføringa av samfunnsoppdraget.

Bemanninga per 31. desember 2023 utgjorde 294 årsverk.

Politidirektoratet arbeider med eit nytt direktoratskonsept som skal styrke direktoratets evne til å leie og styre etaten på eit meir strategisk nivå og legge til rette for meir heilskapleg utvikling og styring av politiet. Eit meir strategisk direktorat skal bidra til å levere betre tenester til etaten, departementet og samarbeidspartnerar. Nytt

direktorskonsept vil føre til endringar i roller, ansvar og oppgåver mellom Politidirektoratet og underliggende einingar, med ambisjon om å betre utnyttinga av politiets samla kompetanse og kapasitet, og tilpassa løyvinga på kap. 441.

Budsjettet til Politidirektoratet har fått eit kutt på totalt 45 mill. kroner dei siste to åra. Dette inneberer behov for tydelegare behov for prioriteringar i etaten.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten omfattar ordinære driftsutgifter under Politidirektoratet, irekna lønnsutgifter,

driftsutgifter til leige av lokale og andre driftsutgifter.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 441, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 383,1 mill. kroner.

Kap. 442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	691 727	689 124	713 726
	Sum kap. 442	691 727	689 124	713 726

Politihøgskolen er den sentrale utdanningsinstitusjonen for politiet i Noreg og har som hovudoppgåve å drive utdanning, forskning og formidling. Skulen skal vere ein profesjonsretta utdanningsinstitusjon som held eit høgt nivå, og som utviklar og formidlar dei kunnskapane, ferdigheitene og haldningane som politiet må ha for å bidra til å sikre tryggleik, lovlydnad og orden.

Bemanninga per 31. desember 2023 utgjorde 360 årsverk.

I budsjettet for 2024 fekk politiet auke løyving på 7,5 mill. kroner til å etablera eit pilotforsøk med desentralisert politiutdanning i Alta. Heilårseffekten frå 2025 er 15,5 mill. kroner. Oppstart for studiet er planlagt for hausten 2025.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer lønnsutgifter og andre driftsutgifter ved Politihøgskolen.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, postane 02 og 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 713,7 mill. kroner.

Kap. 3442 Politihøgskolen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
02	Diverse inntekter	25 691	23 187	24 068
03	Eksterne forskningsmidler	13 477	13 090	13 587
	Sum kap. 3442	39 168	36 277	37 655

Post 02 Diverse inntekter

Inntektene til Politihøgskolen kjem frå kursverksemd, utleige, kantinesal og boksal, i tillegg til moglege inntekter frå oppdragsverksemd.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 24,1 mill. kroner.

Post 03 Eksterne forskningsmidler

Inntekter frå eksterne forskningsmidlar blir førte på posten.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 442, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3442, post 03, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 13,6 mill. kroner.

Kap. 443 Påtalemyndigheten i politiet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 440, post 01</i>	1 527 436	1 508 500	1 642 655
	Sum kap. 443	1 527 436	1 508 500	1 642 655

Påtalejuristane i politiet leier og har ansvaret for etterforskinga i politiet. Dei er direkte underlagde statsadvokatane i enkeltsaker. I Noreg er første nivå i påtalemakta integrert i politidistrikta, som blir leidd av politimeistrane, ein såkalla integrert og framskoten påtalesjef.

Bemanninga i påtalemakta i politiet utgjorde 1013 årsverk per 31. desember 2023.

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 440, post 01

Løyvinga på posten omfattar ordinære driftsutgifter knytte til påtalejuristane i politiet, irekna lønnsutgifter og andre indirekte utgifter.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 40 mill. kroner til auka kapasitet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 47 mill. kroner som ein del av styrkinga på 600 mill. kroner mot kriminelle nettverk, kriminelle gjengar og organisert kriminalitet. Det blir òg foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner som ein del av styrkinga mot kvitvasking og korrupsjon.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 443, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3440, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 642,6 mill. kroner.

Kap. 444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	1 429 363	1 473 022	1 759 186
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	188 199	61 890	53 526
	Sum kap. 444	1 617 562	1 534 912	1 812 712

Det primære ansvaret til Politiets tryggingsteneste (PST) er å forebyggje, avdekke, etterforske, føre for retten og handtere dei mest alvorlege truslane mot tryggleiken i riket og mot grunnleggjande nasjonale interesser. PST er både ei etterretningsteneste, ei tryggingsteneste og ei polititeneeste.

Det er òg ei sentral oppgåve for PST å utarbeide analysar og trusselvurderingar til stønad for avgjerdene til myndigheitene og andre aktørar. I tillegg har PST ei viktig rolle som rådgivar. PST samarbeider i stor grad både nasjonalt og internasjonalt under gjennomføringa av samfunnsoppdraget.

Sjefen for PST leier Den sentrale eininga (DSE) som er lokalisert i Oslo, og har dessutan det faglege ansvaret for dei lokale PST-einingane i politidistrikta utanfor Oslo. Per 31. desember 2023 utgjorde bemanninga ved Den sentrale eininga 775 årsverk.

Noreg står i ein krevjande tryggleikssituasjon som grip inn i alle PSTs ansvarsområde. Regjeringa foreslår derfor å varig auke PSTs driftsbudsjett med 255 mill. kroner. PST skal utføre samfunnsoppdraget sitt innanfor dei budsjettmessige, juridiske og politiske rammene som Stortinget og regjeringa har bestemt. I eit opent demokrati vil det alltid vere risiko for uønskte hendingar knytt til nasjonal tryggleik. PSTs arbeid med å forebyggje og etterforske alvorleg kriminalitet mot nasjonens tryggleik bidrar til å redusere denne risikoen.

I 2024 vart det gjennomført ein spissa områdegjennomgang av styringa av og i PST som følgje av ein utfordrande økonomisk situasjon over tid i en endre tryggingpolitisk situasjon. Rapporten frå områdegjennomgangen er gradert. Rapporten vil bli følgd opp i Justis- og beredskapsdepartementet, PST og andre relevante aktørar.

Arbeidsformer og regelverk

For å møte trusselen frå framand etterretning og terrorisme er det nødvendig med tett samarbeid med ei rekkje aktørar i og utanfor Noreg. Samarbeidet i Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter (NESS) mellom PST, politiet, NSM og Etterretningstenesta vart etablert ved utgangen av 2022 for å styrke evna til å handtere samansette truslar. Samarbeid på det meir operative nivået knytt til cyberdomenet blir bl.a. gjennomført i Felles cyberkoordineringssenter (FCKS), med dei same aktørane som i NESS. Felles etterretnings- og kontraterrorsenter (FEKTS) er etablert for å styrke samarbeidet mellom PST og Etterret-

ningstenesta. FEKTS bidrar til ei heilskapleg tilnærming til truslane i dag og i framtida, ved å koordinere saker knytte til terror, kontraetterretning, masseøyleggingssvåpen og andre prioriterte område. Samarbeid og informasjonsutveksling mellom PST og politiet er styrkt dei siste åra og bidrar til eit betre situasjonsbiletet på sivil side for samansett verkemiddelbruk, som eit av fleire bidrag inn i NESS. Samarbeidet mellom PST og Etterretningstenesta er også styrkt i lys av oppfølginga av skytinga 25. juni 2022.

Samfunnsoppdraget til PST inneber å gi informasjon og etterretningsprodukt som avgjerdsstøtte til regjeringa, andre myndigheiter og sivilsamfunnet.

Det er viktig å sikre eit regelverk som støttar opp under oppgåveløysinga som nasjonal etterretningsteneste, samstundes som det varetek rettstryggleik og omsyn til personvern. Dette er eit kontinuerleg arbeid som regjeringa vil følgje opp med tanke på utviklinga i trusselbiletet og den raske teknologiske utviklinga. Lovendringa som kriminaliserer påverknadsverksemd, vart vedteken av Stortinget i 2024. Justis- og beredskapsdepartementet arbeider no med å sjå nærmare på om PST har behov for fleire verkemiddel for å kunne forebyggje samfunnsskadeleg aktivitet frå framande statar. Departementet følgjer også opp høyringa av eit forslag til endringar i straffeprosesslova som omhandlar skjult kameraovervaking ved bruk av mobile kamera, slik som dronar.

Ulovleg etterretningsverksemd

PST har ei viktig rolle i å forebyggje og motverke ulovleg etterretningsverksemd i Noreg. Statar viser evne og vilje til å oppnå strategiske mål på eit vis som i aukande grad utfordrar nasjonal tryggleik. Framande statar bruker ein kombinasjon av ulike verkemiddel, sivile og militære, opne og fordekte, i det fysiske så vel som i det digitale rommet. Dette gjer trusselbiletet meir utfordrande og samansett og er ytterlegare aktualisert i dagens tryggingpolitisk situasjon, etter Russlands angrep på Ukraina. Døme på verkemiddel som er særleg krevjande å oppdage og forebyggje, er økonomiske verkemiddel i form av oppkjøp og investeringar og påverknadsaktivitet, særleg når det tek form av falske nyheiter og desinformasjon.

Samansett verkemiddelbruk utfordrar òg evna myndigheitene har til å fange opp trusselaktørar, til å følgje truslane over tid og til å vurdere det samla trusselbiletet frå framande statar mot norske interesser. Inn mot stortingsvalet i 2025 er det

særleg viktig å vere oppmerksom på moglege påverknadsoperasjonar frå framande statar, eksempelvis bruk av desinformasjon i kombinasjon med kunstig intelligens, som kan ha til hensikt å svekke tillit eller spreie misnøye og uro i befolkninga. Det er viktig at dei nasjonale tryggingssmyndigheitene har tilstrekkeleg heimelsgrunnlag og kompetanse og tilstrekkelege ressurser til å avdekke, motverke og handtere den breie verkemiddelbruken som framande statar rettar mot Noreg.

Terror og annan politisk motivert vald

Samfunnsoppdraget til PST omfattar òg å førebyggje og etterforske alvorleg kriminalitet mot den nasjonale tryggleiken, som terror og valdeleg ekstremisme. Vi må derfor kontinuerleg arbeide med førebygging og tryggingstiltak, bl.a. hos utsette aktørar. Justis- og beredskapsdepartementet vil bidra inn i ei stortingsmelding om ekstremisme som følgjer opp aktuelle forhold frå ekstremismekommisjonen si utgreiing, og som skal leggjast fram våren 2025.

Justis- og beredskapsdepartementet vil i samarbeid med dei departementa det vedkjem, gjennomgå den nasjonale kontraterrorstrategien for å sikre at prioriteringane på feltet er riktige, bl.a. sett opp mot utfordrings- og trusselbiletet og oppfølginga av evalueringsutvalet etter skytinga 25. juni 2022.

25. juni-utvalet peika på at talet på tilsette i PST som arbeider med kontraterror, er lågt i forhold til omfanget av oppgåver dei er sette til å løyse. I budsjettet for 2024 vart løyvinga til PST varig auka med 20 mill. kroner til å styrke PSTs kapasitet til arbeid med kontraterror. PST er godt i gang med oppfølginga av tiltaket.

Truslar mot myndigheitspersonar

PST bidrar til tryggleik for myndigheitspersonar, bl.a. med livvakttenesta for sentrale myndigheitspersonar (medlemmer av kongehuset, regjeringa og Høgsterett og stortingsrepresentantar), utarbeiding av trusselvurderingar, rådgiving og ulike førebyggjande tiltak.

Norske myndigheitspersonar blir utsette for hatefulle, sjikanerande og truande handlingar, ikkje minst i det digitale rommet. Påtalemakta har ei rolle når handlingane blir vurderte som straffbare. Det er ei sentral oppgåve for PST å sikre at myndigheitspersonar som tek på seg slike sentrale tillitsverv i politikken, ikkje blir utsette for

valdelege angrep. Undersøkingar tyder på at fleire politikarar vurderer å slutte som følgje av hets og truslar. Det kan vere ein trussel mot demokratiet. PST vidareutviklar derfor samarbeidet med politiet slik at dei saman kan bidra til at unge og andre politikarar vil halde fram med å stå i det politiske arbeidet sitt. Regjeringa har teke grep for å sikre at svingingar i arbeidet med tryggleik for myndigheitspersonar ikkje går utover andre deler av PSTs samfunnsoppdrag, bl.a. ved å foreslå auka løyving til PST i nysalderinga i 2022 og 2023 og i revidert nasjonalbudsjett i 2024. I budsjettet for 2024 vart løyvinga til PST varig auka med 52 mill. kroner til arbeidet med beskyttelse av myndigheitspersonar. Midlane skal sikre at PST kan gi bistand ved reiseaktivitet til utlandet for myndigheitspersonar på eit normalt nivå. PST har så langt i år tilsett fleire nye livvakter til arbeidet.

Eksportkontroll og arbeidet mot ulovleg spreiging av masseøyleggingssvåpen

Kontroll med eksport av forsvarsmateriell og fleirbruksvarer er ei viktig oppgåve for PST, og inneber rådgiving, førebyggjande tiltak og etterforsking av saker om brot på reglane. Ei anna viktig oppgåve er å hindre ulovleg spreiging av masseøyleggingssvåpen. Dette arbeidet blir stadig meir komplekst og må sjåast i samanheng med ulovleg etterretning frå framande statar. Arbeidet skjer i samarbeid med bl.a. Utanriksdepartementet, Tolletaten og Etterretningstenesta. PST har dei siste åra styrkt dette arbeidet gjennom ei rekkje tiltak, bl.a. gjennom styrkt dialog med private aktørar.

Formidling

For at dei enkelte etatane og verksemdene skal kunne ta kunnskapsbaserte avgjerder for å sikre verdiane og interessene sine, må informasjon og medvit om truslar og sårbarheiter nå alle i dei relevante målgruppene. Den offentlege debatten om forsvars- og tryggingsspørsmål føreset òg at kunnskapen blir formidla så ope som mogleg. Justis- og beredskapsdepartementet prioriterer derfor i samarbeid med Forsvarsdepartementet å vidareutvikle formidlinga av trussel- og risikovurderingane frå etterretnings-, overvakingss- og tryggingstenestene. Dei seinare åra har PST vidareutvikla og målretta arbeidet sitt med trusselformidling og kommunikasjon. PST offentleggjer fleire trusselvurderingar og arbeider vidare med å tydeleggjere kommunikasjonen, både til publikum generelt og til trusselutsette grupper.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer driftsutgifter for Den sentrale eininga (DSE) i PST, tillegg til enkelte utgifter til drift av dei lokale PST-einingane i politidistrikta.

Det blir foreslått å auke løyvinga med totalt 255 mill. kroner.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 444, post 01 på 25 mill. kroner i 2025, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løy-

vinga under kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 759,2 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Posten omfattar utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehold i PST.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får ei bestillingsfullmakt under kap. 444, post 45 på 25 mill. kroner i 2025, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 53,5 mill. kroner.

Kap. 3444 Politiets sikkerhetstjeneste (PST)

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
02	Refusjoner	12 937	16 154	16 768
	Sum kap. 3444	12 937	16 154	16 768

Post 02 Refusjoner

På posten blir det ført rekneskap over inntekter som PST får refundert for enkeltoppdrag, og særskild bistand til Utanriksdepartementet.

Regjeringa foreslår at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

under kap. 444, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3444, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 16,8 mill. kroner.

Kap. 445 Den høyere påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	355 291	386 124	393 959
	Sum kap. 445	355 291	386 124	393 959

Riksadvokaten leier Den høgare påtalemakta både fagleg og administrativt og har den overordna faglege leiinga av heile straffesaksbehandlinga i sin eigen etat og i politiet. Det er lovfesta i straffeprosesslova § 55 at påtalemakta er uavhengig ved behandlinga av den enkelte straffesaka. Ingen

utanfor påtalemakta kan instruere i enkeltsaker eller gjere om eit påtalevedtak.

Den høgare påtalemakta består av dei ti regionale statsadvokatembeta i Noreg, Det nasjonale statsadvokatembetet, Økokrim og Riksadvokatembetet. Økokrim er både eit statsadvokatembete og ei sentral politieining. Riksadvokaten har

det faglege ansvaret for behandlinga av straffesaker ved Økokrim. Politidirektoratet har det overordna ansvaret for anna verksemd ved Økokrim og for administrative saker. Statsadvokatembeta i regionane har den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga i politidistrikta i sin region. Det nasjonale statsadvokatembetet har påtaleansvaret på statsadvokatnivå for saker som Kripos tek sjølv, og har òg den overordna faglege leiinga av straffesaksbehandlinga ved Kripos. Det nasjonale statsadvokatembetet har òg påtaleansvaret på statsadvokatnivå for straffesaksbehandlinga ved Politiets tryggingsteneste.

Bemanninga per 31. desember 2023 utgjorde 193,3 årsverk.

Styrking av Den høgare påtalemakta si fagleiing av politiet

Den høgare påtalemakta si fagleiing av straffesaksbehandlinga i politiet betyr mykje for å sikre at straffesaksbehandlinga er effektiv og held høg kvalitet.

Lovendringar i straffeprosesslova tredde i kraft 1. juli 2022 og 1. juli 2023. Endringane omfattar òg endringar i organiseringa av arbeidet til påtalemakta. Endringane i lova og utfyllande retningslinjer frå riksadvokaten frigjer ressursar frå Den høgare påtalemakta til styrka fagleiing ved å delegere meir påtalekompetanse til påtalemakta i politiet.

Den høgare påtalemakta har dei siste åra fått markant auka løyvingar og medverkar gjennom styrkt fagleg styring av påtalemakta i politiet til høgare kvalitet og effektivitet i straffesaksbehandlinga til politiet. Som det vart peika på i NOU 2017: 5 *En påtalemyndighet for fremtiden (Påtaleanalysen)*, er styrkt fagleiing frå Den høgare påtale-

makta og Riksadvokatembetet eit særleg viktig tiltak. Den høgare påtalemakta fekk derfor auka løyvinga med 43 mill. kroner i 2024 til styrkt fagleiing. Den høgare påtalemakta skal bruke ressursane sine til styrkt fagleiing og anna kvalitetsutvikling av straffesaksbehandlinga i politiet. Fagleiinga av politiet skal bli meir målretta, systematisk og tilpassa dei lokale behova og kriminalitetsutfordringane til politiet.

Som fagleg ansvarleg ligg det til riksadvokaten å definere dei til kvar tid gjeldande normene og krava for straffesaksbehandlinga, både generelt og i enkeltsaker. Dei auka løyvingane skal brukast til å byggje kapasitet og funksjonar ved Riksadvokatembetet og statsadvokatembeta slik at dei på ein betre måte kan vurdere om krava til straffesaksbehandlinga blir følgde opp, for å sikre kvalitet, effektivitet og rettstryggleik i straffesaksbehandlinga til politiet. Tilsynsverksemda, resultatoppfølginga og etatsstyringsfunksjonane skal også styrkast og vidareutviklast.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer i hovudsak driftsutgifter for Den høgare påtalemakta.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 394 mill. kroner.

Kap. 3445 Den høgere påtalemyndighet

Post 02 Refusjoner

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar frå den tidlegare utleigaren i samband med flytting til nye lokale. Den høgare påtalemakta får ingen refusjonar i 2025.

Kap. 446 Den militære påtalemyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	10 680	9 829	235
	Sum kap. 446	10 680	9 829	235

Stortinget vedtok 14. november 2023 at ordninga med eit særskilt militært rettsvesen utgår, jf. behandlinga av Prop. 133 L (2022–2023) *Endringer i forsvarsloven mv. (militær disiplinærmyndighet)*. Generaladvokatembetet vart avvikla som

ein eigen etat 1. juli 2024 og alle oppgåvene blir vidareførte i høvesvis den sivile påtalemakta og Forsvaret. Arrest som refsingsmiddel forsvinn, det blir innført klagerett for dei som er personleg

fornærma i ei disiplinærsak, og klage- og kontrollordninga i disiplinærsaker blir forenkla.

Dette inneber at budsjettkapittel 446 Den militære påtalemyndighet hos Justis- og beredskapsdepartementet blir avvikla.

Bemanninga per 31. desember 2023 utgjorde 6,9 årsverk.

Kap. 448 Grensekommissæren

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	6 429	6 418	6 571
	Sum kap. 448	6 429	6 418	6 571

Post 01 Driftsutgifter

Bemanninga ved Grensekommissariatet per 31. desember 2023 utgjorde 4,0 årsverk. Løyvinga på posten dekker utgifter til lønn og andre driftsutgifter. Posten skal dessutan dekke utgifter til grense-

merking mellom Noreg og Russland og utgifter i samband med møte med finske og russiske grensemyndigheiter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6,5 mill. kroner.

Programkategori 06.50 Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	3 547 051	3 863 833	4 337 468	12,3
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	1 176 633	1 777 212	1 129 937	-36,4
50–89	Overføringer til andre	346 719	376 284	381 013	1,3
	Sum kategori 06.50	5 070 403	6 017 329	5 848 418	-2,8

Utgifter under programkategori 06.50 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap	2 167 670	2 403 174	2 417 336	0,6
452	Sentral krisehåndtering	30 271	29 387	30 140	2,6
453	Sivil klareringsmyndighet	60 772	61 039	68 569	12,3
454	Redningshelikoptertjenesten	1 756 811	2 504 165	2 180 860	-12,9
455	Redningstjenesten	540 177	562 391	608 516	8,2
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet	514 702	457 173	542 997	18,8
	Sum kategori 06.50	5 070 403	6 017 329	5 848 418	-2,8

Innleiing

Programkategori 06.50 *Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap* omfattar Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB), Sivil klareringsmyndighet (SKM), Nasjonalt tryggingorgan (NSM), redningshelikoptertenesta, redningstenesta og sentral krisehåndtering. Hovedredningssentralen (HRS) leier og koordinerer redningsaksjonar og har ansvaret for forvaltninga av redningshelikoptertenesta.

Verksemdene i programkategori 06.50 har alle ei sentral rolle i arbeidet med nasjonal tryggleik

og samfunnstryggleik. Verksemdene skal sikre tryggleiken til innbyggjarane ved at samfunnet blir i stand til å førebyggje, motverke og unngå uønskte hendingar og vareta tryggleiken i samfunnet.

Regjeringa sette 21. januar 2022 ned totalberedskapskommisjonen for bl.a. å vurdere korleis dei samla beredskapsressursane best kan innretast for å sikre ein tilfredsstillande beredskap. Rapporten frå totalberedskapskommisjonen, NOU 2023: 17, vart lagd fram 5. juni 2023 og var på høyring fram til oktober 2023. Det kom inn 241 høyringsfråsegner frå breie lag av samfunnet.

Arbeidet til kommisjonen vil saman med bl.a. rapporten frå forsvarskommisjonen, NOU 2023: 14, og rapporten frå koronautvalet, NOU 2023: 16, vere sentrale grunnlag for ei stortingsmelding om totalberedskap, som etter planen skal leggjast fram hausten 2024.

Prioriteringar i 2025

Sivil motstandskraft er – som vi har sett i del I – eit uttrykk for evna eit samfunn har til å halde ut og handtere store hendingar, vinne att viktige funksjonar etter at noko har hendt, og tilpasse seg endra føresetnader. Dette gjeld på alle nivå i samfunnet.

NATOs tryggingssgaranti og evne til kollektivt forsvar er berejvelken i norsk tryggingsspolitikk og avgjerande for vår forsvarsevne. NATOs forventningar til forsvarsinnsatsen til alliansen blir bl.a. uttrykte gjennom auka forventningar til sivil motstandskraft, som vi arbeider målretta med. NATO sine sju grunnleggjande forventningar («Seven baseline requirements») representerer sivile, grunnleggjande samfunnsfunksjonar som må fungere for at staten og samfunnet skal ha motstandskraft til å handtera både normalsituasjonar og krise- og krigssituasjonar. Sivil sides evne til å støtta opp under Forsvaret er ein føresetnad for at Forsvaret skal kunna løysa oppdrag effektivt i fred, krise og krig.

I tråd med Hurdalsplattforma vil regjeringa styrke den nasjonale samordninga av arbeidet med tryggleik og beredskap for å førebu samfunnet på å kunne handtere alvorlege hendingar. I ein internasjonal situasjon med stormaktsrivalisering, angrepskrig i Ukraina, krig i Midtausten, ein strategisk viktig norsk energisektor og samansett verkemiddelbruk som treff heile det norske samfunnet, er det å vareta nasjonal tryggleik ei felles sak, på tvers av sektorar, krisespenn og geografi.

Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om totalberedskap i 2024. Den tryggingsspolitiske situasjonen krev målretta tiltak for å styrke den sivile motstandskrafta i heile landet. Stortingsmeldinga vil analysere strategisk viktige problemstillingar og presentere strategiske grep for arbeidet med motstandskraft og vidareutvikling av totalforsvaret dei neste fire åra.

Hovudtema i meldinga vil derfor vere sivil motstandskraft og totalforsvar øvst i krisespektret: Noregs samla evne til å førebyggje og ha beredskap for å handtere tryggingsspolitiske kriser, væpna konflikt eller situasjonar der krig truar. Motstandskraft avheng av bidrag frå offentlege myndigheiter, sivile og militære aktørar, private

verksemder, frivillige aktørar, det enkelte lokalsamfunn og den enkelte borgar.

I langtidsplanen for forsvarssektoren blir det foreslått ei rekkje tiltak som skal auke Forsvaret sin kampkraft og tilgjengelegheit. Vi må også styrke evna til sivilsamfunnet for å støtte opp under den militære kapasiteten. Vi må styrke evna til heilskapleg oversikt og samordning, og vi må auke medvitet om truslar, ansvar og tiltak – på tvers av det offentlege, næringslivet og befolkninga.

Vi må kunne trekkje på dei samla ressursane i samfunnet dersom det blir nødvendig. Regjeringa har derfor starta arbeidet med å oppdatere lovverket som regulerer mobilisering av sivil arbeidskraft i krise. Justis- og beredskapsdepartementet sendte i januar 2024 på høyring eit forslag til endringar i sivilbeskyttelseslova om sivil arbeidskraftberedskap i tryggingsspolitisk krise og krig. Forslaget gjeld heimlar til å gi forskrifter som regulerer sivile arbeids- og tenesteforhold, inkludert sivil arbeidsplikt, når sjølvstendet eller tryggleiken til riket er i fare. I ein slik situasjon vil det vere behov for sivil arbeidskraft til å oppretthalde sentrale sivile funksjonar, vareta dei grunnleggjande behova til sivilbefolkninga og støtte forsvaret av landet. Forslaget søker bl.a. å leggje til rette for etablering av tiltak som er tilpassa dei behova som slike unntakssituasjonar utløyser. Departementet arbeider med å følgje opp høyringa.

I Meld. St. 9 (2022–2023), *Nasjonal kontroll og digital motstandskraft for å ivareta nasjonal sikkerhet – så åpent som mulig, så sikkert som nødvendig*, peikar regjeringa på regulering, nasjonal eigarskap og kontroll som sentrale verkemiddel for å vareta nasjonal tryggleik. Det er gjort endringar i tryggingsslova for å styrke kontrollen med oppkjøp som kan vere i strid med nasjonale tryggingssinteresser. Blant anna er terskelen senka for når ein må melde frå om oppkjøp, og både kjøpar, seljar og verksemda sjølv får plikt til å melde frå. Nokre av dei fastsette lovendingane har trådd i kraft, medan nokre av endringane ikkje er sette i kraft, grunna utarbeiding av forskrifter til dei nye reglane.

Kommunane er ein av berejvelkane i beredskapsstrukturen i Noreg og er avgjerande for eit fungerande totalforsvar. Statsforvaltaren er ein svært viktig aktør for det regionale og lokale tryggleik- og beredskapsarbeidet og har eit viktig ansvar for å rådgje og rettleie kommunane. Derfor foreslår regjeringa å auke løyvinga til statsforvaltarane med 34 mill. kroner til ei intensivering av statsforvaltaranes arbeid med å auke lokalt og

regionalt nivå si evne til å yte sivil støtte til militære operasjonar, sikre kontinuitet i kritiske samfunnsfunksjonar og verne sivilbefolkninga mot konsekvensane av krise og krig. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har saman med Forsvaret og politiet starta eit pilotprosjekt for å styrke den sivile motstandskrafta i Finnmark. Kjernen i piloten er å auke befolkninga sin kompetanse om beredskap og å styrke samordninga i beredskapsarbeidet. Prosjektet varar ut 2026. Regjeringa foreslår at 2 mill. kroner av auken i løyvinga til statsforvaltarane nyttast til å støtte piloten. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark vil forvalte bruken av desse midlane. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Klimaendringar gir auka intensitet og hyppighet av ekstremvær som hetebølger, styrtregn, flaum og skred. Kombinert med auka natur- og ekstremturisme får det følgjer for talet på og kompleksiteten i redningsaksjonar. Regjeringa foreslår å auke tilskotet til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta med 6 mill. kroner.

Vi som bur i Noreg er ein viktig del av den sivile beredskapen. Befolkninga må vere førebudd på uønskte hendingar og auke eigenberedskapen. For å kunne verne verdiane i samfunnet mot uønska hendingar, må vi ha kompetanse og kunnskap om risiko, truslar, sårbarheiter og effektive mottiltak på alle nivå. Regjeringa foreslår å vidareføre ei løyving til DSB på 12 mill. kroner for å handtere auke i arbeidsmengde som nasjonalt kontaktpunkt for EU si ordning for sivil beredskap og tilsvarende ordningar i FN og NATO, bl.a. som følgje av krigen i Ukraina.

Dei siste åra har omfanget av cyberangrep auka betydeleg. Aktørane har blitt meir sofistikerte, og angrepa blir retta mot verksemder som tidlegare ikkje har blitt råka. Avstanden mellom aktiviteten til trusselaktørane og eige digitalt tryggingarbeid har blitt større. Behova på det digitale tryggleiksområdet er ulike på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå og i næringslivet. Dette krev målretta rettleiing og bistand. Det er òg behov for fleire arenaer for samarbeid og kunnskapsdeling om digital tryggleik. Regjeringa foreslår å løyve 42 mill. kroner for å auke Noregs digitale tryggleik. Det blir foreslått at Noreg sluttar seg til det nordisk-baltiske samarbeidet for cybertryggleik. Regjeringa foreslår òg å styrke rettleiing og bistand bl.a. gjennom auka kapasitet til rådgjeving og handtering i NSM, og etablering av ein myndighetsportal og eit støtteverktøy som skal gi befolkninga, kommunar og verksemder enkel og samordna rettleiing om digital tryggleik. Midlane skal òg finansiere utgreiing om korleis Noreg kan

nytte den samla sikkerheitskompetansen som finst i landet til å forsterke den nasjonale handteringa av store cyberhendingar. Det blir òg foreslått å styrke tryggleiken i Noregs nasjonale fellesløysingar og å satse på forskning på kvanteteknologi. Sjå òg omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Dei som skal handtere ein krisesituasjon, må kommunisere godt med kvarandre. Regjeringa foreslår å forlenge kontrakt om drift av Nødnett og å etablere ny nød- og beredskapskommunikasjon. Det er valt konsept for ny nød- og beredskapskommunikasjon som skal erstatte Nødnett. Staten skal eige den tekniske plattformen, medan kommersielle mobiloperatørar skal levere dekning og kjernenett. Kombinasjonen av statleg eigarskap og kjøp frå kommersielle mobiloperatørar utnyttar styrken i begge sektorane, og avgjerda er viktig for å sikre ei trygg løysing med nasjonal kontroll. Sjølv om prosjektet no er i samsvar med plan, kan ny og delvis uprøvd teknologi påverke framdrift og kostnader. Forprosjektet for nytt Nødnett skal etter planen vere ferdig i 2024. Det blir foreslått å auke løyvinga til DSB med 40 mill. kroner i 2025 til arbeidet med vidareføring av gjeldande Nødnett.

Det er inngått kontrakt for levering av 16 nye redningshelikopter til erstatning for Sea King-maskiner. I tillegg til nye redningshelikopter omfattar kostnadsramma utgifter til mellom anna tilpassingar av bygningane ved redningshelikopterbasane og tilpassing av landingsforholda ved enkelte sjukehus. Regjeringa foreslår å løyve om lag 950 mill. kroner til dette arbeidet i 2025. Dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift på seks basar i Noreg i løpet av 2024. Per september er SAR Queen sett i drift på fem basar.

SAR Queen er eit langt betre helikopter, med ein større aksjonsradius enn Sea King, og kan setjast inn i situasjonar der Sea King kom til kort. SAR Queen gir betre beredskap, mellom anna på grunn av mobilsøkesystemet, som gjer det lettare å finne sakna personar. Eit moderne helikoptersystem er krevjande å drifte, og det er nødvendig med eit større driftsbudsjett for redningshelikoptertenesta. Regjeringa foreslår å auke løyvinga til redningshelikoptertenesta med til saman 272 mill. kroner.

I 2024 starta ei ny fagskuleutdanning for brann- og redningspersonell opp ved Brann- og redningsskulen i Tjeldsund. Den nye utdanninga vil gi eit kompetanseløft for brann- og redningsvesen over heile landet og dermed styrke beredskaps-

pen både lokalt og nasjonalt. Fagskulen vil ta imot 160 studentar i året.

Regjeringa vil styrke Justis- og beredskapsdepartementets kapasitet til rettsleg rettleiing og

regelverksutvikling på det sivile beredskapsområdet med 6 mill. kroner, sjå omtale under programkategori 06.10.

Kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	1 240 451	1 505 337	1 565 567
21	Spesielle driftsutgifter	30 345	26 463	27 469
22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overførast</i>	604 275	561 410	622 744
23	Variable utgifter EUs ordning for sivil beredskap		50 000	51 900
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	285 166	252 221	141 619
70	Overføringer til private	7 433	7 743	8 037
	Sum kap. 451	2 167 670	2 403 174	2 417 336

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) er fag- og tilsynsorgan for sivil samfunnstryggleik, jf. kgl.res. 24. juni 2005. Sivilforsvaret, DSB sitt kurssenter, og Brann- og redningsskulen er underlagde DSB. DSB er ansvarleg for nød- og beredskapskommunikasjon og staten sin eigarskap til Nødnett og er nasjonal myndigheit for brann- og eltryggleik. I tillegg varetar direktoratet embetsstyringa av statsforvaltarane på samfunnstryggleiksområdet og er fagmyndigheit for tryggleik ved handtering og transport av farlege stoff og eksplosiv, og for produkt- og forbrukartryggleik.

DSB som sivil samordningsmyndigheit

DSB skal rettleie myndigheitene og andre verksemder i arbeidet deira med samfunnstryggleik. Dette inkluderer t.d. utarbeiding av analysar av krisescenario, samfunnsplanlegging, beredskapsplanverk, øvingar og evalueringsarbeid. DSB leier Sentralt totalforsvarsforum (STF) saman med Forsvarsstaben, og nyttar forumet i hovudsak for felles situasjonsforståing og oversikt der situasjonar og kriser har konsekvensar på tvers av fleire sektorar og nivå.

På nasjonalt nivå gjennomfører DSB bl.a. samvirkekonferansar mellom sentrale nasjonale aktørar og statsforvaltarane for å bidra til nasjonal koordinering når det er nødvendig.

I den skjerpa tryggingpolitiske situasjonen har DSB prioritert å samle beredskapsmyndigheitene og aktørar for horisontal og vertikal samordning for å styrke den nasjonale beredskapen.

DSB er sivil samordningsmyndigheit i totalforsvaret. Samarbeidet på samfunnstryggleiksområdet i Europa har blitt styrka etter at Russland angreip Ukraina. Om nasjonale ressursar ikkje skulle strekkje til, må ein kunne søke hjelp frå naboland med minst mogleg tidsforseinking pga. formalitetar. Sveriges og Finlands medlemskap i NATO har gjort dette arbeidet særleg aktuelt.

Den norske deltakinga i det europeiske beredskapssamarbeidet skjer i stor grad gjennom ulike sider av UCPM (EU Civil Protection Mechanism). Formålet med UCPM er å styrke samarbeidet mellom medlemmene om sivil beredskap, og forbetre arbeidet med førebyggjing og katastrofehandtering. UCPM er ei felles ramme for delar av det sivile beredskapsarbeidet òg, og for vidareutviklinga av det gode, nordiske samarbeidet. UCPM har vore den føretrekte kanalen for sivile direktedonasjonar av materiellbistand til Ukraina gjennom krigen. Det er godt nordisk samarbeid om å utvikle slike kapasitetar slik at dei kan bidra til å styrke både norsk og nordisk beredskap, samstundes som dei vil vere tilgjengelege for bruk i og utanfor Europa.

Krigen i Ukraina og arbeidet med å samordne norsk bistand gjennom UCPM har prega arbeidet

til DSB sidan 2022. Det har vore nødvendig å nytte betydelege ressursar som i ein normalsituasjon hadde blitt nytta til andre oppgåver i DSB.

Regjeringa foreslår å løyve 95 mill. kroner til DSB for å dekke kontingenten til UCPM for 2025.

Brannvern

Ei ny fagskuleutdanning for brann- og redningspersonell starta i 2024 opp ved Brann- og redningsskulen i Tjeldsund kommune. Oppstarten er ein viktig milepæl for brannutdanninga i Noreg og inneber at grunnutdanninga av heiltidspersonell til brann- og redningsvesenet og 110-sentralane nå er ein del av det ordinære skulesystemet, i likskap med andre etatsutdanningar.

Stortinget slutta seg i juni 2024 til regjeringas framlegg i Meld. St. 16 (2023–2024), *Brann- og redningsvesenet – Nærhet, lokalkunnskap og rask respons i hele landet*, jf. Innst. 413 S (2023–2024). Meldinga peiker ut ei retning for brann- og redningsvesenet som skal stå seg i mange år framover og legg til rette for at brann- og redningsvesenet blir i stand til å handtere dagens og framtidens utfordringar, både innanfor eige sektoransvar og i samarbeid med andre nødetatar og beredskapsaktørar.

Handtering av skogbrann er eit kommunalt ansvar. Viktige statlege ressursar for å forsterke dette arbeidet er Sivilforsvaret og statens skogbrannhelikopter. Skogbrannhelikopterordninga har fast beredskap frå 15. april til 15. august kvart år. DSB har ansvaret for ordninga og for å sikre at det er beredskap med skogbrannhelikopter, medan Hovudredningssentralen gir innsatsordre før bruk.

Operasjonssentralane til politiet (112) og 110-sentralane til brann- og redningsvesenet er samlokaliserte i politidistrikta Innlandet, Møre og Romsdal, Aust og Sørøst. Operasjonssentralane til politiet, 110-sentralane til brann- og redningsvesenet og AMK-sentralane til helsetenesta (113) er samlokaliserte i politidistrikta Nordland, Finnmark og Agder.

Risiko og sårbarheit i kommunane

Resultata frå kommuneundersøkinga til DSB for 2024 viser at trass krevjande år med pandemi, alvorlege naturhendingar og knappe ressursar, arbeider kommunane godt med beredskap. Sjølv om dei fleste no har heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, er det framleis mange kommunar (31 pst.) som ikkje har *oppdaterte* analysar. 97 pst. av kommunane oppgir at dei har ein overordna

beredskapsplan, men 25 pst., dvs. 80 kommunar, har ein beredskapsplan som er revidert før 2023. Det kan dermed sjå ut til at mange kommunar ikkje er medvetne om at beredskapsplanen alltid skal vere oppdatert.

Kommuneundersøkinga viser at det er behov for å jobbe grundigare og meir heilskapleg med tiltak for korleis innbyggjarane kan hente informasjon, og ved behov komme i kontakt med nødetatane ved langvarig bortfall av straum, mobilnett og internett. Mange kommunar manglar eit gjennomarbeidd planverk med gode tiltak for dette.

Statsforvaltaren skal samordne samfunnstryggingsarbeidet i fylket, vareta rolla som pådrivar og rettleiar i arbeidet med samfunnstryggjeleik og dessutan skjøtte ansvaret sitt for krisehandtering ved hendingar. Ein meir detaljert omtale av oppgåvene til statsforvaltaren finst i programkategori 01.20 i Prop. 1 S (2024–2025) for Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Sivilforsvaret

Sivilforsvaret er beredskapsressurs for staten og gir støtte til nød- og beredskapsstatane i heile krisespekteret. Sivilforsvaret har ein styrke på 8 000 tenestepliktige, fordelte i lokale, operative avdelingar.

Stortinget fastset kor lang tenestetida for tenestepliktige i Sivilforsvaret skal vere. Dagens nivå blir foreslått vidareført i 2025. Dette inneber årleg utdanning på inntil fem veker, med maksimalt tre veker samanhengande tenestetid. Den årlege øvingstida er på maksimalt fem dagar, og i tillegg kjem nødvendige kortare kurs og samlingar. Den samla tenestetida for ein tenestepliktig kan utgjere totalt 19 mnd. Sivilforsvaret har øvd opp tenestepliktige og befal og utdanna nytt mannskap.

Det blir teke sikte på å innføre justerte krav til etablering av dekningsrom og tilfluktsrom. Klar tid og andre krav til tilfluktsrom blir vurderte særskilt med omsyn til moglegheita for fredstidsbruk, og behovet for nyetablering av tilfluktsrom blir vurdert strengt. Sivilforsvaret vil intensivere oppfølginga av eksisterande tilfluktsrom med tanke på vedlikehald, opplæring og tilsyn.

Nød- og beredskapskommunikasjon

Nødnett er det landsdekkande nettet for nød- og beredskapskommunikasjon i Noreg. Nødnett gir brukarane eit særskilt viktig verktøy for kommunikasjon og samhandling i dagleg virke, under øvingar og ved større hendingar. Med Nødnett kan brukar-

ane kommunisere i grupper på tvers av organisatoriske og geografiske grenser og dessutan internt i eigen organisasjon. Nødnett gjer det mogleg for hjelparane i samfunnet å kommunisere med kvarandre akkurat der den som er i nød er og treng hjelp. Ved hjelp av Nødnett kan dei finne kvarandre og etablere ei felles situasjonsforståing. På denne måten har Nødnett ein sentral samvirkeeffekt, og ressursane samhandlar betre – vi kallar det nødnetteffekten. Ei sentral oppgåve for DSB er å følgje opp at leverandøren driftar og held infrastrukturen ved like i tråd med kontrakten.

Staten har kontrakt om drift av dagens Nødnett til og med 2026. Regjeringa foreslår å forhandle fram kontrakt om å vidareføre Nødnett ut 2031 i forbindelse med ny saldering av budsjettet for 2024. Samstundes er det viktig å etablere ei ny løysing. Det er eit investeringsbehov knytt til forlenginga, og regjeringa foreslår å auke løyvinga til DSB med 40 mill. kroner i 2025.

Regjeringa har sett i gang eit forprosjekt for ny nød- og beredskapskommunikasjon som skal erstatte Nødnett på sikt. Forprosjektet som DSB arbeider med, skal etter planen vere ferdig i løpet av 2024, slik at kvalitetssikring kan gjennomførast våren 2025. Ei ny god kommunikasjonsløysing er heilt sentralt for evna til å handtere hendingar. Dei samfunnsøkonomiske gevinstane er positive og inkluderer ifølgje den eksterne kvalitetssikraren sparte liv, færre skadar på personar og materiell og auka tryggleik i befolkninga.

I ein krisesituasjon vil myndighetene kunne gi folk informasjon om kva som skjer, og om korleis ein kan verne seg og sine. For raskt å kunne nå ut til heile befolkninga med presis informasjon, er det etablert ei teneste for mobiltelefonbasert befolkningsvarsling, jf. Prop. 78 S (2021–2022) og Innst. 270 S (2021–2022). Tenesta heiter Nødvarsel og kan nyttast lokalt, regionalt eller nasjonalt ved akutte og alvorlege hendingar som truar liv og helse. Nødvarsel blir testa to gongar i året nasjonalt i samband med test av tyfonane. Over 9 av 10 nordmenn får no nødvarsel på mobiltelefon. I fredstid er det politiet som avgjer kva område som skal varslast, og som sender ut sjølve varselet. DSB har systemeigaransvar for tenesta.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter for DSB med underliggjande driftseiningar, medrekna Nødnett, Sivilforsvaret, skular og regionskontor.

Det blir foreslått å vidareføre ei løyving på 95 mill. kroner til den årlege kontingenten for at Noreg òg i 2025 skal delta i EUs ordning for sivil beredskap (UCPM).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 37 mill. kroner til husleige og drift av fagskulen for brann- og redningspersonell. Midlane skal òg finansiere brukarutstyr i dei nye hyblane ved Brann- og redningsskulen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 3451, post 06.

Løyvinga vart auka med 40 mill. kroner som ei eingongsløyving til forprosjekt for nytt Nødnett i 2024. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 40 mill. kroner.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 15 mill. kroner til drift av lokale som blir forvalta av DSB.

Regjeringa foreslår å vidareføre løyving til DSB på 12 mill. kroner for å handtere ei auke i arbeidsmengde som nasjonalt kontaktpunkt for EU si ordning for sivil beredskap og tilsvarande ordningar i FN og NATO.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,9 mill. kroner i samband med behandling av søknader om godkjenning av yrkeskvalifikasjonane til utlandske arbeidstakarar innan elektrofag, jf. omtale under kap. 3451, post 03.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner til drift av mobilbasert befolkningsvarsling (Nødvarsel).

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3451, post 02, post 03 og post 06, jf. forslag til vedtak. Det blir vidare foreslått at posten kan overskridast med inntil 75 pst. av inntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei samla løyving på posten på 1 565,6 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

DSB administrerer skogbrannhelikopterberedskapen i Noreg. Løyvinga på posten dekker utgiftene til flytimar og ekstra beredskap. Faste utgifter i denne beredskapen inngår som ein del av løyvinga under kap. 451, post 01. Vidare dekker posten forskingsaktivitetar som er avtalte mellom DSB og RISE Fire Research AS.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 27,5 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, kan overføres

Løyvinga på posten dekker utgifter til drift og vedlikehald og mindre utgifter til utvikling og investering i Nødnett og tilhøyrande tenester. Abonnementsavgifta blir fakturert kundane i Nødnett, og inntektene blir førte på kap. 3451, post 05 Abonnementsinntekter.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 40 mill. kroner til å gjennomføre nødvendige utskiftingar av komponentar i den sentrale infrastrukturen til Nødnett. Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 622,7 mill. kroner.

Post 23 Variable utgifter til EUs ordning for sivil beredskap

Løyvinga på posten skal dekke alle utlegg DSB har i samanheng med ekstraordinære oppdrag gjennom EUs ordning for sivil beredskap (UCPM), som lønn, reiser, frakt og andre driftsutgifter. Utgiftsnivået på posten er styrt av hendingar og vil variere over tid. Kontingenten for ordninga blir belasta over post 01. Refusjonar frå EU blir førte på kap. 3451, post 07.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 51,9 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga dekker utgiftene for større investeringar i Nødnett og for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet på vegner av brukarane. Utgifter på vegner av brukarane blir dekte inn av refusjonar på kap. 3451, post 04.

Vidare dekker løyvinga utgifter til større utstyrsanskaffingar til Sivilforsvaret.

Det vart i 2024 løyvd 40 mill. kroner til utbeiring av lokale som blir forvalta av DSB. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 24 mill. kroner i 2025.

Regjeringa foreslår å vidareføre løyving på 15 mill. kroner til å gjennomføre tryggingstiltak i dagens Nødnett til 2025.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,5 mill. kroner til investeringsmidlar til mobilbasert befolkningsvarsling.

Det vart i 2024 løyvd 91,2 mill. kroner til utskifting av koparnettet som vart finansiert av brukarbetaling. Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 91,2 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 3451, post 04.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak. Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 141,6 mill. kroner.

Post 70 Overføringer til private

Løyvinga på posten skal dekke overføringar til Norsk Elektroteknisk Komite (NEK) som behandlar standardiseringsarbeidet på elområdet i Noreg. Vidare dekker posten overføring til det brannførebyggjande arbeidet til Norsk brannvernforening.

NEK er ein aktiv, sjølvstendig og nøytral medlemsorganisasjon som har ansvaret for norsk standardiseringsarbeid innan el og e-kom. Medlemmene kan vere offentlege og private organisasjonar, institusjonar, etatar og bedrifter.

NEK prioriterer forhold som er spesielle for Noreg, og som normalt ikkje blir fanga opp av internasjonal standardisering. Spesielt gjeld dette tekniske krav til det norske IT-nettet, tilpassingar som følgje av at energiforbruket i Noreg i stor grad er basert på elektrisitet, krevjande klimatiske (arktiske) forhold og dessutan norsk byggjeskikk. Noreg er eit av dei mest elektrifiserte og digitaliserte landa i verda og derfor avhengig av at standardiseringa på området fungerer. NEK er viktig for at Noreg får gjennomslag internasjonalt i spørsmål som er viktige for Noreg og for eltryggleiken.

Norsk brannvernforening er ei uavhengig stifting som arbeider for at liv, helse og verdier ikkje skal gå tapt i brann. Foreininga er organisert som ei privat stifting som arbeider ut frå eit ideelt formål. Alle inntekter går til brannførebyggjande arbeid og vidareutvikling av organisasjonen. Brannvernforeninga vart etablert i 1923 på initiativ frå forsikringsnæringa og myndigheitene.

Gjennom informasjon, opplæring, sertifisering og rådgiving arbeider foreininga for at menneske, bedrifter og organisasjonar skal ta ansvar for brannvernet.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 8,0 mill. kroner.

Kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Gebyr	123 002	125 453	130 220
02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett	35 853	37 370	38 790
03	Diverse inntekter	28 059	31 676	40 560
04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett	97 893	173 581	85 511
05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett	584 494	536 862	557 263
06	Refusjoner	27 439	7 751	18 046
07	Refusjoner fra EU i forbindelse med variable utgifter knyttet til EUs ordning for sivil beredskap		50 000	51 900
	Sum kap. 3451	896 740	962 693	922 290

Post 01 Gebyr

DSB krev inn avgifter til å dekke utgifter til forvaltningsoppgåver etter brann- og eksplosjonsvernlova og el-tilsynslova. Avgiftene skal bl.a. dekke utgifter til arbeid med regelverk, informasjon og rettleiing og tilsyn med at krava som er gitt i eller i medhald av lovene, blir følgde.

Det blir kravd inn avgift for førsteleddsomsetnad av petroleumsprodukt, for ilandføring av olje og gass i røyrleidning frå sjøområde og dessutan for førsteleddsomsetnad av sprengstoff. Avgiftsinnkomstene er avhengige av omsetnads- og/eller produksjonsnivået frå føregåande år, slik at DSB ikkje har nokon innverknad på storleiken på inntektene.

DSB krev vidare inn ei avgift for å dekke utgifter til forvaltninga av el-tilsynslova. Avgifta blir kravd inn og fakturert etter gjennomførte tilsyn med landbaserte elektriske anlegg og maritime elektriske anlegg.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 130,2 mill. kroner.

Post 02 Refusjoner driftsutgifter Nødnett

Løyvinga dekker refusjonar til DSB for enkelte av driftskostnadene til direktoratet, som skal finansierast av ei brukarbetalingssordning.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 01, mot tilsvarende meir-

inntekter under kap. 3451, post 02, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 38,8 mill. kroner.

Post 03 Diverse inntekter

Løyvinga på posten består av inntekter frå kursverksemd ved Brann- og redningsskulen, DSB sitt kurssenter og Sivilforsvaret sine utdannings- og kompetansesenter. Vidare består posten av utleige av anlegga til Sivilforsvaret og sal av læremateriell m.m. ved skulane. Løyvinga består òg av inntekter i tilknytning til søknader om godkjenning av yrkeskvalifikasjonane til utanlandske arbeidstakarar innan elektrofag.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 7,7 mill. kroner i samband med behandling av søknader om godkjenning av yrkeskvalifikasjonane til utanlandske arbeidstakarar innan elektrofag, jf. omtale under kap. 451, post 01. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 03, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 40,6 mill. kroner.

Post 04 Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett

Løyvinga omfattar refusjonar frå brukarar av Nødnett for tilleggskjøp av utstyr og funksjonalitet

som er bestilt av DSB gjennom avtalane deira. Utgiftene blir førte på kap. 451, post 45, og DSB fakturerer kundane for dette.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 45, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 04, jf. forslag til vedtak.

Det vart i 2024 løyvd 91,2 mill. kroner til utskifting av koparnettet som vart finansiert av brukarbetaling. Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 91,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 451, post 45.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 85,5 mill. kroner.

Post 05 Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett

Løyvinga omfattar inntektene DSB får frå abonnementsordninga i Nødnett. Vidare dekkjer løyvinga refusjonar for tenester og produkt som kundar i Nødnett har skaffa seg utover abonnementsordninga i Nødnett. Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å kunne overskride løyvinga på kap. 451, post 22, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 557,3 mill. kroner.

Post 06 Refusjoner

Løyvinga på posten består av variable inntekter og refusjonar frå andre verksemdar, irekna refusjonar for administrative tenester frå Valdirektoratet. Vidare består posten av variable overføringar og tilskot frå EU og EØS.

På bakgrunn av rekneskapstal blir det foreslått å auke løyvinga med 10 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 451, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3451, post 06, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 18,0 mill. kroner.

Post 07 Refusjoner fra EU i forbindelse med variable utgifter knyttet til EUs ordning for sivil beredskap

Løyvinga på posten består av refusjonar frå EU for utgifter DSB har hatt under post 23, og som er knytte til ekstraordinære oppdrag DSB har hatt gjennom EUs ordning for sivil beredskap (UCPM).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 51,9 mill. kroner.

Post 40 Salg av eiendom mv.

DSB har gjennomført eit omfattande arbeid med å avhende sivilforsvarsanlegg. Erfaringane viser at det i det vesentlege omfattar tilbakeføring av eigedommar til kommunar og grunneigarar, og at det er eit fåtal anlegg som blir selde til takst i den opne marknaden. Tilbakeføringa krev semje mellom grunneigar og staten om salssummen, noko det kan vere utfordrande å einast om. Det blir derfor foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overdra sivilforsvarsanlegg til ein verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt eller til underpris når det er særlege grunnar til det, jf. forslag til vedtak.

I samband med avhending og stenging av sivilforsvarsanlegg blir det vidare foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 451, post 01 med inntil 75 pst. av inntektene under denne posten, jf. forslag til vedtak. Ved eventuelt sal i 2025 ønskjer departementet å nettobudsjettere salsutgiftene på post 40 ved sal av faste eigedommar. Det kan vere tilfellet der utgiftene til rydding og trygging er større enn salsinntektene og det slik vil vere ei nettoutgift å avhende anlegget.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til nettoføring ved å trekke salsutgifter ved sal av faste eigedommar frå salsinntektene under kap. 3451, post 40, jf. forslag til vedtak.

Kap. 452 Sentral krisehåndtering

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	30 271	29 387	30 140
	Sum kap. 452	30 271	29 387	30 140

Primærfunksjonen til Krisestøtteeininga (KSE) er å yte bistand ved krisehåndtering. KSE skal leggje til rette for at departementsfelleskapet, Kriserådet og regjeringa får ei samla nasjonal situasjonsforståing, og dessutan støtte leiardepartementet og Kriserådet i samband med krisekoordinering. KSE er forankra organisatorisk i Justis- og beredskapsdepartementet. KSE støttar opp under Justis- og beredskapsdepartementet si samordningsrolle på samfunnstryggleksområdet ved bl.a. å forvalte eit døgnbemanna sivilt situasjons-senter og å planleggje, gjennomføre og følgje opp øvingar på nasjonalt og internasjonalt nivå.

Sett i lys av den alvorlege tryggingsspolitiske situasjonen i Europa, har KSE prioritert arbeidet med å utvikle og vedlikehalde nasjonale planverk, deriblant koordineringa av sivile tiltak i det nasjonale beredskapssystemet (NBS). Sivilt beredskapssystem (SBS) er under revisjon. Departement med ansvar for tiltak innan SBS, utarbeider tiltak

innanfor ansvarsområdet sitt i samråd med Justis- og beredskapsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke lønns- og driftsutgifter ved KSE, medrekna husleige, vidareutvikling og vedlikehaldskostnader for teknisk infrastruktur på både ugraderte og graderte plattformer. Løyvinga på posten skal i tillegg dekke utgiftene eininga har i samband med sentral krisehåndtering, medrekna døgnkontinuerleg situasjons- og medieovervaking. Løyvinga skal òg dekke utgiftene KSE har som sekretariat for Kriserådet, drifta av det sivile situasjonssenteret og krisestøttevektøyet DepCIM for departementsfelleskapet.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 30,1 mill. kroner.

Kap. 453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	60 772	61 039	68 569
	Sum kap. 453	60 772	61 039	68 569

Sivil klareringsmyndighet (SKM) skal vere den sentrale verksemda for klarering i sivil sektor. Samfunnsoppdraget til SKM er å verne nasjonale verdiar ved å redusere risikoen for innsidarar. Dette arbeidet er ein viktig del av hovudmåla i justis- og beredskapssektoren, som er rettstryggleik og tryggleik i samfunnet.

Endringane i den nasjonale tryggingssituasjonen etter at Russland invaderte Ukraina 24. februar 2022, har ført til at fleire verksemder enn tidlegare har behov for å kunne ta imot tryggingegradert informasjon for å sikre eiga kjerneverk-

semd og gjennom dette vareta samfunnsviktige funksjonar. SKM får derfor fleire oppmodingar om tryggingssklarering enn tidlegare.

SKM har behandla det nye tryggingstiltaket tilgangssklarering sidan 2022. Talet på nye oppmodingar om tilgangssklarering har ikkje auka like mykje som vanleg tryggingssklarering, og det held seg så langt stabilt på mellom 400 og 500 per tertial.

Samla sett får SKM rundt 10 000 saker til behandling årleg, fordelte på dei to sakstypene tryggingssklarering og tilgangssklarering. For å

styrke arbeidet med effektiv saksbehandling på saksområdet, vil SKM overta oppgaver frå NSM mellom anna knytte til rådgjeving, rettleiing og kurs innanfor tryggingklareringsfaget.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av Sivil klareringsmyndigheit, medrekna bl.a. lønnskostnader og andre personalkostnader, i tillegg til kostnader til leige av lokale i Moss og til drift av

IKT-løysingar. I posten inngår bl.a. utgifter til gjennomføring av tryggingssamtalar.

Delar av det faglege ansvaret og oppgaver innan personelltryggleik er overførte frå Nasjonalt tryggingssorgan til Sivil klareringsmyndigheit. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 6 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 457, post 01.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 68,6 mill. kroner.

Kap. 3453 Sivil klareringsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2023	Saldert budsjett 2024	2025
01	Diverse inntekter			800
	Sum kap. 3453			800

Post 01 Diverse inntekter

Løyvinga på posten dekker inntekter frå kurs- og konferanseaktivitet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon på kap. 3457, post 01 som følgje av overføring av oppgaver

og ansvar innan personelltryggleik frå Nasjonalt tryggingssorgan til Sivil klareringsmyndigheit.

Det blir foreslått å gi fullmakt i 2025 til å overskrive løyvinga under kap. 453, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3453, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 0,8 mill. kroner.

Kap. 454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag
		2023	Saldert budsjett 2024	2025
01	Driftsutgifter	908 043	992 173	1 216 626
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	848 768	1 511 992	964 234
	Sum kap. 454	1 756 811	2 504 165	2 180 860

Det er inngått kontrakt om levering av 16 nye redningshelikopter, SAR Queen. Dei første helikoptera vart sette i drift 1. september 2020. Dei nye redningshelikoptera skal etter planen vere i drift på alle dei seks basane i løpet av 2024. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er på 17 439 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker kostnader til drift av den offentlege redningshelikoptertjenesta og prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 20,9 mill. kroner i samband med prosjektet for kjøp av nye redningshelikopter.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11,9 mill. kroner i samband med Tromsø-basen.

Noreg har investert 17 mrd. kroner i nye redningshelikopter SAR Queen mv. Desse helikoptera har langt betre rekkjevidde, større fart og betre evne til å operere i dårleg vær enn dei gamle Sea King-helikoptera.

Dei nye helikoptera gir Noreg auka beredskap. Stortinget vart i Prop. 118 (2022–2023) *Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2023* informert om at førebelse berekningar tilseier at det framtidige driftsbudsjettet for redningshelikoptertenesta kan bli høgare enn dagens vedtekne budsjetttramme. Justis- og beredskapsdepartementet vurderte hausten 2023, med ekstern bistand og i samarbeid med Forsvarsdepartementet, storleiken på det framtidige driftsbudsjettet. Blant anna basert på dette arbeidet legg regjeringa fram forslag om å auke løyvinga til redningshelikoptertenesta med til saman 272 mill. kroner. Av dette er 239 mill. kroner knytte til at SAR Queen er i drift på seks basar i 2025 og som følgje av at forsvarssektoren sine årlege driftsutgifter til redningshelikoptertenesta har auka. Eit moderne helikoptersystem er meir krevjande å drifte. Hovudredningssentralen har ansvaret for forvaltninga av redningshelikoptertenesta, og det er foreslått å auke løyvinga med 33 mill. kroner til oppfølging av inngåtte kontraktar og avtalar, jf. omtale under kap. 455.

Kap. 3454 Redningshelikoptertjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2025
		2023	Saldert budsjett 2024	
01	Refusjoner	29 968	31 287	32 476
	Sum kap. 3454	29 968	31 287	32 476

Post 01 Refusjoner

Løyvinga på posten dekkjer refusjonar frå Helse- og omsorgsdepartementet, som kjøper ambulansetimar i redningshelikoptertenesta frå Justis- og beredskapsdepartementet. Refusjonen blir ført på

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 216,6 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekkjer investeringar i samband med kjøp av nye redningshelikopter og bygging av ny redningshelikopterbase i Bodø.

I forslaget frå regjeringa til budsjett for 2025 er det sett av om lag 913,5 mill. kroner til investeringar ved kjøp av nye redningshelikopter og tiltak for tilrettelegging av infrastruktur. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er på 17 439 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Bodø lufthamn skal flyttast, og det skal som følgje av dette byggjast ein ny redningshelikopterbase. Det blir foreslått å setje av 50,7 mill. kroner til dette. Gjeldande kostnadsramme for prosjektet er på 609 mill. kroner, jf. forslag til romartalsvedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 964,2 mill. kroner.

kap. 3454, post 01 Refusjoner. Det blir foreslått å gi fullmakt i 2025 til å overskride løyvinga under kap. 454, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3454, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 32,5 mill. kroner.

Kap. 455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	149 215	155 039	191 704
21	Spesielle driftsutgifter	44 942	31 755	32 962
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	6 734	7 056	10 874
71	Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten	75 505	92 490	86 435
72	Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	129 305	135 953	141 119
73	Tilskudd til Redningsselskapet	134 476	140 098	145 422
	Sum kap. 455	540 177	562 391	608 516

Justis- og beredskapsdepartementet har koordineringsansvar for redningstenesta, som omfattar land-, sjø- og luftredningsteneste. Regjeringa har fastsett organisering, roller og ansvar for redningstenesta i Noreg i *Organisasjonsplan for redningstjenesten*, jf. kgl.res. av 6. desember 2019. Hovudredningssentralen (HRS) leier og koordinerer alle typar redningsaksjonar, anten direkte frå avdelinga i Nord-Noreg eller frå avdelinga i Sør-Noreg. Leiing og samordning av landredningsaksjonar blir som regel delegert frå HRS til den lokale redningssentralen (LRS). LRS-ane er lokaliserte i alle politidistrikta og hos Sysselmeisteren på Svalbard.

HRS fekk frå 2024 ansvaret for redningshelikoptertenesta og forvaltninga av eigarskapen av SAR Queen-helikoptera.

HRS forvaltar ordninga med tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta og tilskot til nød- og tryggleikstenester frå 2024.

Dei frivillige organisasjonane er ein viktig del av redningstenesta i Noreg, med omkring 10 000 operative mannskap over heile landet. Dei trener og utrustar lokale ressursar som kan stille på kort varsel. Dei frivillige er ein ressurs som alltid har vore viktig for redningstenesta.

Nødnett skal etter vedtak frå Stortinget vere gratis for dei frivillige organisasjonane i redningstenesta, jf. Innst. 448 S (2012–2013) og Prop. 77 (2012–2013), ved at staten dekkar brukarutstyr, kostnader knytta til drift av løysingane og abonnementsavgifta. Dette blir i dag dekt over kap. 455, post 71, som òg inneheld det ordinære

driftstilskotet til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkar kostnader ved sentrale element ved redningstenesta, medrekna Hovudredningssentralen.

Løyvinga på posten omfattar utgifter i samband med det internasjonale satellittbaserte nødpeilesystemet COSPAS-SARSAT og utgifter til Justis- og beredskapsdepartementets nasjonale og internasjonale forplikting og engasjement innanfor redningstenesta.

Oppgåva med å forvalte redningshelikoptertenesta er delegert frå Justis- og beredskapsdepartementet til Hovudredningssentralen frå 1. januar 2024. Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 33 mill. kroner til oppfølging av inngåtte kontraktar og avtalar, jf. omtale under kap. 454.

Frå og med 1. januar 2024 er forvaltninga av ordningar for tilskot under redningstenesta flytta frå Justis- og beredskapsdepartementet til Hovudredningssentralen. Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 455, post 01 med 0,9 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på kap. 400, post 01.

Hovudredningssentralen betaler for bruk av ei systemløysing frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. Det blir foreslått at løyvinga blir redusert med 84 000 kroner, mot ein tilsvarande auke av løyvinga på Finansdepartementets kap. 1605 Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, post 01 Driftsutgifter.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 191,7 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, t.d. helikopterselskap og frivillige redningsorganisasjonar i konkrete redningstilfelle, til refusjon til frivillige hjelpearar for innsats i redningstenesta, til forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Forbruket på posten er vanskeleg å berekne sidan utgiftene varierer med talet på redningsaksjonar og omfanget av dei.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 33,0 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten dekker diverse investeringar til kjøp og vedlikehald av utstyr til Hovudredningssentralen.

Det blir foreslått å auke løyvinga på kap. 455, post 45 med 3,5 mill. kroner i samband med ny kontrollromsløysing på Hovudredningssentralen.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 10,9 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten

Løyvinga på posten dekker tilskot til Frivillige organisasjoners redningsfaglige forum (FORF) og til frivillige organisasjonar i redningstenesta som er representerte av FORF. Løyvinga kan òg dekke tilskot til andre særskilte relevante frivillige organisasjonar innanfor redningstenesta.

Tilskota skal fremme kvaliteten i redningstenesta. Frivillige organisasjonar skal setjast betre i stand til å delta i redningsaksjonar når menneske har behov for direkte hjelp ved fare for død eller skade som følgje av akutte hendingar. Tilskotsmottakarar skal gjere greie for at tilskotet er nytta til redningsfaglege tiltak, og at dei har bidratt i redningsarbeid.

Tilskotsmottakarar skal innan 1. april året etter det året tilskotet gjeld for, rapportere til Hovudredningssentralen om korleis tilskotet har bidratt til at organisasjonen har blitt sett i betre stand til å delta i redningsaksjonar. Hovudred-

ningssentralen tildeler tilskot for eitt år av gongen etter ei vurdering av i kva grad formålet som det blir søkt om tilskot til, bidrar til å oppfylle formålet med tilskotsordninga.

Resultata for 2023 er i tråd med formålet med tildelinga.

Posten omfattar òg premie til forsikringsordning for frivillige i redningstenesta og midlar til varetaking av sekretariatsfunksjonen til Nasjonalt redningsfagleg råd. Sekretariatsfunksjonen blir vareteken av FORF.

Løyvinga omfattar òg tilskot til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta som er brukarar av Nødnett, og tilsvarende abonnementsavgifta.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 6 mill. kroner for å styrke dei frivillige organisasjonane i redningstenesta.

Løyvinga vart auka med 15 mill. kroner i 2024 for å dekke kostnadene til dei frivillige organisasjonane i redningstenesta i samband med utskifting av koparnettet. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15 mill. kroner i 2025 sidan arbeidet er ferdig.

Løyvinga på posten dekker òg utgifter til dykkaropplæring av frivillige som deltek i redningsdykkarberedskap og som må ha redningsdykkarsertifisering.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 86,4 mill. kroner.

Post 72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester

Løyvinga på posten skal bl.a. dekke tilskot til Telenor for tenesta dei utfører i samband med nød- og tryggingstenesta til Kystradioen, og til å halde ved lag 24 timars tårnteneste ved Svalbard lufthamn, i tillegg til ev. andre tilskot innanfor rednings- og beredskapsfeltet.

Telenor Kystradio (TK) leverer maritime telekommunikasjonstenester (kystradiotenesta) langs kysten av Noreg på vegne av staten og lytter etter nødvarsel frå to bemanna kystradiostasjonar som er samlokaliserte med avdelingane til Hovudredningssentralen på Sola og i Bodø. Under redningsoppdrag sørger kystradiostasjonane for kontakt mellom redningstenesta og den/dei som er i nød. Kystradiotenesta er definert som ei spesiell samfunnsplagd oppgave, jf. ekomlova § 5-3 første ledd nr. 1.

Avinor held 24 timars tårnteneste ved Svalbard lufthamn. Avinor skal levere lokal flygeinformasjonsteneste, alarm- og redningsteneste og vêrobservasjonar (AFIS-tenester) på døgnkonti-

nuerleg basis slik at redningshelikoptertenesta på Svalbard får dei tenestene som dei har behov.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 141,1 mill. kroner.

Post 73 Tilskudd til Redningsselskapet

Tilskotet skal bidra til å oppretthalde innsatsen til Redningsselskapet i redningstenesta og i arbeidet med å førebyggje ulukker. Det dekker ein del av driftsutgiftene selskapet har til søk- og redningsberedskap.

Redningsselskapet er ein landsdekkande og frivillig humanitær organisasjon. Det primære målet er å redde liv og berge verdiar på sjøen. Organisasjonen er ein viktig beredskapsressurs og utfører søke-, rednings- og hjelpeteneste langs kysten av Noreg og i tilgrensande havområde.

Redningsselskapet skal òg drive opplysningsarbeid og førebyggjande arbeid for å betre tryggleiken for sjøfarande. Redningsskøytene utfører oppgåver på utkalling av Hovudredningsentralen, AMK, Kystverket, politiet og andre.

Tilskotet dekker ein del av driftskostnadene selskapet har til søk- og redningsaksjonar, og dessutan ein del av kostnadene til beredskap. For alle endringar i stasjonering og disponering av redningsskøytene er det ein føresetnad at det er gjort i samarbeid med Hovudredningssentralen. Tilskotet kan brukast til opplysningsarbeid og førebyggjande sjøtryggleiksarbeid, med særskild vekt på barn og unge. Tilskotet kan òg brukast til å styrke deltakinga i beredskapen mot akutt forureining.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 145,4 mill. kroner.

Kap. 3455 Redningstjenesten

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Refusjoner	2 259		
	Sum kap. 3455	2 259		

Post 01 Refusjoner

Løyvinga dekker refusjonar til ulike aktivitetar i redningstenesta. Det blir ikkje budsjetttert med noko beløp.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 455, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3455, post 01, jf. forslag til vedtak.

Kap. 457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	478 737	451 230	529 787
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	35 965	5 943	13 210
	Sum kap. 457	514 702	457 173	542 997

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) høyrer administrativt inn under Justis- og beredskapsdepartementet, som også har fagansvaret for NSM i saker som høyrer inn under justis- og beredskapsministeren. Forsvarsdepartementet kan instruere NSM i saker innan ansvarsområdet sitt. Direktora-

tet er såleis òg ein del av forsvarssektoren. Løyvinga til tiltak som blir sette i verk som ledd i oppfølginga av langtidsplanen for forsvarssektoren, gjeld derfor òg NSM, jf. Prop. 87 S (2023–2024) *Forsvarsløftet – for Norges trygghet: Langtidsplan*

for forsvarssektoren 2025–2036, og Prop. 1 S (2024–2025) for Forsvarsdepartementet.

Auka digital motstandskraft inngår som ledd i arbeidet med å utvikle totalberedskapen. Regjeringa foreslår å styrke førebyggjinga av alvorlege cyberhendingar og den nasjonale evna til hendingshandtering.

I Meld. St. 9 (2022–2023) foreslår regjeringa ei kraftsamling av rettleiingsmiljøa innanfor digital tryggleik. Verksemdsoverdraginga av Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS) til NSM, med lokasjon på Gjøvik, er ein del av dette.

Etableringa av KommuneCERT som del av HelseCERT, og tilbod til tilsette i det interkommunale selskapet Kommune-CSIRT om stilling i NSM med lokasjon på Gjøvik, utgjer ein annan del av kraftsamlinga. NSM varetek på denne måten rådgjeving om digital tryggleik for kommunane.

Norsk deltaking i det europeiske satellittnavigasjonsprogrammet Galileo vil gi navigasjonssignal på eigne frekvensar med krypterte signal, noko som gir større motstandsdyktigheit mot falske signal, interferens og tilgang for uvedkommande. Dette er viktig for nød- og beredskapsetane. Sikker tilgang til offentleg regulerte tenester i Galileo, forkorta PRS, er ein viktig del av motivasjonen for norsk deltaking i Galileo, jf. St. Prp. 54 (2008–2009). Deltaking i programmet og tilgang til PRS inneber etablering av ei kompetent PRS-myndigheit, ei såkalla CPA. PRS-tenesta føreset eit høgt tryggningsnivå, og NSM er tiltenkt rolla som CPA. For å vareta CPA-rolla, må kapasiteten i NSM byggjast opp i perioden 2025–2028.

Det skal i løpet av hausten gjerast ein heilskapleg gjennomgang av oppgåveporteføljen til NSM. Ei vurdering av om oppgåvene og leveransane til forsvarssektoren og sivil side er formålstenlege for å handtere det framtidige utfordringsbiletet, vil vere sentralt i arbeidet.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke alle ordinære driftsutgifter og investeringar for NSM.

Det er viktig for det nasjonale førebyggjande tryggningsarbeidet at NSM evnar å vareta samfunnsoppdraget sitt. Det er i Prop. 19 S (2023–2024) og Prop. 104 S (2023–2024) (revidert nasjonalbudsjett) gjort greie for den manglande balansen mellom dei vedtekne løyvingane til NSM og dei forplikingane til lønn og husleige som verksemda har utløyst gjennom 2022 og 2023.

NSM har i 2024 gått gjennom den interne forvaltninga si med sikte på å byggje opp god intern styring og kontroll. Verksemda fører vidare kost-

nadsreduserande tiltak i 2025 for å bidra til å bringe forbruket i samsvar med budsjettet som er løyvd, men tiltaka vil ikkje gi store nok innsparingar til å bringe budsjettet for 2025 i balanse. Regjeringa foreslår å løyve 25 mill. kroner til dette.

Som ledd i totalberedskapen og for å betre den digitale motstandskrafta, foreslår regjeringa å styrke førebyggjing av alvorlege cyberhendingar og styrke nasjonal evne til hendingshandtering med 35 mill. kroner. Midlane skal òg nyttast til ein om korleis samfunnets samla sikkerheitskompetanse kan nyttast som forsterkingsressurs ved nasjonale digitale hendingar. Av dette beløpet er 23,4 mill. kroner tiltenkt som ei varig styrking.

Delar av det faglege ansvaret og oppgåver innan personelltryggleik er overført frå NSM til Sivil klareringsmyndigheit. Det blir derfor foreslått å redusere løyvinga med 6 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på kap. 453, post 01.

Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS) er overdratt til NSM. NorSIS har i det vesentlege vore finansiert gjennom tilskot frå Justis- og beredskapsdepartementet på kap. 400, post 70. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga under kap. 457, post 01 med 10,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon av løyvinga på kap. 400, post 70.

NSM vil få myndighetsoppgåver innafor satellittsystemet Galileo. Løyvinga på kap. 922, post 74 under Nærings- og fiskeridepartementet foreslås redusert med 2,8 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 457, post 01.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten, som ikkje blir omtalte nærmare.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 529,8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, medrekna mellom anna teknisk utstyr innanfor Varslingssystem for digital infrastruktur (VDI).

Som ledd i å utvikle totalberedskapen og styrke den digitale motstandskrafta, foreslår regjeringa å styrke førebyggjing av cyberhendingar ved å vidareutvikle nasjonal portal for digital tryggleik og støtteverktøy for digital tryggleik.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 7 mill. kroner i 2025 knytte til desse utviklingsoppgåvene.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 13,2 mill. kroner.

Kap. 3457 Nasjonal sikkerhetsmyndighet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Inntekter	48 663	36 893	37 495
	Sum kap. 3457	48 663	36 893	37 495

Post 01 Inntekter

Inntektene til Nasjonalt tryggingorgan (NSM) er i hovudsak samansette av medlemsavgifter frå næringslivet til varslingsystemet for digital infrastruktur (VDI), kurs- og konferanseavgifter og brukarbetaling ved tryggleiksgodkjenning av informasjonssystem.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,8 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 3453, post 01, som følgje av overføring av oppgå-

ver og ansvar innan personelltryggleik frå NSM til Sivil klareringsmyndigheit.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 457, post 01, mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3457, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 37,5 mill. kroner.

Programkategori 06.60 Andre virksomheter

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	1 875 187	1 466 549	1 831 364	24,9
	Sum kategori 06.60	1 875 187	1 466 549	1 831 364	24,9

Utgifter under programkategori 06.60 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
460	Spesialenheten for politisaker	67 745	67 132	72 738	8,4
461	Advokattilsynet			65 500	100,0
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.	1 402 991	1 366 567	1 651 497	20,9
467	Norsk Lovtidend	7 855	8 750	10 886	24,4
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker	23 103	24 100	30 743	27,6
469	Vergemålsordningen	373 493			0,0
	Sum kategori 06.60	1 875 187	1 466 549	1 831 364	24,9

Innleiing

Programkategori 06.60 omfattar Spesialeininga for politisaker, særskilde straffesaksutgifter m.m. (medrekna bl.a. utgifter til advokat, tolk og sak-kunnig i straffesaker), Den rettsmedisinske kommisjonen, Norsk Lovtidend, Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker og fram til 2024 verjemålsordninga.

Målet for programkategori 06.60 *Andre virksomheter* er rettstryggleik. Alle verksemder og ordningar som ligg under denne programkategorien, bidrar til betre rettstryggleik for ulike grupper menneske i ulike delar av samfunnet.

Prioriteringar i 2025

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 vart eit varig rettstryggleiksløft vedteke, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024). Rettstryggleiksløftet omfatta ei rekkje tiltak for å sikre nærleik til domstolane og god rettstryggleik i heile Noreg. Det blir foreslått å føre tiltaka vidare i 2025. Dette er nokre av tiltaka:

Spesialeininga for politisaker har i fleire år hatt behov for auka kapasitet. Sakene blir meir komplekse, og eininga må gjennomføre nødvendige IT-investeringar. Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,0 mill. kroner i 2025.

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker har hatt ei rekkje krevjande saker til behandling dei siste åra, og det har komme inn vesentleg

fleire saker enn tidlegare år. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 vart det løyvd 3,5 mill. kroner til kommisjonen som ei mellombels styrking til eit prosjekt for å arbeide ned restansar og redusere saksbehandlingstida. Dette skal bidra til at saker kan bli behandla innan rimeleg tid, og at rettstryggleiken til individet blir vareteken. Det mellombelse prosjektet skal gå for seg i perioden 2024–2026. Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,0 mill. kroner i 2025.

I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024), vart den offentlege rettshjelpssatsen (salærsatsen) auka frå 1 215 kroner til 1 265 kro-

ner frå 1. juli 2024. Det blir foreslått ein rettshjelpssats på 1 315 kroner i 2025.

Regjeringa varsla i juli 2024 at departementet vil setje i gang ei utgreiing av salærordninga og det tilknytte regelverket. Departementet vil setje ned eit breitt samansett utval som vil få i oppdrag å sjå nærmare på utfordringar ved dagens salærssystem. Det blir foreslått å løyve 4 mill. kroner til utvalsarbeidet i 2025 på kap. 400, post 21.

Vidare vil regjeringa innan mai 2025 forskriftsfeste at rettshjelpssatsen skal prisjusterast årleg.

Departementet tek sikte på at advokatlova kan tre i kraft 1. januar 2025. Tilsynsrådet for advokatverksemd endrar namn til Advokattilsynet. Sjå omtale under kap. 461 nedanfor.

Kap. 460 Spesialenheten for politisaker


(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	67 745	67 132	72 738
	Sum kap. 460	67 745	67 132	72 738

Spesialeininga for politisaker skal sikre lik og rettvis behandling av saker som gjeld spørsmålet om tilsette i politiet eller påtalemakta har gjort straffbare handlingar i tenesta. Ved å behandle alle saker mot politiet eller påtalemakta med det same alvoret og like grundig som saker der andre blir sette under straffeforfølgning bidrar Spesialeininga for politisaker til rettstryggleik. Spesialeininga for politisaker etterforskar og avgjer påtale i desse sakene og fører dei for domstolane. Eininga skal sikre rettstryggleik både for dei som melder, og for dei som blir melde. Spesialeininga for politisa-

ker set òg i verk etterforskning dersom nokon døyr eller blir alvorleg skada som følge av tenestutøvinga til politiet eller påtalemakta, sjølv om det ikkje er mistanke om ei straffbar handling. Spesialeininga er ikkje del av politiet, men er administrativt underlagd Justis- og beredskapsdepartementet og fagleg underlagd Riksadvokaten.

Spesialeininga har mykje erfaring med overføringsverdi, og det er derfor viktig at politiet og påtalemakta bruker årsrapportane og vedtaka frå Spesialeininga til utvikling og læring. Eininga får mykje kunnskap om politiet gjennom sakene.



Figur 2.5 Registrerte og behandla meldingar og saksbehandlingstid i Spesialeininga for politisaker (2018–2023)

Kjelde: Spesialeininga for politisaker

Spesialeininga for politisaker har behov for auka kapasitet. Saksbehandlingstida har vore lang, men ho har blitt betra i 2022 og 2023. Saman med Riksadvokaten er det fastsett eit konkret resultatkrav om at gjennomsnittleg saksbehandlingstid skal vere innanfor 150 dagar. I 2023 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida for avgjorde saker 137 dagar, mot 140 dagar i 2022. I 2023 gjekk talet på saker noko opp. At saksbehandlingstida har blitt lågare dei siste åra, er resultatet av bl.a. ei organisatorisk endring i eininga frå november 2021. Etterforskningsressursane vart samla i ei ny etterforskningsavdeling med kontor i Oslo, Bergen og Trondheim. På Hamar vart det etablert eit fel-

les saksmottak. Avdelinga har eigen leiar i tillegg til spesialefterforskarar, påtalefaglege etterforskningsleiarar og administrativt tilsette. Eininga arbeider òg med å digitalisere ei rekkje arbeidsprosessar. Desse tiltaka har bidratt til å redusere saksbehandlingstida, utan at kvaliteten er blitt dårlegare.

Saksbehandlingstid er viktig for tilliten til Spesialeininga. Sakene må behandlast effektivt og innanfor rimelege fristar. Sakene er ofte alvorlege (sjå boks 2.2), og det er avgjerande at det finst ressursar tilgjengeleg, slik at desse sakene ikkje blir liggjande for lenge.

Boks 2.2 Sakskomplekset i Spesialeininga for politisaker

- Spesialeininga for politisaker etterforskar eit mangfald av saker, mange av dei svært alvorlege, ikkje minst saker der personar blir skotne av politiet og døyr. I 2023 vart det reagert med positive påtaleavgjerder i 42 av 1 157 behandla meldingar. Dette utgjer 3 pst. av det samla talet, inkludert dei sakene som ikkje vart etterforsa. Dersom ein tek utgangspunkt i de sakene som blir etterforsa, er delen positive påtaleavgjerder 10 pst.
- Ein tenesteperson vart i 2023 tiltalt for to tilfelle av grov kroppskrenking i ei sak med mykje medieomtale. Tenestepersonen vart frikjend i tingretten, men dømd i lagmannsretten i 2024. Domfelte har anka til Høgsterett.
- Saksforhold om politiets maktbruk er i kjerneområdet for verksemda til Spesialeininga, og gjennom åra har ei rekkje tenestepersonar fått strafferettslege reaksjonar for uforholdsmessig og ikkje-nødvendig bruk av makt.
- Elles inneheld porteføljen til eininga dei fleste lovbrotskategoriar, som søk om informasjon i interne datasystem utan tenestleg grunn, seksuallovbrot, tenestefeil i samband med våpenbruk (vådeskot), korrupsjon, tjuveri/underslag, brot på vegtrafikklova og brot på føresegnene i straffelova om teieplikt.
- Som nemnt ovanfor etterforskar eininga òg saker der personar døyr eller blir alvorleg skadde, og slike saker krev ofte omfattande etterforsking.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Spesialeininga for politisaker som lønn, godtgjersler til advokatar på verv, husleige og andre administrative utgifter. Spesialeininga for politisaker hadde 43 årsverk per 31. desember 2023.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,0 mill. kroner som ei varig styrking av eininga, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 72,7 mill. kroner.

Kap. 461 Advokattilsynet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2025
		2023	Saldert budsjett 2024	
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i>			51 500
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 01</i>			14 000
	Sum kap. 461			65 500

Når advokatlova trer i kraft, vil Tilsynsrådet for advokatverksemd endre namn til Advokattilsynet. Det følgjer av advokatlova § 43 første ledd at Advokattilsynet skal vere eit uavhengig forvaltningsorgan som ikkje kan bli instruert i korleis det skal utøve myndigheita si.

Advokattilsynet kan ikkje bli instruert i behandlinga av enkeltsaker eller i den faglege verksemda elles. Advokattilsynet skal finansierast fullt ut av bransjen gjennom gebyr frå advokatane, jf. advokatlova § 60. Sjå òg omtale under kap.

3461. Finansieringa er ei vidareføring av dagens praksis for Tilsynsrådet for advokatverksemd. Omsynet til sjølvstendet til Advokattilsynet er førande ved fastsetjing av budsjettmodell og organisering av verksemda. Departementet har vidare lagt vekt på at Advokattilsynet skal bli organisert som andre statlege verksemdar, men at særpreg ved organet skal bli varetekne.

Departementet har i samråd med Tilsynsrådet for advokatverksemd fastsett at driftsutgiftene skal vere på 51,5 mill. kroner i 2025, slik at løy-

vingsforslaget på kap. 461, post 01 er på 51,5 mill. kroner. Advokattilsynet skal bli finansiert av advokatane, og gebyret for 2025 er sett til 4 500 kroner. Inntektene frå bl.a. gebyr frå advokatar, refusjonskrav frå bokettersyn og refusjonskrav frå forvaltarordninga er ut frå dette estimerte til 47 mill. kroner.

Tilsynsrådet har om lag 14 mill. kroner i likvidar ved overgangen til Advokattilsynet. Det blir foreslått ei løyving på 14,0 mill. kroner på kap. 3461, post 02, jf. omtale nedanfor. For å balansere inntekter og utgifter, blir det foreslått å opprette ein tilsvarende utgiftspost, kap. 461, post 21 Spesielle driftsutgifter. Det blir foreslått å føye til posten stikkordet «*kan overføres*», jf. forslag til vedtak.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke driftsutgifter til Advokattilsynet som lønn, husleige og andre administrative kostnader knytte til drifta av Advokattilsynet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løy-

vinga på kap. 461, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3461, post 01, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 51,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Sjå omtale under kap. 3461, post 02. Løyvinga på posten må ein sjå i samsvar med kap. 3461, post 02.

I oppstartsåret 2025 blir løyvinga ei teknisk utgift for å balansere inntekter og utgifter i budsjettet og for at det skal vere mogleg å overføre løyvinga frå eit år til eit anna.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 461, post 21, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3461, post 02, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 14 mill. kroner.

Kap. 3461 Advokattilsynet

		(i 1 000 kr)		
Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Bidrag fra advokater og forvalterordning			51 500
02	Diverse inntekter			14 000
	Sum kap. 3461			65 500

Advokattilsynet skal bli finansiert av bransjen gjennom årlege bidrag frå advokatane, jf. advokatlova § 60. Det vil bli innført eit gebyr som skal finansiere drifta av Advokattilsynet, jf. Finansdepartementets rundskriv R-112 *Bestemmelser om statlig gebyr og avgiftsfinansiering*. Gebyret blir fastsett til sjølvkost. I 2025 er gebyret 4 500 kroner. Vidare foreslår departementet at også gebyr for forseinka betaling i medhald av advokatlova § 60 andre ledd blir førte på post 01 Bidrag fra advokater og forvalterordning.

Post 01 Bidrag fra advokater og forvalterordning

Årlege bidrag frå advokatane til drift av Advokattilsynet blir førte på denne posten. I tillegg blir

gebyr for forseinka betaling i medhald av advokatlova § 60 andre ledd førte på posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 51,5 mill. kroner.

Post 02 Diverse inntekter

I oppstartsåret blir likviditetsbeholdninga ført på denne posten. Sjå òg omtale under kap. 461, post 21.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 14 mill. kroner.

Kap. 466 Særskilte straffesaksutgifter m.m.

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	1 402 991	1 366 567	1 651 497
	Sum kap. 466	1 402 991	1 366 567	1 651 497

Juridisk hjelp i straffesaker bidrar til god rettstryggleik for den enkelte ved å sikre at ein får kvalifisert hjelp anten ein er sikta, tiltalt, fornærma eller pårørende. På denne måten kan ei rettssak gå meir rettvist for seg.

Lov 12. mai 2022 nr. 28 om advokater og andre som yter rettslig bistand (advokatlova) vart vedteken av Stortinget 3. mai 2022 og sanksjonert av Kongen i statsråd 12. mai 2022. Lova inneber ei heilskapleg regulering av verksemda til advokata og av høvet til å yte rettsleg hjelp for andre enn advokatar. Eit lettare tilgjengeleg regelverk er viktig både for advokatar og for det rettssøkande publikummet. Overgangsreglar og mindre lovendingar i advokatlova og andre lover vart vedteke av Stortinget 11. juni 2024 og sanksjonert av Kongen i statsråd 21. juni 2024. Ny advokatforskrift må også vere på plass før advokatlova kan tre i kraft. Departementet tek sikte på at advokatlova kan tre i kraft 1. januar 2025.

Salær til offentleg oppnemnde forsvararar, bistandsadvokatar, sakkunnige og tolkar er regulerte gjennom salærforskrifta og stykkprisforskrifta. Departementet og Advokatforeningen inngjekk i juni 2022 ein ny avtale om å opprette eit uavhengig salærråd. Salærrådet kom med ei tilråding i november 2023 og ei tilleggsfråsegn i juni 2024. Rådet tok utgangspunkt i tilrådinga si for 2023, justert for prisvekst, og tilrådde ein sats på 1 464 kroner i 2024. Rådet heldt i tilrådinga si for 2023 fram at ein eingongsauke til det tilrådde nivået vil ha store budsjettmessige konsekvensar.

Salærrådet peikar på at ei gradvis opptrapping av satsen er ei aktuell tilnærming.


I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024), vart den offentlege rettshjelpssatsen (salærsatsen) auka frå 1 215 kroner til 1 265 kroner frå 1. juli 2024. Det blir foreslått ein rettshjelpssats på 1 315 kroner i 2025. Forslaget inneber at satsen totalt har blitt auka med 230 kroner, tilsvarende 21 pst. i perioden 2022–2025. Til samanlikning vart satsen auka med 140 kroner, tilsvarende 14,5 pst., i åtteårsperioden 2014–2021.

Den rettsmedisinske kommisjonen

Hovudoppgåva til Den rettsmedisinske kommisjonen (DRK) er å kvalitetssikre rettsmedisinske erklæringer og utsegner som sakkunnige gir i straffesaker, noko som er viktig for å sikre rettstryggleiken til den enkelte.

Talet på sakkunnige erklæringer som blir sende til DRK for kvalitetssikring, har vore jamt aukande over mange år og har sidan 2019 lege på litt over 10 000 erklæringer per år. I 2023 tok kommisjonen imot 10 633 erklæringer og behandla 10 925 erklæringer. Om lag 46 pst. av dei innkomne erklæringane er innanfor fagområdet rettspatologi og klinisk rettsmedisin. Dei andre fagområda er toksikologi, genetikk og psykiatri.

Kommisjonen har over fleire år arbeidd med alternative tiltak og arbeidsformer for å effektivisere drifta ved DRK.



Figur 2.6 Innkomne og behandla saker og restansar i DRK

Kjelde: Den rettsmedisinske kommisjonen

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker i hovudsak utgifter til juridisk hjelp i straffesaker til personar som har rett til advokathjelp i medhald av straffeprosesslova kap. 9 og 9a. Dette er personar som har status som sikta eller tiltalt, fornærma, pårørende til fornærma eller etterlatne etter fornærma i ei straffesak. Løyvinga dekker utgifter til salær og reise- og kostgodtgjersle til forsvararar, bistandsadvokatar, tolkar og sakkunnige som er oppnemnde av retten eller av Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker.

Løyvinga dekker vidare tapt arbeidsforteneste for tolkar utan salærrett og sakkunnige i straffesaker, enkelte utgifter til Den rettsmedisinske kommisjonen, som honorar og/eller godtgjersle og reise- og kursutgifter, og dessutan salær og reise-

og opphaldsutgifter til aktorar i militære straffesaker.

Løyvinga dekker òg godtgjersle til særskild advokat i saker om førehandskontroll av tilrettelegd innhenting, jf. ny lov om Etterretningstene-sta.

Dei totale utgiftene på posten er i hovudsak avhengige av mengda straffesaker og omfanget av dei, talet på oppnemnde forsvararar eller bistandsadvokatar, bruken av tolkar og sakkunnige og nivået på den offentlege salærsetsen.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner til å gjennomføre lovendringar og til å etablere eit hurtigspor for behandling av straffesaker i Oslo der gjerningspersonen er under 18 år, jf. Prop. 114 L (2023–2024).

Det blir foreslått ei løyving på posten på 1 651 mill. kroner.

Kap. 467 Norsk Lovtidend

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	7 855	8 750	10 886
	Sum kap. 467	7 855	8 750	10 886

Norsk Lovtidend sørger for at lover og reglar er tilgjengelege for allmenta, og at regelverk-sendingar kan bli kunngjorde raskt, noko som er

eit viktig prinsipp for rettstryggleiken. Norsk Lovtidend blir publisert av stiftinga Lovdata på vegner av Justis- og beredskapsdepartementet.

Det har vore ein auke i talet på journalførte dokument og sentrale og lokale forskrifter. I 2024 er det usikkert kor mange lokale forskrifter som vil bli kunngjorde med heimel i ny opplæringslov. Det er venta ein auke i talet på kunngjeringsar. Arbeidet som Lovdata utfører i 2024, blir avrekna på slutten av året og fakturert i 2025.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker utgifter til tilrettelegging av manuskript og arbeidet med den elektroniske utgåva av Norsk Lovtidend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 10,9 mill. kroner.

Kap. 468 Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	23 103	24 100	30 743
	Sum kap. 468	23 103	24 100	30 743

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker er eit uavhengig forvaltningsorgan som skal behandle krav om gjenopptaking av straffesaker som er rettskraftig avgjorde i domstolane. Kommisjonen skal rettleie, greie ut og avgjere sakene. Gjennom å opne for at domfelte kan få saka si prøvd på nytt i rettssystemet, bidrar Gjenopptakingskommisjonen til å sikre rettstryggleiken til den domfelte.

Gjenopptakingskommisjonen skal ta stilling til om ein domfelt med rettskraftig straffedom skal få ny behandling av saka si i retten. Kommisjonen har hatt ei rekkje krevjande saker til behandling dei siste åra. Det har dessutan komme inn vesentleg fleire saker til behandling enn tidlegare år, mange av dei krevjande og omfattande. I 2019 tok kommisjonen imot 153 saker, og i 2023 var talet 261. Det har kravd store ressursar og medført at saksbehandlingstida har auka. Kommisjonen avgjorde 210 saker i 2023 mot 213 saker i 2022. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 vart løyvinga til Gjenopptakingskommisjonen auka med 3,5 mill. kroner, som ei mellombels styrking til eit prosjekt for å arbeide ned restansar og redusere saksbehandlingstida. Dette skal bidra til at saker kan bli behandla innan rimeleg tid, og at rettstryggleiken til individet blir vareteken. Det mellombels prosjektet skal gå for seg i perioden 2024–2026.

Gjennom åra har saker som reiser tvil ved om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg, utgjort ein relativt stor del av dei sakene kommisjonen har opna. Dette er noko politiet òg må vere

merksame på, for evaluering og læring. Av dei totalt 158 realitetsvurderte sakene i 2023 vart 61 opna att, mot 44 året før. Det var 27 av sakene som vart opna att som følge av tvil om den domfelte var strafferettsleg tilrekneleg.

Utilreknelegreglane er nyleg endra slik at ein større grad av skjønn kan bli avgjerande. Det er mogleg at dette kan generere fleire saker for Gjenopptakingskommisjonen. Kommisjonen har jamleg fått større mengder med saker knytte til eit særskilt saksområde. I 2023, som i 2022, har det vore ei rekkje saker knytte til kroppsvisitasjonar. Av sakene som vart ferdigbehandla i 2023, vart straffutmålinga opna att i 17 av 31 saker. Regjeringa har oppnemnt eit uavhengig utval, Baneheia-utvalet, som bl.a. skal gjennomgå Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker. Baneheia-utvalet skal levere ei utgreiing innan utgangen av 2024.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker driftsutgifter til medlemmene av Gjenopptakingskommisjonen, lønn til tilsette i sekretariatet og andre driftsutgifter for kommisjonen og sekretariatet. Sekretariatet hadde 14 årsverk i 2023. Det blir foreslått å auke løyvinga med 6,0 mill. kroner i 2025 til eit mellombels prosjekt for å arbeide ned restansar og redusere saksbehandlingstida i kommisjonen.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 30,7 mill. kroner.

Programkategori 06.70 Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.

Utgifter under programkategori 06.70 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	888 467	1 221 309	1 326 280	8,6
50–89	Overføringer til andre	756 305	765 865	962 554	25,7
	Sum kategori 06.70	1 644 772	1 987 174	2 288 834	15,2

Utgifter under programkategori 06.70 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
470	Fri rettshjelp	736 565	908 566	963 395	6,0
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning	163 841	237 418	276 702	16,5
473	Statens sivilrettsforvaltning	603 885	701 766	893 991	27,4
475	Bobehandling	140 481	139 424	154 746	11,0
	Sum kategori 06.70	1 644 772	1 987 174	2 288 834	15,2

Innleiing

Programkategori 06.70 omfattar utgifter til fri rettshjelp, tilskotsordninga for spesielle rettshjelpstiltak, erstatningsansvaret til staten, erstatning i samband med straffeforfølgning, rettferdsvederlagsordninga til Stortinget, Statens sivilrettsforvaltning, valdserstatningsordninga og garantiordninga for bubehandling.

Målet for programkategori 06.70 *Statens sivilrettsforvaltning, fri rettshjelp, erstatningsordninger m.m.* er rettstryggleik.

Felles for dei ulike ordningane i denne programkategorien er at dei varetek rettstryggleiken til den enkelte gjennom hjelp og støtte til rettshjelp eller gjennom erstatning frå staten i visse tilfelle.

Prioriteringar i 2025

Regjeringa la i 2023 fram Prop. 124 L (2022–2023) *Endringer i rettshjelploven (ny modell for økonomisk behovsprøving)* for Stortinget, jf. oppmødingsvedtak nr. 49, 2. desember 2021. Endringane vart vedtekne av Stortinget 15. desember 2023 og sanksjonerte i statsråd 20. desember 2023. Departementet tek sikte på at den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp vil tre i kraft i løpet av 2025. Med den nye modellen vil fleire personar bli omfatta av ordninga. Dekningsgraden til ordninga, altså delen av hushald som fell inn under ordninga, er anslått til å auke frå om lag 16 til 33 pst. samla sett. Den nye modellen inneber bl.a. nye kriterium for behovsprøvinga når det blir innvilga rettshjelp. I staden for separate krav til inn-

tekt og formue skal det takast utgangspunkt i den samla betalingsevna til søkeren. Søkarar med forsørgaransvar skal ha frådrag. I staden for at grensa for rettshjelp er fastsett til eit bestemt kronebeløp, blir grensa sett til fem gonger grunnbeløpet i folketrygda. Grensa vil då bli justert årleg, slik at ordninga ikkje blir svekt over tid. Det blir vidare innført prosentvise eigendelar som blir fastsette på bakgrunn av betalingsevna til søkeren, og som aukar med betalingsevna. Eigendelen blir betalt ut frå dei samla advokatutgiftene i saka. Den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp vil gi vesentleg fleire personar rett på behovsprøvd rettshjelp. Departementet meiner likevel at det ikkje er nødvendig å auke den samla løyvinga til rettshjelpsordninga frå inneverande nivå, ettersom nivået på løyvinga i dag er høgare enn dei faktiske utgiftene som knyter seg til ordninga.

Regjeringa foreslo i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 eit løft for rettstryggleiken,

jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024). Satsinga inneber ei rekkje tiltak for å sikre nærleik til domstolane og god rettstryggleik i heile Noreg. Det blir foreslått å vidareføre tiltaka i 2025. Det blir mellom anna foreslått å auke løyvinga til Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) med 4,0 mill. kroner i 2025. Auken skal nyttast til eit mellombels prosjekt for å arbeide ned restansar og redusere saksbehandlingstida ved kontoret.

Departementet har sendt på høyring eit forslag om ein ny modell for godtgjersle til verjer. Forslaget inneber ei oppheving av skiljet mellom verjeoppdrag som omhandlar høvesvis økonomiske og personlege forhold og ei heving av dei faste satsane for økonomisk godtgjersle til verjer. Det blir foreslått ein modell med eit skilje i godtgjersla til høvesvis alminnelege og faste verjer, og dessutan eit skilje mellom ordinære og særleg krevjande oppdrag.

Kap. 470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	665 821	839 271	893 543
72	Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak	70 744	69 295	69 852
	Sum kap. 470	736 565	908 566	963 395

Rettshjelpslova med forskrifter gir reglar om offentleg stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp, men som ikkje har økonomi til å dekke utgiftene sjølv. Etter lova kan stønaden bli gitt i form av fritt rettsråd, fri sakførsel eller fritak for rettsgebyr. Fritt rettsråd og fri sakførsel inneber at den som har behov for rettshjelp, får hjelp frå ein advokat eller frå andre rettshjelparar. Tenesta blir heilt eller delvis betalt av det offentlege på grunnlag av rettshjelpssatsen. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er klageinstans for vedtak som er gjorde av statsforvaltarane, av barneverns- og helsenemnda og av kontrollkommisjonane for psykisk helsevern. SRF etatsstyrer statsforvaltarane på rettshjelpsområdet og skal bidra til styrkt kompetanse blant statsforvaltarembeta og sikre einsarta praksis.

Fri rettshjelp blir gitt både med og utan behovsprøving. Fri rettshjelp utan behovsprøving inneber fri rettshjelp uavhengig av inntekt og formue, og det blir gitt på dei saksområda som har særleg


mykje å seie personleg eller velferdsmessig, som t.d. barnevernssaker. I andre typar saker er ordninga med fri rettshjelp behovsprøvd. Personar som har krav på behovsprøvd rettshjelp, har inntekt og formue under fastsette grenser.

Utgiftene til fri rettshjelp har vore avtakande i perioden 2016–2022, både nominelt og reelt. Den reelle nedgangen i rettshjelpsutgifter frå 2016 til 2022 var på 12,5 pst. Årsaka til dette er samansett. Ein grunn er at dei økonomiske grensene har blitt vidareførte nominelt kvart år i perioden. Over tid har dette ført til at ein stadig mindre del av befolkninga har hatt krav på behovsprøvd rettshjelp. Men tre fjerdedelar av den totale reduksjonen i rettshjelpsutgifter kjem frå saksområde der det blir innvilga fri rettshjelp uavhengig av inntekta og formuen til søkeren. Dette kjem i hovudsak av ein betydeleg nedgang i talet på barnevernssaker og utlendingssaker i perioden.

I 2023 var det derimot ein auke i utgiftene til fri rettshjelp, jf. figuren nedanfor. Det er eit resultat

av fleire forhold, bl.a. innføring av ny barnevernslov frå 1. januar 2023, i tillegg til ein auke i satsen

for reisefrånver og nye grenser for formue og inntekt for å få behovsprøvd rettshjelp.



Figur 2.7 Utgifter til fri rettshjelp og tilskot til spesielle rettshjelpstiltak (2018–2023)

Kjelde: Statsrekneskapen

Justis- og beredskapsdepartementet sette i november 2022 ned ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å greie ut ei førstelinjeteneste for rettshjelp. Arbeidsgruppa leverte rapporten sin i juni 2023. Rapporten er no til oppfølging i departementet og vil inngå i det vidare arbeidet til departementet på rettshjelpsfeltet.

Justis- og beredskapsdepartementet har med heimel i rettshjelpslova § 7 tredje ledd etablert eit særleg rettshjelpstiltak utan økonomisk behovsprøving for personar som er omfatta av den feilaktige praktiseringa av trygderegelverket til Nav. Ordninga omfattar personar som feilaktig har fått vedtak om stans i, avslag på og/eller tilbakebetaling av sjukepengar, arbeidsavklaringspengar (rehabiliteringspengar/attføringspengar) og pleiepengar fordi dei frå og med 1994 har opphalde seg mellombels i eit anna EØS-land. Ordninga gjeld saker der det nye vedtaket ikkje endar med full omgjering til gunst for den det gjeld. I 2022 og 2023 fekk statsforvaltaren høvesvis 52 og 19 saker gjennom ordninga. SRF, som behandlar ev. klagar, fekk ikkje saker til behandling i perioden 2022–2023. Mange søkarar får medhald i saka si hos Nav, noko som kan forklare at det ikkje har komme inn fleire saker gjennom ordninga.

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til advokat, sakkunnige og meddommarar m.m. i saker der det er gitt fri sakførsel etter reglane i rettshjelpslova. Fri sakførsel blir gitt i saker for domstolane og for særskilde forvaltningsorgan som barneverns- og helsenemnda, kontrollkommissjonen (for psykisk helsevern), smittevernemnda m.m. I tillegg dekker løyvinga utgifter til advokat og rettshjelp i saker der det heilt eller delvis er løyvd fritt rettsråd etter reglane i rettshjelpslova. Fritt rettsråd er juridisk rådgiving i saker som ikkje er til behandling i domstolane eller eit anna organ der det kan bli gitt fri sakførsel. Posten er regelstyrt.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 893,5 mill. kroner.

Post 72 Tilskudd til spesielle rettshjelpstiltak

Justis- og beredskapsdepartementet gir tilskot til spesielle rettshjelpstiltak. Løyvinga på posten dekker tilskot for å sikre rettstryggleiksarbeid, rettshjelpsverksemd og rettspolitisk arbeid. Formålet med tilskotsordninga er å gi kostnadseffektive rettshjelpstilbod til utsette grupper og menneske som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppleve at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk hjelp er høg. Ordninga blir forvalta av

SRF som fordeler heile posten etter søknad frå dei ulike tilskotsmottakarane.

Ordninga er ein viktig del av det totale tilbodet innanfor rettshjelp. Tilskotsmottakarane skal rapportere om måla dei oppnår, erfaringar med tilt-

aka og bruken av ressursane. Måloppnåinga til tilskotsmottakarane har over år vore gjennomgåande god.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 69,9 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Tilkjente saksomkostninger m.m.	3 347	4 773	4 954
02	Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 668	5 668	5 883
	Sum kap. 3470	9 015	10 441	10 837

Post 01 Tilkjente saksomkostninger m.m.

Sakskostnader som blir tilkjende staten i saker der éin eller begge partar får fri sakførsel (benefiserte saker), blir førte over til denne posten.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,0 mill. kroner.

Post 02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til fri rettshjelp til asylsøkarar som har fått avslag på søknad om vern, kan godkjennast som utviklingshjelp (ODA). Dette er i tråd med OECD/DAC sine presiseringar til ODA-regelverket. Sjå utdjupande omtale under kap. 3490 og i Prop. 1 S (2024–2025) for Utanriksdepartementet.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5,9 mill. kroner.

Kap. 471 Statens erstatningsansvar og Stortingets rettfærdsvederlagsordning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
71	Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsløyving</i>	94 009	131 572	136 572
72	Erstatning i anledning av straffeforfølgning, <i>overslagsløyving</i>	40 362	73 727	103 800
73	Stortingets rettfærdsvederlagsordning	29 470	32 119	36 330
	Sum kap. 471	163 841	237 418	276 702

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsbevilgning

Posten blir nytta når staten blir dømd til eller har inngått forlik om å betale erstatning fordi staten er ansvarleg etter ulovfesta eller lovfesta erstatningsrettslege reglar. Posten blir òg belasta når staten betaler ut erstatning utan at det har oppstått usemje om erstatningsansvaret i desse sakene. Posten blir vidare brukt til å dekke sakskostna-

dene til ein motpart og til å dekke forseinkingsrenter som er tilkomne fram til éin månad etter at ein dom vart rettskraftig. Utbetaling av erstatning i kontraktsforhold kan ikkje belastast posten. Finst det andre budsjettpostar som dekker dei aktuelle utgiftene, skal ikkje erstatningsutbetalingane bli belasta denne posten. Sjå elles rundskriv G-01/2017. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 136,6 mill. kroner.

Post 72 Erstatning i anledning av straffeforfølgning, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten blir belasta ved utbetaling av erstatning i samband med straffeforfølgning etter straffeprosesslova kap. 31 og ved dekking av sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438. SRF avgjer krav om erstatning i samband med straffeforfølgning og betaler ut ev. erstatning. Posten blir også nytta når staten blir dømd til å betale sakskostnadene til motparten etter straffeprosesslova § 438. Det er politidistriktet eller påtalemakta som utøver partsstillinga på vegner av staten, som betaler ut, ikkje domstolen. Forseinkingsrenter på sakskostnadene som er tilkomne fram til ein månad etter at ein dom vart rettskraftig, kan belastast posten. Forseinkingsrenter som er komne til etter dette tidspunktet, skal belastast driftsbudsjettet til verksemda.

Ein person som har vore sikta, tiltalt eller dømd for ei straffbar handling, kan ha rett til erstatning for økonomisk tap og oppreisning dersom vedkommande blir frifunnen, dersom forfølgninga mot vedkommande blir innstilt, eller dersom vedkommande har vore pågripen eller fengsla i strid med sentrale menneskerettskonvensjonar. Oppreisning for fridomsrøving følgjer faste satsar. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) behandlar og avgjer krav om erstatning etter straffeforfølgning.

Saksinngangen i 2023 var på nivå med inngangen i 2022, og SRF fekk inn om lag 1 290 nye krav om erstatning. SRF behandla om lag 1 000 saker i 2023, omtrent like mange som året før. I 2023 har restansane auka monnaleg, frå om lag 620 saker i 2022 til 1 000 saker i 2023. SRF opplyser at det er uvisse knytt til restansetala for 2022 og 2023 pga. overgang til nytt saksbehandlingssystem i 2022. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida har auka med 2,6 md. samanlikna med 2022. Delen som fekk tilkjend erstatning i 2023, var 39 pst.

Utgiftene til erstatning i samband med straffeforfølgning varierer frå år til år. Utbetalingane er først og fremst avhengige av kva type saker som er til behandling. Krav om erstatning etter gjenopning av domfellingar etter uriktig praktisering av EØS-regelverket har hatt høg prioritet. I 2023 behandla SRF elleve saker knytte til uriktig praktisering av EØS-regelverket. Det er behandla 21 saker der kravstillaren gjer gjeldande at det har blitt gjennomført ulovleg ransaking, med tilvising til brevet frå Riksadvokaten 9. april 2021 og rapport av 14. februar 2022 om tvangsmiddelbruk i mindre alvorlege narkotikasaker. I to av sakene vart det utbetalt oppreisning. SRF har motteke ytterlegare tre krav som vil bli behandla i 2024. SRF har òg motteke nokre krav der kravstillarane har ført opp at dei har blitt utsette for ulovlege nakenvisitasjonar under opphald i varetekt.

Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 103,8 mill. kroner.

Post 73 Stortingets rettfærdsvederlagsordning

Posten dekker utbetalingar av rettfærdsvederlag. Rettfærdsvederlagsordninga er Stortinget si eiga ordning der enkeltpersonar som har komme særleg uheldig ut i møte med det offentlege i forhold til andre på same tid, kan søke om kompensasjon etter skjønn. Statens sivilrettsforvaltning (SRF) er sekretariat for Stortingets utval for rettfærdsvederlag.

Talet på innkomne saker auka med 37 pst. frå 2020 til 2022, til 510 saker. I 2023 auka talet på innkomne saker med ytterlegare 15 pst. samanlikna med året før. Auken har truleg samanheng med at SRF har sett i verk fleire tiltak for å følgje opp Stortingets oppmodingsvedtak nr. 111, 26. november 2020, om å gjere rettfærdsvederlagsordninga betre kjend.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 36,3 mill. kroner.

Kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	82 165	144 259	164 424
21	Spesielle driftsutgifter		98 355	113 567
70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsløying</i>	521 720	459 152	616 000
	Sum kap. 473	603 885	701 766	893 991

Statens sivilrettsforvaltning (SRF) forvaltar statlege ordningar på tvers av sivil- og strafferetten som skal sikre rettane til individet og rettslikskap og bidra til god rettspleie. SRF har kompetanse til å treffe vedtak innanfor bl.a. verjemålsområdet, fri rettshjelp, erstatning i samband med straffeforfølgning og saker etter valdserstatningslova. SRF etatsstyrer statsforvaltarane på områda verjemål og rettshjelp og har dessutan som oppgåve å etatsstyre Kontoret for valdsoffererstatning. SRF er den sentrale myndigheita for rettsoppmodingar om forkynning og bevisopptak etter Haag-konvensjonane av 1965 og 1970. I tillegg utøver SRF sekretariatsfunksjon for Den rettsmedisinske kommisjonen, barnesakkunnig kommisjon, barnevernets tvisteløysingsnemnd, Konkursrådet, kontrollutvalet for kommunikasjonsskontroll, Stortingets utval for rettferdsvederlag, klagenemnda for krav om erstatning og kompensasjon for psykiske belastningsskadar som følgje av deltaking i internasjonale operasjonar og tilsynsrådet for tvangsreturar og utlendingsinternatet. I 2023 har SRF fortsett førebuingane til etablering av sekretariatsfunksjon for ein undersøkingsskommisjon for partnardrap, nytt varslingsombod for politiet og tilsynsrådet for kriminalomsorga. Varslingsombodet for politiet starta opp arbeidet sitt 1. juli 2024.

Sjå òg omtale under programkategori 06.40 og 06.60.

Valdserstatning – Kontoret for valdsoffererstatning

Frå ny valdserstatningslov tredde i kraft 1. januar 2023, behandlar Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) krav om utbetaling av valdserstatning som er tilkjend ved dom, og søknader om valdserstatning i saker der straffesaka er avslutta utan dom. Kontoret har i 2023 også behandla saker etter den

tidlegare valdsoffererstatningslova, medrekna saker om regress mot skadevaldaren. SRF behandlar no klagar på vedtak om valdserstatning som er gjorde i første instans, og er likeins klageorgan i saker som skal ferdigbehandlast etter gammal lov.


Saker behandla etter ny valdserstatningslov

Etter ny valdserstatningslov skal valdserstatningskrav som hovudregel behandlast av domstolane som ein del av straffesaka. Staten si utbetaling av valdserstatning skal svare til det beløpet skadevaldaren er halden ansvarleg for i straffesaka. Erstatninga skal utbetalast nærmast direkte etter rettskraftig dom og utan søknadsprosess. I 2023 kom det inn 1 534 krav til KFV etter ny lov, og 1 298 av desse vart ferdigbehandla. KFV har ei gjennomsnittleg saksbehandlingstid på krav på 19 dagar.

Dersom det ikkje finst dom i saka, t.d. fordi politiet har lagt vekk saka, kan den valdsutsette søke KFV om erstatning. Talet på søknader etter ny lov var 1 856 i 2023. KFV ferdigbehandla 983 av søknadene. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for søknader etter ny lov er på 79 dagar.

Saker behandla etter gammal lov

Talet på nye søknader i 2023 var 664, mot 6 170 nye søknader i 2022. Ny lov tredde i kraft 1. januar 2023, og søknadene gjaldt derfor berre saker om tilleggserstatning eller der det var gitt fristutsettjing. Det forklarar den store nedgangen. KFV har behandla 1 716 saker i førsteinstans i 2023, mot 3 983 saker i 2022. Restansane er framleis for høge. I samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 vart det løyvd midlar til eit mellombels prosjekt for å arbeide ned restansar etter gammal lov, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).



Figur 2.8 Saksbehandling hos KFV (2018–2023)

¹ Tal for 2023 omfattar berre saker etter gammal lov.

Kjelde: Kontoret for valdsoffererstatning

Behandlingstida ved KFV for saker etter gammal lov gjekk opp i 2023. Årsaka til auken i saksbehandlingstida og til at KFV behandla færre saker etter gammal lov i 2023, er bl.a. at det vart gitt føringar frå departementet om at KFV skulle prioritere implementeringa av ny lov og saker etter ny lov. Samstundes skulle alle søknader om valdsersatning behandlast innan rimeleg tid.


I 2023 vart 530 vedtak klaga på. Prosentdelen vedtak som blir klaga på, har auka frå 26 pst. i 2022 til 30 pst. i 2023.

Utbetalningar og regress

Det vart utbetalt om lag 522 mill. kroner i valdsersatning i 2023, samla for ny og gammal lov, jf. figuren nedanfor. Det er ein auke på nærmare

40 pst. frå året før. Etter gammal lov vart det utbetalt 358 mill. kroner, og etter ny lov om lag 164 mill. kroner. Auken i utbetalingar kjem av at det vart utbetalt fleire store beløp i alvorlege saker. Delen søkarar som fekk innvilga erstatning, auka frå 52,7 pst. i 2022 til 54,5 pst. i 2023.

I saker etter ny lov blir det ikkje fatta vedtak om regress. Desse sakene blir fortløpande sende til Statens innkrevjingsentral for innkrevjing. I 2023 gjorde KFV om lag 974 vedtak om regress mot skadevaldar i samband med søknad etter gammal lov, jf. figuren nedanfor. Det vart betalt inn om lag 123 mill. kroner frå skadevaldarar. Det er noko høgare enn året før, men innbetalt regress i 2023 som del av erstatningsutbetalingane same år er lågare enn i 2022.



Figur 2.9 Utbetalt erstatning og innbetalt regress (2018–2023)

¹ Tal for utbetalt erstatning i 2023 omfattar både ny og gammal lov.

Kjelde: Kontoret for valdsoffererstatning

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll

Kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet) er eit uavhengig organ som skal kontrollere at politiet sin bruk av kommunikasjonskontroll, romavlytting og dataavlesing skjer innanfor ramma av lover og instruksar. Utvalet skal òg kontrollere sletting og bruk av overskotsinformasjon og vurdere meldingar og rapportar som politi-meistrane sender til Riksadvokatembetet. SRF utøver sekretariatsfunksjonen for utvalet.

Verjemålsordninga

Verjemålsforvaltninga sørger for rettstryggleiken til personar som treng hjelp til å handtere dei økonomiske og personlege forholda sine. Førstelinja i verjemålsforvaltninga er statsforvaltaren. SRF er sentral verjemålsmyndigheit og er bl.a. ansvarleg for klagebehandling og tilsyn med statsforvaltarane. Ordinære verjemål er eit frivillig velferdsgode som byggjer på sjølvråderett. Retten kan unntaksvis fastsetje verjemål og avgrense den rettslege handleevna til personen utan at personen vil, dersom strenge vilkår er oppfylte. Det er viktig at kvart enkelt verjemål er tilpassa ønska og behova til personen, og at verjemålet ikkje blir meir omfattande enn nødvendig. Barn kan få oppnemnd verje dersom dei er utan ei fungerande verje. Statsforvaltaren har òg til oppgåve å utnemne representantar til mindreårige som kjem til Noreg utan foreldre eller andre med foreldrean-

svar, og som søker vern (asyl), jf. utlendingslova § 98 a. Som førstelinje i verjemålsforvaltninga har statsforvaltaren ansvar for rekruttering, opplæring, rettleiing og tilsyn med verjene og representantane.

Per 31. desember 2023 var det registrert om lag 63 000 verjemål, og om lag 43 000 av desse var for vaksne personar. Av desse var i underkant av 350 fastsette av retten med avgrensingar i rettsleg handleevne. På same tidspunkt var det registrert om lag 21 000 verjemål for mindreårige.

Av om lag 26 500 verjer for vaksne personar var om lag 91 pst. verje for berre éin person, i hovudsak nærstående. Nærstående får som hovudregel ikkje godtgjersle. Ved avslutninga av 2023 forvalta statsforvaltaren nærmare 24 mrd. kroner på vegner av personar med verje.

Stortinget vedtok våren 2023 endringar i verjemålslova som tek sikte på å presisere kva sjølvråderetten betyr, og kor vidt han rekk, bl.a. i lys av dei menneskerettslege pliktene til Noreg. Formålet med endringane er først og fremst å tydeleggjere at alminneleg verjemål er eit frivillig støttetiltak. Endringane tok til å gjelde frå 1. april 2023.

Departementet held fram arbeidet med ein heilskapleg gjennomgang av verjemålsordninga, sjå omtale av oppmodingsvedtak nr. 848 (2020–2021). Medråderett har òg stått sentralt i opplæringa av verjer, og det har vore ei positiv utvikling i talet på verjer som gjennomfører grunnleggjande opplæring og nyttar seg av verjemålsforvaltninga si e-læringsplattform. Det er grunn til å rekne

med at meir bruk av e-læringskurs har bidratt til å sikre betre og likare kompetanse hos verjene.

Medråderetten til personen som har verje, og verja si rolle i å støtte opp under retten er godt innarbeidd i verjemålsforvaltninga. Lovendringa i april 2023 tydeleggjer føresetnaden om at vedtak om verjemål skal treffast på grunnlag av ein samtale med personen saka gjeld. Prosentdelen saker der det blir gjennomført samtalar, gjekk opp til 59 pst. i 2023, samanlikna med 46 pst. i 2022. Det er store variasjonar mellom statsforvaltarane, og hos fleire av dei er delen gjennomførte samtalar for låg.

Det viktigaste tiltaket i 2022 og 2023 for meir individtilpassa verjemål har vore prosjektet Fullmaktsregister for innbyggjarar (FUFINN). FUFINN Verjemål er ein del av eit større prosjekt i regi av SKATE¹ for å lage ei heilskapleg løysing for digital fullmaktsrepresentasjon. Nye verjefullmakter som verjene etter kvart kan bruke for å utføre tenester digitalt, gir både meir individtilpassa verjemål og betre rettstryggleik for personane med verje. Ved utgangen av 2023 hadde statsforvaltarane oppretta digitale fullmakter i alle verjemåla for vaksne personar, medrekna alle nyoppretta verjemål. SRF sette i gang deling av digitale verjefullmakter til Folkeregisteret 1. november 2023.

Digitalisering er sentralt for å nå målet om betre og meir effektive tenester til brukarane. Prosjektet DIVE (digital verjerekneskap vart i januar 2024 teke opp som prosjekt i programmet Digital Samhandling Offentleg Privat (DSOP). Formålet med DIVE er å digitalisere kontrollen av verjerekneskapane. Digital innhenting av opplysningar frå Skatteetaten og finansnæringa vil gjere det mogleg å kontrollere alle verjerekneskapane. Då kan ein avdekke avvik meir effektivt. Endringar i verjemålsforskrifta for å leggje til rette for digital verjerekneskap vart fastsette i januar 2024. Formålet var å effektivisere innhenting av opplysningar frå finansinstitusjonar m.m.

Arbeidet til verjemålsforvaltninga med å informere meir om privatrettslege alternativ til verjemål, irekna framtidfullmakter, legalfullmakter og private fullmakter, har hatt positiv effekt. Det har vore ein vesentleg auke i talet på stadfesta framtidfullmakter som har tredd i kraft, frå om lag 1 000 i 2020 til om lag 3 600 i 2023. Aukande bruk av framtidfullmakter sikrar at fleire tek kontroll over eiga framtid, og at dei bidrar til å redusere belastninga på verjemålsforvaltninga.

¹ Styring og koordinering av tenester i e-forvaltning

Løyvinga på verjemålsområdet vart frå og med 2024 ført over til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt felles budsjettkapittel for faste oppgåver som ligg til statsforvaltaren (kap. 1520). I samband med det vart kap. 469 avvikla som prosjektkapittel for verjemålsordninga, og driftsutgiftene vart førte over til kap. 473, post 01 (driftsutgiftene) og post 21 (dei spesielle driftsutgiftene).

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker dei ordinære driftsutgiftene til Statens sivilrettsforvaltning (SRF). Dette omfattar også godtgjersle og reise- og kursutgifter til medlemmer av Stortingets utval for rettferdsvederlag og kontrollutvalet for kommunikasjonskontroll (KK-utvalet). Løyvinga dekker i tillegg dei ordinære driftsutgiftene til Kontoret for valdsoffererstatning (KFV), driftsutgiftene til Den rettsmedisinske kommisjonen (DRK), medrekna sekretariatet til kommisjonen, driftsutgiftene til sekretariatet til KK-utvalet og driftsutgiftene til sekretariatet for Konkursrådet og andre utgifter til Konkursrådet, medrekna godtgjersle og reiseutgifter til medlemmene av rådet. I tillegg dekker løyvinga driftsutgiftene til sekretariatet for tilsynsrådet for tvangsreturar og utlendingsinternat og sekretariatet for partnardrapskommisjonen.

Bemanninga i SRF utgjorde om lag 70 årsverk og KFV hadde om lag 26 årsverk per 31. desember 2023.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,0 mill. kroner til eit mellombels prosjekt for å arbeide ned restansar hos KFV, jf. Prop. 104 S (2023–2024) og Innst. 447 S (2023–2024).

Det blir foreslått å auke løyvinga med 12,5 mill. kroner for å etablere eit sekretariat for tilsynsrådet for kriminalomsorga i Vardø, jf. omtale under kap. 430, post 01, kap. 430, post 70 og kap. 433, post 70.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 473, post 01, mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3473, post 01, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan nettoføre som utgiftsreduksjon på kap. 473, post 01 inntektene frå å halde kurs og konferansar i regi av Konkursrådet og dessutan inntekter frå anna verksemd som rådet driv, jf. forslag til vedtak.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 164,4 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten dekker godtgjersle og utgiftsdekking til verjer, jf. verjemålslova § 30, og til representantar for einslege mindreårige asylsøkarar, i tillegg til nødvendige utgifter til tolk, jf. utlendingslova § 98 f.

Som følge av dei foreslåtte endringane i modellen for godtgjersle av verjer, blir det foreslått å auke løyvinga med 8,5 mill. kroner i 2025.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 113,6 mill. kroner.

Post 70 Erstatning til voldsofre, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten dekker erstatning i saker etter valdserstatningslova og valdsoffererstatningslova. Løyvinga på posten er regelstyrt og er ei overslagsløyving.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 616,0 mill. kroner.

Kap. 3473 Statens sivilrettsforvaltning

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Diverse inntekter	587	5	5
02	ODA-godkjente utgifter		6 500	6 747
	Sum kap. 3473	587	6 505	6 752

Post 01 Diverse inntekter

Inntektene på posten er inntekter frå kursavgifter som skal dekke utgifter Den rettsmedisinske kommisjonen har i samband med kurs, og ev. andre inntekter.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 5 000 kroner.

Post 02 Vergemåls-/representantordningen, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter for mottak av asylsøkarar og flyktningar kan etter statistikkdirektiv frå OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklings-

hjelp det første året asylsøkarar og flyktningar er i mottakarlandet. Tiltaka må følge internasjonale retningslinjer for offisiell utviklingsbistand (ODA) om dei skal kunne reknast som bistand.

Som følge av at løyvinga på verjemålsområdet frå og med 2024 vart ført over til Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet sitt felles budsjettkapittel for faste oppgåver som ligg til statsforvaltaren (kap. 1520), vart kap. 469 avvikla som prosjektkapittel for verjemålsordninga, og dei spesielle driftsutgiftene vart førte over til kap. 473, post 21. Dei ODA-godkjende utgiftene vart i samband med det overførte til kap. 3473, post 02.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 6,7 mill. kroner.

Kap. 475 Bobehandling

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>overslagsløyving</i>	131 958	130 500	145 483
21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i>	8 523	8 924	9 263
	Sum kap. 475	140 481	139 424	154 746

Post 01 Driftsutgifter, overslagsbevilgning

Løyvinga på posten dekker staten sitt ansvar for utgifter til konkursbehandling i tilfelle der buet eller den som ber om konkurs (rekvirenten), ikkje dekker utgiftene. Dette er regelstyrte utgifter etter konkurslova § 73. Det blir foreslått ei løyving på posten på 145,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til den særskilde garantiordninga til Justis- og beredskapsdepartementet.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet under garantiordninga får fullmakt til å pådra staten forpliktingar med inntil 10 mill. kroner utover løyvinga som er gitt over kap. 475, post 21, slik at den totale ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig 33 mill. kroner, jf. forslag til vedtak.

Vidare blir det foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 får fullmakt til å nettoføre som utgiftsreduksjon over kap. 475, post 21 inntekter under garantiordninga som er betalte tilbake, jf. forslag til vedtak. Slik tilbakebetaling skjer når buet får inn pengar etter at tingretten har betalt ut garantibeløp til bustyraren.

Det blir foreslått ei løyving på posten på 9,3 mill. kroner.

Programkategori 06.80 Svalbardbudsjettet m.m.

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på postgrupper

		(i 1 000 kr)			
Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	59 072	61 175	62 678	2,5
50–89	Overføringer til andre	412 489	406 548	477 000	17,3
Sum kategori 06.80		471 561	467 723	539 678	15,4

Utgifter under programkategori 06.80 fordelte på kapittel

		(i 1 000 kr)			
Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
480	Svalbardbudsjettet	412 489	406 548	477 000	17,3
481	Samfunnet Jan Mayen	59 072	61 175	62 678	2,5
Sum kategori 06.80		471 561	467 723	539 678	15,4

Innleiing

Programkategori 06.80 *Svalbardbudsjettet m.m.* omfattar tilskotet til svalbardbudsjettet (kap. 480) og løyvinga til Samfunnet Jan Mayen (kap. 481).

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for koordineringa av norsk politikk i polarområda.

Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lov om Svalbard (Svalbardlova), lov om Jan Mayen, og lov om Bouvet-øya, Peter I's øy og Dronning Maud Land m.m. (bilandslova).

Svalbard er den nordlegaste delen av Noreg, og ei arktisk øygruppe innanfor koordinatane 10° og 35° austleg lengd og 74° og 81° nordleg breidd. Svalbard utgjer om lag 16 pst. av det totale landarealet i kongeriket.

Svalbardtraktaten vart underteikna 9. februar 1920 og tok til å gjelde 14. august 1925. Same dag tok Svalbardlova (17. juli 1925 nr. 11) til å gjelde, og Svalbard har sidan den dagen vore ein udeleleg og uavhendeleg del av Kongeriket Noreg.

Justis- og beredskapsdepartementet fremmar svalbardbudsjettet som ein eigen budsjettproposisjon, Prop. 1 S (2024–2025) *Svalbardbudsjettet*, samstundes med statsbudsjettet.

Justis- og beredskapsdepartementet har starta arbeidet med å revidere bilandsregelverket. Formålet med arbeidet er å rydde opp i og ajourføre regelverk og administrative forhold og dessutan å vurdere den statsrettslege stillinga til Bouvetøya.

Justis- og beredskapsdepartementet koordinerer drifta av og har budsjettansvaret for Samfunnet Jan Mayen.

Justis- og beredskapsdepartementet har ingen løyvingar knytte til områda i og ved Antarktis. For omtale av aktiviteten på forskingsstasjonen Troll viser ein til Prop. 1 S for Klima- og miljødepartementet.

Forskningsstasjonen Troll i Dronning Maud Land er den viktigaste plattformen for norsk forskning i Antarktis. Stasjonen nærmar seg slutten av levetida si og treng oppgradering. Regjeringa har vedteke konsept for det vidare arbeidet med opp-

gradering av Trollstasjonen. Konseptet er eit heilt nytt bygg med plass til 65 brukarar. Prosjektet er i

forprosjektfasen. Regjeringa har avsett 47 mill. kroner til forprosjektet i 2025

Kap. 480 Svalbardbudsjettet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
50	Tilskudd	412 489	406 548	477 000
	Sum kap. 480	412 489	406 548	477 000

Kvart år blir det gitt eit tilskot frå statsbudsjettet til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet. For 2025 er det foreslått 697,3 mill. kroner i utgifter og 220,3 mill. kroner i inntekter på svalbardbudsjettet. Differansen på 477 mill. kroner dannar grunnlaget for tilskotet på Justis- og beredskapsdepartementet sitt kap. 480, post 50. Til samanlikning var tilskotet til svalbardbudsjettet i saldert budsjett for 2024 406,5 mill. kroner.

I hovudsak er det den statlege administrasjonen av Svalbard som er finansiert over svalbardbudsjettet. Dette inneber bl.a. verksemd på Svalbard som er underlagd Justis- og beredskapsdepartementet, og verksemd som er underlagd andre fagdepartement. Longyearbyen lokalstyre får òg løyvingane sine over svalbardbudsjettet.

Prop. 1 S (2024–2025) *Svalbardbudsjettet* gir òg ei samla oversikt over statlege løyvingar til svalbardformål som ikkje er finansierte over kap. 480, post 50. Desse utgiftene blir dekte på statsbudsjettet på kapitla til dei enkelte fagdepartementa. Forslaga til løyvingar for 2025 er omtalte nærmare i Vedlegg 1 og 2 til Prop. 1 S (2024–2025) *Svalbardbudsjettet*.

Måla for svalbardpolitikken

Det er lang tradisjon for brei politisk semje om hovudlinjene i svalbardpolitikken. Dei fem overordna måla for svalbardpolitikken blei første gang formulert i samband med Stortinget si handsaming av meldinga til Stortinget om Svalbard frå 1985, og har ligge fast sidan då. Måla er

- ei konsekvent og fast handheving av suvereniteten
- å overhalde Svalbardtraktaten på korrekt måte og føre kontroll med at traktaten blir etterlevd
- bevaring av ro og stabilitet i området
- bevaring av den særeigne villmarksnaturen i området
- å halde oppe norske samfunn på øygruppa.

Langsiktig forvaltning av Svalbard i tråd med dei stortingsforankra måla, medverkar til tryggleik for befolkninga på øygruppa og til stabilitet og ei føreseieleg utvikling i regionen. Regjeringa legg vekt på å vidareføre dei lange linjene i forvaltninga av øygruppa, og måla er vidareført i Meld. St. 26 (2023–2024) *Svalbard*.

Svalbardpolitikken er samansett av ulike politikkområde som alle er ramma inn av dei fem overordna måla. Alle departementa har ei rolle i korleis svalbardpolitikken blir gjennomført og forma ut, og er involverte i arbeidet med å nå måla. Departementa sitt sektoransvar gjeld på Svalbard som på fastlandet. Statsrådene er konstitusjonelt ansvarlege for fagområda til sine departement på Svalbard på same måte som i resten av landet. God forvaltning av Svalbard forutset god koordinering av svalbardsaker mellom departementa og på tvers av forvaltningsnivåa. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for å samordne polarsaker i statsforvaltninga, og er tildelt eit eige ansvar for å koordinere norsk svalbardpolitikk.

Utover måla som er fastsette av Stortinget, har Justis- og beredskapsdepartementet eit eige mål for politikken i Arktis og Antarktis: *godt forvalta polarområde*. Godt forvalta polarområde inneber at polarområda skal forvaltast slik at samordning og styring byggjer opp under dei overordna måla for Svalbard og andre polare strøk.

Ny melding til Stortinget om Svalbard

Regjeringa la i mai fram ei ny, heilskapleg melding til Stortinget om Svalbard, Meld. St. 26 (2023–2024). Dette er den sjette i rekka av svalbardmeldingar. Svalbardmeldingane signaliserer regjeringa sine mål og ambisjonar for forvaltninga av Svalbard, som blir forankra i Stortinget gjennom behandlinga der. Som med dei tidlegare svalbardmeldingane, beskriv òg Meld. St. 26 (2023–2024) mål, utfordringar og moglege tiltak for Svalbard.

Longyearbyen – eit norsk lokalsamfunn

Tabell 2.10 Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, 1. januar

År	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Folketal	2 152	2 145	2 214	2 258	2 428	2 459	2 504	2 530	2 617

Kjelde: SSB «Befolkningen på Svalbard» 07429: Folketal i Longyearbyen og Ny-Ålesund, Statistikkbanken (ssb.no) , publisert 14. april 2024.

Sidan førre melding frå 2016 har Longyearbyen endra seg enda meir frå eit samfunn basert på kolverksemd til eit meir moderne familiesamfunn med eit differensiert næringsliv. Samstundes har befolkninga auka, og befolkningsamansettinga endra seg. Tal frå SSB syner at folketalet i Longyearbyen og Ny-Ålesund i det første halvåret i 2024 var på om lag 2 600 personar.

Longyearbyen er og skal vere eit livskraftig norsk lokalsamfunn og administrasjonssenter. I Meld. St. 26 (2023–2024) varslar regjeringa at ein vil styrke det norske familiesamfunnet i Longyearbyen. Delen av befolkninga i Longyearbyen som er norske borgarar, har gått ned sidan førre svalbardmelding. For å bygge opp under målet om å halde oppe norske samfunn på øygruppa, vil regjeringa innføre insentiv som gjer det meir attraktivt for nordmenn å flytte til og bli buande på Svalbard. Samstundes vil regjeringa vurdere tiltak som reduserer presset på velferds- og tenestetilbodet i Longyearbyen.

Bustadpolitikken skal legge til rette for ei utvikling av Longyearbyen innanfor måla og rammene i svalbardpolitikken. Det er ikkje eit mål at Longyearbysamfunnet skal vakse, og det er derfor ikkje ønskeleg å legge til rette for vekst i bustadmassen utover nivået før skreda i 2015 og 2017. Samstundes vil regjeringa halde fram med arbeidet med å heve kvaliteten på bustadene i Longyearbyen. Eventuell utskifting av bustader må skje gjennom transformasjon og fortetting.

Dei stortingsforankra måla for svalbardpolitikken omtala over, fordrar at forvaltninga, regelverk og rammer for Svalbard og Longyearbyen blir vurderte og tilpassa etter samfunnsutviklinga og andre relevante utviklingstrekk. Regjeringa har sett i verk fleire endringar i regelverk i 2023 og 2024, og fleire regelverksendringar som omhandlar forholda på Svalbard, har vore på høyring eller er varsla i Meld. St. 26 (2023–2024). Endringane og forslaga til endringar legg til rette for at den langsiktige og føreseielege forvaltninga av Svalbard held fram. Sjå Prop. 1 S (2024–2025) *Svalbardbudsjetten* for nærmare omtale.

Beredskap og skredsikring

Regjeringa er opptatt av å sikre norsk eigarskap til viktig infrastruktur og eigedom, både på fastlandet og på Svalbard. Regjeringa har varsla at ein vil styrke statleg kontroll med kritisk infrastruktur i Longyearbyen, og gjennomgå ansvar og organisering.

Det har vore ein nedgang i talet på seglingar i farvatna ved Svalbard i 2023 samanlikna med åra før. Talet på redningsoppdrag auka likevel. Trenden er at den maritime aktiviteten i farvatna rundt Svalbard aukar. Større aktivitet i havområda rundt Svalbard har tidlegare ført til at det har blitt fleire redningsoppdrag. Ein må vente at det kan bli fleire redningsaksjonar i framtida.

Sysselmeisteren disponerer monnalege transportressursar, bl.a. tenestefartøyet «MS Polarsyssel» og to AWSAR Super Puma redningshelikopter. Dei samla ressursane er sentrale i rednings- og beredskapssamanheng bl.a. ved fare for skipsforlis, grunnstøyting, oljeutslepp og personskadar. I tillegg er fartøyet avgjerande i dei årlege inspeksjonane av Svalbard og generelt når Sysselmeisteren driv oppsyn og utøver mynde. «Polarsyssel» har helikopterdekk som er tilpassa helikoptera til Sysselmeisteren. Polarsyssel har hatt 203 seglingsdøgn i 2023, samanlikna med 181 i 2022. Sysselmeisteren sine helikopter blir nytta til søk og redning på Svalbard og i nærliggjande område. Svalbard-basen er ein felles operasjon med den sivile redningshelikopterbasen i Tromsø. Sysselmeisteren vil i 2025 prioritere bruk av helikopter og tenestefartøyet til beredskap, søk og redning.

Ein ventar at arbeidet med skredsikring av sentrumsområdet i Longyearbyen blir avslutta i 2024.

Det er løyvd til saman 170 mill. kroner til sikring under fjellet Sukkertoppen. Sikringstiltaka består av støtteforbyggingar i fjellsida og ein fangvoll nedanfor fjellsida. Arbeidet starta opp i 2019 og vart avslutta i 2023. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har hatt ansvaret for å gjennomføre sikringstiltaka.

Området Nybyen i Longyearbyen vil ikkje bli prioritert for skredsikring. Sikringstiltak mot sørpeskred frå Vannledningsdalen utgjer det avsluttande leddet i sikringsarbeidet for sentrum av Longyearbyen. Sikringstiltaka vart igangsette i 2022. Ein ventar at dei blir ferdigstilte i 2024. Samla kostnad for sikringstiltaket er rekna til 105 mill. kroner. NVE har ansvaret for å gjennomføre sikringstiltaket.

Stortinget har slutta seg til dei overordna rammene for etablering og drift av ny energiløysing i Longyearbyen, jf. Innst. 117 S (2021–2022). Kolkraftverket som forsynte Longyearbyen med kraft og varme, vart stengd ned i oktober 2023. Ein gjekk då over til energiproduksjon med diesel som energiberar i Longyearbyen. På sikt skal fornybare energikjelder fasast inn i energiproduksjonen. Etter nedlegginga av kolkraftverket i Longyearbyen og i samband med etablering av ny energiforsyning, er det behov for å sjå på kva rammer som skal gjelde for energiforsyninga i Longyearbyen.

Tiltak

Regjeringa sin intensjon er at staten tar eit større ansvar for energiforsyninga i Longyearbyen, til dømes ved at det statseigde selskapet Store Norske overtar ansvaret.

Kap. 481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	59 072	61 175	62 678
	Sum kap. 481	59 072	61 175	62 678

Øya Jan Mayen i Norskehavet er ein del av kongeriket Noreg, jf. lov om Jan Mayen frå 27. februar 1930. Justis- og beredskapsdepartementet har ansvaret for lova.

Norsk nærvær på Jan Mayen blir halde ved lag.

Aktivitet og aktørar på Jan Mayen

Justis- og beredskapsdepartementet har forvaltningsansvaret for Samfunnet Jan Mayen. Samfunnet Jan Mayen blir drifta av Cyberforsvaret, som er ei avdeling i Forsvaret. Ansvaret for drift av

NVE har frå 2016 gjennomført regional snøskredvarsling for regionen Nordenskiöld Land. Det har vore ei lokal varslingssteneste for Longyearbyen i perioden fram til permanente sikrings tiltak blei fullførte. Behovet for, og ev. organisering av lokal varsling framover, er under vurdering.

Det blei innført både personkontroll og kontroll med vareførselen til og frå øygruppa i 2022, bl.a. for å styrke moglegheita og evna styresmaktene har til å føre kontroll på Svalbard. Regjeringa vil prioritere å følgje opp personkontroll og vareførselskontroll på Svalbard i 2025, og arbeide vidare med reglar om tryggleik i felt.

I 2025 er det hundre år sidan Svalbardlova tok til å gjelde, og Svalbard med det blei innlemma i Kongeriket Noreg. Regjeringa legg opp til å markere hundreårsjubileet.

Post 50 Tilskudd

Løyvinga skal nyttast til å dekke underskotet på svalbardbudsjettet for å sikre at inntektene på svalbardbudsjettet er like store som utgiftene. Bortsett frå tilskotet er skattar og avgifter på Svalbard den største inntektsposten.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 477 mill. kroner.

infrastruktur på øya, medrekna flystripa, er lagt til Samfunnet Jan Mayen.

Statsforvaltaren i Nordland er statsforvaltar for Jan Mayen.

I tillegg har fleire statlege verksemdar overordna ansvar for, eller ansvar på, Jan Mayen. Desse er

- Politimeisteren i Nordland
- Miljødirektoratet
- Norsk Polarinstittutt
- Riksantikvaren
- Forsvarsbygg
- Meteorologisk institutt.

Kongsberg Satellite Services AS (KSAT), har òg verksemd på øya.

Verksemda på Jan Mayen medverkar til norsk nordområdepolitikk på fleire område, bl.a. innan meteorologi- og kommunikasjonstenester. Plasse- ringa gjer øya godt eigna for referansestasjonar for satellittbaserte navigasjonssystem. Delar av verksemda på Jan Mayen er direkte knytte til opp- følgjing av internasjonale plikter, som drift av bak- kestasjonar for satellittnavigasjonsprogramma til EU og ein seismisk målestasjon for overvaking av avtalen om prøvestans.

Nytt hovudbygg på Jan Mayen

Hovudbygget på Jan Mayen vart oppført tidleg på 1960-talet, med ei levetid rekna til 10 år. Den eksisterande bygningsmassen er i dårleg stand og har større roteskadar. Då ein førte opp hovudbyg- get, nytta ein bl.a. asbest, noko som gjer det van- skeleg å gjennomføre utbetringar eller renovering ev eksisterande bygningsmasse. Det er ikkje hen- siktsmessig å bruke midlar, utover det ein treng til trygging av bygningsmassen, inntil ny stasjons- bygning er på plass.

Forsvarsdepartementet er ansvarleg for pro- sjektet med nytt hovudbygg. Forsvarsdeparte- mentet har gitt Forsvarsbygg i oppdrag å utar- beide eit forprosjekt for nytt hovudbygg på Jan Mayen, jf. Prop. 1 S (2023–2024) for Forsvarsde- partementet. Prosjektet omfattar nytt hovudbygg, ny storgarasje og erstatning av to naust. Ein plan- legg å gjennomføre prosjektet i perioden 2024– 2028.

Prosjektet har gjennomgått ekstern kvalitets- sikring (KS2). Regjeringa foreslo i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 (Prop. 104 S (2023–

2024)) ei investeringsfullmakt for å starte opp og gjennomføre prosjekt for nytt hovudbygg på Jan Mayen med ei kostnadsramme på 1 641 mill. kro- ner, jf. forslag til romartalsvedtak. Prisnivået er oppgitt i 2024-kroner. I same proposisjon foreslo regjeringa å auke løyvinga på kap. 1710, post 47 med 80 mill. kroner knytt til oppstart av prosjek- tet. Stortinget slutta seg til forslaga, jf. Innst. 447 S (2023–2024). Sjå elles Prop. 1 S (2024–2025) for Forsvarsdepartementet.

Post 01 Driftsutgifter

Samfunnet Jan Mayen omfattar all felles infra- struktur på øya og personellet som driv infra- strukturen. Samfunnet Jan Mayen yter i dag tenester til Meteorologisk institutt, noko som omfattar bakkestasjonane for EGNOS og Galileo, Telenor Kystradio og seismiske stasjonar. Justis- og beredskapsdepartementet har avtalar med dei ansvarlege institusjonane. Avtalane omfattar bl.a. arbeidsoppgåver som skal utførast av personellet på øya, og dekning av fellesutgifter. Løyvinga skal dekke utgiftene til drifta av fellesfunksjonane på Jan Mayen.

Forsvaret har til ei kvar tid 15 tilsette på øya. Kvar kontingent er på Jan Mayen i seks månader, med rotasjon av personell i mars og september. Stasjonen på Jan Mayen blir leidd av ein militær stasjonssjef som òg er den offisielle representan- ten for norske styresmakter på øya.

Løyvinga på posten dekker vidare lønn til fem administrativt tilsette på fastlandet. Meteorologisk institutt lønner to tilsette som inngår i den samla besetninga på stasjonen, over sitt budsjett.

Regjeringa foreslår ei løyving på 62,7 mill. kro- ner på posten.

Kap. 3481 Samfunnet Jan Mayen

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap		Forslag 2025
		2023	Saldert budsjett 2024	
01	Refusjoner og andre inntekter	7 364	7 137	7 408
	Sum kap. 3481	7 364	7 137	7 408

Post 01 Refusjoner og andre inntekter

Inntektsposten omfattar refusjonar for delar av fel- lesutgiftene for Samfunnet Jan Mayen. Desse blir betalte av Meteorologisk institutt, Kongsberg Satellite Services AS, Telenor Kystradio og andre

som kjøper tenester på Jan Mayen. Inntekter frå kioskdirifta på Jan Mayen blir òg førte på denne posten.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsde- partementet i 2025 får fullmakt til å overskride løy- vinga på kap. 481, post 01, mot tilsvarande mei-

rinntekter på kap. 3481, post 01, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei inntektsløyving på kap. 3481, post 01 Refusjoner og andre inntekter på 7,4 mill. kroner.

Programkategori 06.90 Beskyttelse og innvandring

Utgifter under programkategori 06.90 fordelte på postgrupper

(i 1 000 kr)

Post-gr.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
01–29	Statens egne driftsutgifter	4 980 389	3 906 019	4 575 398	17,1
30–49	Nybygg, anlegg o.a.	147 624	109 936	96 076	-12,6
50–89	Overføringer til andre	1 236 421	1 270 919	1 213 388	-4,5
	Sum kategori 06.90	6 364 434	5 286 874	5 884 862	11,3

Utgifter under programkategori 06.90 fordelte på kapittel

(i 1 000 kr)

Kap.	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025	Endring i pst.
490	Utlendingsdirektoratet	6 069 811	4 991 541	5 590 156	12,0
491	Utlendingsnemnda	294 623	295 333	294 706	-0,2
	Sum kategori 06.90	6 364 434	5 286 874	5 884 862	11,3

Innleiing

Programkategorien omfattar løyvinga til Utlendingsdirektoratet (UDI) og Utlendingsnemnda (UNE). Desse verksemdene er ansvarlege for iverksetjing av innvandringspolitikken, ved å behandle søknader og klager knytte til opphald i Noreg m.m. i samarbeid med politiet og utanrikstenesta (sjå omtale av politiet under programkategori 06.40 og utanrikstenesta under Prop. 1 S (2024–2025) for Utanriksdepartementet). Verksemdene i programkategorien har i hovudsak oppgåver som gjeld målet om kontrollert og berekraftig innvandring og målet om rettstryggleik (sjå definisjon i del I).

Søknader om opphald og statsborgarskap blir leverte til førstelinja i politiet eller ved ein utanriksstasjon. Saker der det er tvil, eller der førstelinja ikkje har mynde til å gjere vedtak, blir sende til UDI for behandling. Søknader om vern (asyl) blir leverte til politiet og behandla av UDI. Klagar

på vedtak blir først behandla i UDI, og dersom UDI ikkje gjer om vedtaket, blir dei sende til UNE.

Prioriteringar i 2025

Krigen i Ukraina har ført til at millionar av menneske er fordrivne frå heimlandet, og store innkomstar til Noreg. I følge prognosane som ligg til grunn for budsjettet kan det kome cirka 16 000 fordrivne frå Ukraina i 2025, i tillegg til 6 000 ordinære asylsøkarar. Regjeringa foreslår ei løyving til innkvartering i asylmottak på 3,8 mrd. kroner i tråd med prognosane, men det er framleis stor uvisse om korleis tala på asylsøkarar som kjem vil utvikle seg. Regjeringa foreslår derfor å vidareføre ei overskridingsfullmakt på 3 mrd. kroner som gjeld innkvartering av utlendingar som søker om vern, jf. forslag til vedtak XX. Regjeringa foreslår og å vidareføre ei mellombels løyving til ekstra administrativ kapasitet i UDI, på 155 mill.

kroner i 2025. Sjølv om prognosane for innkomstar i 2025 er lågare enn åra før, er saksbehandling knytt til ukrainarar meir ressurskrevjande enn tidlegare, etter at regjeringa har innført fleire innstrammingstiltak. Vidare er det mykje arbeid knytt til årlege fornying av tillatingar om mellombels kollektivt vern, samt oppfølging av asylmottak. Det er òg ein auke i talet på ukrainarar som søker om tilbakevending til Ukraina med støtte frå norske myndigheiter, og regjeringa foreslår å auke løyvinga knytt til dette med 8,2 mill. kroner. Regjeringa vil gjere ein fullstendig gjennomgang av budsjettkonsekvensane av fordrivne frå Ukraina i samband med revidert nasjonalbudsjett. Sjå og omtale av handteringa av fordrivne frå Ukraina under programkategori 06.40 og i Prop. 1 S (2024–2025) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Som følgje av høge innkomstar av ukrainarar og press på kommunanes tenesteapparat foreslår regjeringa å redusere kvoten for overføringsflyktningar m.m., frå 1 000 plasser i 2024 til 200 plassar i 2025. Dette gjer at behovet for løyving til formålet på programkategori 06.90 blir redusert med 22,4 mill. kroner.

På grunn av nødvendige prioriteringar i budsjettet foreslår regjeringa å redusere løyvinga til

drift av Utlendingsnemnda med 9 mill. kroner, og å vidareføre stønader til bebuarar i asylmottak på same nominelle nivå som i 2024.

Ei stor utfordring for utlendingsforvaltninga er at IT-systema er utdaterte, noko som gjer at dei både er til hinder for effektiv behandling av saker, det er aukande kostnader med å halde dei i drift, og det er og risiko for nedetid, informasjonssikkerheit og personvern. Regjeringa foreslår å løyve 100,5 mill. kroner til UDI for å starte eit fleirårig investeringsprogram for å modernisere IT-løysingane (korav 16 mill. kroner er midler UDI hadde i ramma til utvikling også i åra før). Regjeringa foreslår også ei kostnadsramme og investeringsfullmakt til prosjektet, jf. forslag til vedtak XI. Prosjektet vil etter kvart bidra til betre og meir effektiv saksavvikling som vil gi større gevinstar både for søkarar, for forvaltninga og for samfunnssikkerheita. I dagens ustabile globale situasjon, med økt migrasjonspress og grenseoverskridande kriminalitet er samfunnet avhengig av at utlendingsforvaltninga fangar opp og kontrollerer opplysningar om identitet tidleg. Prosjektet vil gjere systemportefølja i betre stand til å levere identitets- og opphaldsstatus.

Kap. 490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter	1 338 457	1 297 957	1 418 495
21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak	3 323 925	2 274 108	2 822 108
22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	18 423	31 542	32 741
23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, <i>kan overførast</i>	4 961	7 079	7 348
45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overførast</i>	89 352	45 416	92 500
46	Investeringer i Schengen IT-systemer, <i>kan overførast</i>	58 272	64 520	3 576
60	Tilskudd til vertskommuner for asylmottak	436 485	515 463	410 764
70	Stønader til beboere i asylmottak	582 542	563 887	616 288
71	Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak, og veiledning for au pairer	12 721	9 519	6 381
72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet, <i>kan overførast</i>	24 909	32 298	42 500

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak	18 300	14 325	10 576
74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>	107 732	87 894	93 264
75	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, <i>kan overføres</i>	28 313	20 313	6 361
76	Internasjonalt migrasjonsarbeid, <i>kan overføres</i>	25 419	27 220	27 254
	Sum kap. 490	6 069 811	4 991 541	5 590 156


Innleiing

Hovudoppgåvene til UDI er å behandle søknader etter utlendingslova og statsborgarlova, forvalte innkvarteringstilbodet til asylsøkarar, leggje til rette for retur av personar utan lovleg opphald og tilbakevending for personar med fluktbakgrunn, og å ta ut overføringsflyktningar og handtere ev. anna myndigheitsstyrt overføring av personar på flukt til Noreg. UDI har fagleg instruksjonsmyndigheit overfor politiet og utanrikstenesta i deira oppgåver som førstelinje i utlendingsforvaltninga. UDI har òg ansvar for å drifte og forvalte fellesløysingar for IKT i utlendingsforvaltninga. UDI skal jobbe for å sikre ei rask og effektiv saksbehandling som varetek rettstryggleiken og unngår å setje livet til barn og unge på vent. UDI skal vidare gi fagleg baserte bidrag til utviklinga av lovverket og politikken på innvandringsfeltet.

Behandling av saker

Utgifter til saksbehandling er førte over kap. 490, post 01 og post 22.

Som figuren nedanfor viser, auka talet på ubehandla saker og klagar i UDI betydeleg fram til 2022, sjå òg omtale under del I. Talet på saker og klagar som kom inn til UDI, auka frå om lag 92 000 i 2019 til 113 000 i 2021 og til om lag 166 000 i 2022. Auken var i hovudsak driven av søknader om statsborgarskap og søknader om vern frå ukrainarar. I 2023 vart saksinngangen redusert til om lag 136 000, i all hovudsak som følgje av ein stor reduksjon i talet på søknader om statsborgarskap. UDI behandla like mange saker i 2023 som i 2022, til trass for eit lågare budsjett, og greidde med det å byggje ned restansane frå ca. 80 000 til 60 000. Restansane er venta å auka igjen i 2024 og inn i 2025.



Figur 2.10 Utvikling i restansar i UDI 2017–juni 2024

Kjelde: UDI

Saker om vern (asyl)

Asylsøkarar som kjem til Noreg, blir registrerte av politiet og får søknaden sin behandla av UDI. Utgangspunktet er at asylsøkarar blir innkvarterte på Nasjonalt ankomstsenter i den første fasen, samstundes som dei får behandla søknaden om vern.

Hovudregelen er at dei som får innvilga vern får eit mellombels opphaldsløyve som gjeld for tre år, som så kan bli fornya. Dei fleste som får innvilga vern, får løyve som gir grunnlag for å søke om permanent opphald og deretter statsborgarskap. For fordrivne frå Ukraina er det ei egen ordning med mellombels kollektivt vern. Mellombels kollektivt vern gir ein berre for eitt år av gongen, og løyvet gir ikkje dei same rettane, sjå nærmare omtale i tekstboks.

Regjeringa har to gonger vedteke å forlengje slike opphaldsløyve med eitt år (til saman tre år, som er det lengste lova opnar for). I april i år foreslo departementet for Stortinget å endre utlendingslova, slik at den enkelte utlending kan få mellombels kollektivt vern i heile fem år. Stortinget vil ta stilling til forslaget seinare i haust. Dei som ikkje fell inn under ordninga med mellombels kollektivt vern, får søknaden sin behandla etter dei ordinære reglane om vern.

Regjeringa har gjort fleire justeringar i ordninga med mellombels kollektivt vern det siste året. Det skal bl.a. vurderast, som i alle andre saker om vern, om det er grunnlag for å kalle tilbake det gitte opphaldsløyvet dersom søkaren rei-

ser til Ukraina i strid med føresetnaden for løyvet. Det er òg klargjort at ukrainarar med dobbelt statsborgarskap ikkje skal omfattast av ordninga dersom det andre statsborgarskapet er frå eit land som inngår i UDIs hurtigprosedyre for søknader som er antekne å vere grunnlause. Regjeringa har

Boks 2.3 Mellombels kollektivt vern


Regjeringa innførte 11. mars 2022 ei ordning med mellombels kollektivt vern for personar som er fordrivne frå Ukraina, med heimel i utlendingslova § 34, jf. utlendingsforskrifta § 7-5 a. Ordninga inneber eit unntak frå utgangspunktet om at ein søknad om vern skal vurderast individuelt, då ho opnar for å gi vern etter ei gruppevurdering. Opphald blir gitt for eitt år og kan fornyast eller forlengjast i inntil tre år. Opphaldsløyvet dannar ikkje grunnlag for permanent opphald, men det gir rett til familiesameining og rett til å arbeide. Bakgrunnen for dei særlege føresegnene om forenkla saksbehandling er behovet for effektivitet i ein situasjon der det kjem svært mange asylsøkarar frå same område på kort tid, og at behovet for vern er mellombels. Personar som har fått innvilga mellombels kollektivt vern, skal returnere når situasjonen i opphavslandet tilseier det. Det er Kongen i statsråd som avgjer når ordninga ikkje lenger gjeld.

no også beslutta å stramme inn på ordninga, slik at fleire søkjarar får asylsøknaden vurdert etter det ordinære regelverket. Utlendingsmyndighetene vurderer per 4. september 2024 tryggleikssituasjonen i enkelte område vest i Ukraina slik at personar frå desse områda ikkje på generelt grunnlag har behov for internasjonalt vern. Nye asylsøklarar frå slike område vil få asylsøknaden vurdert på individuelt grunnlag etter ordinære reglar. Som følgje av innstramma venter regjeringa at det vil kome færre ukrainarar til Noreg.

Figuren nedanfor viser dei store svingingane i innkomne og behandla saker om vern frå 2015 til

30. juni 2024. Det høge talet på vedtak frå 2022 kjem av at UDI utvikla ei automatiseringsløyving for behandling av søknader frå fordrivne frå Ukraina som vart behandla etter føresegna om mellombels kollektivt vern. Dei fleste søkarane fekk svar på søknaden sin innan tre veker frå søknadsdatoen.

I budsjettet for 2025 er det lagt til grunn at det vil komme 22 000 asylsøkarar, omlag 16 000 av desse frå Ukraina. Det er alltid stor uvisse om talet på asylsøkarar, noko situasjonen som følgje av krigen i Ukraina har vist. Det er forventa at UDI i 2025 skal behandle om lag 22 000 saker om vern.



Figur 2.11 Tal på saker om vern 2015–juni 2024

Kjelde: UDI

Regjeringa vil elles at Noreg skal vere ein pådrivar for at rettane til barn på flukt blir varetekne. UDI skal sørge for at omsynet til det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i saker som gjeld barn, og i nokre saker kan ein gi opphaldsløyve sjølv om vilkåra for vern ikkje er oppfylte. På oppdrag frå departementet og UDI vart det våren 2024 fullført ei ekstern gjennomgang av korleis omsynet til det beste for barnet er vurdert i vedtak i asylsaker frå UDI og UNE. I gjennomgangen er det fleire tilrådingar til forbetringar, som no vil bli vurderte.

Saker om opphald og statsborgarskap


Søknader om visum og opphald på anna grunnlag enn vern (arbeid, utdanning, familieinnvandring m.m.) blir leverte til politiet, ein utanriksstasjon eller Sysselmeistaren på Svalbard. Søkarar med

innvilga sak får eit førstegongsløyve som er mellombels og må fornyast. Fleire av løyva gir grunnlag for å søke om permanent opphald og seinare statsborgarskap. Visum blir gitt for 90 dagar og kan ikkje fornyast. UDI gjer vedtak i alle typar saker, men politiet og utanriksstasjonane, og i somme tilfelle Sysselmeistaren på Svalbard, har mynde til å gjere vedtak i enkelte saker utan at dei blir sende til UDI. Talet på innkomne saker til UDI avheng av talet på nye søknader og av kapasiteten i førstelinja i politiet og utanrikstenesta. Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på innkomne saker og behandla saker i UDI frå 2018 til 30. juni 2024.

Frå 2021 er det auken i søknader om statsborgarskap som gjer at talet på innkomne saker til UDI er såpass høgt. Auken heng saman med lovendinga som opna for dobbelt statsborgarskap frå januar 2020. Frå 2023 har talet på søknader om

statsborgarskap gått betydeleg ned, då mange som lovendinga er aktuell for, allereie har søkt. Som det går fram av figuren, greidde UDI i 2023 og første halvår 2024 å behandle fleire saker enn det kom inn. Talet på ubehandla saker er likevel framleis høgt og er venta å auke mot slutten av 2024 og i 2025. Som følgje av dette er det og mykje kontakt med og rettleiing av søkarar.

I 2025 er det samla forventa om lag 310 000 søknader om visum, opphald og statsborgarskap til førstelinja i politiet og utanrikstenesta, og det blir forventa at UDI vil få om lag 88 000 saker. UDI ventar å kunne behandle i underkant av 80 000 saker i 2025.



Figur 2.12 Tal på saker om opphald og statsborgarskap til UDI 2018–juni 2024

Kjelde: UDI

Justis- og beredskapsdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet arbeider med å greie ut og vurdere fleire forenklingar i regelverket, som skal leggje til rette for meir effektiv saksbehandling. Våren 2024 vart det gjennomført fleire endringar i utlendingsforskrifta som vil få full effekt frå 2025, knytte til bl.a. kravet om underhold ved familieinnvandring og permanent opphaldsløyve, for å forenkle regelverket og gjere det meir digitaliseringsvennleg.

Au pair-ordninga har hatt kulturutveksling som formål, men det kan synast som at ordninga først og fremst har blitt nytta som ei arbeidsordning. Dette samsvarer ikkje med hovudprinsippa om arbeidsinnvandring til Noreg, som i utgangspunktet ikkje opnar for ufaglært arbeidskraft frå tredjeland. Regjeringa avvikla au pair-ordninga frå mars 2024.

I juni 2024 sende departementet på høyring eit forslag som bl.a. skal hindre at det blir gitt familiegjenforeining med einslege, mindreårige barn i Noreg når dette ikkje er til det beste for barnet. Endringane som er foreslått, skal også førebyggje

at familiegjenforeining fører til bortføring av barn eller bigami i Noreg.


I september blei eit forslag om å stramme inn moglegheta for familieinnvandring for einslege foreldre over 60 år sendt på høyring. Regelverket om familieinnvandring bygger på ei føresetnad om at familien skal kunne forsørge seg sjølv, men det har vist seg at fleire i denne gruppa må takast hand om av det offentlege helsevesenet kort tid etter at dei kjem til landet.

Saker om tilbakekall og utvising

Politiet og UDI opprettar saker om utvising og tilbakekall av løyve. Det blir oppretta sak om utvising dersom ein utlending bryt norsk lov, og sak om tilbakekall når det er mistanke om at løyvet er gitt basert på urette opplysningar, at søkaren har halde tilbake vesentleg informasjon, eller at grunnlaget for løyvet har falle bort. Figuren nedanfor viser utviklinga i talet på saker om tilbakekall og utvising og talet på behandla saker. Regjeringa er oppteken av at utlendingar som risikerer utvising eller tilbakekall av løyve, skal få

behandla sakene raskare, og dei siste åra har UDI behandla fleire saker (saker som er lagde vekk, er

rekna med) enn det har komme inn, slik at talet på ubehandla saker har gått ned.



Figur 2.13 Tal på innkomne og behandla saker om utvising og tilbakekall 2018–juni 2024

Kjelde: UDI

UDI behandla i 2023 i underkant av 5 400 saker om utvising og klagar på utvisingsvedtak, som er om lag 1 200 fleire enn i 2022. I 2023 vart nesten 2 900 personar utviste frå Noreg. Om lag 80 pst. av utvisingane kjem av brot på utlendingslova. I ein mindre del av desse sakene får det følgjer for barn. Dei fleste sakene der det blir spørsmål om utvising av foreldre med barn i Noreg, endar med at det ikkje blir fatta vedtak om utvising.

I saker der forvaltninga vurderer utvising av ein forelder som har barn i Noreg, har departementet dei seinaste åra arbeidd med fleire tiltak for å styrke rettstryggleiken til barna. Blant dei seinaste tiltaka er ei forskriftsending frå 22. mai 2024 som gir lågare terskel, for å behandle saker i nemndmøte i UNE. Som ledd i oppfølginga av Stortingets oppmodingsvedtak 4. desember 2023 nr. 71 sende departementet 28. mai 2024 ut eit forslag på høyring om at det i enkelte av dei aktuelle sakene skal gjerast meir bruk av ein alternativ reaksjon til utvising. Departementet har også gitt instruksar til UDI og UNE om den førebelse behandlinga av sakene fram til nye reglar skal vere på plass.

Departementet har også lagt fram forslag om utvida rett til fritt rettsråd utan behovsprøving i saker om utvising på grunn av gitt straff, når utlendingen har barn i Noreg, sjå Prop. 112 L (2023–2024) *Endringer i utlendingsloven mv. (utvidet hjemmel for forskrifter om fritt rettsråd)* og høyring 25. juni i år med forslag til nye reglar i utlendingsforskrifta. Desse forslaga er ledd i oppføl-

ginga av Stortingets oppmodingsvedtak 4. desember 2023 nr. 70.

Betere ID-arbeid har ført til at utlendingsmyndighetene har avdekt at fleire personar har opphaldsløyve basert på feil identitet eller på andre urette opplysningar, noko som gir grunnlag for å kalle tilbake opphaldsløyvet. Ein kan òg kalle tilbake flyktningstatus og opphaldsløyve når det ikkje lenger er behov for vern. Opphaldsløyve kan likeins kallast tilbake når opphaldsgrunnlaget elles ikkje lenger er til stades.

I 2023 vart det oppretta om lag 1 500 tilbakekallssaker, og UDI behandla om lag 2 650 slike saker. I tillegg kjem innkomne og behandla klagesaker. I 2023 fekk til saman rundt 800 personar løyve trekte tilbake i vedtak fatta av UDI. Nesten halvparten av løyva som vart kalla tilbake i 2023 var knytte til feil eller urette opplysningar, og nokre få var knytte til betra forhold i heimlandet. Dei resterande var i hovudsak knytte til at vilkåra for løyvet ikkje lenger var oppfylte. Fleire av dei som får eit løyve kalla tilbake, får eit nytt løyve på anna grunnlag. Departementet føreset at UDI avgjer eller legg vekk ei oppretta tilbakekallssak der forvaltningslova sine krav til saksbehandlingstid utan ugrunna opphald elles vil bli brotne. UDI er venta å prioritere aktivt i porteføljen for tilbakekallssaker for å få betre kontroll over sakene og for å sørge for at ressursane blir retta mot dei alvorlegaste sakene, der det er viktigast å reagere med tilbakekall.

UDI behandla i 2023 totalt 620 saker om tilbakekall og klagar på tilbakekallsvedtak etter statsborgarlova. Det var 320 fleire vedtak enn i 2022. Restansane har i 2023 blitt bygde ned. Per 30. juni 2024 var det 750 saker og klagar i restanse.

Asylmottak


Alle utlendingar som søker om vern, har rett til innkvartering i asylmottak. Det blir gitt tilbod om plass i mottak fram til retur eller busetjing. Mottakstilbodet er differensiert etter behova til utlendingsforvaltninga og mottaksbebuarane, bl.a. med Nasjonalt ankomstsenter, transittmottak, ordinære mottak, mottak for einslege mindreårige over 15 år og mottak for bebuarar med særskilde behov. Aktivitetar i mottaka vil vere retta både mot retur og mot integrering.

UDI har omsorgsansvaret for einslege mindreårige som bur i asylmottak. For å sikre at rettane til barna blir varetekne, vart det i 2022 innført ei uavhengig tilsynsordning, der statsforvaltaren skal føre tilsyn med omsorga for einslege mindreårige som bur i asylmottak. Omsorgsansvaret for

einslege mindreårige under 15 år ligg under Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) (sjå omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Barne- og familiedepartementet).

Utgifter til asylmottak er førte over kap. 490, post 01 og 21. Det er ført utgifter til tilskot til vertskommunar for asylmottak over kap. 490, post 60, og utgifter til stønader til bebuarar i mottak over kap. 490, post 70. I tillegg blir det gitt tilskot for aktivitetar for barn i mottak over kap. 490, post 71.

Talet på bebuarar i asylmottak er i hovudsak avhengig av talet på asylsøkarar, men òg av saksbehandlingstid, kapasitet til å busetje og moglegheit for returar. Talet på bebuarar i mottak auka vesentleg som følgje av krigen i Ukraina, og per 30. juni 2024 var det om lag 9 400 bebuarar i asylmottak. Fordrivne frå Ukraina, som raskt får behandla saka si som følgje av føresegna om mellombels kollektivt vern og raskt blir busette, har kort butid i asylmottak. Regjeringa har avvikla den mellombelse ordninga om støtte til privat innkvartering i kommunane for ukrainarar i tillegg til ordninga med kjæledyr i mottak.




Figur 2.14 Bebuarar i mottak per utgangen av året, 2015–30. juni 2024

Kjelde: UDI

UDI har i åra etter 2015 og fram til tilstrøyminga av fordrivne frå Ukraina starta i 2022, tilpassa kapasiteten i mottaka til færre bebuarar, sjå utviklinga i figuren nedanfor. Ved utgangen av 2021 var til saman 31 ulike avdelingar i asylmottak i drift. Som følgje av dei fordrivne frå Ukraina vart det i 2022 raskt oppretta fleire nye asylmottak, og ved utgangen av juni 2024 var 108 avdelingar

(ekskl. Nasjonalt ankomstsenter) i asylmottak i drift, med ein samla kapasitet på 16 845 plassar. UDI må løpande arbeide for å tilpasse mottakskapasiteten. Både oppretting og avvikling av mottak, oppfølging av kontraktar og oppfølging av bebuarane i asylprosessen krev vesentlege ressursar av drifta til UDI.



Figur 2.15 Talet på asylmottak per utgangen av året, 2014–30. juni 2024

Merk at sidan 2021 er talet på mottak talt på ein annan måte enn tidlegare år. Dette påverkar tala i liten grad, og endrar ikkje på situasjonsbiletet.

Kjelde: UDI

Det er alltid uvisse om asyltilstrøyminga til Noreg, og det gjer det utfordrande å planleggje mottakskapasiteten. Det er no særleg stor uvisse knytt til kor mange fordrivne som vil komme frå Ukraina. Ei rekkje land i EU har stor tilstrøyming av asylsøkarar frå andre land enn Ukraina òg. Endringar i kor mange mottak UDI treng, kan skje raskt. Om ein tilpassar kapasiteten til behovet for plassar, reduserer det offentlege utgifter. Samstundes gir få ledige mottaksplassar redusert kapasitet til å handtere rask og uventa auke i talet på asylsøkarar.

Overføringsflyktningar og anna myndigheitsstyrt overføring av personar på flukt

Noreg tek imot overføringsflyktningar innanfor ein årleg kvote. Overføringsflyktningar er personar som FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR) har slått fast at treng vern. Plassane på kvoten kan òg nyttast til andre typar myndigheitsstyrt overføring av personar på flukt. Formålet er både å gi vern til flyktningar og å avlaste vertsland.

Justis- og beredskapsdepartementet fastset i samråd med Utanriksdepartementet og Arbeids- og inkluderingsdepartementet kven som skal prioriterast på kvoten, basert på tilrådingar frå UDI, IMDi, UNHCR og innspel frå norske frivillige organisasjonar. UDI har ansvar for å gjennomføre uttak av overføringsflyktningar i samarbeid med

politiet og IMDi. Når overføringsflyktningane kjem til Noreg, skal dei som hovudregel bli busette direkte i ein kommune, sjå omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

Utgifter som gjeld uttak av overføringsflyktningar og ev. anna myndigheitsstyrt overføring av flyktningar/asylsøkarar, blir førte over kap. 490, post 01, 73 og 75. Nokre gonger er det behov for at flyktningar, ev. relokaliserte asylsøkarar, som blir overførte til Noreg, bur i mottak, og då kjem det i tillegg utgifter over kap. 490, post 21, 60 og 70. Det blir òg ført utgifter til arbeidet politiet og IMDi gjer med uttak, under kap. 440, post 01 og kap. 670, post 01, og dessutan utgifter til busetjing og integrering over kap. 671, post 60 og 61 og kap. 672, post 60. Sjå omtale i Prop. 1 S (2024–2025) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet.

I 2023 var kvoten fastsett til 2 000 plassar. Samla kom om lag 2 200 overføringsflyktningar, halvparten syriske flyktningar. Regjeringa nyttar kvoten med ein viss fleksibilitet. Det kan vere tilfelle då plassar må overførast frå eitt år til eit anna, og det er ikkje alle som blir tekne ut på kvoten som kjem til Noreg same året.

Kvoten for 2024 er fastsett til 1 000 plassar, i tillegg til at det er 247 plassar att frå 2023-kvoten som kan nyttast i 2024. Av desse plassane er 100 plassar satt av til evakuering av pasientar og deira pårørande frå Gaza, gjennom EU si ordning for sivil beredskap. Evakueringa frå Gaza har vist seg

praktisk krevjande slik at det per september 2024 framleis ikkje har kome nokon til Noreg, men infrastrukturen på sjukehus og elles i det norske mottaksapparatet er på plass. Regjeringa foreslår å redusere kvoten ytterlegare i 2025, til 200 plassar.

I 2022 fastsette regjeringa òg egne kvotar for medisinsk evakuering av ukrainarar frå Polen (550 pasientar og pårørande i tillegg) gjennom EU-ordninga for sivil beredskap og for fordrivne frå Ukraina som oppheld seg i Moldova (500). Arbeidet skjer i samarbeid med EU og andre land og vil halde fram i 2025. Det er per 1. september 2024 overført 400 fordrivne frå Moldova totalt sidan 2022, og 400 pasientar er evakuerte gjennom Medevac (over 600 personar medrekna pårørande). Personane blir innkvarterte i asylmottak og får behandla sak om mellombels kollektivt vern.

Retur av personar utan lovleg opphald i Noreg

Dei som får endeleg avslag på ein søknad om vern eller anna opphald, har ei plikt til å forlate landet innan ein bestemt utreisefrist. Dei skal rette seg etter dette ved å returnere til heimlandet innan fristen, anten på eiga hand (sjølvorganisert retur) eller ved å søke om assistert retur med hjelp frå norske myndigheiter. Dersom dette ikkje blir gjort, blir dei transporterte ut av politiet, sjå nærare omtale under programkategori 06.40.

Departementet har ein returstrategi for perioden 2023–2029. Regjeringa legg opp til at returar skal gjennomførast effektivt og med god rettstryggleik, og at returarbeidet nasjonalt skal vere samordna med alle relevante aktørar. Noregs returarbeid byggjer òg på samarbeid med sentrale opphavsland og på europeisk samarbeid. Regjeringa vil prioritere bilateralt samarbeid med enkeltland, men samstundes vere tett knytt til det europeiske retursamarbeidet, bl.a. fordi dei nye rettsaktene på asyl- og migrasjonsfeltet føreset eit effektivt retursamarbeid.

Regjeringa meiner det er viktig å leggje til rette for at retur kan bli utfallet gjennom heile asylprosessen, bl.a. ved å avklare identiteten til asylsøkarar tidleg. Vidare legg regjeringa vekt på at returar skal vere berekraftige både for personane som blir returnerte, og for heimlandet.

Dei som fyller vilkåra for assistert retur, får hjelp med å skaffe reisedokument, flybillettar m.m., og dei får tilskot til reise og reintegrering. Utgifter til tilskot til retur er førte over kap. 490, post 72, der også nokre utgifter til administrasjon av assistert retur er inkluderte. Andre utgifter til

administrasjon av retur er førte over kap. 490, post 01.

Målgruppa for retur har blitt gradvis mindre sidan 2016, hovudsakleg fordi nye asylsøkarar som kjem til Noreg, i stor grad får innvilga opphald. Det er òg grunn til å tru at ein konsekvent returpolitikk har gitt resultat, og at færre oppheld seg utan lovleg opphald i Noreg. Det er likevel framleis ei stor gruppe utreisepliktige i asylmottak som er utfordrande for UDI å motivere til å velje assistert retur, fordi dei anten har opphalde seg i landet over lang tid, har familie med opphald i Noreg, eller har særskilde behov som gjer returarbeidet vanskelegare. Utfordringane knytte til denne gruppa er samansette, men UDI greier bl.a. ut korleis dei kan finne løysingar for å skaffe reisedokument, og korleis dei kan ta i bruk tenester som blir tilbodne gjennom EU sitt grensekontrollbyrå, Frontex.

I løpet av 2023 valde 156 personar assistert retur, mot 90 i 2022. Per utgangen av juni har 77 personar reist heim assistert i 2024.

Sidan 2022 har det komme vesentleg fleire asylsøkarar til Noreg, dei fleste av desse er fordrivne frå Ukraina. Få ukrainarar får avslag på opphald i Noreg, og situasjonen i Ukraina framover vil påverke om retur dit kan skje.

Det er ikkje berre talet på returar som er viktig, men òg kven som reiser. Nokre utreisepliktige personar utløyser store kostnader for samfunnet. Det gjeld t.d. personar som bur i særskilde butilbod, i tilrettelagde avdelingar i mottak og i fengsel. UDI, Politiets utlendingseining (PU) og spesialutsendingar ved norske utanriksstasjonar samarbeider tett for å få til returar av denne gruppa. Fem personar returnerte assistert frå slike spesielle butilbod i 2023, medan ingen frå denne gruppa returnerte første halvår 2024. Arbeidet med desse særleg krevjande returane held fram.

Tilbakevending

Tilbakevending til heimlandet er ei av dei tre tilrådde varige løysingane for personar på flukt, og Noreg vektlegg at dette alltid skal vere ei moglegheit for personar med fluktbakgrunn som har lovleg opphald i Noreg. Dette er eit val den enkelte tek sjølv, og som ikkje direkte påverkar opphaldsløyyvet i Noreg. Nokre nordiske land har tilsvarande ordningar. Danmark har den mest omfattande ordninga, ho inkluderer både utlendingar med løyve på andre grunnlag enn flukt og danske statsborgarar med dobbelt statsborgarskap.

Utlendingsdirektoratet gir tilskot til personar som vender heim, over kap. 490, post 72. Eventuell tildeling av tilbakevendingsstøtte medfører inga endring i opphaldsløyvet i Noreg, som gjeld ut gyldighetstida. Det blir stilt krav om å registrere seg som utvandra i Folkeregisteret. Tildelt støtte skal i utgangspunktet betalast tilbake dersom mottakaren gjeninnvandar til Noreg innan to år.

Tilbakevendingsordninga var lite brukt før det vart praktisk mogleg for ukrainarar å søke på ordninga frå september 2022. Sidan dette har vel 2 500 ukrainarar søkt om tilbakevendingsstøtte, medan nærmare 1 100 har reist. Dette viser at tilbakevendingsordninga er aktuell for personar som har mellombels kollektivt vern, og ordninga er i tråd med politikken regjeringa fører overfor ukrainarar. Det er sannsynleg at det i 2025 vil vere langt fleire potensielle søkarar frå Ukraina.

Forvaltning og vidareutvikling av IT-systema for utlendingsforvaltninga

UDI drifter og forvaltar databasar og saksbehandlingssystema for heile utlendingsforvaltninga. Systema har førstehandsbrukarar i Utanrikstena, politiet og UNE forutan om UDI, i tillegg til at etatar som NAV og Skatteetaten m. fl. regelmessig nyttar opplysningar frå systema. IT-infrastrukturen er utdatert og til hinder for effektiv saksavvikling og er derfor moden for utskifting. Systema inneheld data om fleire millionar søkarar, der god datakontroll er avgjerande både for den enkelte sitt rettsvern, men òg for samfunnssikkerheiten og målet om kontrollert innvandring. UDI har dei siste åra jobba med forprosjektarbeid for eit omfattande investeringsprogram for å modernisere alle systema. Sjølv arbeidet med å erstatte systema startar i 2025, jf. regjeringa sine hovudprioriteringar for 2025. Programmet har gjennomgått ekstern kvalitetssikring, KS2, våren 2024 i samsvar med Statens prosjektmodell, og det blir foreslått ei kostnadsramme P85 på 2 065 mill. 2023-kroner, for prosjektperioden 2025-2031, jf. forslag til fullmakt XI. I eit så stort og langvarig program, vil det vere monaleg risiko, mellom anna knytt til at vanleg drift og ny utvikling skal gå føre seg samstundes. Departementet legg derfor opp til grundige gjennomgangar undervegs for å sikre at ein heile tida har naudsynt styring og kontroll.

Gjennomføring av EU-forordningar for betre migrasjonskontroll

UDI har dei siste åra hatt betydeleg arbeid med å implementere felleseuropeiske system for betre grense- og migrasjonskontroll, dei såkalla Schengen IT-systema. Det er forseinka framdrift i arbeidet i EU, noko som gjer at investeringane i UDI vil halde fram dei neste åra. Gjennomføringa av rettsakta i EUs pakt for migrasjon og asyl («pakta»), som Noreg delvis er tilknytt gjennom Schengen- og Dublin-samarbeidet, skal betre kontrollen med asylsøkarar og andre migrantar i Europa, harmonisere systemet for handtering av søkarane og hindre sekundærbevegelsar. Innføringa av desse rettsakta vil innebere behov for tilpassing av arbeidsprosessar, IT-system og lokaler for utlendingsforvaltninga frem mot iverksetting i juni 2026.

Budsjett for 2025

Det blir foreslått å setje utgiftsramma for UDI til 5,6 mrd. kroner. Dette er ein auke på 12 pst. frå saldert budsjett 2024, som i hovudsak er knytt til auka behov for innkvartering av fordrevne frå Ukraina. Løyvinga skal nyttast i samsvar med dei måla og prioriteringane som er omtalte ovanfor. Løyvinga blir fordelt på følgjande postar:

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UDI. Det inkluderer lønn til tilsette, IT-system, utstyr, anskaffingar, med unntak av større investeringar og asylmottak, jf. kap. 490, post 21 og 45, og dessutan kontorlokale m.m. I det første halvåret 2024 svarte utførte månadsverk til 996 årsverk, mot 1 033 utførte årsverk i 2023.

Det blir i sum foreslått å auke løyvinga med 120,5 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024. Dei ulike endringane er som følgjer:

Regjeringa foreslår å vidareføre ei mellombels løyving til å handtere høge inkomstar frå Ukraina, på 155 mill. kroner i 2025. Midlane skal dekke saksbehandling og vidareføring av tilsetjingar innan asylmottaksoppfølging, i tillegg til å styrke enkelte støttetjenester og IT-drift.

Regjeringa foreslår å redusere den ordinære kvoten for overføringsflyktingar og annan myndighetsassistert overføring av personar på flukt, frå 1 000 plassar i 2024 til 200 plassar i 2025. Løyvinga på posten blir foreslått redusert med 12,2 mill. kroner som følgje av dette.

Regjeringa foreslår å løyve 8 mill. kroner til driftskostnader i samband med oppstart av programmet «Modernisering av IT-systema i utlendingsforvaltninga», for på sikt å kunne erstatte alle grunnsystema med moderne system. Sjå og omtale under post 45.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 34,6 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 490, post 45. Flyttinga skal gi eit tydelegare skilje mellom drift og større investeringar knytte til IT.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 53,9 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 490, post 46. Dette er i tråd med dei opphavlege prosjektplanane for Schengen IT-prosjekta knytt til SIS, VIS, Eurodac og Interoperabilitet. Det blir òg foreslått å auke løyvinga på posten med 3,2 mill. kroner mot ein tilsvarende reduksjon under kap. 490, post 46, då dette er eigenfinansiering til dei nemnde Schengen IT-prosjekta, som er føresett å skulle nyttast til andre formål frå 2025. Sjå omtale under kap. 490, post 46.

Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 11 mill. kroner knytt til at UDI får nye driftsoppgåver i tilknytning til Schengen IT-systema Entry Exit System og ETIAS. Systema ska bli setje i verk høvesvis ultimo 2024 og i 2025.

I samband med den nye finansieringsmodellen for kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og ærerelatert vald foreslår departementet å auke løyvinga på posten med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarende reduksjon på kap. 858, post 01. Sjå Prop. 1 S (2024–2025) for Arbeids- og inkluderingsdepartementet for nærmare omtale.

Det er òg endringar som følgje av tidlegare budsjettvedtak og tekniske endringar på posten som ikkje blir omtalte nærmare.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 01 blir rapporterte som bistandsutgifter, i tråd med retningslinjene til OECD om Official Development Aid (ODA), og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 01, post 03 og post 06, jf. nærmare omtale under postane.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga på kap. 490, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 1 418,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter staten har til drift av mottak for asylsøkarar, inkludert Nasjonalt ankomstsenter på Råde.

Forutan losji skal tilbodet om innkvartering omfatte opplærings- og informasjonstiltak og nødvendige sosial -og omsorgstenester, bl.a. mat, klede og omsorgstenester for bebuarar med særskilde behov. Vidare dekker posten utgifter til bl.a. tiltak som vakthald, tilrettelegging av buforhold og plassering utanfor mottak for personar med særskilde behov, aldersundersøkingar av asylsøkarar som oppgir å vere einslege mindrerige, reise og kost for asylsøkarar i samband med asylintervju og transport for asylsøkarar til og frå norskopplæring og mellom mottak. Ekstra utgifter til lovpålagde kommunale tenester for vertskommunar for eit ankomstsenter kan òg dekkast over posten.

Behovet for løyving på posten avheng av talet på mottaksplassar, kor mange bebuarar det er i mottaka, butid i mottak og samansetjinga av bebuarane og behova deira. Det er venta at det i gjennomsnitt vil cirka 11 000 bebuarar i mottaka i løpet av 2025, som er kring 1 000 fleire enn det som er lagt til grunn for saldert budsjett 2024. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 548 mill. kroner.

Det er svært usikkert kor mange asylsøkarar som faktisk vil komme i løpet av året, og det er spesielt stor uvisse om behovet for innkvartering av fordrivne frå Ukraina. Den faktiske kapasiteten gjennom året kan derfor avvike frå det som blir lagt til grunn ved inngangen til året. Ved endringar i bebuarsamansetjinga kan det òg bli behov for å utløyse fleire plassar. Sjå òg forslag til romartalsvedtak om fullmakt om mellombels drift av asylmottak.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 21 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 2 822,1 mill. kroner.

Post 22 Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse

Posten skal dekke tolking og omsetjing i kommunikasjonen mellom søkarar og UDI under behandlinga av asylsaker. Løyvinga skal òg dekke kvalitetssikringsarbeid i samband med intervju og omsetjingar, utgifter til nødvendig omsetjing av originaldokument og tolkeutgifter i samband med vedtakssamtale etter avslag på søknad. Løyvinga kan òg dekke tolking og omsetjing for overføringsflyktingar som blir valde ut frå transittområde der det er vanskeleg å finne tilstrekkeleg med tolkar. Regjeringa foreslår å vidareføre løy-

vinga på same nivå som til saldert budsjett 2024, sidan talet på saker om vern som blir individuelt behandla, er venta å vere på same nivå.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 22 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 07, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 07.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 32,7 mill. kroner.

Post 23 Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling, kan overføres

Løyvinga skal brukast til å støtte oppgåveløysinga i UDI ved å utvikle kunnskap om innvandring.

Dei følgjande studiane, som alle er tilgjengelege på nettsida til UDI, er publiserte i 2023 og første halvår 2024 ved hjelp av midlar frå post 23:

- Evaluering av Nasjonalt ankomstsenter
- Rapport om «barnets beste»- vurderinger i asylsaker
- Temporary collective protection for displaced persons from Ukraine in Norway. Different policies, different outcomes.
- The reception of Ukrainian refugees in Sweden and Norway
- Regelverket for økonomiske stønader til beboere i asylmottak

I tillegg vil dei følgjande prosjekta bli ferdigstilte i andre halvår 2024:

- Evaluering av midlertidig alternativ mottaksplass (MAMOT)
- Kompetansespor – bruk av digitale lommebøker i innvandringsprosesser
- Sekundærmigrasjon og fremtidsmuligheter blant ukrainske flyktninger i Europa.

I 2025 skal løyvinga bl.a. nyttast til prosjekt som omhandlar korleis UDIs brukarar forstår skriftleg informasjon frå UDI, og ein gjennomgang av levekår for einslege mindreårige asylsøkarar i asylmottak.

Løyvinga dekkjer òg utgifter til arbeid i UDI med å utvikle kunnskap i samarbeid med European Migration Network (EMN) og bistand i form av opplæring av migrasjonsmyndigheiter i aktuelle samarbeidsland.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 7,3 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan overføres

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til prosjektet for å erstatte og modernisere IT-systema i utlendingsforvaltninga.

Regjeringa foreslår å auke løyvinga på posten med 76,5 mill. kroner til investeringar i programmet «Modernisering av IT-systema i utlendingsforvaltninga», for på sikt å kunne erstatte alle grunnsystema med moderne system. Sjå og omtale under post 01.

Delar av posten har tidlegare blitt nytta til å dekke også anna mindre utviklingsarbeid innanfor IT. Frå 2025 blir posten berre nytta til det store utviklingsprogrammet «Modernisering av IT-systema i utlendingsforvaltninga». Budsjettposten for programmet kan dermed bli direkte knytt til styrings- og kostnadsramma. Regjeringa foreslår å redusere posten med 31,5 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke på post 01.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 92,5 mill. kroner.

Post 46 Investeringer i Schengen IT-systemer, kan overføres

Posten omfattar prosjektutgiftene UDI har til utvikling og implementering av nye felles-europeiske IT-system for styrkt grense- og migrasjonskontroll, betre informasjonsdeling og tryggleik.

Det blir foreslått å redusere posten med 6,8 mill. kroner i 2025, i tråd med dei opphavlege framdriftsplanane for utviklinga av SIS, VIS, Interoperabilitet og Eurodac, som har felles styringsramme, satt i 2023.

Det blir vidare foreslått å redusere løyvinga på posten med 53,9 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 490, post 01. Dette er òg i tråd med dei opphavlege prosjektplanane for dei fire prosjekta. Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 3,2 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 490, post 01, då dette er eigenfinansiering til dei nemnde prosjekta, som er føresette å skulle nyttast til andre formål frå 2025. Sjå omtale under kap. 490, post 01.

Regjeringa foreslår ei samla løyving på posten på 3,6 mill. kroner i 2025, som er det som står att av UDI sin del av styringsramma frå 2023. Sjå òg omtale under kap. 440.

Post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak

Vertskommunetilskotet skal dekke gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i samband med drift av mottak og omsorgssenter i kommunen. I tillegg til det ordinære vertskommunetilskotet omfattar ordninga eit særtilskot ved omsorgsplassering og tilskot til kommunar som tek imot og følgjer opp personar med alternativ mottaksplassering (AMOT). UDI forvaltar tilskotsordninga og betaler ut tilskot kvartalsvis når det er inngått kontrakt med ein driftsoperatør i den respektive kommunen. Kommunane treng ikkje å søke om tilskot.

For 2025 vil desse satsane gjelde:

- grunnsats per kommune: 820 643 kroner per år
- sats per ordinære mottaksplass og plass ved Nasjonalt ankomstsenter: 12 595 kroner per år
- sats per plass for einslege mindreårige asylsøkarar: 19 397 kroner per år
- sats per tilrettelagd plass: 178 324 kroner per år
- sats per plass i omsorgssenter: 47 841 kroner per år

Vertskommunar for omsorgssenter tek ikkje imot grunntilskot. Ei ordning for alternativ mottaksplassering (AMOT) inneber at UDI gir tilskot til ein kommune mot at kommunen gir ein person utan opphaldsløyve eller ein flyktning eit tilbod om bustad i kommunen i staden for opphald i asylmottak. I tilskotsbrevet blir det stilt krav til korleis kommunen skal bruke tilskotsmidlane. Kommunen skal vurdere individuelt kva for oppfølging personen i AMOT har bruk for. I 2025 vil satsen for AMOT vere 18 377 kroner per plass per månad.

Kommunen kan i visse tilfelle få eit større ansvar for ein mindreårig asylsøkar, jf. barnevernlova. Det er fastsett eigne satsar for å bidra til å dekke desse utgiftene til barnevern. For 2025 vil desse satsane gjelde:

- særtilskot for barn som har komme til Noreg i følge med føresette: 34 974 kroner per månad
- særtilskot for einslege mindreårige: 17 486 kroner per månad

Regjeringa foreslår å vidareføre tilbod om gratis barnehageplass for alle barn i asylmottak frå dei er eitt år og fram til skulestart, i tillegg til tilbod om gratis skulefritidsordning (SFO) for barn i integreringsmottak. Alle kommunar som tilbyr plass, får tilskot til å dekke utgiftene til barnehageplass for barn i mottak og SFO for barn i integreringsmottak.

Satsane for barnehageplass i 2025 er som følger:

- 1–2-åringar, heildagsplass: 370 593 kroner per år
- 3–5-åringar, heildagsplass: 205 885 kroner per år
- SFO: 34 958 kroner per år

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på mottak og omsorgssenter, talet på vertskommunar og talet på plassar. Behovet vil derfor kunne endre seg i løpet av budsjettåret.

I 2023 var det totalt 223 kommunar som fekk vertskommunetilskot for delar av eller heile året. Per 31. juli 2024 har 200 kommunar fått vertskommunetilskot for delar av eller heile året. Det er lagt til grunn at 68 kommunar vil få tilskot med heilårseffekt for 2025.

Det føregår i 2024 ei kartlegging av kommunane sine utgifter til lovpålagde tenester.

Løyvingsforslaget er redusert med 104,7 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024. Det kjem av at det blir planlagt for færre vertskommunar enn det som vart lagt til grunn for 2025, samt at ordninga med midlertidig alternativ mottaksplassering er avvikla.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 60 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 410,8 mill. kroner.

Post 70 Stønader til beboere i asylmottak

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til faste økonomiske ytingar til livsopphald for bebuarar i asylmottak som ikkje kan dekke dette sjølv, og ev. tilleggsytingar. Driftsoperatøren for asylmottaket betaler ut ytingar til bebuarane og får dei refunderte av UDI. Dei nærmare krava til stønadsordninga er gitt i *forskrift om stønad til beboere i asylmottak*. Stønadsordninga blir følgd opp ved UDI sine kontrollar av asylmottak eller ved søknad til UDI i dei tilfella der ytingar ikkje dekker nødvendig livsopphald for bebuarar i mottak.

Behovet for løyving på posten er avhengig av talet på bebuarar i mottak og samansetjinga av bebuargruppa. Løyvingsforslaget for 2025 er basert på ein prognose på om lag 11 000 bebuarar i mottak, om lag 1 000 fleire enn det som var lagt til grunn for saldert budsjett 2024. Det blir derfor foreslått å auke løyvinga med 52,4 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024.

Regjeringa foreslår å nominelt vidareføre nivået på stønadene til bebuarar i mottak i 2025.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 70 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 616,3 mill. kroner.

Post 71 Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak og veiledning for au pairar

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til ei tilskotsordning til aktivitetstilbud for barn i mottak og utgifter til tilskot til informasjons- og rettleiingstiltak for au pairar.

Formålet med tilskot til aktivitetstilbud er å bidra til at barna får ein meningsfull kvardag, gjennom eit aktivitetstilbud tilpassa alderen til barna og dei utviklingsmessige behova og interessene deira. UDI lyser ut og forvaltar tilskotsordninga. Tilskot kan bli gitt til enkeltpersonar, frivillige organisasjonar og andre ikkje-fortenestebaserte verksemder som organiserer aktivitetar for barn. Dei nærmare krava til tilskotsordninga er gitt i *forskrift om tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asylmottak*. Sjå nettsidene til UDI for utdjuvende opplysningar om tilskotsmottakarane. UDI evaluerer jamleg kriteria som er fastsette i forskrifta om tilskotsordninga. UDI reviderte ordninga i 2021/2022. Regjeringa foreslår å vidareføre løyvinga til tilskotsordninga på 6,4 mill. kroner.

Au pair-ordninga vart avvikla 15. mars 2024, og regjeringa foreslår derfor å redusere posten med 3,5 mill. kroner for å avvikle rettleiingstenesta for au pairar frå 2025.

Det vart utbetalt 9,4 mill. kroner i tilskot til aktivitetar for barn i asylmottak i 2023. Heile løyvinga på 3,5 mill. kroner til rettleiing for au pairar vart brukt i 2023.

Delar av utgiftene til tilskot til aktivitetstilbud på kap. 490, post 71 kan utgiftsførast som ODA-

godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 04, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 04.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,4 mill. kroner.

Post 72 Assistert retur og reintegrering i heimlandet, kan overføres

Formålet med posten er å bidra til at personar med endeleg avslag på søknad om vern og andre personar utan lovleg opphald i Noreg returnerer til heimlandet, og til at flyktningar kan vende tilbake til heimlandet når det er trygt

Desse tilskotsordningane til enkeltpersonar blir finansierte over denne posten:

- reisetilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot ved assistert retur
- reintegreringstilskot til særleg sårbare grupper og einslege mindreårige
- reintegreringstilskot til utlendingar som er særleg kostnadskrevjande for samfunnet
- reintegreringstilskot for personar som blir tvangsreturnerte til land UDI har eit eige returprogram for
- tilbakevendingstilskot for personar med opphaldsløyve

Forskrift om tilskot til assistert retur og tvangsretur har reglar om reisetilskot og reintegreringstilskot for personar som vel assistert retur, og reintegreringstilskot ved tvangsretur av utlendingar som anten er særleg kostnadskrevjande for samfunnet, eller som blir returnerte til land UDI har eit særskilt returprogram for. I 2023 vart det gjennomført 156 assisterte returar i tråd med denne forskrifta. Det var 474 personar som fekk tilbakevendingstilskot i 2023, alle desse var frå Ukraina.

Tabellen nedanfor viser talet på returar innanfor kvar ordning og summen som vart brukt til desse ordningane i 2023. Éin retur kan ha fått tilskot frå fleire ordningar.

Tabell 2.11 Returar og rekneskapstal per ordning, 2023

	Rekneskap 2023 (i 1 000 kroner)	Talet på returar og tilbake- vendingar
Voluntary Assisted Return Programme («VARP») – Frivillig returprogram	6 365	94
Returførebuande utgifter for personar i mottak	35	
Assistert retur med politiet, reintegreringstilskot	936	58
Landprogram, assistert retur Somalia	2 328	15
Tilskot til returnerte via Frontex	0	14
Andre verkemiddel for returar	237	5
Tilbakevending, reintegreringstilskot	8 525	474
Totalt	18 189	

Løyvinga skal òg dekke utgifter til ei tilskotsordning til organisasjonar for at dei skal bidra med informasjons- og motiveringsarbeid som kan få personar som er busette utanfor mottak, til å returnere til heimlandet. UDI forvaltar tilskotsordninga. UDI inngår hovudsakleg fleirårige avtalar med ulike organisasjonar. Tabellen nedanfor viser organisasjonar UDI har fleirårige avtalar med og gav tilskot til i 2023. I tillegg vart det i 2023 gitt til saman 950 000 kroner i tilskot til Norsom News, Clap Along AS og Internasjonal velferdsforening.

Tabell 2.12 Organisasjonar UDI har inngått fleirårige avtalar med og gitt tilskot til i 2023

Namn	Beløp
NOAS (Norsk organisasjon for asylsøkere)	1 650 000
Caritas	1 958 604
NOMKUS (Norges multi-kulturelle senter)	825 000
Pireus	1 100 000
Totalt	5 566 604

Delar av utgiftene på kap. 490, post 72 kan bli førte som ODA-godkjende utgifter og blir førte som inntekter på kap. 3490, post 01 og post 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 01 og post 08.

Løyvingsforslaget er auka med 10,2 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024, i hovudsak pga. ein høgare prognose for talet på personar som får tilbakevendingstilskot. I forslaget er det teke utgangspunkt i at det vil bli 220 assisterte returar i 2025, og at 1 000 personar vil få tilbakevendingstilskot (i all hovudsak tilbakevending til Ukraina).

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 42,5 mill. kroner.

Post 73 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak

Formålet med posten er å finansiere støtte til arbeidet som FN's høgkommissær for flyktningar (UNHCR) og ev. andre organisasjonar gjer med overføring av flyktningar, og operative oppgaver i uttakslanda knytte til uttaka til Noreg. Løyvinga bidrar til å auke kapasiteten organisasjonane har til å arbeide med overføringssaker, med tanke på både kvantitet og kvalitet. Tilskot blir fastsette av departementet utan utlysing.

I saldert budsjett for 2023 vart det løyvd 19,9 mill. kroner på posten. Som følgje av at utgifta knytte til uttaka vart lågare enn føreset, vart løyvinga redusert til 18,3 mill. kroner, som vart rekneskapsført ved utgangen av året.

Av løyvinga gjekk 9,3 mill. kroner til UNHCR til prosjektstøtte for bruk av personell frå samarbeidsorganisasjonane International Catholic Migration Commission, RefugePoint, Dansk Flygtningehjælp og International Refugee Assistance Project. Dette personellet inngår i ei ordning for utplassering i land der UNHCR har behov

for styrking av kapasiteten. 9 mill. kroner vart nytta til det operative arbeidet til UNHCR og IOM, bl.a. til å gjennomføre norske uttak.

Regjeringa foreslår ein kvote for uttak av overføringsflyktningar på totalt 200 plassar i 2025, noko som reduserer behovet for operativt arbeid i UNHCR og IOM med norske uttak. Vidare foreslår regjeringa å redusere prosjektstøtta til UNHCR med 0,9 mill. kroner. Løyvinga blir i sum foreslått redusert med 3,7 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024.

Utgiftene på kap. 490, post 73 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 06, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 06.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 10,6 mill. kroner.

Post 74 Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., kan overføres

Løyvinga under posten dekker utgifter til Noregs internasjonale forpliktingar på migrasjonsområdet, medrekna bidrag til EU sitt asylstøttekontor (European Union Agency for Asylum, EUAA), som Noreg er knytt til gjennom ein eigen avtale. Vidare dekker posten relevante delar av Noregs utgifter til Det europeiske byrået for operativ forvaltning av store IT-system på området for fridom, sikkerheit og rettferd (eu-LISA), som Noreg er forplikta til gjennom Schengen-medlemskapet og Dublin-samarbeidet.

Noregs innbetalingar blir fastsette etter fordelingsnøklar. Det blir foreslått å auke løyvinga på posten med 5,4 mill. kroner.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 93,3 mill. kroner.

Post 75 Reiseutgifter for flyktningar fra utlandet, kan overføres

Løyvinga dekker reiseutgifter for overføringsflyktningar som skal til Noreg, og ev. anna myndighetsstyrt overføring til Noreg av personar på flukt i samband med byrdedeling. Løyvinga dekker òg utgifter i samband med mottak av overføringsflyktningar når dei kjem til Noreg.

Løyvinga på posten varierer med talet på personar som kjem som overføringsflyktningar, og ev. anna byrdedeling.

Det er lagt til grunn for løyvingsforslaget på posten at det vil komme 275 overføringsflyktningar til Noreg i 2025, inkl. 75 personar frå 2024-kvoten. Dette er om lag 1 100 færre enn forventa ved saldert budsjett 2024, som gjer at behovet for løyving er redusert med 14 mill. kroner.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 75 kan utgiftsførast som ODA-godkjende utgifter og inntektsførast på kap. 3490, post 03, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 03.

Regjeringa foreslår ei løyving på posten på 6,4 mill. kroner.

Post 76 Internasjonalt migrasjons- og retursamarbeid, kan overføres

Formålet med posten er å bidra til at migrasjon går for seg på ein velordna, trygg og regulert måte, og at det blir mindre irregulær migrasjon frå enkelte land og regionar.

Posten skal brukast til tilskot til prosjekt som støttar opp om dialog og forhandlingar med viktige opphavs- og transitland om retur og om velordna, trygg migrasjon. Det kan bli gitt prosjekttilskot til tiltak som styrker retursamarbeid generelt eller migrasjonsforvaltninga spesielt i land Noreg prioriterer for retur- og reintegreringsprogram, og til retur- og reintegreringsprogram i regi av Den internasjonale organisasjonen for migrasjon (IOM) for retur frå transitland til opphavsland. Justis- og beredskapsdepartementet tildelte 25,4 mill. kroner i tilskot til slike prosjekt i 2023. Det vart i 2023 bl.a. gitt tilskot til styrking av migrasjonsforvaltninga i Somalia og Tyrkia, til oppretting av eit migrasjonssenter i Irak og til retur- og reintegreringsprogram i Bosnia-Hercegovina og Marokko. Tilskot vart gitt direkte frå departementet og Utlendingsdirektoratet utan utlysing. Frå 2024 er ordninga regulert i forskrift om internasjonalt migrasjonsarbeid.

Det blir foreslått å redusere løyvinga på posten med 1 mill. kroner, mot ein tilsvarende auke i kap. 100, post 01, som skal dekke kostnadene ved at tre spesialutsendingar på utlendingsfeltet får stilingsstittel ambassaderåd.

Delar av utgiftene på kap. 490, post 76 kan førast som ODA-godkjende utgifter og førast som inntekter på kap. 3490, post 08, jf. nærmare omtale under kap. 3490, post 08.

Samla blir det foreslått å løyve 27,3 mill. kroner på posten.

Kap. 3490 Utlendingsdirektoratet

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	2 449	2 192	6 286
03	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	53 242	33 201	11 384
04	Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	3 621 396	2 634 796	3 122 326
05	Refusjonsinntekter	3 431	2 878	2 987
06	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	18 275	14 325	10 128
07	Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	21 560	29 588	31 353
08	Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrerings i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	40 116	34 839	45 664
	Sum kap. 3490	3 760 469	2 751 819	3 230 128

Innleiing

Visse utgifter under kap. 490 Utlendingsdirektoratet (UDI) kan godkjennast som offisiell utviklingshjelp (Official Development Assistance, «ODA») og inntektsførast under kap. 3490. Desse utgiftene blir altså rekna som ein del av bistandsbudsjettet til Noreg. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei ulike postane og delane av verksemda til UDI som kan reknast som utviklingshjelp, i tillegg til ein omtale av post 05, som består av refusjonsinntekter til UDI.

Etter retningslinjene til OECD/DAC (Development Assistance Committee) kan visse utgifter for flyktningar, knytte til både opphald i Noreg og tilbakevending til heimlandet, klassifiserast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Kva utgifter som skal reknast som bistand, er regulert i retningslinjene til OECD. På bakgrunn av presiseringar frå OECD gjorde Noreg frå og med 2019 fleire endringar i rapporteringa, jf. Prop. 1 S (2018–2019) for Justis- og beredskapsdepartementet og for Utanriksdepartementet. Denne praksisen er lagd til grunn for berekninga av løyvingforslaga for 2025

Budsjett for 2025**Post 01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter**

Utgifter til tilrettelegging for at flyktningar skal kunne vende tilbake til heimlandet, og utgifter til at personar med avslag på asylsøknad skal kunne returnere, kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Regjeringa foreslår at delar av utgiftene på kap. 490, post 01 og 72 blir rapporterte inn som bistand.

I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 6,3 mill. kroner på posten.

Post 03 Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, ODA-godkjente utgifter

Reiseutgifter til og frå utlandet for flyktningar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Regjeringa foreslår at relevante utgifter på kap. 490, post 01 og alle utgiftene på post 75 som gjeld reiser og administrative tenester i samband med at flyktningar reiser, blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 11,4 mill. kroner på posten.

Post 04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter

Visse innanlandske utgifter for mottak av asylsøkarar og flyktingar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp. Regjeringa foreslår at delar av utgiftene på kap. 490, post 21, post 60, post 70 og post 71 blir rapporterte som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 3 122,3 mill. kroner på posten.

Post 05 Refusjonsinntekter

Posten består av refusjon for deltaking i europeiske samarbeidsprosjekt og andre refusjonar. På bakgrunn av erfaringstal blir det foreslått å løyve 3,0 mill. kroner på posten. Det blir foreslått at løyvinga på kap. 490, post 01 kan overskridast mot tilsvarende meirinntekter under kap. 3490, post 05, jf. forslag til vedtak.

Post 06 Beskyttelse til flyktinger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter

Utgifter for overføring av flyktingar kan i tråd med statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell bistand. Regjeringa foreslår at utgifter på kap. 490, post 73 blir rapporterte inn som bistand. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 10,1 mill. kroner på posten.

Post 07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter

Utgifter til tolk, omsetjing og informasjon i samband med asylsøkarprosessen kan ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC godkjennast som offisiell utviklingshjelp (ODA). Det blir foreslått at utgiftene på kap. 490, post 22 blir rapporterte som bistand. I samband med dette blir det foreslått å inntektsføre 31,4 mill. kroner på posten.

Post 08 Internasjonalt migrasjons- og retursamarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter

Utgifter for reintegrering av personar som blir returnerte til opphavslandet eller til eit tredjeland, og tiltak som bidrar til samarbeid om retur, returavtalar, oppbygging av migrasjonsforvaltninga i opphavs- og/eller transittland og velordna migrasjon, kan godkjennast som offisiell internasjonal utviklingshjelp (ODA) ifølgje statistikkdirektiva til OECD/DAC. Regjeringa foreslår at relevante utgifter under kap. 490, post 72 og post 76 blir rapporterte inn. I samband med dette foreslår regjeringa å inntektsføre 45,7 mill. kroner på posten.

Kap. 491 Utlendingsnemnda

(i 1 000 kr)

Post	Nemning	Rekneskap 2023	Saldert budsjett 2024	Forslag 2025
01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 21</i>	286 478	287 951	287 043
21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling mv., <i>kan nyttast under post 01</i>	8 145	7 382	7 663
	Sum kap. 491	294 623	295 333	294 706

Innleiing

Som klageinstans har Utlendingsnemnda (UNE) til hovudoppgåve å etterprøve vedtak som er gjorde i første instans av Utlendingsdirektoratet (UDI), og som blir klaga på. UNE fungerer som eit uavhengig forvaltningsorgan når dei gjer vedtak i klagesaker. UNE vurderer både saker om vern og andre saker om opphald etter utlendingslova, i tillegg til saker om statsborgarskap. UNE

saksbehandlar òg krav om omgjerung av eigne vedtak. UNE har ei eiga prosedyreeining som prosederer ein del av UNE sine saker i rettssystemet i samarbeid med Regjeringsadvokaten.

Gjennom systematisk og grundig etterprøving av vurderingane som er gjorde i første instans, og ved å vurdere ev. nye opplysningar i saka, bidrar UNE til å vareta rettstryggleiken på utlendingsfeltet. Saker med tvilsspørsmål som er utslagsgivande for utfallet, blir avgjorde i nemnd-

møte, som oftast med frammøte av klagaren. Nemndleiarar og nemndmedlemmer har sjølvstendig avgjerdsrett, slik som dommarar i domstolane. UNE skal jobbe for å sikre ei rask og effektiv saksbehandling som varetek rettstryggleiken og unngår å setje livet til barn og unge på vent.

Behandling av klagar og omgjeringssopmodingar

Talet på innkomne saker hos UNE vil variere både med talet på asylsøkarar og søknader om ulike løyve og med utfalla i vedtaka hos UDI. UNE tok samla imot 7 029 saker i 2023, over 30 pst. fleire enn i 2022. Om lag 12 pst. av sakene var oppmodingar om omgjering. Per utgangen av juni hadde det komme inn 3 674 saker til UNE i 2024, og om lag 14 pst. av desse var oppmodingar om omgjering. Til samanlikning kom det inn 3 465 saker til UNE i første halvdel av 2023.


UNE behandla til saman 5 743 saker i 2023, som var om lag 240 fleire enn året før.

Gjennomsnittleg saksbehandlingstid for alle saker var i 2023 på 154 dagar, 12 dagar kortare

enn i 2022. Per 30. juni 2024 har UNE behandla 3 308 saker, og gjennomsnittleg saksbehandlingstid har vore 178 dagar. Saksbehandlingstida heng bl.a. saman med talet på innkomne saker og samansetjinga av porteføljen. Saksbehandlingstida og tal på ubehandla saker er venta å auke noko i 2025, som følgje av foreslått reduksjon i løyvinga til UNE.

Saker om vern (asyl)

UNE fekk i 2023 inn 1 071 asylsaker, som er 334 fleire enn i 2022. UNE behandla nesten 100 fleire saker enn i 2022. Per 30. juni 2024 var det 581 ubehandla asylsaker i UNE, inkludert oppmodingar om omgjering. Gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsakene gjekk noko ned i 2023 etter at saksbehandlingstida i dessa sakene gradvis har blitt lengre dei siste åra. I første halvår 2024 var saksbehandlingstida i asylsaker i snitt 173 dagar. UNE skal sikre at det beste for barnet er eit grunnleggjande omsyn i behandlinga av alle asylsaker som gjeld barn. UNE skal prioritere einslege, mindreårige asylsøkarar i alle ledd i saksbehandlinga.



Figur 2.16 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i asylsaker 2017–juni 2024


Kjelde: UNE

Saker om opphald og statsborgarskap

Talet på innkomne saker om opphald og statsborgarskap var òg høgare i 2023 enn dei føregåande åra. Sjølv om UNE behandla fleire saker enn året før, auka talet på ubehandla saker i 2023. I både

2021 og 2022 var den gjennomsnittlege saksbehandlingstida i opphaldssaker over 160 dagar, men i 2023 vart snittet redusert til 149 dagar.

UNE behandla til saman 5 743 saker i 2023, som var om lag 240 fleire enn året før.



Figur 2.17 Tal på saker og gjennomsnittleg saksbehandlingstid i saker om opphald 2017–juni 2024

Kjelde: UNE

Når UNE stadfestar eit avslag frå UDI, er dette eit endeleg avslag. Det er då mogleg å saksøke staten ved UNE med påstand om at domstolen skal kjenne vedtaket frå UNE ugyldig. UNE var 150 dagar i retten i 2023. Det har vore ein vesentleg reduksjon i talet på hovudforhandlingar og tidsbruk i retten dei seinare åra. Dette kjem i første rekkje av ei utvikling med nedgang i talet på innkomne saker til UNE sidan 2017. UNE tok imot 35 rettskraftige dommar i 2023. Staten fekk medhald i 23 av sakene, noko som utgjør 66 pst. Tilsvarende del i 2022 var 55 pst.

Budsjett for 2025

Post 01 Driftsutgifter, kan nyttes under kap. 491, post 21

Løyvinga på posten skal dekke utgifter til drift av UNE. I det første halvåret av 2024 var utførte månadsverk i UNE i gjennomsnitt 221 årsverk.

Som følge av prioriteringar blir det foreslått å redusere løyvinga til UNE med 9 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2024.

Det blir foreslått at Justis- og beredskapsdepartementet får fullmakt til å overskride løyvinga

på kap. 491, post 01, mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3491, post 01, jf. forslag til vedtak.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 287 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling mv., kan nyttes under kap. 491, post 01

Løyvinga på posten skal i første rekkje dekke utgifter i samband med avvikling av nemndmøte. Det er den enkelte nemndleiaren som, ut frå regelverket, avgjer om det skal setjast nemnd i den enkelte saka. Nemndutgiftene omfattar bl.a. godtgjersle for reise og opphald for nemndmedlemmer og tolkar, opplæring av nye nemndmedlemmer og reise- og opphaldsutgifter for advokatar og klagarar.

Posten skal òg dekke sakskostnadene til klagarane ut frå forvaltningslova § 36 og i tillegg reise- og opphaldsutgifter for sakføraren i samband med tvunge verneting for utlendingssaker.

Samla foreslår regjeringa ei løyving på posten på 7,7 mill. kroner.

Del III
Særlege tema

3 FNs berekraftsmål – rapportering

Agenda 2030 med FNs berekraftsmål vart vedteken av FN i 2015. Berekraftsmåla består av 17 hovudmål og 169 delmål og utgjer arbeidsplanen til FN for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Måla er universelle, dvs. at alle land har ansvar for å følgje opp måla nasjonalt. Måla skal fungere som ei felles global retning for statar, næringsliv og sivilsamfunn.

Kommunal- og distriktsdepartementet koordinerer arbeidet med nasjonal oppfølging av berekraftsmåla. I juni 2021 la regjeringa Solberg fram Meld. St. 40 (2020–2021) *Mål med mening. Norges handlingsplan for å nå bærekraftsmålene innen 2030*. Justis- og beredskapsdepartementet har det nasjonale koordineringsansvaret for hovudmål 16: fremme fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå. Justis- og beredskapsdepartementet har òg ansvar for oppfølging av tiltak innanfor delmål under hovudmål 10: redusere ulikskap i og mellom land, og hovudmål 5: oppnå likestilling og styrke stillinga for jenter og kvinner i samfunnet. Justis- og beredskapsdepartementet rapporterer nedanfor på relevante delmål.

10. Redusere ulikskap i og mellom land

Delmål 10.7: Leggje til rette for migrasjon og mobilitet i ordna, trygge, regelbundne og ansvarlege former, blant anna ved å gjennomføre ein planmessig og godt forvalta migrasjonspolitik

Noreg har ei velfungerande migrasjonsforvaltning som fortløpande arbeider for ein tilpassa respons på utfordringar på migrasjonsfeltet.

Det er positivt at EU har lukkast med å få til ei semje om pakta for migrasjon og asyl, som utgjer ei omfattande og samla reform av EUs asyl- og migrasjonsregelverk. Sentrale formål med dei nye reglane har vore å balansere ansvaret til medlemsstatane og den gjensidige solidariteten for behandling av asylsøknader og å sikre ei effektivi-

sering og styrking av yttergrensekontrollen. Delar av regelverkspakka vil vere bindande for Noreg gjennom tilknytingsavtalane våre med EU.

Regjeringa vil halde fram med arbeidet med å byggje opp ein solidaritetsnett i utviklingsbudsjettet for å betre forholda for menneske på flukt og for lokalsamfunna som tek imot mange flyktningar og fordrivne. Regjeringa vil òg halde fram med samarbeidet med EU og europeiske land om handtering av migrasjon. Blant anna skjer dette ved at Noreg gjennom EØS-midlane bidrar til å styrke asyl- og migrasjonsforvaltninga i land som Hellas, Romania og Bulgaria. I tillegg bidrar Noreg ved å sende ut ekspertar gjennom asylbyrået EUAA og grense- og kystvaktbyrået Frontex. Sjå òg omtalen av solidaritetsnetten og EØS-midlane i Prop. 1 S (2023–2024) for Utanriksdepartementet.

5. Oppnå likestilling og styrke stillinga for jenter og kvinner i samfunnet

Delmål 5.2: Avskaffe alle former for vald mot alle jenter og kvinner, både i offentleg og privat sfære, inkludert menneskehandel, seksuell utnytting og andre former for utnytting

Kvinner blir i større grad enn menn utsette for alvorleg fysisk vald i nære relasjonar, seksuell trakassering, valdtekt, negativ sosial kontroll, kjønnslemlesting og tvangsekteskap. Valdtektsutvalet si utgreiing (NOU 2024: 4 *Voldtekt – et uløst samfunnsproblem*) vart overlevert i mars 2024 og har vore på brei offentleg høyring. I desember 2023 la regjeringa fram ein opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar. Gjennom tiltak i planen blir det lagt til rette for å styrke den førebyggjande innsatsen, avdekke fleire saker, følgje opp valdsutsette på ein betre måte og styrke samarbeidet mellom tenestene. Planen inneheld ein eigen samisk del. For å styrke kunnskapsgrunnlaget om vald i nære relasjonar arbeider regjeringa med å etablere ein partnar-drapskommisjon med sikte på oppstart ved årsskiftet 2024–2025.

16. Fremme fredelege og inkluderande samfunn for å sikre berekraftig utvikling, sørge for tilgang til rettsvern for alle og byggje velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå

Delmål 16.1: Vesentleg redusere vald i alle former og dødsfall som skriv seg frå vald, i heile verda

Nasjonalt: Drapsraten i Noreg ligg stabilt på rundt 0,5 drap per 100 000 innbyggjarar. I 2023 vart det utført 38 drap i Noreg. 17 av offera var partner/ekspartner, kjæraste eller tidlegare kjæraste til gjerningspersonen. Andelen drepne i ein slik relasjon utgjorde 45 pst. av sakene i 2023 og det er det høgaste i siste tiårsperiode. Dei fleste drepne i denne gruppa er kvinner. I utgreiinga NOU 2020: *17 Varslede drap?* fremma partnardsutvalet ei rekkje tilrådingar som regjeringa følgjer opp. Ein permanent kommisjon vil bli sett ned ved årsskiftet 2024–2025. Formålet med kommisjonen skal vere å redusere førekomsten av alvorlege partnarvaldssaker, avdekke systemvikt, lære av feil og vidareutvikle arbeidet med å førebyggje alvorleg partnarvald og partnardsrap. I Noreg har vi sett ein generell nedgang i den registrerte kriminaliteten over fleire år. Innbyggjarane opplever òg at det er trygt å bu i Noreg. Fleire kvinner enn menn er urolege for vald eller truslar på bustaden. Vald og seksuallovbrot held fram med å vere ei betydeleg utfordring. Regjeringa har lagt fram ein opptrappingsplan for å førebyggje og motarbeide vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar for perioden 2024–2028.

Delmål 16.2: Stanse overgrep, utnytting, menneskehandel og alle former for vald og tortur mot barn

Nasjonalt: Regjeringa avgjorde i juni 2024 at det skal lagast ein nasjonal strategi mot menneskehandel. Formålet med strategien er å oppnå betre samordning og koordinering på strategisk nivå og å gi meir føreseieleg bistand til offer for utnytting. Justis- og beredskapsdepartementet forvaltar ei tilskotsordning på prostitusjons- og menneskehandelsfeltet.

Internasjonalt: Noreg støttar arbeidet mot vald og overgrep mot barn gjennom Unicef og FN sin spesialrepresentant for nedkjemping av vald mot barn. I 2020 vart arbeidet med å førebyggje og oppklare straffesaker om seksualrelatert kriminalitet mot barn og unge styrkt med ei politiuitsending ved ambassaden i Manila. Vern mot seksuali-

sert og kjønnsbasert vald, spesielt vald mot kvinner og jenter, er høgt prioritert i den humanitære strategien til Noreg.

16.3) Fremme rettsstaten nasjonalt og internasjonalt og sikre likskap for lova, rettstryggleik og rettsvern for alle

Nasjonalt: Rettshjelplova med forskrifter gir reglar for offentleg stønad til rettshjelp for dei som har behov for rettshjelp. I nokre sakstypar har søkaren krav på rettshjelp utan omsyn til inntekt og formue. I andre sakstypar er det berre søkarar med inntekt og formue opp til eit visst nivå som kan få stønad til rettshjelp. I tillegg er tilskotsordninga for frivillige rettshjelpstiltak ei ordning som er retta mot utsette grupper og menneske som er i ein spesielt vanskeleg situasjon, og som kan oppfatte det som at terskelen for å oppsøke ordinær juridisk hjelp er høg.

Inntektsgrensene for behovsprøvd rettshjelp vart oppjusterte i både 2022 og 2023. Grensene for formue vart òg oppjusterte i 2023. *Lov 20. desember 2023 nr. 109 om endringar i rettshjelploven (ny modell for økonomisk behovsprøving)* vart vedteken av Stortinget i desember 2023. Departementet tek sikte på at den nye modellen for behovsprøvd rettshjelp vil tre i kraft i løpet av 2025. Den nye modellen inneber blant anna nye kriterium for behovsprøvinga for når det blir innvilga rettshjelp. I staden for separate krav til inntekt og formue skal det bli teke utgangspunkt i den samla betalingssevna til søkaren. Det blir vidare innført prosentvise eigendelar som blir fastsette på bakgrunn av betalingssevna til søkaren, og som aukar med betalingssevna. Eigendelen blir betalt ut frå dei samla advokatutgiftene i saka. Den nye modellen vil gi vesentleg fleire personar rett til behovsprøvd rettshjelp.

Internasjonalt: Noreg samarbeider med aktørar i sivilt samfunn, som International Commission of Jurists, som fremmar rettstryggleik for menneskerettsforsvararar.

Regjeringa la hausten 2023 fram Noregs femte nasjonale handlingsplan (2023–2030) om kvinner, fred og tryggleik. Handlingsplanen følgjer opp FN's tryggingrådsresolusjon 1325 og andre resolusjonar om kvinner, fred og tryggleik, og dessutan den breiare dagsordenen for kvinner, fred og tryggleik.

Delmål 16.4: Innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon av ulovlege finans- og våpenstraumar, gjere det enklare å spore opp og returnere stolne eigedelar og motarbeide alle former for organisert kriminalitet, og delmål 16.5: Vesentleg redusere korrupsjon og bestikkingar i alle former

Nasjonalt: Dei siste åra har det blitt lagt meir vekt på å hindre og kjempe mot ulovlege pengestraumar. Ny teknologi og nye betalingstenester gjer det vanskelegare å avdekke slik kriminalitet.

I 2022 vart det publisert ei ny nasjonal risikovurdering og eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om kvitvasking og terrorfinansiering. Regjeringa la i mars 2024 fram ei stortingsmelding om økonomisk kriminalitet, som skal bidra til politikktutvikling på området. Viktige formål med meldinga er å betre måloppnåinga til myndigheitene på feltet, innskrenke moglegheitsrommet for dei kriminelle og utnytte dei samla ressursane i samfunnet betre for å sikre ein meir effektiv innsats mot økonomisk kriminalitet. Lov og forskrift om register over reelle rettshavarar er vedtekne, og det blir arbeidd med å skipe registeret.

Sjølv om korrupsjon førekjem i Noreg, har han ikkje vore eit stort samfunnsproblem. Integriteten til institusjonar er verna ved offentleglova, forvaltningslova og spesiallover for dei enkelte institusjonane. Medvitsgjering, transparens, nulltoleranse og straffetrussel kombinert med aktive tilsynsmyndigheiter og effektiv rettshandheving er viktige føresetnader for førebygging og kamp mot korrupsjon i Noreg.

Internasjonalt: Gjennom deltaking i UNODC (FN sitt kontor mot narkotika og kriminalitet), generalforsamlinga i FN, det økonomiske og sosiale rådet til FN (ECOSOC), Financial Action Task Force (FATF), utviklingsbankane, OECD og andre forum arbeider Noreg for å styrke internasjonale normer, standardar og operative tiltak for å førebyggje og nedkjempe korrupsjon, bestikkingar, skatteunndraging, kvitvasking og ulovleg kapitalflyt. Dette gjeld særleg ulovlege finansstraumar i offentlig og privat sektor på tvers av landegrensar. I 2023 deltok Noreg i forhandlingar i FATF om nye internasjonale standardar for å inndra meir utbytte frå kriminalitet. Støtta til fagleg samarbeid for å nedkjempe korrupsjon og fremme godt styresett har auka.

Dei siste åra har Finanstilsynet styrkt tilsynsinnsatsen sin knytt til kvitvaskingsregelverket. Samstundes syner erfaringar frå tilsyn at etterlevinga framleis er mangelfull i mange tilfelle. Etterleving av kvitvaskingsregelverket er blant Finans-

tilsynets særleg prioriterte tilsynsområde i strategiperioden 2023–2026.

Regjeringa la i mars 2024 fram Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles verdier – felles ansvar*. Meldinga og Stortinget si behandling av denne legg grunnlaget for ein styrkt innsats innanfor førebygging og motverking av økonomisk kriminalitet. Etter forslag i Prop. 74 LS (2023–2024) er kvitvaskingslovas verkeområde blitt utvida til òg å gjelde kunsthandlarar og dei som tilbyr særlege tenester for oppbevaring av kunst. Desse lovendingane trer i kraft 1. januar 2025. I tillegg er eit register over reelle rettshavarar oppretta frå 1. oktober 2024. Registreringsplikta vil bli fasa inn fram til 31. juli 2025. Registeret skal betre tilgangen til opplysningar om eigarskap og kontroll i norske føretak og vere et viktig verktøy i kampen mot kvitvasking, terrorfinansiering og annan økonomisk kriminalitet.

Noreg er pådrivar i arbeidet med godt styresett og integritetsbygging mellom anna innanfor NATO samarbeidet og i oppfølging av alliansens nye strategiske konsept. Desse verdiane står sentralt i ein rekke bilaterale prosjekter, og er også er integrert i Nansen-programmet for Ukraina.

Delmål 16a: Styrke relevante nasjonale institusjonar, bl.a. gjennom internasjonalt samarbeid, med sikte på å byggje kapasitet på alle nivå, særleg i utviklingsland, for å førebyggje vald og motarbeide terrorisme og kriminalitet

Nasjonalt: Den reviderte nasjonale kontraterrorstrategien frå 2022 er under oppfølging. Strategien rammar inn det nasjonale arbeidet med å førebyggje, verne mot, avverje og handtere terror i Noreg. Strategien har fem prioriterte tiltak. Blant anna skal det leggjast betre til rette for samhandling på tvers av sektorar i saker der psykiske lidingar og ekstremisme er eller kan vere relevant. Utviklinga på kontraterrorfeltet går raskt. Det skal vurderast om den nasjonale strategien skal gjennomgå ein ny revisjon.

Dei aller fleste tiltaka i den reviderte handlingsplanen mot radikaliserings og valdeleg ekstremisme frå 2020 no følgde opp. Handlingsplanen inneheld bl.a. tiltak for å styrke førstelinja sitt arbeid på feltet. Eventuelle endringar i innretninga av den førebyggjande innsatsen mot radikaliserings og ekstremisme i Noreg vil bli vurderte i arbeidet med den kommande stortingsmeldinga om førebygging av ekstremisme.

Internasjonalt: Norsk politi og anna personell frå justissektoren deltek i internasjonale fredsoperasjonar i land som har behov for støtte til på ny å

opprette ein normal samfunnsstruktur etter krig og konflikt. Norsk politi deltek for tida i FN sine fredsoperasjonar og politiske oppdrag i Sør-Sudan og Colombia. Der bidrar dei til å byggje opp kapasitet i lokalt og nasjonalt politi og dessutan til å verne sivile. Noreg deltok inntil midten av 2022 òg i FN sin operasjon i Mali, der Noreg hadde ansvar for eit spesialisert polititeam som hadde som mål å auke kompetansen til malisk politi på åstadgranskning. Noreg deltok òg med politi i Sudan inntil kamphandlingane braut ut i 2023. Innsatsen har bidratt til å styrke myndigheitene sin kamp mot organisert kriminalitet og terrorisme. Norsk politi bidrar vidare med kurs og instruktørstøtte. Overordna prioriteringar for innsatsen er å bidra til å styrke kvinneandelen, kvinner sine rettar og likestillinga, støtte utviklinga av arbeidsmetodane til FN-politiet og samarbeide med andre land som bidrar.

Noreg bidrar i den internasjonale innsatsen for førebygging og kamp mot valdeleg ekstremisme. I tillegg til å delta i ulike bilaterale samarbeid er Noreg aktiv i fleire internasjonale fora på feltet. Blant anna har Global Counterterrorism Forum (GCTF), som vart etablert i 2011, fungert som ei plattform for strategisk dialog, fagleg utveksling og praktisk samarbeid i innsatsen mot terrorisme. Til saman har forumet 32 medlemmer. Noreg er ikkje medlem, men då det i 2021 vart etablert eit eige initiativ på valdeleg høgreekstremisme, vart Noreg invitert inn som co-lead og innehar dette

vervet saman med USA. Initiativet har hatt som mål å utvikle ein handlingsplan og ei verktøykasse for ein brei innsats mot valdeleg høgreekstremisme. Handlingsplanen vart lansert under FNs høgnivåveke i 2022, og sidan har det blitt halde fleire møte for å synleggjere rammeverket og fremme gjennomføring av tilrådingane.

Noreg deltek vidare i Europarådets kontraterorkomité (CDCT). Dei arbeider blant anna med utvikling og oppfølging av Europarådets kontra-terrorstrategi, og dei arrangerer fagseminar som er relevante for politikktutvikling også nasjonalt. Noreg vil òg samarbeide med EUs Knowledge Hub, ein ny modell for EU som skal samle EUs innsats mot radikaliserings og ekstremisme. Noreg er med i arbeidet som prioritert tredjeland. Noreg er òg med i EU Internet Forum, der fjerning av ekstremistisk innhald på nett er eitt av to hovudtema.

Sidan etableringa i 2015 har Noreg teke del i Nordisk nettverk mot ekstremisme med formål om å tryggje effektiv informasjonsutveksling og erfaringsbasert læring mellom dei nordiske landa. Dette inkluderer utveksling av kunnskap om endringar i trusselbiletet, trendar, førebyggingsmetodar og målretta tiltak. Noreg vil halde fram med å bidra aktivt inn i nettverket. Noreg samarbeider dessutan med Nordic Safe Cities, som arbeider med å styrke lokaldemokrati og førebygging i fleire norske byar.

4 Likestilling og ikkje-diskriminering

4.1 Justis- og beredskapsdepartementet

Tabell 4.1 Oversiktstabell for departementet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K
2024	380	35	65	94,96	–	0,8	–	–
2023	388	35	65	95,71	–	1,3	–	–
2022	376	34	66	96,6	1,6	2,4	–	–
2021	374	37	63	97,7	0,3	1,4	–	–
2020	377	37	63	99,4	0,7	3,0	0,5	4,2
2019 ¹	377	37	63	96,8	1,4	3,8	1,2	4,4

¹ Tala for 2024 er frå DFØ per 1. februar 2024 (toppleiarnivå er ikkje rekna med i lønna til kvinner i pst. av lønna til menn)

Tabell 4.2 Fordeling av stillingar 2023 og 2024

	Februar 2023		Februar 2024	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Departementsråd og ekspedisjonssjef	3	7	3	7
Avdelingsdirektør	23	16	24	14
Seksjonssjef	2	1	3	2
Fagdirektør	31	20	30	19
Underdirektør	1		1	
Spesialrådgivar	1	5	1	6
Lovrådgivar	14	5	13	5
Prosjektleiar	1	1	1	1
Utgreiingsleiar	51	9	53	14
Seniorrådgivar	71	46	71	40
Rådgivar	39	23	38	22
Seniorkonsulent	7		5	
Førstekonsulent	4	4	1	4
Konsulent/spesialbibliotekar	3		1	1
Sum	251	137	246	134

Talet inkluderer både tilsette lønte på kap. 400 og dei som er lønte over andre kapittel under Justis- og beredskapsdepartementet. DFØ per 1. februar 2023 og 2024.

Oversikta viser at delen av kvinner i departementet er stabil og er på 65 pst. i 2023 (lik 2022). Delen kvinner på mellomleiarnivå er òg stabil. På det høgaste leiarnivået er kvinner framleis underrepresenterte, med 3 kvinner mot 7 menn. I stillingar som fagdirektør er delen kvinner 61 pst., som er det same som i 2023.

Departementet har fleire kvinner enn menn i saksbehandlarstillingar som seniorrådgivar og

rådgivar. Hos dei som har stillingskoden utgreiingsleiar, er det framleis stor overvekt av kvinner: 79 pst. Blant seniorrådgivarar er delen kvinner 64 pst. i 2023 og delen har auka frå 61pst. i 2022. Delen kvinnelege rådgivarar er 63 pst. i 2023 det same som i 2022. Departementet har berre 5 førstekonsulentar, der 1 er kvinne. Dette kjem av at departementet tilset nyutdanna akademikarar som rådgivarar.

Tabell 4.3 Lønn (i 1 000 kroner)

	Februar 2023		Februar 2024	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Departementsråd og ekspedisjonssjef	1 674	1 500	1 805	1 572
Avdelingsdirektør	1 135	1 095	1 189	1 146
Seksjonssjef	889	890	970	1 073
Fagdirektør	898	888	965	951
Underdirektør	840		902	
Spesialrådgivar	1 158	1 328	1 245	1 266
Lovrådgivar	973	1 005	1 082	1 103
Prosjektleiar	1 007	1 426	1 048	1 250
Utgreiingsleiar	790	813	861	857
Seniorrådgivar	719	768	773	814
Rådgivar	619	598	656	655
Seniorkonsulent	630		704	
Førstekonsulent	563	537	536	578

DFØ per 1. februar 2023 og 1. februar 2024.

Skilnadene i lønn på toppleiarnivå er i nokon grad knytte til tyngda til stillinga, dvs. ansvar, omfang og kompleksitet, jf. leiarlønnssystemet.

Justis- og beredskapsdepartementet er oppteke av å ha mest mogleg lik kjønnsbalanse i alle stillingar og lik lønn for samanliknbare stillingar.

Det er berre kvinner som arbeider deltid. Bruk av deltid er i stor grad knytt til omsorgspermisjonar. Det legemelde sjukefråværet er 3,3 pst. samla for kvinner og menn.

Ved tilsetjingar i ledige stillingar skal minst éin kvalifisert søkar med minoritetsbakgrunn, éin med nedsett funksjonsevne eller éin med hol i CV-en kallast inn til intervju. Dette skal omtalast i innstillinga.

Sjølv om inkluderingsdugnaden ikkje gjeld lenger, held arbeidet med å byggje ein organisa-

sjonskultur som fremmar og anerkjenner mangfald, fram.

Justis- og beredskapsdepartementet samarbeider med representantane til dei tilsette i det løpande arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering i departementet. Det er fastsett i lønnspolitikken til departementet at ein ikkje skal ha ugrunna skilnader i lønn. Likestillingsperspektivet skal takast omsyn til både ved tilsetjingane og ved forhandlingane om lønn, og alle tilsette skal ha lik moglegheit for utvikling i lønn. Når det blir forhandla om lønn, kartlegg departementet lønn bl.a. fordelt etter kjønn. Likestilling er vidare omtalt i tilpassingsavtalen til Hovudavtalen i staten. Departementet gjennomfører jamleg ein ROS-analyse på likestillings- og diskrimineringsfeltet i samarbeid med representantane til dei tilsette, inkludert arbeidsmiljøutvalet. På bakgrunn

av analysen blir det fastsett konkrete tiltak i samarbeid med representantane. Etter samarbeid med vernetenesta og representantane til dei tilsette er det utarbeida ei mangfaldssatsing for 2024.

Departementet gjennomfører årlege ROS-analysar på HMS-området for å undersøke det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet i verksemda, medrekna risikoen for mobbing og trakassering. Medarbeidarundersøkingar der slike spørsmål og blir tekne opp, blir gjennomførte jamleg.

4.2 Domstoladministrasjonen

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	1973		36,7	63,3	78,7	2	7,4	12
2022	2 081	36,9	63,1	76,6	3,2	7,7	13,7	13,2	2,2	5,2
2021	2 078	36,7	63,3	74,5	2,9	8,5	11,2	13,8	2,4	4,9
2020	2 062	37,2	62,8	74,2	2,6	9,4	11,2	12,1	2,2	4,5
2019	2 002	36,3	63,7	73,9	3,3	10,3	9,0	10,0	2,2	4,8
2018	2 048	36,2	63,8	72,4	2,9	10,9	8,3	8,6	2,1	4,6
2017	2 073	36,5	63,5	71,3	2,8	12,2	7,7	7,0	2,1	4,8

Per 31. desember 2023 var det 1 973 tilsette i domstolane. Dette svarte til 1 935 årsverk. Det er ei overvekt av kvinnelege tilsette i Domstoladministrasjonen og i domstolane. Dette kjem i hovudsak av at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, som utgjer om lag halvparten av talet på medarbeidarar i domstolane. Utskiftinga i administrative stillingar i domstolane er relativt låg. Domstolane prioriterer balansert kjønnsfordeling i arbeidet med rekrutterings- og personalpolitikken. Bruken av deltidstillingar er stabil og

følgjer hovudsakleg av ønska til dei tilsette om redusert stilling i ein periode.

Av statistikken ser det ut som at bruken av mellombelse stillingar samla sett har minka noko i 2023.

Det legemelde sjuke fråværet er stabilt og lågt, men har auka noko i 2023. Lønsskilnadene mellom kvinner og menn må sjåast i samanheng med at kvinner er overrepresenterte i saksbehandlarstillingar, og at menn er overrepresenterte i dommarstillingar, som er vesentleg høgare lønte.

4.3 Kriminalomsorga

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	4872		52	48	99	3	9	1
2022	4 838	52	48	99	3	10	1	4	10,04	7,33
2021	4 934	53	47	98	4	10	2	5	9,57	6,49
2020	4 898	54	46	98	4	10	2	4	8,21	5,77
2019	5 010	55	45	99	6	10	5	5	8,85	5,46
2018	5 130	55	45	99	7	13	9	9		

Talet på tilsette omfattar òg aspirantar ved Høgskolen og utdanningssenteret for kriminalomsorga KRUS. I tala på lønn, deltid og mellombelse stillingar er aspirantar haldne utanfor.

Kjønnsfordelinga blant tilsette i kriminalomsorga var 48 pst. kvinner og 52 pst. menn i 2023. Dette er det same som i 2022. Det er fleire kvinner enn menn som arbeider deltid. Dei deltidstilsette utgjer om lag 6 pst. av dei tilsette. Delen tilsette i mellombelse stillingar auka i åra fram til 2015, men har gått ned dei siste åra. Den gjennomsnittlege månadslønna til kvinner utgjer om lag 99 pst. av lønna til menn. Kjønnsfordelinga blant aspirantar ved KRUS ved oppstart hausten 2023 var tilnærma 50 pst for kvinner og menn.

Kriminalomsorga har utarbeidd ein handlingsplan for likestilling og mangfald for 2023–2026. Kriminalomsorga legg vekt på balansert kjønnsfordeling ved tilsetjingar.

Kriminalomsorga har som mål å auke mangfaldet blant dei tilsette i etaten. KDI har eit mål om at minst 10 pst. av aspirantane skal ha ein slik kompetanse. I 2023 hadde om lag 11 pst. av aspirantane ved KRUS ein annan kultur- og språkkompetanse enn norsk og engelsk. Rekrutteringa av personar med hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne er låg. Det kjem bl.a. av at ein stor del av stillingane i kriminalomsorga krev etatsutdanning og har krav knytte til helse, fysikk og uttømmende politiattest.

Sjukefråværet i kriminalomsorga viser ei negativ utvikling over tid, men etaten arbeider med å snu utviklinga. Kriminalomsorgsdirektoratet (KDI) har bl.a. sett i gang eit sjukefråværsprosjekt i 2023. Prosjektet har som mål å skape eit trygt arbeidsmiljø med engasjement og arbeidsglede og gjennom dette redusere sjukefråværet.

4.4 Konfliktrådet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	129		29	71	97,6	3	0	5
2022	135	28	72	96,2	3	2	11	7	5,8	8,5
2021	148	28	72	96,6	4	9	20,1	16	3	6,4
2020	143	29	71	99,0	4,8	3,0	11,9	9,9	3,1	7,3
2019	142	41	59	101,2	0	3,5	5,6	9,8	3,1	3,6
2018	128	29	71	102,6	0	11	27,0	15,0	8,2	2,9

Per 31. desember 2023 utgjorde bemanninga i konfliktrådet 128,6 årsverk, med 129 tilsette. Sekretariatet for konfliktråda (Sfk) har ein kvinneleg direktør. I leiargruppa til Sfk er det ein mann og tre kvinner. Av elleve konfliktrådsleiarar var det sju kvinner og fire menn ved årsskiftet. Sfk har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane speglar mangfaldet i befolkninga med tanke på kjønn, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Dette blir spegla i stillingsannonsane til verksemda. Menn har blitt oppmoda om å søke ved nokre rekrutteringar for å fremme likestilling blant kjønna, då kvinner er overrepresenterte blant dei tilsette.

Leiaropplæringa har hatt fokus bl.a. på mangfald og inkludering ved rekruttering. Som offentlig myndigheit arbeider konfliktrådet for at det

skal vere god og lett tilgang til tenestene for alle innbyggjarar uansett alder, etnisitet, bakgrunn og geografisk plassering. Dette blir bl.a. gjort gjennom mangfaldsrekruttering av meklarar, gjennom rettleiing og opplæring av meklarar og gjennom representasjon i kommunikasjonsmaterialet som verksemda lagar for brukarane. I 2023 har konfliktrådet bl.a. sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som har utarbeidd ein retningsgivande og forpliktande handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald. Målsetjinga er å auke delen av tilsette med minoritetsbakgrunn og å bidra til ei positiv utvikling i talet på tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetting. Lønnspolitikken til organisasjonen tek òg omsyn til likebehandling mellom kjønna, og det er etablert etiske retningslinjer som bidrar til å motarbeide diskriminering.

4.5 Politiet

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K	kvinner i pst. av lønna til menn	M	K	M	K	M	K
2023	19 063	52	48	95,1	1,5	6,7	2,7	4,1	3,2	6,9
2022	19 377	52	48	95,0	1,6	7,2	4,3	6,0	3,0	6,4
2021	18 920	53	47	97,5	1,2	5	4,6	5,2	2,7	6,1
2020	18 540	54	46	97	0,8	4,9	4,3	4,7	2,6	5,8
2019	17 758	54	46	96,7	1,0	5,5	1,8	2,4	2,6	5,8
2018	17 626	54	46	96,3	0,9	6,0	2,3	3,2	2,6	5,7

Tabellen omfattar Politidirektoratet og alle underliggjande einingar og er basert på data frå personal- og lønssystemet i etaten. Tala omfattar ikkje timelønnte medarbeidarar, medarbeidarar på pensjonistvilkår, eksterne, medarbeidarar i permisjon utan lønn eller tilsette i Politiets tryggingsteneste (PST).

Talet på tilsette: talet på tilsette som får lønn inkl. medarbeidarar i foreldrepermisjon (ikkje årsverk).

Kjønnsbalanse: prosent av tilsette som får lønn, inkl. medarbeidarar i foreldrepermisjon (ikkje årsverk).

Lønn: berekna av gjennomsnittleg grunnlønn pluss faste tillegg per måned for alle tilsette. Lønn for deltidstilsette er omrekna tilsvarende 100-pst.-stilling. Tal frå før 2022 er ikkje direkte samanliknbare då faste tillegg ikkje var medrekna.

Deltid: Tal for tidlegare år er ikkje direkte samanliknbare som følgje av at det frå 2022 også er teke med medarbeidarar i ulike delvise permisjonar.

Kvinner ligg noko under menn i gjennomsnittleg lønn. Tala for 2022 og 2023 er inkludert faste tillegg og er derfor ikkje samanliknbare med tidlegare år. Lønsskilnader kan kanskje forklarast ut frå variablar som ansiennitet, arbeidsoppgåver, gjennomtrekk og at det er fleire menn i leiarstillingar. Det er behov for gode analysar for å kunne fastslå årsakene. Det er godt kjent at det er kjønnskilnader innan ulike fagområde i politiet, til dømes at det er ei overvekt av kvinner som job-

bar med vald og seksuelle overgrep, og ei overvekt av menn i operative stillingar. Framover vil ein jobba med å kartleggje dette ved å sjå nærare på lønsskilnader i arbeid av lik verdi.

Delen av kvinner på Politihøgskolen har gått noko ned i år samanlikna med den historisk høge kvinneandelen i 2021 på nær 60 pst. Generelt sett er det slik at kvinner har betre karakterar og dermed høgare poengsummar enn menn, og når poenggrensene stig, gjer ofte delen av kvinner det

øg. Målet bør vere så jamn kjønnsfordeling som mogleg.

God kjønnsbalanse på Politihøgskolen vil bidra til fleire kvinnelege leiarar i etaten på sikt. For å få fleire kvinner til å satse på leing er det viktig med gode rollemodellar. Delen kvinnelege toppleiarar i distrikta per 31. desember 2023 var 41 pst. I den overordna planen for kjønnsbalanse i leiarstillingar var det sett mål om 30 pst. kvinnelege leiarar i politistillingar og 40 pst. kvinnelege leiarar totalt innan 2022. Innan 2027 er målet 40 pst. kvinner i politileiarstillingar. Eit resultat av dette arbeidet er ein jamn auke av kvinner i leiarstillingar dei siste åra. Per 31. desember 2023 var delen kvinnelege leiarar totalt 39 pst., medan delen i politistillingar var 27 pst., opp frå 16 pst. i 2015.

Det legemelde sjukefråværet i 2023 har auka noko til om lag 3,2 pst. for menn og 6,9 pst. for kvinner.

Politiet er ei stor og variert verksemd og jobbar med mangfald og likestilling innanfor mange ulike fagfelt, både for å levere betre tenester til innbyggjarane og for å ta vare på dei tilsette.

Mangfold, dialog og tillit: Handlingsplan for arbeidet til politiet (2022–2025) er ei tydeleg satsing på mangfaldsfeltet i politiet. Planen inkluderer arbeidet med mangfald, dialog og tillit i brei forstand. Planen dekkjer både det interne arbeidet som er retta mot politiet som organisasjon, og det eksterne arbeidet som handlar om korleis politiet løysar oppgåvene sine og møter innbyggjarane på ulike arenaer. Det er lagt særleg vekt på tiltak som rettar seg mot etniske og religiøse minoritetar, personar med innvandrarbakgrunn, personar som bryt med normer for kjønn og seksualitet (LHBT+), og personar med nedsett funksjonsevne.

Det er sett i gang ei rekkje tiltak og aktivitetar nasjonalt, bl.a. for å leggje betre til rette for informasjon på ulike språk, auke kompetansen og kunnskapen om samisk språk og kultur, få betre kunnskap om nasjonale minoritetar i Noreg generelt, heve kompetansen om kjønns- og seksualitetsmangfald (LHBT+), styrke kompetansen om hatkriminalitet og forbetre dialogen, kommunikasjonen og konflikthandteringa i møte med etniske og religiøse minoritetar.

4.6 Den høgare påtalemakta

År	Talet på tilsette	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	230		37,4	62,6	75,6	0	6,9	19,8
2022	223	36,8	63,2	75,9	0	7,1	22,0	14,2	1,45	4,21
2021	217	37,3	62,7	72,5	1,2	7,4	14,8	13,2	0,0	5,6
2020	216	37	63	70,4	1,3	9,6	16,3	16,9	1,1	4,2
2019	209	37,3	62,7	68,6	2,6	9,9	12,8	12,2	2,7	2,2
2018	204	37,7	62,3	67,5	1,3	9,4	13	13,4	2,1	3,4

Stillingskategoriane i Den høgare påtalemakta er embetsmenn og administrativt tilsette. Lønna til embetsmennene er høgare enn lønna til administrativt tilsette. Vidare er dei fleste av dei administrativt tilsette kvinner, noko som gjer at lønna til kvinner i prosent av lønna til menn verkar som låg når begge stillingskategoriane blir slått saman.

Stillingskategorien embetsmenn omfattar riksadvokaten, assisterande riksadvokat, førstestatsadvokatar og statsadvokatar. Blant statsadvokataner er det 47,2 pst. kvinner og 52,8 pst. menn.

Det blir praktisert likelønn i denne stillingskategorien, og lønna til kvinner er 99,7 pst. av lønna til menn. Det er framleis flest menn som er førstestatsadvokatar/embetsleiarar.

Trenden er likevel ei utjamning i kjønnsbalansen. Av dei statsadvokataner som no går av med pensjon, er det flest menn, og nye tilsetjingar er meir balanserte med omsyn til kjønn. Frå 2018 til 2023 har talet på kvinnelege embetsleiarar auka frå ein til fem. I denne stillingskategorien utgjer lønna til kvinner 99 pst. av lønna til menn. Ved

Riksadvokatembetet er 40% av leiarane kvinner og ti av elleve kontorsjefar ved statsadvokatembetane er kvinner.

4.7 Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	681		57,3	42,7	98,3	2,3	3,3	2,1
2022	662	57,9	42,1	98,1	1,8	3	6,4	2,8	3,2	6,7
2021	641	56,4	43,6	96,4	4,6	10,6	1,6	4,2	2,8	4,9
2020	631	56,1	43,9	94,5	3,1	12,3	0,5	1,5	3,1	4,5
2019	661	55,8	44,2	95,6	1,5	6,2	3,2	2,2	2,4	4,3
2018	667	56,4	43,6	94,1	2,2	8,7	1,9	1,3	2,9	5,5

Blant leiarar i Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) i 2023 utgjer kvinner totalt 36 pst., mot 35 pst. i 2022. Det er i dag stor skilnad innanfor dei ulike leiarnivåa, med 70 pst. kvinne- del på direktørnivå, mot 31 pst. kvinne- del i mellomleiarsjiktet. I mellomleiarsjiktet finn vi bl.a. dei tradisjonelt mannsdominerte delane av verksemda med sivilforsvarsdistrikt og regionskontor innanfor eltryggleik. Her er berre 3 av 25 leiarar kvinner, og rekrutteringsgrunnlaget består i hovudsak av menn. DSB jobbar for likestilling og

ei balansert kjønnsamansetjing gjennom rekrutteringsprosessar, og direktoratet legg særleg vekt på at utlysingstekstane skal formast ut slik at verksemda kan tiltrekkje seg begge kjønn og samstundes stimulere til betre mangfald i verksemda. DSB arbeider for likelønn mellom kjønna og for å redusere uønskete skilnader i lønn mellom nytilsette og tilsette som har arbeidd i DSB i fleire år. Likelønnsprinsippet er nedfelt i DSB sitt lønnspolitiske dokument.

4.8 Sivil klareringsmyndigheit (SKM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønn til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombels stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	54		35,2	64,8	95,0	0	0	0
2022	50	36,0	64,0	97,1	0	0	2,0	6,0	0,08	3,91
2021	42	33,3	66,7	90,2	0	0	0	3,6	0,00	2,51
2020	34	35,3	64,7	89,2	0	0	8,8	5,9	0,01	2,88
2019	33	30,3	69,7	88,7	0	0	6,1	0	0,41	1,27
2018	27	33,3	66,7	86,4	0	0	11,0	4,0	0,10	0,75

Sivil klareringsmyndigheit (SKM) har i åra fram til 2022 redusert lønnskilnaden mellom kvinner

og menn, men i 2023 auka skilnaden litt igjen. Lønna til kvinner utgjorde då 95,0 pst. av lønna til

menn, samanlikna med 97,1 pst. det føregåande året. Det har skjedd endringar innanfor ulike stillingskategoriar, men det er ikkje avdekt usaklege lønnskilnader mellom kjønna.

Gjennom året har SKM halde kjønnsbalansen i leiargruppa ved lag, med to kvinner og to menn.

Verksemda hadde per 31. desember 2023 64,8 pst. kvinner og 35,2 pst. menn, ein nedgang for menn på 0,8 pst. frå det føregåande året. Sjukefråværet gjekk ned i 2023, men det var ein svak auke i legemeldt fråvær for menn. SKM er ei til dels lita verksemd i tal på tilsette, og ei endring i tilsetjingsforhold eller sjukefråvær for éin tilsett vil kunne gi utslag på kjønnsstatistikken som vist.

I utlysingstekstane har verksemda alltid med ei mangfaldserklæring, men SKM har ikkje aktivt

oppfordra kandidatar av eit bestemt kjønn til å søke. Kjønnsbalanse har likevel vore eitt av fleire element som har vore vurderte i rekrutteringsprosessane.

I lønnspolitikken til verksemda er det eit mål at tilsette skal få lik lønn for arbeid av lik verdi, og at kvinner og menn skal ha lik lønnsutvikling. Lønns- og personalpolitikken skal medverke til at alle arbeidstakarar har moglegheit for karriereutvikling, uavhengig av kjønn. Samstundes skal lønn og stillingskode spegle innhaldet, ansvaret, kompleksiteten og krava til kompetanse og resultat i stillinga.

Likestilling vil vere eit sentralt tema i utviklinga av livsfasepolitikken til SKM.

4.9 Hovudredningssentralen (HRS)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	69	76,8	23,2	83,2	0	0	1,4	1,4
2022	54	75,9	24,1	79,6	0	0	1,9	1,9	1,7	0,8
2021	54	81,5	18,5	76,6	0	0	1,9	1,9	0,9	0,3
2020	53	79,2	20,8	69,3	0	0	0	1,9	1,9	2,5
2019	54	79,7	20,3	73,1	0	0	0	1,9	1	4,2
2018	53	80,9	19,1	75,7	0	0	0	0	2,7	2,5

Ved utgangen av 2023 var seks av sju leiarar ved Hovudredningssentralen menn. Ved nyrekruttering blir kvalifiserte kandidatar med ulik utdanning og arbeids- og livserfaring alltid oppmoda til å søke stillinga, men det blir ikkje praktisert noka form for kvotering. Til stillingane som redningsleiar er det eit krav om såkalla operativ erfaring.

Dette inneber at kandidatane ofte kjem frå mannsdominerte yrke, som Forsvaret, politiet eller sivil luft- og sjøfart. HRS har ei forventning om at prosentdelen kvalifiserte kvinnelege søkarar vil auke i takt med at kvinneprosenten aukar i dei nemnde sektorane.

4.10 Nasjonalt tryggingsorgan (NSM)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	379		62,5	37,5	96,2	2,1	2,8	5,1
2022	360	65,2	34,7	94,8	5,3	2,2	10,6	8,8	1,7	3,9
2021	322	66,1	33,9	93,3	2,9	3,4	12,0	15,2	1,9	4,3
2020	297	64,8	35,2	92,1	4,7	1,7	4,4	3,8	1,81	5,57
2019	295	68,1	31,9	92,3	4,7	1,3	2,1	2,5	3,55	8,33
2018	289	68,5	31,5	94,3	2,4	2,4	2,8	3,5	3,0	7,5

Ved utgangen av 2023 var 37,5 pst. av dei tilsette i Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) kvinner. Det er ei betring frå 2022 på 2,8 prosentpoeng. I leiargruppa (direktør, assisterande direktør og avdelingsdirektørar) var det 60 pst. menn og 40 pst. kvinner ved utgangen av året. Av alle leiarar i NSM var 35 pst. kvinner og 65 pst. menn.

NSM har som målsetjing å vere ein attraktiv arbeidsgivar for begge kjønn. Dette kan først og fremst bli påverka gjennom rekrutteringsprosene. NSM er oppteken av å ha personalgodar som er kjønnsnøytrale, og som appellerer til begge kjønn. Sjølv om NSM i rekrutteringsprosene legg kvalifikasjonsprinsippet til grunn, som inneber at den best kvalifiserte kandidaten skal tilsetjast i kvar rekrutteringsprosess, vil ein kvinneleg søkar ofte bli innstilt før den mannlege dersom dei begge har dei same kvalifikasjonane og er vurdert jamstilte. Dette blir gjort for å oppnå ei jamnare kjønnsamansetjing i den enkelte seksjonen

eller eininga. I fleire utlysingstekstar oppmodar NSM kvinner til å søke. Kvalifiserte kvinnelege søkarar skal alltid bli inviterte til intervju. NSM er spesielt merksam på dette ved utlysing av tekniske stillingar, meir spesifikt for stillingar innanfor IKT-tryggleik. I andre fagmiljø er kjønnsamansetjinga jamn, og i enkelte miljø er kvinneandelen høg. I profilering eksternt opp mot blant anna høgskular, universitet og media ser NSM at det er viktig at begge kjønn er representerte.

NSM jobbar for likelønn mellom kjønna og har det som eit spesifikt mål i lønnsoppgjeret. Ein av grunnane til at menn tener meir enn kvinner i NSM, er at menn dominerer i enkelte tekniske fagmiljø. Det har vist seg at det kan vere vanskeleg å rekruttere og behalde tilsette i desse miljøa, noko som medfører at lønningane er høgare der enn i andre delar av verksemda. Dette gir utslag på lønnsstatistikken.

4.11 Spesialeininga for politisaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	44		43,2	56,8	96,1	0	2,3	0
2022	44	43,2	56,8	96,4	0	4,5	0	2,3	1,2	2,6
2021	44	45,5	54,5	96,4	0	4,5	4,5	2,3	0,6	7,0
2020	42	42	57,1	95	0	0	7,1	7,1	1,5	1,6
2019	39	41	59	96	0	0	5,1	5,1	2,1	3,7
2018	36	41,7	58,3	86	0	0	0	2,8	1,4	6,6

Spesialeininga for politisaker hadde per 31. desember 2023 44 faste stillingar. Det er fleire kvinnelege enn mannlege tilsette i eininga , og kjønnsbalansen har vore stabil opp gjennom åra. I tillegg har eininga oppnemnt fem advokatar på verv (to kvinner og tre menn). Delen deltidstilsette har nærare halvert seg og sjukefráværet er betydeleg lågare samanlikna med tidlegare år. Lei-

inga består av tre menn (50 pst.) og tre kvinner (50 pst.). Personell blir likt lønt i dei enkelte stillingskategoriane uavhengig av kjønn. Årsaka til at statistikken viser noko lågare lønn på kvinner, er at dei lågast lønte stillingane for verksemda (administrasjon) i stor grad har kvinnelege tilsette.

Talet på årsverk er 42.

4.12 Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	16		12,5	87,5	125,5	0	18,75	0
2022	14	14	86	92	0	21,4	0	0		1,33
2021	16	19	81	100	0	19	6,25	12,5		1,49
2020	14	14	86	89	0	21	0	21		1,31
2019	13	23	77	98	7,7	23	0	7,7	0	2,9
2018	12	25	75	100	0	8	8	16,6	0	2,8

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker hadde per 31. desember 2023 16 tilsette. Dette utgjorde 12,5 årsverk. Kjønnsfordelinga i sekretariatet i 2023 har vore 87,5 pst. kvinner og 12,5 pst.

menn. Alle leiarstillingane i organisasjonen har kvinnelege tilsette. Staten si målsetjing om å oppnå ein kvinneandel i leiarstillingane på 40 pst. er dermed oppfylt for sekretariatet sin del.

4.13 Statens sivilrettsforvaltning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	82		32	68	106	0	7,1	7,7
2022	77	32,5	67,5	103,8	5,1	2,6	1,3	1,3	0	5,6
2021	76	32,9	67,1	103,9	4	3,9	8	7,8	0	4,6
2020	82	34,1	65,9	105,5	0	6,1	7,3	11	0,9	4,8
2019	75	36,5	63,5	104,7	0	10,6	14,8	12,8	0,7	1,6
2018	74	39,2	60,8	97,6	0	13	12,9	13	0,2	3,4

Statens sivilrettsforvaltning hadde per 31. desember 2023 82 tilsette. Dette svarer til om lag 70 årsverk. Delen kvinner og menn var høvesvis 68 og 32 pst. På leiarnivå (direktør og avdelingsdirektør) var kvinnedelen 100 pst.

Statens sivilrettsforvaltning har som mål å ha eit inkluderande arbeidsmiljø der medarbeidarane

speglar mangfaldet i befolkninga og har ein variert erfaringsbakgrunn med omsyn til kjønn, alder, funksjonsevne og etnisk bakgrunn. Desse forholda blir vektlagde i rekrutteringsprosessane i verksemda. Statens sivilrettsforvaltning jobbar kontinuerleg med å auke delen menn i samband med rekruttering.

4.14 Kontoret for valdsoffererstatning

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt frávær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	26		27	73	96,9	0	0	0
2022	25	28	72	95,3	0	0	14	3	1,94	1,96
2021	31	23	77	80,4	0	0	0	3,0	11,1	1,7
2020	32	28	72	83,1	0	0	0	0	1,9	1,5
2019	31	32	68	78	0	0	0	0	0,7	1,3
2018	28	29	71	90	0	0	0	0	0,4	1,7

Kontoret for valdsoffererstatning (KFV) hadde per 31. desember 2023 26 tilsette. Dette svarer til om lag 25 årsverk. Kontoret for valdsoffererstatning har alltid hatt ein stor del kvinnelege tilsette. KFV har forsøkt å betre kjønnsbalansen, men dei opplever at det er få menn som søker på stillingane som blir lyste ut. Årsaka til at gjennomsnittleg lønn for kvinner er lågare enn lønna til menn,

er at ein stor del av dei tilsette kvinnene er nyutdanna og har kort ansiennitet. Per 31. desember 2023 var to av tre personar i leiargruppa menn, noko som gir stort utslag på lønnsstatistikken.

Det var ein auke i sjukefráværet ved KFV i 2023. Auken kjem av auka langtids sjukefrávær, men korttidsfráværet gjekk ned i 2023.

4.15 Utlendingsdirektoratet (UDI)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	1 185		29,7	70,3	93,7	1,6	0,6	1,77
2022	1 136	28,3	71,7	92,0	3,7	8,8	1,49	5,37	3,37	5,41
2021	1 027	28,9	71,1	91,7	2,8	3,8	1,94	0,68	5,3	5,0
2020	1 009	29,5	70,5	92,0	2,5	4,0	0,69	0,69	3,0	4,8
2019	1 004	29,3	70,7	90,0	2,6	4,4	0,20	0,10	3,8	5,0
2018	941	30,7	69,3	91,0	2,8	5,4	0,32	0,43	3,0	5,8

Tala for deltid og mellombelse stillingar i 2022 er korrigert samanlikna med Prop. 1 S (2023–2024).

Kjelde: UDI

I arbeidet med å fremme likestilling og hindre diskriminering sette UDI i 2022 ned ei arbeidsgruppe som består av representantar frå arbeidstakarorganisasjonane og frå HR og organisasjon. Gruppa arbeider etter systematikken i likestillings- og diskrimineringslova § 26 andre ledd. Resultatet av arbeidet blir oppsummert i ei årleg utgreiing om likestilling. Utgreiinga er tilgjengeleg på udi.no.

Som offentleg myndigheit har UDI eit særleg ansvar for å ta omsyn til likestilling og ikkje-diskriminering i arbeidet. Dette gjer UDI bl.a. gjennom å jobbe med universell utforming av nettsider og dokument.

UDI sine digitale tenester skal vere lette å finne, lette å forstå og lette å bruke. Uavhengig av føresetnader skal brukarane på ein god og enkel måte kunne nytte seg av både nettsider og automatar. For ei systematisk tilnærming til arbeidet og for å sikre at ein følgjer dei styringssignala, lovkrava og standardane som gjeld, har UDI laga ein handlingsplan for universell utforming av IT. UDI stiller bl.a. systematisk krav til universell utforming av tenester i alle digitale utviklingsprosjekt, og brukskvaliteten på dei digitale tenestene blir testa periodisk.

4.16 Utlendingsnemnda (UNE)

År	N	Kjønnsbalanse (pst.)		Lønna til kvinner i pst. av lønna til menn	Deltid (pst.)		Mellombelse stillingar (pst.)		Legemeldt fråvær (pst.)	
		M	K		M	K	M	K	M	K
		2023	256		30,1	69,9	96,2	3,8	2,8	0
2022	248	33,5	66,5	94,3	1,2	2,4	0,6	2,4	2,7	5,6
2021	226	33,6	66,4	97,5	0	2,0	2,6	0,7	3,1	4,2
2020	215	30,7	69,3	94,8	0	2,0	0	0,6	4,7	3,3
2019	250	30	70	94,2	1,3	1,7	0	0,8	4,3	4,3
2018	290	28,3	71,7	97,0	1,2	1,4	1,2	0	4,1	4,1

Kjelde: UNE

Per 31. desember 2023 hadde UNE 256 tilsette, og av desse var 70 pst. kvinner. På leiarnivå var det 11 kvinner og 10 menn.

UNE varetek omsynet til likestilling på alle nivå i verksemda. UNE har ei eiga mangfaldsgruppe som følgjer opp arbeidet med inkludering og mangfald i UNE og gir råd og innspel til leiinga med tanke på forbetring. Det er utarbeidd ein handlingsplan for mangfald og inkludering som blir vurdert kontinuerleg med tanke på eventuell utvikling og oppdatering. Likestilling og mangfald er òg tema i UNE sine jamlege medarbeidarundersøkingar.

UNE legg vekt på å fremme likestillings- og mangfaldsperspektivet i alle rekrutteringspro-

sessar for å trekkje til seg søkarar uavhengig av kjønn, alder, etnisitet, seksuell orientering, hol i CV-en eller nedsett funksjonsevne. I 2023 gjennomførte UNE totalt 18 ordinære rekrutteringsprosessar gjennom offentleg utlysing. Dette resulterte i i alt 68 nye tilsetjingar, 58 kvinner (85 pst.) og 10 menn (15 pst.), 8 med oppgitt innvandrarbakgrunn (12 pst.) og 2 med oppgitt nedsett funksjonsevne (3 pst.). Minst ein person med oppgitt innvandrarbakgrunn, nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en blir innkalla til intervju ved alle rekrutteringsprosessar.

5 Omtale av klima- og miljørelevante saker

Klima- og miljøpolitikken til regjeringa byggjer på at alle samfunnssektorar har eit sjølvstendig ansvar for å leggje miljøomsyn til grunn for aktivitetane sine og for å medverke til at dei nasjonale klima- og miljømåla kan nåast. Sjå fagproposisjonen til Klima- og miljødepartementet for ein omtale av dei samla klima- og miljørelevante sakene i regjeringa.

5.1 Politiet

Dei viktigaste oppgåvene for politiet innanfor miljøvern er å kjempe mot miljøkriminalitet gjennom førebyggjande verksemd, etterforsking med høg kvalitet og adekvat reaksjon. Førebygging på miljøområdet inneber særleg gjensidig informasjonsdeling med relevante samarbeidsaktørar, slik at alle kan setjast i stand til å utføre nødvendige tiltak på sitt eige ansvarsområde. Samarbeidspartnarane til politiet i miljøforvaltninga må derfor involverast både lokalt og sentralt.

Regjeringa vil styrke innsatsen mot fiskeri- og miljøkriminalitet. Meld. St. 15 (2023–2024) *Felles*

verdier – felles ansvar: Styrket innsats for forebygging og bekjempelse av økonomisk kriminalitet inneheld fleire tiltak særleg retta mot fiskerikriminalitet, og mange av tiltaka i meldinga er relevante både for miljøkriminalitet og fiskerikriminalitet. Meldinga vil bli følgd opp gjennom eit tverrdepartementalt samarbeid.

5.2 Svalbard – Sysselmeisteren og Longyearbyen lokalstyre

Klima- og miljødepartementet har det overordna ansvaret for miljøforvaltninga på Svalbard med Miljødirektoratet, Norsk Polarinstitutt og Riksantikvaren som ytre etatar og Sysselmeisteren på Svalbard som regionalt apparat.

Justis- og beredskapsdepartementet har etatsstyringsansvar for Sysselmeisteren på Svalbard og er kontaktpunkt for Longyearbyen lokalstyre.

Ein generell omtale av klima- og miljøpolitikken på Svalbard finst i Prop. 1 S (2024–2025) for Klima- og miljødepartementet og Prop. 1 S (2024–2025) *Svalbardbudsjettet*.

6 Einskildstående tilskot

Tilskotsmidlar skal normalt lysast ut og fordelast på grunnlag av opne søknadsprosessar og kjende tildelingskriterium, slik at fleire får moglegheit til å søke tilskot, og slik at alternative tilnærmingar for å oppnå mål og samfunnseffektar kan vurderast opp mot kvarandre. Tilskot der mottakaren er namngitt i budsjettproposisjonen, er unntak frå

føresegnene i økonomiregelverket. Slike unntak kan vere tenlege i enkelte tilfelle, t.d. viss det gjeld viktige formål utan alternative tilbydarar. Men namngitte mottakarar kan òg føre til mindre effektiv måloppnåing fordi mottakaren ikkje må gjennom konkurranse og prioritering.

Tabell 6.1 Samla oversikt over einskildstående tilskot under Justis- og beredskapsdepartementet i 2025

Tilskotsmottakar	Kap.	Post	Tilskot i 2024 (i 1000 kr)	Forslag 2025 (i 1000 kr)
Norsk senter for informasjonssikring (NorSIS)	400	70	10 100	0
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) (drift av nettportal)	400	70	4 636	4 886
Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar/ informasjonskampanje)	400	70	950	1 078
Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (nasjonal konferanse)	400	70	450	450
Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (tiltak for å førebyggje vald i nære relasjonar / informasjonskampanje)	400	70	400	400
Oslo kommunes EX/IN-prosjekt	433	70	1 000	0
Forandringshuset i regi av KFUK/KFUM	433	70	2 000	0
Krisesentersekretariatet (Rosa-prosjektet)	440	70	5 039	5 600
Norsk Elektroteknisk Komite (NEK), Norsk brannvernforening	451	70	7 300	7 743
Telenor Kystradio og Avinor Svalbard	455	72	127 781	135 953
Redningsselskapet	455	73	134 176	140 098
Svalbard Kirke	480	50	6 000	6 230
Svalbard museum	480	50	14 900	15 470

7 Tekniske endringar i kontostrukturen og bruk av stikkord «kan overførast»

Det blir foreslått å endre kapittel, postar, postnamn og stikkord slik:

Kap. 440, *post 74 Midlertidig destruksjonspant for enkelte typer halvautomatiske rifler*, vert avvikla. Årsaka er at ordninga fell bort.

Kap. 446 *Generaladvokatembetet*, post 01 vert avvikla. Grunnen er at Generaladvokaten vert avvikla som etat, og at oppgåvene, personellet og kompetansen vert ført vidare hos Forsvaret, og den sivile påtalemakta hos Riksadvokaten.

Kap. 3440, *post 05 Gebyr – våpenforvaltningen*, vert oppretta som ein ny post.

Kap. 3440, post 01 vil då berre ha inntekter frå pass og ID-kort, og får nytt namn: *post 01 Gebyr – pass og ID-kort*.

Ordning er i dag sånn at gebyrinntekter frå pass og ID-kort føres på same budsjettpost som gebyrinntekter frå våpensøknader (kap. 3440, post 01). For å gjere arbeidet med prognoser, rekneskap og budsjett samt oppfølging av underliggjande einingar i politiet i den interne etatsstyringen enklare, vert inntektene splitta på to separate budsjettpostar.

Det blir oppretta eit nytt kapittel 461 *Advokattilsynet*. Det blir på kap. 461 oppretta ein utgifts-post 01 «*Driftsutgifter, kan nyttes under post 21*», som skal dekke driftsutgifter til Advokattilsynet som lønn, husleige og andre administrative kostnader knytte til drifta av Advokattilsynet. Det blir på same kapittel òg oppretta ein utgifts-post 21 *Spesielle driftsutgifter, kan overføres, kan nyttes under post 01*. I oppstartsåret 2025 er hensikten med posten å vareta at inntekter og utgifter skal balansere i budsjettet, og for å vareta et det er mogleg å overføre løyvinga mellom år. Det blir opprette eit nytt inntektskapittel 3461 *Advokattilsynet*, med to inntektspostar. På *post 01 Bidrag fra advokater og forvalterordning*, skal det løyvast årlege bidrag frå advokatane til drift av Advokattilsynet. *Post 02 Diverse inntekter*, gjeld løyving til ei likviditetsbeholdning i oppstartsåret.

Kap. 3453, post 01 endrar namn frå *Gebyr til Diverse inntekter*.

På kap. 400 blir det oppretta ein ny post 73 *Tilskudd til Norges forskningsråd*. Post 50 blir avvikla, og løyvinga som var på post 50 blir flytta til ny post 73.

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir stikkordet «kan overføres» foreslått knytt til disse postane utanom postgruppe 30–49

(i 1 000 kr)

Kap.	Post	Nemning	Overført til 2024	Forslag 2025	Grunngjeving for stikkordet
400	21	Spesielle driftsutgifter		14 000	
400	23	Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting		22 999	
400	73	Tilskudd til Norges forskningsråd		81 717	
410	22	Vernesaker/sideutgifter, jordskiftedomstoler		2 502	
430	21	Spesielle driftsutgifter		125 215	
430	60	Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv.		166 000	
440	22	Søk etter antatt omkomne		7 584	
440	73	Internasjonale forpliktelser, mv.		703 644	
451	22	Spesielle driftsutgifter – Nødnett		622 744	
461	21	Spesielle driftsutgifter		14 000	
475	21	Spesielle driftsutgifter		9 263	
490	23	Spesielle driftsutgifter, kunnskapsutvikling		7 348	
490	72	Assistert retur og reintegrering i hjemlandet		42 500	
490	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv.		93 264	
490	75	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet		6 361	
490	76	Internasjonalt migrasjonsarbeid		27 254	

Justis- og beredskapsdepartementet

t i l r å r :

I Prop. 1 S (2024–2025) om statsbudsjettet for år 2025 blir dei forslag til vedtak førde opp som er nemnde i eit framlagt forslag.

Forslag

Under Justis- og beredskapsdepartementet blir i Prop. 1 S (2024–2025) statsbudsjettet for budsjettåret 2025 dei forslag til vedtak som følgjer førde opp:

Kapitla 61, 400–491, 3400–3490

I

Utgifter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Administrasjon			
400	Justis- og beredskapsdepartementet		
	01 Driftsutgifter	472 783 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	14 000 000	
	23 Spesielle driftsutgifter, forskning, evaluering og kunnskapsinnhenting, <i>kan overføres</i>	22 999 000	
	70 Overføringer til private	10 292 000	
	71 Tilskudd til internasjonale organisasjoner	22 508 000	
	73 Tilskudd til Norges forskningsråd, <i>kan overføres</i>	81 717 000	624 299 000
	Sum Administrasjon		624 299 000
Rettsvesen			
61	Høyesterett		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 410, post 01 og kap. 411, post 01</i>	140 344 000	140 344 000
410	Domstolene		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 411, post 01</i>	3 311 586 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	109 438 000	
	22 Vernesaker/sideutgifter, jordskifte-domstoler, <i>kan overføres</i>	2 502 000	3 423 526 000
411	Domstoladministrasjonen		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 61, post 01 og kap. 410, post 01</i>	91 842 000	91 842 000
414	Forliksråd og andre domsutgifter		
	01 Driftsutgifter	372 032 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	47 321 000	419 353 000
	Sum Rettsvesen		4 075 065 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
Straffegjennomføring og konfliktråd			
430	Kriminalomsorgen		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 431, post 01</i>	5 862 464 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttes under kap. 430, post 01</i>	125 215 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	111 952 000	
	60 Refusjoner til kommunene, forvaringsdømte mv., <i>kan overføres</i>	166 000 000	
	70 Tilskudd	34 768 000	6 300 399 000
431	Kriminalomsorgsdirektoratet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 430, post 01</i>	176 520 000	176 520 000
432	Kriminalomsorgens høgskole og utdanningscenter		
	01 Driftsutgifter	252 138 000	252 138 000
433	Konfliktrådet		
	01 Driftsutgifter	178 417 000	
	60 Tilskudd til kommuner	20 145 000	
	70 Tilskudd	22 562 000	221 124 000
	Sum Straffegjennomføring og konfliktråd		6 950 181 000
Politi og påtalemyndighet			
440	Politiet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 441, post 01 og kap. 443, post 01</i>	24 024 498 000	
	22 Søk etter antatt omkomne, <i>kan overføres</i>	7 584 000	
	23 Sideutgifter i forbindelse med sivile gjøremål	29 119 000	
	25 Variable utgifter ved ankomst, mottak og retur i politiets utlendingsforvaltning	191 963 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	34 085 000	
	46 Investeringer i Schengen IT-systemer, <i>kan overføres</i>	350 002 000	
	48 Tildeling fra EUs grense- og visumfinansieringsordninger, <i>kan overføres</i>	147 310 000	
	70 Tilskudd	54 861 000	
	73 Internasjonale forpliktelser, mv., <i>kan overføres</i>	703 644 000	25 543 066 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
441	Politidirektoratet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 440, post 01</i>	383 084 000	383 084 000
442	Politihøgskolen		
	01 Driftsutgifter	713 726 000	713 726 000
443	Påtalemyndigheten i politiet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under kap. 440, post 01</i>	1 642 655 000	1 642 655 000
444	Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	01 Driftsutgifter	1 759 186 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	53 526 000	1 812 712 000
445	Den høyere påtalemyndighet		
	01 Driftsutgifter	393 959 000	393 959 000
446	Den militære påtalemyndighet		
	01 Driftsutgifter	235 000	235 000
448	Grensekommisæreren		
	01 Driftsutgifter	6 571 000	6 571 000
	Sum Politi og påtalemyndighet		30 496 008 000
	Redningstjenesten, samfunnssikkerhet og beredskap		
451	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap		
	01 Driftsutgifter	1 565 567 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	27 469 000	
	22 Spesielle driftsutgifter – Nødnett, <i>kan overføres</i>	622 744 000	
	23 Variable utgifter EUs ordning for sivil beredskap	51 900 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	141 619 000	
	70 Overføringer til private	8 037 000	2 417 336 000
452	Sentral krisehåndtering		
	01 Driftsutgifter	30 140 000	30 140 000
453	Sivil klareringsmyndighet		
	01 Driftsutgifter	68 569 000	68 569 000
454	Redningshelikoptertjenesten		
	01 Driftsutgifter	1 216 626 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	964 234 000	2 180 860 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
455	Redningstjenesten		
	01 Driftsutgifter	191 704 000	
	21 Spesielle driftsutgifter	32 962 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	10 874 000	
	71 Tilskudd til frivillige organisasjoner i redningstjenesten	86 435 000	
	72 Tilskudd til nød- og sikkerhetstjenester	141 119 000	
	73 Tilskudd til Redningsselskapet	145 422 000	608 516 000
457	Nasjonal sikkerhetsmyndighet		
	01 Driftsutgifter	529 787 000	
	45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, <i>kan overføres</i>	13 210 000	542 997 000
	Sum Redningstjenesten, samfunnsikkerhet og beredskap		5 848 418 000
	Andre virksomheter		
460	Spesialenheten for politisaker		
	01 Driftsutgifter	72 738 000	72 738 000
461	Advokattilsynet		
	01 Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i>	51 500 000	
	21 Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres, kan nyttes under post 01</i>	14 000 000	65 500 000
466	Særskilte straffesaksutgifter m.m.		
	01 Driftsutgifter	1 651 497 000	1 651 497 000
467	Norsk Lovtidend		
	01 Driftsutgifter	10 886 000	10 886 000
468	Kommisjonen for gjenopptakelse av straffesaker		
	01 Driftsutgifter	30 743 000	30 743 000
	Sum Andre virksomheter		1 831 364 000
	Statens sivilrettsforvaltning, rettshjelp, erstatningsordninger m.m.		
470	Fri rettshjelp		
	01 Driftsutgifter	893 543 000	
	72 Tilskudd til spesielle rettshjelptiltak	69 852 000	963 395 000
471	Statens erstatningsansvar og Stortingets rettferdsvederlagsordning		
	71 Erstatningsansvar m.m., <i>overslagsbevilgning</i>	136 572 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	72	Erstatning i anledning av straffe- forfølgning, <i>overslagsbevilgning</i>	103 800 000	
	73	Stortingets rettferdsvederlagsordning	36 330 000	276 702 000
473		Statens sivilrettsforvaltning		
	01	Driftsutgifter	164 424 000	
	21	Spesielle driftsutgifter	113 567 000	
	70	Erstatning til voldsofre, <i>overslagsbevilgning</i>	616 000 000	893 991 000
475		Bobehandling		
	01	Driftsutgifter, <i>overslagsbevilgning</i>	145 483 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i>	9 263 000	154 746 000
		Sum Statens sivilrettsforvaltning, retts- hjelp, erstatningsordninger m.m.		2 288 834 000
		Svalbardbudsjettet m.m.		
480		Svalbardbudsjettet		
	50	Tilskudd	477 000 000	477 000 000
481		Samfunnet Jan Mayen		
	01	Driftsutgifter	62 678 000	62 678 000
		Sum Svalbardbudsjettet m.m.		539 678 000
		Beskyttelse og innvandring		
490		Utlendingsdirektoratet		
	01	Driftsutgifter	1 418 495 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, asylmottak	2 822 108 000	
	22	Spesielle driftsutgifter, tolk og oversettelse	32 741 000	
	23	Spesielle driftsutgifter, kunnskaps- utvikling, <i>kan overføres</i>	7 348 000	
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlike- hold, <i>kan overføres</i>	92 500 000	
	46	Investeringer i Schengen IT-systemer, <i>kan overføres</i>	3 576 000	
	60	Tilskudd til vertskommuner for asyl- mottak	410 764 000	
	70	Stønader til beboere i asylmottak	616 288 000	
	71	Tilskudd til aktivitetstilbud for barn i asyl- mottak, og veiledning for au pairer	6 381 000	
	72	Assistert retur og reintegrering i hjem- landet, <i>kan overføres</i>	42 500 000	
	73	Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., støttetiltak	10 576 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	74	Internasjonale forpliktelser, kontingenter mv., <i>kan overføres</i>	93 264 000	
	75	Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, <i>kan overføres</i>	6 361 000	
	76	Internasjonalt migrasjonsarbeid, <i>kan overføres</i>	27 254 000	5 590 156 000
491		Utlendingsnemnda		
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttes under post 21</i>	287 043 000	
	21	Spesielle driftsutgifter, nemndbehandling mv., <i>kan nyttes under post 01</i>	7 663 000	294 706 000
		Sum Beskyttelse og innvandring		5 884 862 000
		Sum departementets utgifter		58 538 709 000

Inntekter:

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
Departementets inntekter				
3400		Justis- og beredskapsdepartementet		
	01	Diverse inntekter	6 582 000	6 582 000
3410		Domstolene		
	01	Rettsgebyr	217 170 000	
	02	Saks- og gebyrinntekter jordskifte- domstolene	22 903 000	
	03	Diverse refusjoner	1 907 000	
	04	Vernesaker jordskiftedomstolene	2 502 000	244 482 000
3411		Domstoladministrasjonen		
	03	Diverse refusjoner	325 000	325 000
3430		Kriminalomsorgen		
	02	Arbeidsdriftens inntekter	123 305 000	
	03	Andre inntekter	27 177 000	
	04	Tilskudd	26 326 000	176 808 000
3432		Kriminalomsorgens høgskole og utdanningssenter		
	03	Andre inntekter	1 271 000	1 271 000
3433		Konfliktrådet		
	02	Refusjoner	6 000	6 000
3440		Politiet		
	01	Gebyr – pass og ID-kort	918 262 000	

Kap.	Post	Kroner	Kroner	
	02	Refusjoner mv.	311 623 000	
	03	Salgsinntekter	54 637 000	
	04	Gebyr – vaktelskap og etterkontroll av deaktiverte skytevåpen	4 828 000	
	05	Gebyr – våpenforvaltning	45 902 000	
	06	Gebyr – utlendingssaker	321 613 000	
	07	Gebyr – sivile gjøremål	559 196 000	
	08	Refusjoner fra EUs grense- og visum-finansieringsordninger	207 500 000	2 423 561 000
3442		Politihøgskolen		
	02	Diverse inntekter	24 068 000	
	03	Eksterne forskningsmidler	13 587 000	37 655 000
3444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)		
	02	Refusjoner	16 768 000	16 768 000
3451		Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap		
	01	Gebyr	130 220 000	
	02	Refusjoner driftsutgifter Nødnett	38 790 000	
	03	Diverse inntekter	40 560 000	
	04	Refusjoner større utstyrsanskaffelser og vedlikehold Nødnett	85 511 000	
	05	Abonnementsinntekter og refusjoner Nødnett	557 263 000	
	06	Refusjoner	18 046 000	
	07	Refusjoner fra EU i forbindelse med variable utgifter knyttet til EUs ordning for sivil beredskap	51 900 000	922 290 000
3453		Sivil klareringsmyndighet		
	01	Diverse inntekter	800 000	800 000
3454		Redningshelikoptertjenesten		
	01	Refusjoner	32 476 000	32 476 000
3457		Nasjonal sikkerhetsmyndighet		
	01	Inntekter	37 495 000	37 495 000
3461		Advokattilsynet		
	01	Bidrag fra advokater og forvalterordning	51 500 000	
	02	Diverse inntekter	14 000 000	65 500 000

Kap.	Post	Kroner	Kroner
3470	Fri rettshjelp		
	01 Tilkjente saksomkostninger m.m.	4 954 000	
	02 Fri rettshjelp, ODA-godkjente utgifter	5 883 000	10 837 000
3473	Statens sivilrettsforvaltning		
	01 Diverse inntekter	5 000	
	02 Vergemåls-/representantordning, ODA-godkjente utgifter	6 747 000	6 752 000
3481	Samfunnet Jan Mayen		
	01 Refusjoner og andre inntekter	7 408 000	7 408 000
3490	Utlendingsdirektoratet		
	01 Assistert retur fra Norge for asylsøkere med avslag, ODA-godkjente utgifter	6 286 000	
	03 Reiseutgifter for flyktninger fra utlandet, ODA-godkjente utgifter	11 384 000	
	04 Asylmottak, ODA-godkjente utgifter	3 122 326 000	
	05 Refusjonsinntekter	2 987 000	
	06 Beskyttelse til flyktninger utenfor Norge mv., ODA-godkjente utgifter	10 128 000	
	07 Tolk og oversettelse, ODA-godkjente utgifter	31 353 000	
	08 Internasjonalt migrasjonsarbeid og reintegrering i hjemlandet, ODA-godkjente utgifter	45 664 000	3 230 128 000
	Sum departementets inntekter		7 221 144 000

Fullmakter til å overskride gitte bevilgninger

II

Merinntektsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan:

1.

overskride bevilgningen under	mot tilsvarende merinntekter under
kap. 61 post 01	kap. 3061 post 03
kap. 400 post 01	kap. 3400 post 01
kap. 410 post 01	kap. 3410 postene 02 og 03
kap. 410 post 22	kap. 3410 post 04
kap. 411 post 01	kap. 3411 post 03
kap. 430 post 01	kap. 3430 postene 03 og 04
kap. 430 post 21	kap. 3430 post 02
kap. 431 post 01	kap. 3430 postene 03 og 04
kap. 432 post 01	kap. 3430, post 04 og kap. 3432 post 03
kap. 433 post 01	kap. 3433 post 02
kap. 440 post 01	kap. 3440 postene 02, 03 og 04
kap. 441 post 01	kap. 3440 post 02
kap. 442 post 01	kap. 3442 postene 02 og 03
kap. 443 post 01	kap. 3440 post 02
kap. 444 post 01	kap. 3444 post 02
kap. 451 post 01	kap. 3451 postene 02, 03 og 06
kap. 451 post 22	kap. 3451 post 05
kap. 451 post 23	kap. 3451 post 07
kap. 451 post 45	kap. 3451 post 04
kap. 453 post 01	kap. 3453 post 01
kap. 454 post 01	kap. 3454 post 01
kap. 455 post 01	kap. 3455 post 01
kap. 457 post 01	kap. 3457 post 01
kap. 461 post 01	kap. 3461, post 01
kap. 461, post 21	kap. 3461, post 02
kap. 473 post 01	kap. 3473 post 01
kap. 481 post 01	kap. 3481 post 01
kap. 490 post 01	kap. 3490 post 05
kap. 491 post 01	kap. 3491 post 01

Merinntekt som gir grunnlag for overskridelse, skal også dekke merverdiavgift knyttet til overskridelsen, og berører derfor også kap. 1633, post 01 for de statlige forvaltningsorganene som inngår i nettoordningen for merverdiavgift.

Merinntekter og eventuelle mindreinntekter tas med i beregningen av overføring av ubrukt bevilgning til neste år.

2. Overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 01 Driftsutgifter med inntil 75 pst. av inntekter ved salg av sivilforsvarsanlegg og fast eiendom. Inntekter inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom mv.

III

Fullmakt til overskridelse

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan overskride bevilgningen under kap. 451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 21 Spesielle driftsutgifter, dersom det oppstår en situasjon med ekstraordinær skogbrannfare og/eller mange skogbranner, og det i den forbindelse er nødvendig med innsats for slokking og beredskap ut over det som må beregnes i et normalår. Bevilgningen på posten kan også overskrides ved ekstraordinære hendelser som har medført eller kan medføre tap av liv eller skade på helse, kritiske samfunnsfunksjoner eller kritisk infrastruktur, når øvrige nasjonale helikopterressurser ikke er tilstrekkelig. Fullmakten gjelder uten opphold og før Kongen kan gi slikt samtykke. Overskridelser på posten kan ikke overstige 40 mill. kroner.

Fullmakter til å pådra staten forpliktelser utover gitte bevilgninger

IV

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan bestille varer utover den gitte bevilgning, men slik at samlet ramme for nye bestillinger og gammelt ansvar ikke overstiger følgende beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
440		Politiet	
	01	Driftsutgifter	250,0 mill. kroner
444		Politiets sikkerhetstjeneste (PST)	
	01	Driftsutgifter	25,0 mill. kroner
	45	Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold	25,0 mill. kroner

V

Bestillingsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret i Svalbardbudsjettet, jf. kap. 480 Svalbardbudsjettet, post 50 Tilskudd, knyttet til inngåelse av ny avtale om leie av tjenestefartøy for Sysselmesteren på Svalbard med virkning fra 2026 til og med 2030. Samlede forpliktelser / utbetalinger kan ikke overskride en ramme på 425,3 mill. kroner (2026-kroner).

VI

Tilsagnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan gi tilsagn om støtte utover gitte bevilgninger på kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 76 Internasjonalt migrasjonsarbeid, men slik at samlet ramme for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 50 mill. kroner.

VII

Tilsagnsfullmakt

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan gi tilsagn utover gitte bevilgninger på kap. 400 Justis- og beredskapsdepartementet, post 73 Tilskudd til Norges forskningsråd, men slik at samlet ramme for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 217,8 mill. kroner.

VIII

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 under kap. 430 Kriminalomsorgen, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for å anskaffe brukerutstyr til investeringsprosjektet utvidelse av Romerike fengsel, Ullersmo avdeling. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen for brukerutstyr på 102,4 mill. kroner (2025-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

IX

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 under kap. 440 Politiet, post 46 Investeringer i Schengen IT-systemer og kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 46 Investeringer i Schengen IT-systemer, kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret, i investeringsprosjekter for implementering av Schengen IT-systemer, som Norge har forpliktet seg til gjennom Schengen-avtalen og Dublinavtalen. Fullmakten gjelder også forpliktelser som inngås i senere budsjettår. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen på 2 187 mill. kroner (2023-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

X

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan pådra staten forpliktelser

utover budsjettåret for å gjennomføre anskaffelse av nye redningshelikoptre mv. under kap. 454 Redningshelikoptertjenesten, post 01 Driftsutgifter og post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen på 17 439 mill. kroner (2025-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å pris- og valutajustere kostnadsrammen i senere år.

XI

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan starte opp, bestille og forplikte staten utover budsjettåret i investeringer knyttet til modernisering av utlendingsforvaltningens IKT-systemer under kap. 490 Utlendingsdirektoratet, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold, innenfor en kostnadsramme på 2 065 mill. kroner (2023-kroner). Fullmakten gjelder også forpliktelser som inngås i senere budsjettår. Samlede forpliktelser og utbetalinger skal til enhver tid holdes innenfor den vedtatte kostnadsrammen. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

XII

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for å bygge en ny redningshelikopterbase ved ny lufthavn i Bodø under kap. 454 Redningshelikoptertjenesten, post 45 Større utstyrsanskaffelser og vedlikehold. Samlede forpliktelser og utbetalinger kan ikke overskride kostnadsrammen på 609 mill. kroner (2025-kroner). Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å prisjustere kostnadsrammen i senere år.

XIII

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at ny kostnadsramme for prosjektet Rehabilitering av Bergen tinghus er 1 271,5 mill. kroner, i prisnivå per 1.7.2025.

XIV

Fullmakt til å pådra staten forpliktelser for investeringsprosjekter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 under kap. 410 Domstolene, post 01 Driftsutgifter kan pådra staten forpliktelser utover budsjettåret for å anskaffe brukerutstyr

til prosjektet Rehabilitering av Bergen tinghus innenfor en kostnadsramme på 201,8 mill. kroner (2025-kroner). Samlede utbetalinger og gjenstående forpliktelser skal til enhver tid holdes innenfor den vedtatte kostnadsrammen. Justis- og beredskapsdepartementet gis fullmakt til å justere kostnadsrammen i senere år.

Andre fullmakter

XV

Fullmakt til postering mot mellomværendet med statskassen

Stortinget samtykker i at Domstolsadministrasjonen i 2025 kan postere sideutgifter som forskuttes i henhold til rettsgebyrloven, mot mellomværendet med statskassen.

2. trekke salgsomkostninger ved salg av faste eiendommer fra salgsinntekter før det overskytende inntektsføres under kap. 3451 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, post 40 Salg av eiendom mv.
3. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 473 Statens sivilrettsforvaltning, post 01 Driftsutgifter, inntektene ved avholdelse av kurs og konferanser i regi av Konkursrådet, samt inntekter fra rådets øvrige virksomhet.
4. nettoføre som utgiftsreduksjon under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, tilbakebetalte inntekter under ordningen med utgifter til bobehandling.

XVI

Avhending av sivilforsvarsanlegg

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan overdra sivilforsvarsanlegg til en verdi av inntil 500 000 kroner vederlagsfritt eller til underpris når særlige grunner foreligger.

XIX

Stortingets rettferdsvederlagsordning

Stortingets utvalg for rettferdsvederlag får i 2025 fullmakt til å tilstå rettferdsvederlag av statskassen med inntil 250 000 kroner for hver enkelt søknad, men slik at grensen er 500 000 kroner for HIV-ofre og 300 000 kroner for tidligere barn i barnehjem, offentlige fosterhjem og spesialskoler. Søknader der utvalget anbefaler å innvilge erstatning som er høyere enn nevnte beløp, fremmes for Stortinget til avgjørelse. Det samme gjelder søknader som etter utvalgets vurdering reiser spørsmål av særlig prinsipiell art.

XVII

Videreføring av bobehandling

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan bestemme at det under ordningen med utgifter til fortsatt bobehandling pådras forpliktelser utover gitt bevilgning under kap. 475 Bobehandling, post 21 Spesielle driftsutgifter, med inntil 10 mill. kroner, men slik at totalrammen for nye tilsagn og gammelt ansvar ikke overstiger 33 mill. kroner.

XX

Innkvartering av utlendinger som søker beskyttelse

XVIII

Nettobudsjetteringsfullmakter

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan:

1. trekke politiets direkte utgifter til oppbevaring, tilsyn og salg av beslag fra salgsinntekten, før det overskytende inntektsføres under kap. 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse.

Stortinget samtykker i at Justis- og beredskapsdepartementet i 2025 kan inngå avtaler med varighet utover 2025 om midlertidig drift av innkvartering for utlendinger som søker beskyttelse i Norge. Dersom behovet for innkvartering av asylsøkere og flyktninger blir større enn forutsatt i statsbud-

sjettet for 2025 eller det oppstår behov for å gjennomføre tiltak for forsvarlig innkvartering utover det som der er lagt til grunn, samtykker Stortinget i at Justis- og beredskapsdepartementet kan øke innkvarteringskapasiteten eller iverksette nødvendige tiltak, selv om dette medfører et bevilgningsmessig merbehov over kap. 490 Utlen-

dingsdirektoratet, post 21 Spesielle driftsutgifter, asylmottak, post 60 Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller post 70 Stønader til beboere i asylmottak. Summen av overskridelser på postene kan ikke overstige 3,0 mrd. kroner i 2025, og forpliktelsene utover 2025 skal ikke overstige en samlet ramme på 3,0 mrd. kroner.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa

www.publikasjoner.dep.no

Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på

www.regjeringen.no

Trykk: Aksell AS – 10/2024



Trykksak
2041 0379